

Mitt livsløp

Gerhard Bringsvor

Utgjevar:

Germund Magne Bringsvor, 2024

Forfattar:

Gerhard Bringsvor

Initiativtakar og tilretteleggjar:

Medlemmar i Sandsøy og Voksa Sogelag.

Foto:

Bilde frå familie, slekt, Storegjerdesamlinga, postkort, og andre.

Layout/fotobehandling:

Karsten Sande og Leif Skorpen.

Omslag:

Aarflot Media AS

Skrifttype:

Times New Roman

Papir:

Gallerie Art 115 g. matt

Trykk og innbinding:

Aarflot Media AS

ISBN 978-82-303-6740-7



Gerhard og Magda Bringsvor

Mitt livsløp
Nøre Sandsøy
Megardsstova på Sande
Artiklar i «Synste Møre»
Den fleirtonige songen på Sandsøya

Gerhard Bringsvor

Innleiing

Gerhard Bringsvor som er fødd i 1892 og døde i 1973 etterlett seg det skriftelege materialet som er gjengjeve i denne boka.

Boka består av fylgjande fem sjølvstendige tekster:

- **Mitt livsløp**, som har gitt boka namn, er livshistoria til Gerhard Bringsvor fram til 1965. Fortellingane hans var nok først og fremst meint for sin næraste krets, noko teksta nokre få stadar ber litt preg av, men teksta har så avgjort også allmenn interesse. Vi har derfor valt å ta bort enkelte mindre parti i teksta, som vi også trur at Gerhard ville teke bort ved ein allmenn publisering. Innholdslista til Gerhard i denne teksta var ikkje detaljert, så vi har supplert den noko, men har angitt kva som er lagt til. Vi har lagt til eit «slektstre» for å illustrere betre det Gerhard skriv om slekta si tilbake til oldeforeldra sine. Vidare har vi laga eit mykje vidare «slektstre» for den av oldefaren til Gerhard, som opphavleg hette Jon Jonson Helland og var frå Helland 1.
- **Nøre Sandsøy**, er mest ein gjennomgang av gard nr.73, Sande Nordre, frå før slekta Olsen kom til Sandshamn i 1775 og fram til 1943, då Gerhard Bringsvor låg på Ålesund sjukehus og skreiv dette. «Mellomspelet» med Olai Olsen som eigde Sandshamn frå 1865 til 1878 er og ein del av dette, men presiserer at Olai Olsen ikkje var i slekt med den opphavelige og eksisterande Olsen slekta. Dette er no ein beskriving av eigeoms og bygsleforholda på Sande Nordre, men også ein beskriving av drifta av eit fiskevær, og så er det ofte begge deler samstundes. Ser at dette er litt tungt stoff å halde «tråden» i, så har derfor skreve til slutt i denne teksta ein oppsummering / kortversjon basert på det Gerhard skriv og det Sandesoga formidlar av utviklinga frå 1775 og fram til ca. 1940/50 talet. Vidare har vi lagt til ein forenkla versjon av «slektstreet» til Olsen slekta. Diverse kart og bilde med forklaringar er og lagt til.
- **Megardsstova på Sande**, er ei tekst som beskriver nøye dei som har eigd og budd i Megarden på Kyrkjesande frå seint 1700 talet til tidleg 1900 talet. Megardsstova har eit spesielt fokus i teksta, men også Boletta-stova og Kippertstova på Megarden er omtalt, med sine folk og historie.
- **Artiklar i «Synste Møre»**, er ei samling av artiklar/lesarinnlegg som Gerhard Bringsvor har fått trykt i lokalavisa for Vanylven. Synste Møre, som lokalavisa heiter, blei grunnlagt i 1970, så desse tekstene er publisert dei siste åra Gerhard levde. Noko av stoffet er frå disse siste åra han levde, men det aller meste er attersyn frå før hans tid og hans barndom/ungdom/voksen.
- **Den fleirtonige songen på Sandsøya**, er ei forteljing om song og korverksemd opp gjennom tidene, samstundes som det fortel ei interessant historie om dei menneska som var involvert i dette.

Tekstene til Gerhard Bringsvor gir eit godt bilde av den samtida han levde i. Han skriv elles ein stad: «*Kan denne soga tene nokon til glede eller gagn i framtida, er tida vel anvendt*». Dette må vel tyde at han ynskte at tekstane skulle være allment tilgjengeleg for ettertida.

Mykje av stoffet i tekstene etter Gerhard Bringsvor bør lesast i nært samheng med Sandesoga. Har derfor skreve inn visningar (*Info*) til Sandesoga i sjølve tekstene, slik at

nemnde personar lett kan sporast og lesast meir om der. Gerhard hadde sjølvstekt berre tilgang til den første utgåva av Sandesoga, som kom i 1935.

Nedanfor her følger linkar til Sandesoga bind 1, 2, 3 og Soga om Sande og Rovde bind 4 og 5 som vi har fått tilsendt frå Nasjonalbiblioteket til fri bruk.

Det er nok bind 3 som er mest aktuell her ettersom det dekker: Haugsholmen, Kvamsøya, Voksa og Sandsøya.

Gerhard Bringsvor er elles mykje sitert i bind 4 (side 254, 319, 326, 343, 482, 498) og i bind 5 (side 13, 28, 222, 246, 304, 432).

Nasjonalbiblioteket bekreftar at disse linkane vil bestå også om det kjem nye utgåver.

Sandesoga Bind 1: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2014071508045

Sandesoga Bind 2: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010120708106

Sandesoga Bind 3: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010082403056

Soga om Sande og Rovde Bind 4:

https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013091708001

Soga om Sande og Rovde Bind 5:

https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013112608010

Vidare har vi skreve forklaringar til tekstene, der det trengs meir informasjon om ord, uttrykk og forhold elles som ikkje er like kjende i dag som då Gerhard Bringsvor skreiv dette.

Alt som er skreve inn i tekstane er merka (*Info*) og skreve i kursiv, for å tydeleggjere kva som er tilføyningar og kva som er Gerhard Bringsvor sin opphavelige tekst.

Bilde med kommentarar er lagt til der det passar inn i tekstane til Gerhard Bringsvor.

Den første teksta i denne boka heiter «Mitt Livsløp» og har ikkje tidlegare vore allment publisert, og er elles den klart mest omfattande teksta i boka.

Dei to neste tekstene «Nøre Sande» og «Megardsstova» er noko mindre, og har blant anna vore tilgjengelege på nettsidene til Sandsøy og Voksa Sogelag, men den tekniske kvaliteten har vore noko varierende.

Den nest siste teksta, «Artiklar i Synste Møre» har vore prenta i lokalbladet for Vanylven i tidsrommet 1970 til 1973.

Den siste teksta «Den fleirtonige songen på Sandsøya» stod på trykk i publikasjonen «Segn og soge» i 1993.

Dei to første tekstene, Mitt livsløp og Nøre Sandsøy, overlappar einannan til ein viss grad, men vi har valt å ta med alt i begge tekstene.

Fleire har sett verdien av at disse skriftene etter Gerhard Bringsvor blir bevart og tilgjengelege for ettertida, og den beste måten å gjere det på, er å samle alle fem tekstene i ei bok, som då også går inn i arkivet til Nasjonalbiblioteket og blir tilgjengeleg for ettertida der.

Det er etterslekta til Gerhard Bringsvor v/Gjermund Magne Bringsvor som er utgjevar av denne boka. Medlemmar i Sandsøy og Voksa Sogelag, har bidratt med tilrettelegging av tekstene.

Sandshamn november 2024

Gjermund Magne Bringsvor



Kart over Sandsøya



Kart over Sunnmøre.

Innhaldsliste:

• Bilde av Gerhard/Magda med tekstoversikt:	Side 1
• Innleiing:	Side 2
• Kart:	Side 4
• Innhaldsliste:	Side 6
Mitt livsløp:	Side 8
• Dei første åra:	Side 8
• Slekta vår:	Side 11
• Oldefar (Jon Jonson Helland):	Side 24
• Oldefar (Askjell Bringsvor):	Side 28
• Morslekta:	Side 31
• Oldeforeldra i Ørsta:	Side 38
• Oldeforeldra i Havåg:	Side 38
• Mi fyrste barndomstid:	Side 38
• Kråkestova:	Side 40
• I heimen min var eg sæl:	Side 42
• Torv-vinna:	Side 47
• Daglegliv og arbeid:	Side 50
• I kyrkja:	Side 58
• Sjukdomen til far:	Side 59
• Nye utfordringar på land og sjø:	Side 60
• Losjearbeid:	Side 65
• Generelt om fiske, militærtjeneste, heimestoff og litt om losje:	Side 71
• Kjøp av part av Sandshamn og meir om fiske:	Side 82
• Krigen 1939-1945:	Side 107
• Vatnforsyning og utviding av molja:	Side 113
• Fiske og etterkrigstida generelt:	Side 114
• Fiskeoppsynet og sildekontoret:	Side 117
• Oppsummering og noko nytt:	Side 121
• Borna våre:	Side 123
• Diverse familiebilde:	Side 125
• «Slektstreet» til Gerhard Bringsvor:	Side 126
• «Slektstreet» til Jon Jonson Helland:	Side 127
Nøre Sandsøy:	Side 132
• Forord:	Side 132
• Nøre Sandsøy:	Side 132
• Kart over Nordre Sande, Gnr. 73 og Sandsbakk Gnr. 72:	Side 166
• Forklaring av kartet, teikningssymbola og info elles frå 1903:	Side 167
• Kart over Nordre Sande og Sandsbakk. Viser situasjonen i 2023:	Side 168
• Kortversjon av historia om Nøre Sandsøy, Gnr. 73:	Side 169
• «Slektstreet» til Olsen slekta frå 1775:	Side 170

Megardsstova på Sande:	Side 172
Artiklar i «Synste Møre»:	Side 179
• Frå Sandshamna:	Side 179
• Kyndelsmess-Knut jaga jula ut:	Side 181
• Ansgar Fiskaa:	Side 183
• Til Fiskåbygd – før og no:	Side 185
• På stemne i Syvde 1915:	Side 186
Den fleirtonige songen på Sandsøya:	Side 188
Etterord:	Side 194
• Kjeldene til denne boka har vore fyljande:	Side 194
• Artikkelen om Olai Olsen i Thronhjems Stiftsavis, 31.12.1878:	Side 194
• Sluttord:	Side 197

Mitt livsløp

Av Gerhard Bringsvor

Info: *Dei første åra*

Eg er fødd den 22. april 1892. Mine foreldre var Johannes Severin Petterson Bringsvor, fødd 1851, og Marie Severine Martinsdotter, fødd 1852 i Kyrkjесande. Mine foreldre var gifte i 1878 i Sande kyrkje. Dei fekk bygsle plassebruket Veggen av slekta Barstad, som i lenger tid åtte gardane Støyle, Bringsvor, Voren, Toftesund, Strømsnes og Bringsvorhaug. Namnet Veien eller Veggen kom av den tid då her ingen veg var, gjekk folket i gangstigar opp og ned gjennom bakkane. Når ein slik veg hadde vorte skitten, gjekk dei ein ny veg. Mor fortalde at då dei kom hit var det slike vegar opp og ned gjennom bakkane.



(Info: Bildet viser Johannes Severin Petterson Bringsvor. Bringsvor 4 / Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851. Døde 21.08.1908.)

Marie Severine Martinsdotter Sande. Kyrkjесande 3 / Bringsvor 3. Fødd 09.09.1852. Døde 15.09.1929.

Dei overtok «Veggen» (Bringsvor 3) i 1878.

Dette er forelderen til Petter J. Bringsvor d. e. (Bringsvor 3), Marta Ingeborg Severine Bringsvor, som var gift med Peder Ivarson Rusten og budde i Vanylven, Gerhard Ingmund Bringsvor (Sande N20) og Alfred Mathias Bringsvor (Sande N12).)



(Info: Dette er barna til Johannes og Marie. Frå venstre ser vi Petter fødd i 1881, Marta fødd i 1888, Gerhard fødd i 1892 og Alfred fødd i 1896.)

Eit av dei fyrste arbeid far og mor gjorde då dei tok til her, var å lage veg gjennom bakkane. Når far dreiv med slikt arbeid, var oftast mor med, med jarnstaur og spade, for mor var sterk og frisk.

Her hadde vore ein mann før, men då han slutta for alderdom, fekk far overta. Denne gamle mannen heitte Martin Madsen Voren, son til Mads Voren som i 1809 til 1814 sat i fengsel i England (*Info 1*). Martin fekk no kår (*Info 2*) av mine foreldre, og så hadde han dottera Ester til å stelle åt seg. Ester hadde fått skade i eine foten då ho var lita, så ho brukte krykke. Martin var i mange år kyrkjetenar. Juledag 1897 vart han veldig sjuk, kom heim og skreik over seg til han døydde om natta. Det var vel anten magebetennelse eller blindtarmen. Ingen dokter vart henta. Eit barneminne frå gravferda hugsar eg: Mor gret sårt ved kyrkja, men Ester, som var dotter hans, gret ikkje. Dette grunda eg mykje over, endå eg berre var 5 år.

(Info 1: Dette var under Napoleons krigane, der Danmark/Noreg var alliert med Napoleon og altså var i krig med England. Norske båtar vart arrestert og mannskapet satt i arrest i England. Les meir om Mads Voren sin utrulege historie under Voren 1 i Sandesoga.)

(Info 2: Kår i denne samanheng var bondesamfunnets måte å ordne pensjon for dei eldre på. Ytingane vart oftast gitt i naturalia i form av fri kost og losji på garden.)

Det var bestefar på Bringsvor (*Info: Petter Daniel Bernt Jonson / Bringsvor 4.*) som ville bestemme alt då far tok til på Vegen. Far tykte han ville ha ny material til stova, men det nekta bestefar. Han reist nord i Herøy sokna og kjøpte ei gamal makkete stove (*Info 1*) i Nærøy, tok så ein storbåt og henta ho. Då dei kom heim med ho, reiste dei sør i Jakteholmen (*Info 2*) og la ho opp der. Det var mykje å gjera den sumaren når det skulle byggast både løde og stove på eitt år. Tuftene skulle gravast, og det var harde greier å koma ned i den harde leiren. Stein til murane velta dei ovan or bakkane. Sumt måtte skytast. Det vart brukt krut den gongen, for dynamitt var ikkje oppfunne. Dei leigde Elias Ristesund til å ta ut stein og mura murane. Han heldt seg sjølv med borar, og så tok han noko betaling for boreslit, noko for krut og noko for kunsten (*Info 3*). Murane vart velta i hop på ein måte, det var ikkje kjellar meir enn for halve huset.



(Info 1: Bilde her er stova til Johannes Severin Petterson Bringsvor. Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851. Dette er altså stova som Gerhard Bringsvor og søskena hans voks opp i. Bilde er måla i 1943, men huset var reve mange år tidlegare. Det seies at bilde er måla av frå et eldre bilde som viste området.)



(Info 2: Kartet viser Jakteholmen eller Jaktholmen der materialane til stova til Johannes Severin Petterson Bringsvor (Bringsvor 3) vart teke i land. Dette er den opphavlege Sandshamna på Støyle ved Sande på søre Sandsøya. Støylehamna vart namnet her etter at Sandshamna vart etablert på nøre Sandsøya. Vi ser i forgrunnen Jaktholmen med Ringholmane utanfor, Varholmen vises oppe til venstre i bildet. Myrevegen med tilhøyrande eigedomar ser vi til høgre på bildet.)

(Info 3: Uttrykket «kunsten» her er nok ikkje bokstaveleg meint. No ville ein kanskje seie kompetansen.)

Løda var av ny material som dei kjøpte inne i Austefjorden. Ho vart bygd før slåttene. Så var det noko vårarbeid som måtte gjerast. Dei heller små åkrane som var her, vart sådde, noko med korn og noko med poteter. Mor lagde små potetreitar (*Info 1*) heilt til jonsok, med gjødsel som ho raka i hop etter kyrne som låg rundt gardane, for her har vore bulege (*Info 2*) alle tider. Han Martin, kårmannen til far, fortalde at då han hadde fått løyve av Barstad å leggja inn denne plassen og heldt på å skulle gjæra det inne, kom Støylekarane, Jo og Anders, og tok til å riva ned att garden. Han Martin tok då færingen sin og rodde nord i byen og klaga av dette til han Barstad. Han fekk då med brev attende frå Barstad til Støylekarane om at dei berre let dette vera, eller så kunne dei pakka saman og fare sin veg, for han eigde deira gardar og.

(Info 1: I ordboka Per Sandanger står fyljande om «potetreitar»: Dei rydde og nytta ut små jordlappar der dei kunne dyrke poteter.)

(Info 2: I boka til Sandanger står at «bulege» er ein stad der krøtera likte å ligge og kvile.)

Medan stovematerialen var lagra i Jakteholmen, kom det eit uver frå sydvest med veldig stor flod, så materialen flotna og rak inn i Storvika i Voren. Den makkstukkne (*Info 1*) materialen som frå før var tung nok, vart no så vassdrukken og tung at det var reint fælt. Far sleit både seint og tidleg med å bera han opp gjennom myrane. Eg hugsar mor sa kor glad ho var då ho hadde fått ei krå i kjellaren så ho fekk setje frå seg dei to kistene sine.

(Info 1: Uttrykket «makkstukkne» eller «makkstukken» har vi ikkje funne i andre kjelder, men ut frå samanhengen så forstår vi at det handlar om makketen material. Dette er biller som også vart kalla «mit», «morr», «mott», «tremark» osv, og som før var meir eller mindre i dei fleste gamle tømmerhus. Skadedyra øydelegg trevirket ved at larvane gnagar gangar i den ytre del av trevirket. Billa graver gangar når den er i larvestadiet som varer i 2-4 år. Deretter blir larve til ein bille som så legger nye egg.)

Mor miste mor si då ho var 5 år, og faren då ho var 10 år. Frå den tid hadde ho vore hjå framande i teneste. Difor tykte ho det var godt å få noko for seg sjølv.

Ut over hausten kom så stova opp og dei fekk flytte inn. Til bygningsmann hadde dei ein ven av bestefar som heitte Elling Nautvik frå Dalsfjord. Mor sa at han skjente og var sint dagen lang, men når bestefar hadde tinga han, så var det ikkje noko å gjera med det. Men dei fekk då opp huset og vi flytta inn ut på hausten, men huset var vel halvferdig lenge etterpå. Det var stove, der dei både kokte, åt og sov. Så var det eit lunt og godt loft der borna låg etter kvart som dei voks opp. På loftet hadde mor vevstolen, for ho var veldig flink til å veve, og ho vov ei masse både åt seg sjølv og mange andre for å tena litt.

For at potetene ikkje skulle frysa i kjellaren, laut dei beslå kjellarmuren same hausten. Det var då skikk og bruk at dei skulle bruke leire til å beslå murane med, sidan beslo dei med kalk utanpå. Dette var svært dårleg, for etter som åra gjekk, flakna kalkbeslaget av så det vart berre leira att. Mor gjekk då å bar blåleire i ei trekjipe i dagevis innan frå Flødevikane.

Slekta vår

(Info: Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126 og «slektstreet» til Jon Jonson Helland side 127.)

Far (*Info: Johannes Severin Petterson Bringsvor. Bringsvor 4 / Bringsvor 3.*) var fødd i 1851 på Bringsvor av foreldre Petter Jonson, Nøre-Sande og Gjertrud Askjellsdotter Bringsvor. Far var eldste son og var stadig heime og arbeidde på garden. Då bestefar (*Info: Petter Daniel Bernt Jonson. Bringsvor 4*) bygde husa på Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*), både løde og stove, og er dei same husa som står på garden endå. Materialen var flota fram i Reidaosen, og derifrå bar far det meste av materialen opp Reidabakken og til Bringsvor, medan broren Karl tente på Voksa.

Bestefar (*Info: Petter Daniel Bernt Jonson.*) bygsla garden her (*Info: Bringsvor 4*), men sidan kjøpte han og grannen Lars (*Info: Lars Olson Bringsvor. Bringsvor 1.*) gardane sine og fekk utskifting, og etterpå det bygde bestefar nye hus som står endå i 1962. Bestefar var tynn og ikkje rett stor, og det var han far likna på i vekst, som og var helst liten og tynn. Bestefar hadde stor og krumma nase, og fæl til å rope og sjaue (*Info 1*). Han hadde tent ute på Skare med han Per Skare (*Info 2*) som var los. Den gong var det troll i løda på Skare. Dei høyrde noko som banka og heldt leven i løda kvar einaste natt. Bestefar banka seg på baken og ropte at det er ikkje meir troll i løda enn i raua (*Info 3*)hans. Frå den dag fekk han ein fæl svoll på raua der han banka seg.

(Info 1: Sjaue betyr å bråke, lage støy osv.)

(Info 2: Det var ingen los på Skare som heiter Per Skare, me n på Skare 3 er fleire losar. Kan det være Peder Skare, Gerhard forvekslar med denne Per Skare med. Sjå Sandesoga.)


(Info 3: Baken og raua er det same.)



(Info: Bildet viser Petter Daniel Bernt Jonson. Han kom frå Nøresande 2. Fødd 22.02.1821 og døde 17.02.1907. Dette var altså bestefar til Gerhard Bringsvor. Han vart også kalla «Gamle Petter», kanskje mest fordi han hadde to barnebarn som begge også heitte Petter. Men han vart no 86 år, noko som var ein svært høg alder på denne tida. Han flytte altså til Bringsvor 4 og vart gift i 1850 med Gjertrud Pernille Askjelsdotter Bringsvor, som var gardjente der då. Kan også nemne at denne Petter var bror til Jon (Jo) som overtok Våge 5 i 1848, Jogarden. Jogarden i 1848 bestod i hovudsak av fyljande bruk/tomter i dag: 5, 10, 12, 14, 16, 23.)



(Info: Dette er Lars Olsson Bringsvor som er omtalt i teksta ovanfor her og kona Kristi Ingebrigtsdotter Hide. Lars levde frå 1828 til 1907, Kristi levde frå 1825 til 1907. Dette er altså personar frå Bringsvor 1, som ligg mellom Bringsvor 4 og Bringsvor 3. Sjå meir informasjon i Sandesoga.)



(Info: Kartet framfor her viser nokre av bruka på gard nr. 69, Bringsvor. Bruk 69/3 er Bakken - Vegen, som er der Gerhard Bringsvor kom frå. Bruk 69/4 er der far til Gerhard Bringsvor, Johannes Severin Petterson Bringsvor kom frå.)

Det blå bygget til venstre på bildet er gamleskulen som vart bygd i 1896, og som no er museum. Det blå bygget til høgre på bildet er den nye skulen som var ferdig i 1962, og som då vart felles skule for heile Sandsøya. Kartet er nok av nyare dato. Sjå elles Sandesoga.)

Bestefar hadde ein god gard (*Info: Bringsvor 4*) med gode åkrar som gav godt korn og gode poteter. Dei hadde jamt 80 golv med korn (*Info 1*). Ekra gav beste kornet, likeins Synsåkeren, medan Storåkeren som snudde nordover, ofte var grøn og sein til å modnast. Dei hadde jamt 7 kyr og 20 sauer. I fyrste tid hadde dei og mange geiter, som dei om våren og vinteren hadde inne på Bringsvor. Dei slepte dei ut om morgonen og dei for ut gjennom vågen og ut i Hellands-Vågane, der dei fann den tare dei trong, og til kvelds kom dei heimatt og inn. Bestefar var lett og springa etter geiter, som også far var, og jaging etter villgeiter var ei fæl vinne xxx (*Info 2*) dag, og mang ein feit storbukkk vart slakta.

(Info 1: I fylje ordsamlinga til Per Sandanger er «golv» ei måleining for korn. Eit golv korn er den mengda ein fekk mellom to staurar i ei kornhæs.)

(Info 2: Dette ordet har vi ikkje klart å tyde utifrå det som står i originalen.)

Bestefar var og høvedsmann på åttringen (*Info 1*). Hans båt var så lett å ro at når dei kom inn under øya tok dei segla ned og rodde inn med land, medan dei andre båtane som var tyngre la på fjorden ved Kleiveneset (*Info 2*) for å krysse opp fjorden. Når bestefar kom opp i Bukken (*Info 3*), som er beint innafor Leinatangen (*Info 4*), gjekk han opp på baktofta og vifta med raudehua dersom han hadde fått bra med fisk, men hadde han fått lite fisk, vinka han ikkje. Når han hadde gjort dette teiknet, så skulle ho bestemor og dei andre som hadde folk med båten, koma med graut åt karane, for dei skulle gjera opp fisken og få han i salt.

(Info 1: Åttring er ein båt med åtte par årar.)

(Info 2: Kleiveneset ligg ut ved Honnhamaren.)

(Info 3: Bukken ligg mellom nøre brua og Fløda.)

(Info 4: Leinatangen ligg mellom nøre brua og Fløda.)

Bestemor (*Info: Gjertrud Pernille Askjelsdotter Bringsvor. Bringsvor 4.*) på Bringsvor var fødd i 1831, og var den som saman med bestefar overtok garden. Ho hadde ein bror som heitte Askjell, og då faren og heitte Askjell, vart han kalla for Lisje Askjell. Han var fleire år yngre enn bestemor, og var for ung til å taka over garden. Han var i sin ungdom forlova med Ingeborg Olsdotter Bringsvor, men så var det noko ho Ingeborg hadde gjort han imot, og det vart fortalt at bestemor var opp om stabbura og skjente på henne Ingeborg for dette med han Askjell. Askjell vart gift med enkja Ragnhild Sivertsdotter Nystøyl (*Info: Nystøyl 3*) som hadde vore gift med Karl Nystøyl. Dei hadde ein son, Karl, som reiste ut og kom aldri att. Askjell og Ragnhild hadde sonen Sivert og dottera Karen. Sivert vart gift med grannetausa Karen Knutsdotter Nystøyl, og det var tanken å ta over garden, men då Karen fødde ein son som heitte Konrad, var Sivert heilt sikker på at han var ikkje far til guten, for han hadde vore borte ein lang tur då guten var avla. Sivert og Karen vart skilde, visstnok den fyrste skilsmisse i Sande. Karen reiste då sør til Håberg der ho hadde tent før med far til guten, Matias Håberg. Der voks guten opp og tok over garden der. Sivert Nystøyl døyde i 1905 av vond astma.

Karen Askjellsdotter Nystøyl vart gift med Petter Olai Strand frå Vanylven, og overtok garden etter Askjell. Då Ragnhild Nystøyl døydde, gifte Askjell seg att med gamlekjærast Ingeborg Olsdotter Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*).

Bestemor (*Info: Gjertrud Pernille. Fødd 3.3.1831, døde 8. 9.1900. Bringsvor 4.*) og Askjell hadde og ei syster som døde ung, som heitte Serina. Henne er det far sitt andre namn Sevrin er etter. Bestemor har av alle vore skildra som sjeldan snill og hjelpsam. Og mange velsigna henne for kva ho var for dei fattige. Hugsar ho fekk slag om summaren då ho var nede på Sanden og mjølka. Ein sundag kom ho Tilla Sande, ho Baute Gurine og ho Leina Serine frå kyrkja og opp til bestemor. Dei hadde vel høyrte at ho hadde vorte sjuk. Dei sat då å takka og velsigna henne for alt ho hadde gjeve dei då dei var fattige og ville ha svolte ihel. Bestemor kunne ikkje snakke det siste året, og døydde året etter at ho fekk slag. Hugsar kor vi ungane gret den haustdagen då ho vart gravlagd. Eg hugsar og far kor tungt han tok det.

Bestefar levde fleire år lenger, men han var fælt plaga av bronkitt og hoste. Han sat ofte i senga heile natta og hosta. Men han var framleis stor i ord som før. Ein gong dei snakka om lite fisk og torsken var ikkje komen endå, sa han: «Stod ê ut i Skjerkalvhamaren og stod rett, so veit eg det skulde ikkje slå feil.»

Bestefar hadde gjort far mykje urett, som eg skal koma attende til. Men i mange år, og helst i det siste var det far som skulle sendast bod på når noko stod på. Det kornet som bestefar fekk i kår, skulle far turke og male, og bere mjølet nord i kammerset åt han. Han trong av og til pengar som han hadde ståande i Volda Sparebank. Støtt var det far som måtte reisa til Volda og ta ut pengar, og kjøpe nafta og kamferdropar. Mykje peparmynte og drops åt han for den vonde hosten.

Bestefar vakte mykje om natta. Av og til sa han til far at han angra veldig på den urett han hadde gjort mot han, og mang ein gong gret han sårt for dette. Far trøysta han så godt han kunne med at han hadde det bra, hadde ein god heim og bra born, og sjølv om det ofte var trongt for utkoma, så hadde han og hans ikkje mangla mat iallfall. Det var såleis eit veldig godt forhold mellom far og bestefar. Far var så vidt eg kan forstå, ein kristen, og han sat difor mykje ved senga og las åt bestefar.

Far, som var eldst, måtte alltid vere heime og vere dreng på garden. Han hadde stor interesse for krøterstell og jorddyrking. Var som eg før har skreve, med å slite og bera all material til husa på garden, så alt stod ferdig til å overta garden. Far trudde alltid at han som var eldstemann, skulle overta garden.

Far hadde alltid tenestejenter, og det var skikk og bruk at drenger og tenestejenter låg på same loftet. Denne skikk var i alle bygder på den tida. Hjø bestefar tente eit år jenta Oline Martinsdotter frå Vegen (*Info: Bringsvor 3*). Far og ho hadde hatt samleie, og det gav frukt. Oline vart med barn, og far ville gifte seg med henne. Men då viste bestefar sin myndigheit. Sonen hans skulle ikkje gifte seg med ei fattig plassemannsdotter. Far laut gje seg på dette, då han var vand til å lyde far sin i alt. Oline flytte til far sin der ho fødte ein gut som vart døypt Andreas. Der var mange rykte om at andre og hadde vore saman med Oline. Især var det snakk om granneguten, men han var svært ung den gongen. Far kunne ikkje nekte at han hadde vore saman med Oline, og tok på seg farskapet. Dei fyrste åra betalte han farskapsbidrag for guten. Men då far gifte seg med mor, tok dei guten til seg. Han var då ti år. Men mor sa ofte at det var ikkje godt for henne dei åra ho hadde han i huset, for godt ho gjorde det, så gjekk han til bestefar sin Martin og morsystema Ester og klaga, og mor fekk ofte uhygge av dette.

Oline fekk sidan ein uekte son til. Ho tente då i Hatlebrekke. Denne guten heiter Einar Hatlebrekke, og vart gift med Sara Olesdotter Halle. Einar vart utlærd blekkmakar og budde på Larsnes der han hadde hus. Einars far var Ivar Strømsnes, seinare Ivar Hide. Oline, mor til disse to, vart på sine gamle dagar gift inne på Breivikneset med enkemann Elling Ananiassen Breiviknes. Etter Ellings død, var ho hjå sonen Andreas i Sandvik.

Då Andreas var konfirmert for han ut å tene, inne i Øvrelid, og seinare tente han lenge på Gotten i Gjersvik. Anders var veldig låk av sjøverk, så det vart ikkje godt å drive sjøen for han. På Gotten tente og ei jente frå Gursken. Andreas vart gift med denne jenta som heitte Johanne Eriksdotter Sandvik. Ho var 10 år eldre enn han, men det var alltid godt forhold mellom dei. Dei fekk det vesle gardsbruket åt far hennar i Sandvik, som kallast Myrane (*Info: Sandvik G7*). Dei fekk 5 born, 2 døydde små av sukkersykje. Marta, den eldste, gift med Artur Hansen Gjerde, bur i Gjersvik. Han passar elektrisitetsverket.

Johannes reiste tidleg til Amerika, gift der med Margit Bauge som var frå Knotten. Alf gift med Marie Skoge frå Gursken. Han har bygd nye hus, og har sin fars heim.

Karl, bror til far, kom att frå Voksa der han hadde tent, og far tok seg teneste hjå Andreas Tarberg, som var hans syskenbarn. Karl vart no forlova med Ingeborg Andreasdotter Støyle (*Info: Støyle 4*), medan hennar syster Synneve var forlova med Ola Larsson Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) på nabogarden. Det vart bryllaup med Karl og Ingeborg, og far visste ikkje ordet av det før bestefar hadde bestemt at til straff for denne gutungen, skulle far ikkje få garden. Bestefar skøytt så garden på Karl for kr. 2.000,- som skulle delast på dei 3 syskena til Karl. Karl og Ingeborg flytte då inn i største stova og søre enden, veslestova, kammerset og loftet hadde bestefar og bestemor.

Då far nokre år seinare bygsla (*Info 1*) Vegen, skulle Karl føde den raude merra (*Info 2*), men far skulle få bruka ho når han trong. Den omjusterte bismarvekta (*Info 3*) skulle dei eiga i hop, likeins koparkjelen. Men desse lovnader vart dårleg haldne, for skulle vi av og til låne merra, laut vi arbeide for det, og lånte vi vekta eller koparkjelen, så var det alltid streng ordre om å bringa det attende.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard. Det vanlege var å betale ein forholdsvis stor sum til godseigaren når ein bygsla garden, og så betale ein mindre årleg leige.)

(Info 2: Merra er det same som ein hest.)



(Info 3: Bismarvekt var ei mykje brukt vekt den tida og heilt fram til notida. På nettet kan ein sjå mange bismarvekter, og dei fleste ser slik ut som bildet nedanfor her viser.)

Stova til Karl var ferdig med det som trengtest i ei bondestove den tida. Senga var bestefar si. Det sto måla på sida namna åt bestefar og bestemor. Så var der eit stort klaffebord med benkar og stolar. Stoveklokke på vegg, kokeomn, ei bokhylle, ei korg oppe i bjelken til å ha flatbrød i, og elles det som hadde vore i garden. Det var såleis underleg, Karl fekk gå inn i alt ferdig, medan far som hadde vore mest heime, måtte kjøpe alt, bygge nye hus og koste alt som trongst i eit hus.

Dette var den uretten bestefar angra på i si siste levetid, og far og vi borna med mor vår, leid under dette i lange tider, og ikkje veit eg om vi er ferdig med det endå.

Karl var ulik far både i sinn og skinn. Var far helst liten og tynn, så var Karl stor og feit med stort bredt skjegg. Far var pratsam og blid, Karl var still og vanskeleg å få i tale, og kunne han få det til så gav han gjerne spitor, og ikkje alltid god.

Far var så låk (*Info 1*) av sjøverk, og ville derfor helst verta lærar eller noko som var lettare. Men bestefar sette seg hardt imot, for far hans var lærar, og var 10 år i Ytre Herøy, og han heldt på å svelte ihel for det var inga løn, berre 12 dalar, og ikkje fekk ein det heller. Det var fast bestemt av bestefar at både far og Karl skule drive jorda og fiske. Dei hadde begge god forstand, og især far var eit mønster i skulen. Sivert Vorren, som var litt yngre, sa at det var han Johannes som lærde han å rekne. Elles las far mykje, hugsar han las bøker om astronomi, boka heitte «Andre Verdener» (*Info 2*). Han lærde og å syngje etter notar som den gongen var tal, og vi leika oss med noteboka hans. Far hadde ei god songrøyst, og mange gode tonar lærde eg av han. Når eg fekk sitta på fanget til far når han las teksta om sundagane, tykkjer eg enno var den lykkelegaste tida av mitt liv. Karl var og flink til å syngja, og av og til hørde vi på når han las og song og heldt husandakt, som alltid var gildt, for Karl song og las godt.

(*Info 1: Låk betyr sjuk eller dårleg.*)

(*Info 2: Har forsøkte å finne denne boka som Gerhard Bringsvor kallar «Andre Verdener». Tok kontakt med Deichman bibliotek i Oslo, som sendt meg vidare til Nasjonalbiblioteket, som gav fyljande tilbakemelding:*

«Utgave nr. 23 av «I ledige timer»: En udvalgt Roman- og Novellesamling bestemt for Familekredsen, utgitt i 1901, har en illustrert science fiction-historie som heter "Fortællinger om andre verdener". Kan det være den, tror du? Du kan se den her:»

https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011100423008

Har fått tillating frå Nasjonalbiblioteket til å bruke linken i denne boka. Sjå side 1-145 i linken over her.)

Kona til Karl, Ingeborg (*Info: Bringsvor 4*), kan ikkje eg hugse, men ho var visstnok ei klok og snill kvinne. Ingeborg fekk fyrste ei dotter Anna, seinare gift med mitt syskenbarn Anders Sivertsen Vorren (*Info: Voren 4*), og vart buande på Bringsvor. Nr. 2 var Petter Karlsen, fødd 1882. Denne Petter voks opp mest med bestemor etter mora sin død. Då Ingeborg fekk sitt 3. barn i 1884, vart ho ikkje forløyst. Doktoren måtte lema barnet i mors liv. Ingeborg fekk då barselheber og døydde. Ho vart gravlagd nedanfor kyrkja, der Karl kosta ein fin og stor stein på grava, som no er ulesande.

Karl fekk no nokre harde år, laut ha to tenestjenter, og saknet var sårt. Han fekk då ei jente frå Herøy som heitte Oluffa Bernsdotter Kvalsund. Med henne vart Karl gift oppatt 2 år etter fyrste kona var død. Oluffa var eit flinkt arbeidsmenneske, og dugande å stelle huset etter den tids skikk og bruk. Kan heller ikkje seia ho var stygg med steborna. Anna, stedottera, var alle tider snill og føyeleg. Men Petter hadde eit hardt og vanskeleg sinnelag. Oluffa fekk 3 born med Karl: Ei dotter, Ingeborg, som døydde 6 år gamal. Så fekk dei Leonora (*Nora*), fødd 1891, og Ingeborg (*Bolla*), fødd 1893.



(Info: Bilde viser Karl Petterson Bringsvor (Bringsvor 4), som var onkelen til Gerhard Bringsvor og såleis også bror til Johannes Petterson Bringsvor (Bringsvor 3), Berte Oline (Sande N1) og Gerhard Andreas Bringsvor, som budde i Stavanger frå han var heilt ung.

Karl Petterson Bringsvor var fødd i 1853 og døde i 1926. Ved sida av Karl vises Oluffa Berntsdotter Kvalsund, som var 2. kona til Karl.

Dei hadde døtrene Leonora (Nora) og Ingeborg (Bolla). Karl hadde med sin 1. kone Ingeborg Andersdotter Støyle, barna Anna Petrine (Bringsvor 9) og Petter Gustav Adolf (Bringsvor 4.)

Petter Gustav Adolf (*Info: Bringsvor 4*) kosta ei skute som heitte «Harald» (*Info 1*) saman med Johan og Ragnvald Våge (*Info 2*). Då dei henta denne skuta i England, hadde han fått ei leid forkjøling som gjekk over til tæring (*Info 3*). Han var då i fleire månader på Reknes Sanatorium (*Info 4*), der frå kom han heim og budde mange år på loftet. Han gjekk mykje turar i fjell og mark, låg stadig å bada i sjøen. Han kom seg etter kvart og var med og drive fiske under fyrste verdskrigen, då silda og fisk var svært dyr, så han tente seg opp ikkje lite pengar. Men til slutt vart det vanskeleg å få sove, og ikkje snakka han om kva tankar han bar på. Ein ettermiddag visste dei ikkje av før han kom frå sengebuda, over tunet og inn kjøkenvegen, inn i kammerset der stikkмора (*Info 5*) sat og spann, lutte seg fram over rokken. Stikkmora ropte til hine som sat inne i stova: «Sjå det ryk ta nå!». Best det var smalt det. Han hadde stukke ei dynamittpatron i munnen, kveikt i lunta, og bestemt seg til å ta stikkmora med seg i døden. Men ho hadde halde høggre handa opp for å verje seg, så handa tok av for ansiktet hennar så ho beholdt livet, men Petter låg livlaus på golvet utan hovud. Eg vart bodsendt for å hjelpe til. Vi fekk fort tak i kiste og la han i slik som han var. Var med å plukka molane av han ute på marka, var og med og vaska ned rommet der udåden hadde føregått. Dette var eit fælt slag for oss som var av slekta. Dei åra Petter gjekk og var sjuk, var vi som var yngre mykje saman med han. Vi siglde med jakter nede på Sanden, og vi rende på skeiser og ski ilag med han. Det hende at eg røyste meg i senga og ropte høgt i redsel etter denne hendinga.



(Info 1: I boka «Båtar i Sande» står: I 1904 reiste Johan R. Våge, Ragnvald Våge og Petter K. Bringsvor til England, der dei kjøpte «Emerald», som var 58,6 fot lang. Sandsøykarane gav båten nytt namn, «Harald», og dei brukte han også til fiske ved Island attåt vintertorskfisket på Sunnmørskysten. I 1911 sel dei «Harald» og då får båten namnet «Ædelsten», seinare «Edelstein». Ettersom namnet Edelstein vises på båten så er nok bildet teke tidleg på 1930 talet.)

(Info 2: Johan og Ragnvald Våge (Våge 5) var tremenningar til Petter Gustav Adolf (Bringsvor 4.) Altså Petter Daniel Bernt Jonson, fødd 22.02.1821 og Jon (Jo) Jonson, fødd 04.12.1825, begge Nøresande 2 var brør og flytte til Bringsvor 4 og Våge 5 rundt 1850.)

(Info 3: Tæring er det same som tuberkulose.)

(Info 4: Reknes Sanatorium for tuberkuløse i Molde var Noregs første statlege drivne sanatorium og vart etablert i 1898.)

(Info 5: Stikkmor er det same som stemor. Sjå om dette i ordboka til Per Sandanger.)

Oluffa vart send til Ålesund sjukehus der handa vart avtaka ved handleddet. Ho leid mykje vondt alle åra ho levde, tur (*Info 1*) og annan fekk ho sterk feber, og då kom mange små beinsplintar ut gjennom sveitteporene i huda. Ho vart passa godt av dei to døtrene. Karl døydde 17. mai 1926 og Oluffa, f. 1850, død 1940. Søstrene Leonora og Ingeborg overtok no det halve av garden, medan halvsystema Anna Petrine og Anders hadde den andre halvdel, og bygde seg hus nord i Skarebakken (*Info: Bringsvor 9*). Anders var ein slitar på sjø og land, og han arbeidde godt opp garden, både det som hadde vore innmark før og den utmark som vart tillagt bruket. I 1960 selde han til ny skuletomt nede i Myrane som dei fekk kr. 6000,- for. Anna og Anders (*Info 2*) har 11 born som lever, og 9 av dei bur på Sandsøy. Anna døydde i 1957 og Anders døydde 1959.

(Info 1: Ordet «tur» brukt i denne samanheng har vi ikkje funne nokon stad, men av samanhengen forstår vi at Oluffa fekk sterk feber ein gong i blant.)



(Info 2: Det første bilde over her viser Anders Sivertson Vorren (Voren 4), kona Anna Karlsdotter Bringsvor (Bringsvor 4) og fire av dei 11 barna deira. Anders tok namnet Bringsvor når han vart gift med Anna og flytte til Bringsvor.

Det andre bildet viser Anders og Anna på sine eldre dagar. Anders var fødd i 1879 og døde i 1959 og Anna var fødd i 1879 og døde i 1957.

Anders var søskenbarnet til Gerhard Bringsvor på morsida si og Anna var søskenbarnet til Gerhard Bringsvor på farsida si.)

Systemene Nora (*Info: Leonora*) og Ingeborg var sterke og driftige kvinner. Det var fleire som ville ha Nora til kone, men det vart ikkje noko av. Dei styrte garden godt, dyrka til og med ny jord ute på Svedene. Dei kosta nytt tak på stova, fekk i stand to pene rom på loftet, og stelte pent huset både inne og ute. Om nokre år tok Nora til å kjenne noko som voks i sida, trudde det var eit slit som av og til gjorde vondt. Dette var visstnok i 1944. Ho reiste då til Volda og

søkte lækjar, dei sende henne til Ålesund der dei fann at det var langt framskriden kreft. Ho kom att i bære og døydde vel ei veke etter på.

No vart Ingeborg (*Info 1*) att åleine. Ho var fleire gongar tilbode ekteskap, men ho var glad i berre ein og det var ein lærar. Han ville ikkje gifte seg. Såleis vart dei begge gåande ugifte. Ho vann ikkje å stelle med garden som det skulle vera, og avlinga minka og lite inntekter vart det for henne. I 1963 fylte ho 70 år og slutta med gardsdrifta. Ho fekk slag og døydde i 1963.



(Info 1: Bildet viser eit ungdomsbilde av Ingeborg Bringsvor (Bolla). Ingeborg var fødd 21.05.1893 og døde 19.04.1963. Ingeborg var søskenbarnet til Gerhard Bringsvor.)



(Info 1: Bildet viser Ingeborg Bringsvor (Bolla) på tunet på Bringsvor 4. Dette skal være siste bilde som er teke av Ingeborg før ho døde i 1963, 70 år gamal. Det var Ingeborg sin bestefar Petter Daniel Bernt Jonson frå Nøresande 2, som fekk bygd dette huset etter utskiftinga som var i 1869.)

Ingeborg (*Info: Bringsvor 4*) har vore ei framtøk kvinne på mange måtar. Flink til alt arbeid, ho vov dei finaste vevar av alle sortar, fine gardiner til kyrkja, og dei flottaste golvteppe. Ho måla mange pene billetter som hang i stova hennar. I lag og lyd var ho den fremste. I Sandsøy ungdomslag var ho formann. I losje «Idrott» var ho med frå ho var konfirmert, i alle år den fremste, flink til å underhalda, skreiv i blada, heldt foredrag, las bøker, og fortalde dei utor bok. Var i over 40 år barnelosje-forstandar. Var utsending til Storlosje møte på Voss og Larvik. Var på Storlosje møte i Molde. Ho Ingeborg var med andre ord ei av dei fremste kvinner på Sandsøya.

Den 3. av borna til bestefar var Berte Oline (*Info: Sande N1*). Ho heitte etter broren til bestefar, Bjørn, som kom bort nord ved Flæsa, og andre namnet etter systera Oline som døydde av tæring hjå broren Jo (*Info: Jon*) i Våge (*Info: Våge 5*). Då ho var einaste jenta i huset, var ho bestefar sin augnestein. Berte Oline voks opp til ei pen jente, mest lik bestemor. Mange bra gutar var om seg etter henne. Ho vart veldig sjuk av giktfeber (*Info 1*) i 20 års alderen. Far spikra saman ei lita seng og reiste til Bergen med henne der ho vart innlagt på sjukehus, og var der i fleire veker. Då far henta henne attende, var den eine foten vorten stiv, som vart mest som eit lyte. Men ei jente i den tida som var god for 1000 kroner, var rekna for eit godt gifte, og mange var det som ville ha den pene og velhavande Berte Oline. Den som vann henne, vart underleg nok Severin Sørensen Støle (*Info: Støyle 2*), eller Dale Severin (*Info 2*) som han vart kalla i det daglege. Dei hadde bryllaup på Bringsvor summaren 1892 og budde i kammerset til bestefar. Her vart deira fyrste barn, Jenny fødd same hausten. Same året døydde Severin Kinden (*Info: Kinna 1*) som var Dale Severin sitt syskenbarn. Det kom då ei ordning med at Dale Severin skulle pakte halve jorda til enkja, Marja (*Info 3*) i Kinna, og dei skulle bu i kammerset hjå Marja. Men her var då ingen verande stad for nokon.

(Info 1: Giktfeber som Berte Oline fekk som ung er ein immunologisk reaksjon i kroppen som kjem i etterkant av ein halsinfeksjon med gruppe A betahemolytiske streptokokkar. Sjukdommen inneber ein diffus betennesssjukdom i ledd, hjarte, blodkar, sentralnervesystemet og huda.)

(Info 2: Talemåten Dale Severin kom nok av at han var frå Dalen som garden Støyle 2 vart og vert kalla.)

(Info 3: Marie vart nok kalla Marja som Gerhard skriv her, men det rette namnet er i fylje Sandesoga Marie. Ho var nær 100 år gamal når ho døyde i 1961.)

På Sandshamn, eller Myra som dei då mest sa, budde fleire huslydar i Låna og arbeidde i lag på det heller store gardsbruket. Nokre få år i førevegen, kjøpte nokre menn heile denne garden med alle sjøhusa og alt som var. Dette var Peder Koppen, Abraham Sande og Frans Matias Olsen. Dei arbeidde saman og leigde ei jente å stelle fjøsen. Men etter kvart dei gifte seg, delte dei arbeidet mellom seg sjølve. Peder Koppen vart gift med Fredrikka, dotter til Frans-Gerhard Olsen som hadde ein liten husmannsplass, Bauten (*Info: Sande N5*). Abraham (*Info: Sande N10*) gift med Kornelia Pettersdotter Toftesund (*Info: Voren 8*). Frans Matias (*Info: Sande N9 / Sande N20*) gift med Berte Matsdotter Myren (*Info: Myra 2*) og budde i dei gamle husa åt far sin i Leina, men arbeidde og eigde i hovudbruket ilag med dei andre. Det gjekk bra nokre år, det var bra fiske og dei tente på sjøbudene som dei leigde bort. Dei tok også og reiv ned den store brakka som hadde vore losjihus åt fiskarane i den store sildeperioda i 1865-70 åra, då her var så veldig med sild, og ho kom heilt opp på hamna. Av denne store brakka bygde dei svaler i halvetak attåt sjøbudene, så det vart meir salterom. Ei av desse svalene er til endå, ved buda åt Otterlei og Longva på Vaskarsteinbuda. (*Info: Sjå bilde av området på Sandshamna side 117.*)

Men desse gode torskeåra vart forbi og det vart ei periode med lite fisk. For Frans i Leina vart det tungt å få ut rentene. Her var den gongen kome ei lærarinne som heitte Malene Rosok frå Harøya. Ho vart gift med Peder Redse frå Rovde som var systerson til Koppen. Peder Koppen ville no gjerne få desse til å kjøpe Frans sin tredjepart av Sandshamn. Frans let seg seia (*Info1*) med det og Peder og Malene overtok garden og budde i Låna. Peder Redse og broren Knut var denne vinteren om bord i ei stor skøyte frå Ålesund. Ute på Mebotnen var begge desse brørne ute i ein dorrie (*Info2*) og drog line. Det var dårleg ver, og i snøkaven vart dei borte frå skøyta og sågst aldri meir. Folk trudde dei lasta dorrien med torsk og fått ein sjø og gått under. Malene Redse kava då med gardsarbeidet med leigd hjelp, men etter 2 år såg ho

seg ikkje syn med dette lenger, og ikkje lønte det seg heller. Koppen kom då ut i Kinna til Dale Severin (*Info: Støyle 2*) og bad han måtte kome å take over Malene sin part i Sandshamn. Våren 1897 flytte Severin med huslyd til Sandshamn og overtok ein tredjepart. Same sumaren vart og den einaste sonen, Alf Benjamin, fødd. Dei kava då nokre år framover saman, Koppen, Dale Severin og Rasmus Nystøl budde i Låna, Abraham budde hjå mor si på Nøre Sande. Men dei brukte garden med fjøs og løde ilag.

(Info 1: Ordet «seia» som står her veit vi ikkje betydninga av, men av samanhengen forstår vi at Frans godtok forslaget.)

(Info 2: Dorrie er ein liten robåt.)

Men Severin (*Info: Støyle 2 / Sande N1*) vart lei av dette hopehavet og rekvirerte utskifting på heile Sandshamn si innmark, og Andreas Sandsbakk (*Info: Sandsbakken 1*) rekvirerte på all utmark. Utskiftinga vart fullført 1907 og alle bygde nye hus. Severin Støle fekk sin tredjepart vestanfor hine og bygde ny pen stove ute i Ospene, og ei stor og tidhøveleg løde nedanfor vegen. Han fekk eit stort utmarkstykkje attåt bøen. Plassebruket Ystebøen (*Info: Sande N2*) kom såleis midt inn i bruket, og Bendik Sande som ikkje hadde noko feste på dette sidan mor hans døde, laut flytte, og kjøpte av Severin eit stykke nede ved sjøen som vart kalla Nerheim (*Info: Sande N23*), der han bygde oppatt husa.

Severin (*Info: Sande N1*) tok fatt på å grøfte opp dei blaute myrane så det vart eit godt gardsbruk. Sonen Alf og Jenny var med og hjelpte til. Alf vart forlova med Dagny Kinden (*Info: Kinna 3*) og gift 1922. Men det vart med ein gong usemje i garden, og Alf drog til Amerika. Året etter reiste og Dagny med det fyrste barnet.



(Info: Bildet viser Berte Oline Pettersdotter Bringsvor (Bringsvor 4) og mannen Severin Sørensen Støle (Støyle 2 / Sande N1) fremst og barna Alf og Jenny bak.

Jenny vart gift med Njaal Ditlefson Olsen i 1934. (Sande N47).

Alf vart gift med Dagny Olsdotter Kinden (Kinna 3) og reiste til Amerika i 1924. Dagny reiste etter året etter med fyrste barnet.

Bildet er frå Sande N1.)

Berte Oline døde etter operasjon på Ålesund sjukehus 1930. Severin kava med leigd hjelp nokre år. Til slutt så døde han og i 1947.

Alf, som hadde skøyte på denne garden, selde den vestlegaste delen av garden til Severin Våge i Myrane (*Info: Sande N4*), i midten 3 mål til Olav Sande frå Holstøda (*Info: Sande N53*), austlegaste delen med husa som Severin bygde, til Njål Olsen og Jenny som var dotter i garden. Njål (*Info: Sande N13*) og Jenny hadde før budd ovanpå i Låna. No bygde dei om og moderniserte huset til Severin og flytte dit (*Info: Sande N47*). Njål og Jenny fekk berre eit

barn som døde i fødselen. Dei tok no til fostersonen ein gut, Magnar, som har mor Olga Haugen, fødd Hundsnes. Magnar gift med Audhild Einang.

Den 4. av bestefar sine born var Gerhard, fødd i 1868. Det var nær at han hadde kosta mor si livet. Det var ein svært vanskeleg fødsel, og dei laut ha doktor som tok han med tang. Han hadde merke i hovudet etter dette heile sitt liv. Gerhard var nær 20 år yngre enn sin eldste bror, og livet var ein god del lettare for han. Han hadde og ein lett natur og heldt mykje moro og leven.

Oppe i grannegarden var ein jamgama gut som heitte Lars Andreas Kornelius Larsen Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*). Disse to, Gerhard og Lars, heldt saman i tjukt og tynt, og helst var det Gerhard som førde an. Dei var begge to flinke i skulen og lyse hovud. Gerhard var liksom broren Karl, storvaksen og før. Onkel Gerhard hadde før han gjekk ut av skulen skreve til Vaisenhusets stiftelse i Stavanger om plass der, for å få utdanning, han valde å verte typograflærling, og fekk såleis utdanning som journalist. Han reiste alt sundagen etter konfirmasjonen og tok til som lærling. Etter avslutta læretid fekk han seg arbeid i Vestlandsposten, som då var ei av Vestlandets største avis. I byrjinga arbeidde han som typograf, men seinare vart han redaksjonssekretær, eit arbeid som han hadde mest til sin død.

Då I.O.G.T losjen (*Info 1*) omtrent var ny, kom han med i lodje Ora og Labore, og her treivst han godt, for han var ein veldig vakker og fin mann, flink å tale og lese opp. Han fekk jobb i losjen som skrivar, og ved sida hans kom ei fin jente frå Sandnes, Anna Lea, som og var skrivar. Disse to arbeidde godt saman i losjen. Sidan vart dei gifte og bygde seg hus i ei ny gate som var Hjelmelandsgate 5. Farbror og kona fekk ikkje born, men tok til seg dotter åt syster tante Anna. Ho heitte Lilly og vart gift med ein lærar frå Bergen, Arnold Haukeland. Dei reiste sidan til Sarpsborg der dei har budd sidan. Dei har 4 kjekke søner. Den eldste heiter Gerhard.

(Info 1: IOGT. International Organisation of Good Templars, også kalla Godtemplarordenen / Goodtemplarordenen er ein internasjonal avhaldsorganisasjon. Den vart grunnlagt i New York i USA i 1851 som «Independent Order of Good Templars», og byrja nokså raskt å spreie seg til andre stedar og land.)

Onkel og tante var mykje oppe i losjearbeidet i Stavanger. Onkel var og med i Storlosjens råd som stor sekretær og reiste på mange storlosjemøter rundt i landet. Han var også flink songar og var lenge med i ein kvartett som heitte Klang. Desse for og song rundt i landet på storlosjemøter og festar. Dei var og til Verdenslosjemøte i Hamburg der dei gjorde stor lukke med songen. Tante Anna dreiv med barnelosje i lang tid, og mange hugsar den gilde kvinna frå den tid dei stod i barnelosje.

Onkel Gerhard sende ofte blad av ymse sortar heim til Sandsøya. Eit lite avhaldsblad som heitte Rogaland, sende han til far i årevis. Far som sjølv var godtemplar nesten frå skipinga av «Idrott» (*Info 1*), brukte å lesa av dette bladet på losjemøtene.

(Info 1: Idrott var namne på den lokale avhaldslosjen.)

Kvar einaste jul kom Berte Oline sør på Bringsvor, og Karl, far og systera la saman noko flatbrød og spekekjøtt som dei sende til onkel og tante. Frå Stavanger kom alltid attende ein liten ting til oss borna, ei eventyrbok eller nokre små bilete. Hugsar ei jul då eg fekk den vesle boka av Rasmus Løland: «Kvar vart det av jola».

Onkel og tante var på Sandsøy i ferien nokre gongar, med heller lange mellomrom. Vi ungdomane, Ingeborg og eg, stod ofte i brevveksling med dei. Det var slekta som tok til å interessere han etter kvart som han eldast. Og når Johannes Ristesund vart prest i Petri meinigheit i Stavanger, vart desse to knytte til kvarandre. Ristesund og onkel var like gamle og dei var støtt saman.

Sume av slekta vitja hjå onkel nokre gongar. Petter, bror min, var hjå han då han i sin ungdom var på makrellfiske på Doggerbanken. Eg vitja der i 1918 då eg og lærar Peter Vorren (*Info: Voren 5*) var på reise til Storlosjemøte i Arendal. På dette møte var også onkel og tante. På det spesielle Verdens losjemøte vart onkel Gerhard oppnemnd til Marsjall. Men du kor fint han førde seg, utenkjeleg var det at han var runnen av bonderot heime på Sandsøy.

Jenny Støle Olsen (*Info: Sande N47*), som er vårt syskenbarn, var i Stavanger vel eitt år då ho lærde seg til massøse (*Info 1*). Ho var i huset hjå onkel.

(Info 1: Jenny jobba i 1920 åra ved Kurbadet i Ålesund, der ho praktiserte som massøse. Det seies at far til Jenny, Severin Støle leverte tønner med leire til Kurbadet i Ålesund, som var spad opp frå Evja på Sandshamna. Leira var brukt i behandlinga av pasientane til Jenny.)

Onkel Gerhard Petterson døydde av slag i 1942. Enkja Anna var no einsam og reiste ned til Sarpsborg til fosterdottera Lilly. Ho var der ein vinter, men lengta attende til alle sine vener i Stavanger. Ho kom då attende, selde huset sitt og flytte, som sjølvbetalande, inn på Rikskassens aldersheim. Her fekk ho eit stort rom der ho fekk plassera noko av sine egne møblar. Ho hadde og ei lita kokeplate som ho stekte vaflar og kokte kaffi på, og stadig var det nokre av venene hennar som kom og vitja henne. Då vi i 1948 var på sildefiske her i Haugesund og Røvær, reiste eg og bror Alfred sørover og vitja tante Anna. Vi var der berre to timar, men det var gildt å høyre kor fornøgd ho var, og kor godt ho hadde det. Ho døydde i 1955.



(Info: Bildet over viser Gerhard Pettersen Bringsvor, kona Anna, svigersonen Arnold Haukeland og adoptivdottera Lill Pettersen Haukeland, som var dotter til Anna si søster. Bilde viser besøk i Stølegarden. Dette betyr vel då Sande N1, der søster til Gerhard Pettersen, Berte Oline Andrine budde.

Gerhard Pettersen var redaktør for avhaldsbladet «Rogaland» og reiste lenge rundt på distriktslosjemøter og storlosjemøter. Gerhard Pettersen var også redaksjonssekretær i Vestlandsposten i Stavanger. Gerhard var altså yngste bror til Johannes Bringsvor, Karl Bringsvor og Berte Oline. Sjå Sandesoga under Bringsvor 4.)

Oldefar

Jon Jonson Helland

(Info: Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126 og «slektstreet» til Jon Jonson Helland side 127)

Far til bestefar på Bringsvor, og min oldefar, var Jon Jonson Helland (*Info: Helland 1*), sidan Nøre Sande (*Info: Sande N2*). Han var fødd på Helland og hadde desse syskena:

Askjel Jonsen Støyle, gift med Inga Klausdotter Støyle (*Info: Støyle 4*). Dei overtok halve Støylane og hadde sonen Klas som vart gift i Vorren med Karen Eriksdotter, som har stor slekt etter seg. Askjel døydde tidleg og Inga vart oppattgift med Anders A. Flø frå Ulstein.

Knut Jonsen Helland (*Info: Helland 1*), gift med Pernille Bø frå Herøy. Knut fekk odelsgarden, og var los på Helland. Han hadde sonen Mass Helland, gift med Else Halle som drukna seg ut i Kvenhuskøyla.

Knut, gift med Malene Rasmusdotter Skare (*Info: Skare 1*), og hadde sønene Askjel, Knut og Rasmus, samt Petrine som var gift med Paul Sandvik.


Anne Elisabet, gift med Einar Saure. Dei hadde sonen Petter Saure.

(Info: Det som, like over her, står om Knut og Anne Elisabet kan misforståast slik at dei er søskena til Jon Jonson Helland, men det er feil. Dei er borna til Knut Jonson Helland. Sjå elles Sandesoga.)

Den 4. broren til oldefar var Lars Jonsen Våge (*Info: Våge 1*). Han var gift med Oline Våge og hadde ein son som døydde i 12 års alderen. Dei sa at denne guten var sær framme for sin alder, med at han greidde å ta styre av åtringsbåten, endå han var berre 12 år, som var vaksen manns arbeid. Dei hadde visstnok den garden som Anton og Benjamine sist hadde hatt. Lars døydde og tidleg, og enkja vart oppattgift i Hansegarden (*Info: Våge 4*) med ein enkjemann der.

Den 5. av syskena til oldefar, var Ingeborg som vart gift i Kvalsund med enkjemann Søren Kvalsund. Ho hadde sonen Karl etter seg. Han vart gift med ei jordajente (*Info 1*) i Kvalsvik og var kalla Gamle Karl. Han har ei veldig slekt etter seg.

(Info 1: Jordajente er ei jente som var arving eller hadde bygselrett til ein gard.)



(Info: Kartet over her viser gard 70, Helland. Det var frå bruk 70/1 at oldefaren til Gerhard Bringsvor, Jon Jonson Helland kom frå. Kartet er frå notida så bygningane var nok ikkje slik når Jon Jonson Helland vart fødd her i 1782, men grensene mellom bruka er nok som då.)

Jon Jonson Helland (*Info: Helland 1*) eller Nøresande (*Info: Sande N2*), fødd 1782, reiste i sin ungdom til Stokksund der han gjekk lærarskule hjå prost Thoresen (*Info 1*). På same tid tente der ei jente hjå prosten som heitte Oline Nilsdotter Nykreim (*Info 2*). Ho var kjøkkenjente hjå prosten. Jon og Oline vart forlova, gifte seg og busette seg på Koparstad eller Kvalsund. Han kjøpte eller bygsla eit jordstykke som han tok til å dyrke på. Han var skulelærer i ytre Herøy i 10 år, for å sleppa militærtenesta og sleppe å reise i krig som den tid var mykje av. Men løna var så låta, berre 7-8 dalar, at han reint ville svelte ihel. Det vart då bygsel ledig på eit av bruka på Nøresande der Hans Helland og Mons Halle var ifrå. Jon bygsla Nøresande (*Info: Sande N2*), flytte dit og vart fiskar og gardbrukar. Nøre Sande låg den tid i teigebyte (*Info 3*) med Sandsmyr. Men det var desse to jordene på Nøre Sande som hadde mest matrikkelskyld (*Info 4*), og Sivert Olsen frå Herøy eigde desse 3 gardane. I 1812 kom Frans Olsen, son til Sivert, til Sandsmyr (*Info: Sande N1*) og budde der.

(Info 1: Jon Jonson Helland kom til Herøy ca. i 1803, men Thoresen vart ikkje prest/prost i Herøy før i 1828 og var der til 1843, så det som står ovanfor her stemmer ikkje. Munster var Thoresens forgjengar. Han kom til Herøy i 1821 og var der til 1828. Før det var der ein som heitte Gruner som var der frå 1801 til 1820, så det var nok Gruner som var læraren til Jon Jonson Helland. Sjå om dette i linken til Soga om Sande og Rovde bok 4 side 440 – 443 https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013091708001.)



(Info 2: Oline Nilsdotter Nykreim, som vart kona til Jon Jonson Helland er nemnt i Herøyboka, Gardar og folk 3.

Ho står under Gnr. 76. Nykreim. Bnr. 2.

Der står: Oline 1791- 8. 4. 1863, gift 1813 med lærar Jon Jonson Helland, busett Sande /Sandsøya. Garden Nykreim er den nördste i Leikongbygda.

Kartet her viser kvar garden 76/2 ligg. Som ein ser så ligg bruket like nord for kyrkja på Leikong. Berre bruk 1 ligg nærmare kyrkja.

NB: Leikong er namnet på bygda/tettstaden Leikong, mens Leikanger er namnet på kyrkjesoknet. Her er det nok litt forvirring blant dei som lagar karta og andre.)

(Info 3: Teigebyte betyr at mark kunne være delt mellom to eller fleire bruk. Altså dei forskjellige gardsbruka hadde ofte ikkje all jorda samla på ein plass, men spreidd utover.)

(Info 4: Matrikkelskyld var frå 1818 til 1978 eit uttrykk for eigedomsverdi. Den var grunnlaget for måling av det innbyrdes verdiforholdet mellom Noregs jordeigedommar. Alle eigedommane vart tildelt såkalla «skyld».)

Jon og Oline hadde desse borna:

1. Andreas (Info: Voren 8), fødd 1814. Han reiste tidleg ut til sjøs og for vide ikring. Det er fortalt ei løya soge (Info 1) om han: Ein gong han stod til rors kom det opp or sjøen ei havfrue og mannen hennar og tok til å slåst. Anders tok då ein ting og kasta etter dei. Då sokk dei i djupet. Om natta då han hadde frivakt og låg og sov, var det som ei ishand som tok han over handleden. Han vakna og sa: «De kunne no vekkje meg, om ikkje det var så ublidt». Når han såg seg ikring var det ingen i lugaren. Frå den tid vart Andreas noko underleg, og noko for seg sjølv. Han hadde vore så lenge ute at han kunne flytande engelsk.

På denne tid dreiv Frans Olsen (Info: Sande NI) stor kommisjonshandel med humar. Her kom rett som det var skuter frå England og Skottland og henta hummar. Dei kalla desse skutene for Hummarsmakker. Sjølv sagt kunne desse ikkje norsk, difor trengde dei tolk og Andreas var det som var tolk og formidla handelen. Ein gong Andreas var med kyrkja, kom ein engelskmann opp til oldemor og spurde etter Andre. «Jau», sa ho, «Han Andre er med de Kirk der synna på Støylå», og peika sørover.

Andreas hadde med seg bror sin, Bern, ut i med Flæsa på poting (Info 2). Då fall Bern ut og ikkje vart attfunnen, og Andreas kom heim åleine.

Andreas var gift med Kirstine Halle, og bygsla Toftesund. Dei fekk ikkje born. Andreas døydd tidleg, og den store gamle bibelen hans var med i kista som eg ervde etter bestemor på Bringsvor. Kirstine Toftesund var oppattgift med Lars Larsen Kvamme, og fekk 3 døtrer. Lars omkom ovan om Kjeholmen på Sandshamn.

(Info 1: Løya soge betyr ei morosam eller interessant historie.)

(Info 2: «Pota/pote/poting» er ein måte å fiske spesielt pale/mort på. Det var ei lang bambusstong med ein taume i enden. På taumen var angel eller sluk med agn. Ein person hadde trode i kvar hand, medan ein annan rodde. Han som «pota» drog trodene fram og attende der dei låg attover i sjøen. Sjå boka til Per Sandanger.)

2. Petter Jonson Bringsvor, gift med Gjertrud Askjelsdotter Bringsvor. (*Info: Bringsvor 4. Sjå bilde av Petter Jonson Bringsvor side 12.*)
3. Jon Jonson (*Info 1*) Nøresande, gift med Berte Rasmusdotter Tarberg. Dei fekk garden i Våge (*Info: Våge 5*) som Mass Våge hadde hatt. Mass var gift med eit syskenbarn av Jon, men fekk berre døtrer, og her vart ledig. Denne garden vart seinare kalla Jogarden. Jon og Berte fekk 4 søner: Rasmus Våge (*Info: Våge 5*), Andreas Tarberg, Bernt Moltu og Sevrin Helland (*Info: Helland 2*).



(*Info 1: Bildet viser Jon Jonson som kom frå Nøresande 2, og som var fødd i 1825 og døde i 1905. Jon er nok meir kjent som Jo, som også har gitt garden hans namnet Jogarden. Våge 5. Jon/Jo er altså bror til Petter Jonson Bringsvor, som vart gift med Gjertrud Askjelsdotter Bringsvor på Bringsvor 4. Altså Jon/Jo er «gamleonkelen» til Gerhard Bringsvor, Bringsvor 3, seinare Nøresande 20.*)


4. Bern, kom bort nord ved Sandvaken, og er den fyrste som er nemnd på steinen ved Sande kyrkje.
5. Oline Jonsdotter Nøre Sande, døydde ugift.

Jon Nøresande (*Info: Jon Jonson Helland*) døydde tidleg (*Info: Jon døde i 1835*), og kona Oline tok bestefar Petter Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*) til seg, der ho var til sin død (*Info: Oline døde i 1863*).

Lisje Oline fekk koma opp til Jon (Jo) Våge, der ho etter nokre år døydde av tæring.

Det sagdest at ho oldemor Oline var ei kone som var mykje fyre seg. Dei sa at ho gjekk bort på Leinehamaren og ropte sør på Bringsvor, kor det stod til med dei. Og eg trur at bestefar var ikkje ringare å rope nord att.

Garden Nøresande som oldefar brukte, vart teken inn under Sandsmyr og brukt av Frans Olsen som eigde både Nøresande og Sandsmyr. Nokre år seinare då Ola Nøresande på det andre bruket døydde, kom det bruket og under Sandsmyr.



(Info: Jon Jonson Helland døde i 1835 og kona Oline flyttet ca. i 1850 til sonen Petter, som då er gift med Gjertrud Askjelsdotter på Bringsvor (Bringsvor 4). Denne Petter er altså bestefaren til Gerhard Bringsvor (Bringsvor 3 / Sande N20).

Stovehuset til Jon Jonson Helland som stod på Sande N2 vart selt til Martin Hallsteinson, som budde i Gjøtten på Skare frå 1860, og sett opp der. Restane av stovehuset eksistera endå i 2024. Stovehuset var utvendig 6 m langt og 4 m breitt. Bilde av stovehuset til Jon Jonson Helland er truleg teke kring 1950. Tar med bilde og teikning for å illustrere korleis bustadstandaren var for vanlege folk på 1800 talet.)

Info: **Oldefar**

Askjell Bringsvor. Skare 3 / Bringsvor 4

(Info: Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126.)

Den andre oldefaren min, på farsida, var Askjell Bringsvor (Info: Skare 3 / Bringsvor 4. Fødd i 1798). Han var fødd på Skare av foreldre Per Kinden og kona Siri Larsdotter Skare (Info 1). Ho må visstnok vera jordataus (Info 2). Per overtok (Info 3) Kinna til syster si, og vart buande på Skare. Han var los og ein dugande kar. Han hadde det bruket som no er delt og kom ut av slekta, det er dei to yste gardane.


(Info 1: Opplysningane i Sandesoga om namna på foreldra til Askjell som budde på Skare 3 stemmer ikkje med det Gerhard Bringsvor skriv over her. Begge deler kan ikkje være rett. Det rette er nok at Peder Askjelson Kinden og Siri Johannesdotter Skare var foreldra til den Askjel som vart gift på Bringsvor 4 i 1821.)

(Info 2: Jordataus er ei jente som er arving til ein gard. Taus betyr altså jente.)

(Info 3: Det står «overtok», men der skal kanskje stå «overlét eller?».)

Per Skare (Info 1) delte garden på dei to eldste sønene Torberg og Ingebrikt. Askjell vart gift med Kristi Olesdotter Bringsvor på plassebruket Reidet (Info: Bringsvor 2). Far hennar, Reidar Ola, var frå Sætrevik og hadde to born, Kristi og Halstein. Halstein budde i Reidet og gift med Johanne som var frå Halle. Dei hadde to born, Martin gift med Anne frå Syvden, og budde i Gjøtten på Skare og hadde ein son, Gerhard (Info: Skare, uplasserte, Gjøtten), som bur i stova åt far sin.

(Info 1: Namnet Per Skare er nok feil. Det rette er nok Peder Skare. Sjå Sandesoga.)



(Info: Bildet viser Gerhard Martinson Skare som omtalast over her, og som budde i Gjøtten på Skare i stova etter far sin Martin Halsteinson Bringsvor. (Skare, uplasserte, Gjøtten.) Sjå bilde av stova i Gjøtten side 28.

Han var fødd i 1877 og døde i 1964.

Gerhard var til sjøs og fekk skadd eine foten, så den måtte takast av. Han lærde seg til skomakar, og budde her i stova etter faren. Gerhard var første formannen i Sandsøy ungdomslag, og gjorde mykje for å få bygd ungdomshuset som heiter Dollstun.)

Halstein og Johanne hadde ei dotter, Oline, som døydde ung. Ho hadde ei dotter med Nils Sandanger som heitte Nikolina og vart gift med Petter Årset. Dei rydde eit småbruk på Årset. Dei fekk 6 born, men berre ei lever no, ho heiter Amalia og er gift med Marius Holm. Dei har garden på Årset og har fleire born etter seg.

Desse brødrane på Skare, Torberg og Ingebrikt, hadde endå ein bror, Per, som var gift med Larsina Håberg. Dei budde på Åram og hadde den garden som Petter Brandal no eig. Dei hadde 3 born:

A. Per (*Info 1*) Hauge, gift med Oline Hauge. Dei kjøpte garden av Hans Årset. Dei hadde desse borna:

1. August, gift med Marta Johannesdotter Helland, har 11 born.
2. Peder, gift i Ålesund, var snikkar.
3. Olivia, gift med snekkar Monsen i Ålesund.
4. Anna, gift med Nikolai Kvamme, og bur der.
5. Petra, gift med Karl K. Ristesund. 10 born.
6. Lina, gift med Rasmus Ristesund, men døde tidleg.

(Info 1: Namnet Per Skare er nok feil. Det rette er nok Peder Skare. Sjå Sandesoga og lenger oppe i teksta her.)

B. Åsmund Nygård, gift med Regine Rovde.
Born:

1. Petter, gift med Kristine Sandvik, budde på Legene, Hallebygda, fleire born.
2. Karen, gift med Emil Indrerovde, 3 born.

C. Pernille, gift med enkemann Hans Person Våge, hadde ikkje born.

Torberg Skare, gift med Margrete A. Gurskehaug.
Born:

1. Isak, gift med Oline Olesdotter Bringsvor.

2. Serine, gift med Elling Nupen.

Isak døde tidleg og enkja vart gift med Hans Våge. Serine og Elling hadde då denne garden. Dei hadde desse borna:

1. Tobias, gift med Kristiane Larsdotter Haugen.
2. Per, gift med Helofina Olasdotter Sandanger.
3. Karen, gift med Andreas Larsen Bringsvor.

Storegjerde Tobias var barnlaus og slekta døydde ut på den garden.

Ingebrikt Person Skare, gift med Johanne Gotten, tok over den halve garden på Skare (*Info: Skare 4*). Han hadde desse borna:

- A. Olina, gift med Jakob Garen frå Larsnes. Dei fekk berre ein son, Sevrin, som døydde i 10 års alderen. Dei bygsla då bort garden til Andreas Martinsen Bringsvor, gift med Regine Årvik, og dermed gjekk slekta ut her og.
- B. Ingebrikt, gift med Ane Nedrelid. Dei bygsla Plassen i Ytre Vorren (*Info: Voren 6*). Dei fekk berre eit barn, Johanne, som vart gift med Petter Nilsen Indresøvdde, budde i Vorren og hadde 6 born.

Oldefar min på Bringsvor, Askjell Petterson Skare, gift med Kristi Olesdotter Bringsvor (*Info: Bringsvor 2*), bygsla br. 4 på Bringsvor (*Info 1*). Ein Nordfjording, Gutorm hadde hatt denne garden før, og fekk no kår av Askjell. Oldemor Kristi var dotter til Reida Ola som var frå Sætrevik. Askjell og Kristi hadde desse borna:

- A. Gjertrud, gift med Petter Nøresande (*Info: Nøresande 2*).
- B. Askjell, gift med Ragnhild Nystøyl (*Info: Nystøyl 3*).

(Info 1: I den opphavelge teksta til Gerhard Bringsvor står det at det var bruk 1 som vart bygsla av oldefaren Askjell. Vi har antatt at dette var berre ein skrivefeil og har endra det til bruk 4. I ettertid ser vi også at i Sandesoga frå 1935 så er nummereringa av bruk 1 og 4 bytta om. I dei seinare utgåver av Sandesoga frå 1977 og 1997 så er dette endra att, så bruk 4 er nok rett.)

Kristi døydde i sine beste år og Askjell gifte seg då på ny med Anne Skare, enkja etter Jøtta Eljas. Ho fekk kår utan ifrå Jøtten. Askjell bygde seg kårstove ned med Smiehaugen (*Info 1*), der det var lunt for sydvesten. Eg kan endå sjå tufta der stova stod, og der hagen åt Johan Bringsvor er no var ein åker dei kalla Askjellreiten (*Info 1*).

(Info 1: Det var litt rart at Askjell, som var frå Bringsvor 4, bygde kårstove i Smiehaugen som ligg på Bringsvor 1 og at ein åker som også ligg på Bringsvor 1 vart kalla Askjellreiten. Forklaringa er nok at eigedomsgrensene vart endra ved utskiftinga i samband med at begge brukarane kjøpt sine gardar av C. A. Barstad i 1869. Sjå meir om dette i Sandesoga, under Bringsvor 1 og Bringsvor 4. Der var også endringar etter utskiftinga i 1907.)



(Info: Bildet viser Smiehaugen ca. midt på bildet, som i dag ligg på Bringsvor 1. Huset på Bringsvor 4 ser vi til høgre på bildet. Dette er huset der Ingeborg Bringsvor (Bolla) budde til ho døydde i 1963. Askjell, som kom frå Bringsvor 4 bygde seg altså kårstove ned med Smiehaugen, som i dag ligg på Bringsvor 1, men den gongen hørde den nok til Bringsvor 4.)

Morsslekta

(Info: Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126.)

Mor si slekt var innflyttarar (Info: Kyrkjesande 3). Nedstegarden (Info: Kyrkjesande 1) kallast den garden på Sande som ligg nærast Brygga. Her budde den rike Knut Sande som dreiv handel med brennevin både preikedagane og andre dagar. Han hadde ei jekt, som han førde varer til og frå Bergen. Jakttestøa hans viser endå ute i Lambeneset.

Knut hadde berre ei dotter, Larine, som vart gift med jaktfører Knut Flydal frå Geiranger. Dei overtok garden på Sande, og det er fortalt at der var så mykje pengar då Knut skulle skifte med dottera si, Larina, at dei delte pengane i ei sølvskål. Men rikdomen for fort. Flydal døydde og dei to borna, Karen og Klas, døydde til slutt på Ålesund kommunes rekning. Dei var ugifte.

På denne tid var det ein mann frå Ørsta som vart kalla Kopar Johannes. Han heitte Johannes Kolbeinson Myklebust og var bror til Olave Sande. Denne Johannes kjøpte og eit fartøy som forliste sør i Ristekroken. Det var lasta med kopar. Han leigde då folk og førde lasten frå skuta som heitte Kopernikus. Frå dette arbeidet vart han kalla Kopar Johannes.

Johannes kjøpte Nedstegarden og bygsla han bort til to huslydar frå Ørsta. Det var Elling Øi, gift med Olave Kolbeinsdotteter Myklebust, og Martin Olsen Øiehaug, gift med Severine Sjursdotter Havåg. Begge desse to huslydane budde i kvar si stove i den gamle låna til Knut Sande. Frå først av var der glasrute mellom stovene, så knut brukte å sjå og fylje med om tenarane hans arbeidde. Sidan desse Ørstafolket kom, vart glasruta bytt med ei skyvefjøl. Mor fortalde at då dei som småborn stod på benken og skuva fjøla frå, såg dei inni stova til andre huslyden.

Men her var ikkje berre gode dagar på Sande heller. Elling Øi døde alt same året av nervefeber. Det var etter at Olave hadde fått ein son som fekk namnet Ingebrikt. Denne Ingebrikt var i sin manndom forlova med Ingeborg Sande, enkja etter Petter Sande som kom bort med heile båtlaget sitt i fiskja. Men før dei skulle gifte seg, vart Ingeborg sjuk og døydde. Ingebrikt fekk, etter at utskiftinga på Sande var ferdig, eit jordstykke av Nestegarden av halvbroren Jakob Sande, og han bygde seg hus i Nausthaugen (Info: Kyrkjesande 2).

Olava Sande vart oppattgift med Ole Jakobsen Eikrem frå Vanylven, og dei flytte husa opp under vesle Kleberget. Dei fekk 3 born:

1. Jakob, gift med Oluffa Martinsdotter Aarvik.
2. Berte, gift med Furer (Info 1) og bonde Ole Person Kinden.

3. Knut, var styrmann og døydde ugift på Smyrna.

(Info 1: Furer var ein norsk underoffisergrad inntil 1930 og låg mellom kommandersersjant og sersjant.)

Martin Olsen Øiehaug var fødd på Øiehaug i Follestadalen i 1819, og gift i 1846 med Sevrine Sivertsdotter Havåg, eller Havågmyr. Dei kom som gifte folk til Sande i 1846 og overtok halve Nestegarden, medan grannen Elling Øi tok over den andre halvparten.

Martin hadde ein bror som heitte Ola. Han tok over garden på Øyehaug, og var gift med Berta-Marja frå Aarseter. Dei fekk berre eit barn som levde fram, ho heitte Olava og vart gift med Peder Larsen Myklebust, som kom bort på sjøen då han var på fiske på Furkenholmen. Dei fann han att og kom til Ørsta og fram til heimen på Øiehaug utan å seie frå. Då dei sette den døde mannen inn på golvet utan varsel, gjekk det på vettet laust med Olave, som ofte seinare var litt rar av seg. Peder og Olave hadde desse borna:

1. Ola Pederson, gift med Ellen Ellingsdotter Øi. Dei tok over garden og fekk 11 born.
2. Oluffa Pedersdotter, gift på Lystad, har 4 born.
3. Anna Pedersdotter, gift med Ingebrikt Velle. Dei har 5 born.

Olave vart gift med Elias Myklebust, som var bror til førstemannen. Dei fekk 2 born:

1. Peder Eliasson, gift med Elise Tommasdotter Male, bur i Bud i Romsdal. Dei har drive ymse slags handel, både med fisk og krambud . Nokre år hadde dei og bakeri. Dei hadde 2 born.
2. Berte, gift på Aarset i Hjørungfjord, men då mannen døydde flytte ho til Ørsta og bygde seg hus. Ho har 4 søner som er i gode stillingar i Ørsta.

Martin og Ola Øyehaug hadde og ei syster, Oli, som vart gift med Lars Jonsen Øi. Dei tok over ein av gardane på Øi. Born:

- A. Elling Larsen, hadde disse borna: 1) Peder, død. 2) Peder. 3) Johan. 4) Ola. 5) Syver. 6) Ellen. 7) Lars. 8) Synøve. 9) Olai. 10) Jon.
- B. Jon Larsen. 1 barn: Anna.
- C. Ole Larsen. Born: 1) Lars. 2) Elen. 3) Berte. 4) Oluffa.
- D. Larine Mo. Born: 1) Ananias. 2) Lars. 3) Olav. 4) Sofie. 5) Elen. 6) Ragnhild. 7) Knut.
- E. Berte Engeset. Born: 1) Ingvald. 2) Ingebrikt. 3) Olga. 4) Elen.
- F. Ingeborg Aamås. Born: 1) Eilert. 2) Martin. 3) Laurits. 4) Lina.
- G. Johane, gift med Hans Velle. Born: 1) Syver. 2) Nanna.
- H. Olavi, ugift. Born: 1) Andreas. 2) Karen.

Martin (*Info: Kyrkjesande 3*) og Severine fekk desse borna:

- A. Sivert, (*Info: Kyrkjesande 3*) fødd 23. august 1847, var gift 4. juni 1876 med Oline Andersdotter Riste (*Info: Riste 1*). Dei bygsla Storvevika i Ytre Voren (*Info: Voren 4*) av Kolbein Barstad i Ålesund.

Dei fekk desse borna: 1) Sara. 2) Martin. 3) Anders. 4) Olava. 5) Synnøve. 6) August. 7) Odin. 8) Marta, død. 9) Marta. 10) Sverre.

- B. Olava, fødd 1850, gift 4. juli 1875 med Ole Olsen Riste, og overtok garden Riste (*Info: Riste 1*). Dei la kår til stikkfaren (*Info 1*) Anders. Dei fekk desse borna: 1) Olaf. 2) Severine. 3) Olava. 4) Marta. 5) Arne. 6) Sigvart. 7) Synnøve. 8) Andreas. 9) Margit. 10) August.

(*Info 1: Stikkfar er det same som stefar. Sjå om dette i ordboka til Per Sandanger, der stikkmor er nemnt.*)

- C. Marie, fødd 9. september 1852, gift 16. november 1879 med Johannes Petterson Bringsvor. Dei bygsla bruket Veien (*Info: Bringsvor 3*) av Kolbein Barstad. Seinare kjøpte dei bruket ilag med eldste sonen Petter, som fekk skøyte på bruket. Deira born var desse: 1) Petter. 2) Marta. 3) Gerhard. 4) Alfred.

Far hadde sonen Andreas (*Info: Sandvik G 7 / G betyr her Gursken.*) lenge før han var gift, med Oline Martinsdotter Bringsvor (*Info: Bringsvor 3*).

- D. Johanne fødd 12. oktober 1854, gift 24. juli 1881 med Olai Abelson Hatlebrekke. Dei overtok hans farsgard i Hatlebrekke (*Info: Hatlebrekke 5*). Deira born: 1) Elen. 2) Adolf. 3) Sigurs. 4) Dorthea. 5) Karl. 6) Marit. 7) Alf.

Det vart tidleg sjukdom i garden. Sjølv om dei likte seg godt på Sande og der var bra levelege kår. På Sande var gode åkrar som gav betre korn enn andre stadar, ikkje fraus kornet heller, slik som det gjorde stundom i Ørsta. Sei og mort var det nøgda av ute i bodane (*Info 1*), og i stille fine dagar var det berre å reise bort på Sanden å stikke flyndre, så det var godt om mat.

(*Info 1: Bodene betyr nok i denne samanheng eit skjer eller ei flud i sjøen, der det er fisk å få.*)

Vintrane dreiv bestefar fiskje ilag med grannane. På garden fødde dei 4-5 kyr, geiter og sauer. Men dei hadde eit tungt kår (*Info 1*). Laurina Flydal eller Sande hadde heime hjå seg dei to borna Klas og Karen, som levde på mora sitt kår, og ingenting gjorde eller tok seg føre. Især vart det aldri nok torv, for Klaus og Karen sat rundt den brennheite omnen og skar skiver av poteter som dei stekte på omnssida og åt. Dei fortalde at Laurina lokka borna til å kaste torv frå deira torvhus til Laurina sitt torvhus. Laurina døde i 1866, og Klas og Karen flytte til Ålesund der dei arbeidde på fiskebudene, og døydd på Ålesunds Gamleheim.

(*Info 1: Kår i denne samanheng var bondesamfunnets måte å ordne pensjon for eldre på. Ytingane vart gitt i naturalia i form av fri kost og losji på garden.*)

Severine Sande døydd på barneseng 5. desember 1857, står det i Sandesoga for Sande. Men mor trudde at mor hennar døydd av tæring (*Info 1*). Men mor var berre 5 år då mor hennar døydd, så det var lite ho hugsar mor si. Johanne var berre 3 år.

(*Info 1: Tæring er det same som tuberkulose.*)

Det vart no nokre tunge år for han bestefar, der han sat att med 4 born. Han hadde fyrst tenarhjelp. Men dei var ikkje så lenge på det før dei fekk seg koner den tida, og bestefar var nøydd å få seg hjelp. Han var då til Ørsta og fekk seg ny kone. Ho heitte Marte-Olina, men kva gard ho var ifrå, vet eg ikkje.

Men bestefar drog seg sjuk dei 5 åra han var gift med andre kona. Han hadde fått turbekelose, og vart dårlegare etter kvart. Dei siste åra brukte han å ri på den raude hesten når han skulle eit ærend nord om. Han døydd 18. mars 1864, berre 45 år gamal. Marte-Oline greidde soleis ikkje å ha denne garden, med desse 4 borna, og ingen annan å hjelpa seg. Ho sa då opp bygsla

(Info 1) mot å få noko kår *(Info 2)*. Dei få eignelutane som var i husa, vart selde på auksjon og heimen vart oppløyst.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard.)

(Info 2: Kår i denne samanheng var bondesamfunnets måte å ordne pensjon på. Ho fekk då noko ytingar frå den neste bygslaren av eigdommen.)

Sivert som var eldst, tok til å ro fiske oppe i Våge då han var 13 år, og seinare tente han her og der, eller dreiv fiske. Ei tid leigde han seg hus inne i Fløda. Sidan systera vart buande på Riste, var han der til han gifte seg med Oline, som var halvsystem til Ole Riste, som var Olava sin mann. Sivert og Oline budde nokre år på Riste der dei 3 eldste borna var fødde. Dei flytte så til Storvika i Voren *(Info: Voren 4)*.

Den yngste systera, Johanne, reiste til Ørsta og voks opp hjå farsystera Oli Øi, seinare hjå sitt syskenbarn Olave Øiehaug.

Olave, som var eldste av søstrene, tok seg teneste i Isakgarden hjå Ola Isakson. Her var der veldig pinut *(Info 1)* med maten, og ho svalt mang ein dag. Her var ho når ho vart konfirmert og. Ein kveld skulle ho eit ærend inn i Toftesund. På attende vegen gjekk ho i mørket ned i den såkalla Flødebekken *(Info 2)*. Det var ei djup hole ned i Myra over for Flødehusa der dei henta vatn. Hola var 2 meter vid og mannshøgda djup. Her var ho nede i denne brunnen mest ei heil natt. Ho hadde klora svart marka rund om, og ingen hadde høyrte skrika hennar før om morgonen kl. 5, då det kom folk og drog henne opp. Ho fekk lungebetennelse av dette opphaldet i bekken, og hadde bronkitt og hoste heile sitt liv. Ho døydde visstnok av tæring 55 år gamal, etter å ha fødd 10 born til verda. Ho var gift med Ola Riste.

(Info 1: Pinut er det same som pinete. Altså der var for lite mat.)

(Info 2: Flødebekken ligg ovanfor husa i Fløda. Bak Voren 10 og litt lenger inn mot holmen.)

Den 3. i syskenflokken var mor mi, Marie, som vart gift med far min Johannes Petterson Bringsvor *(Info: Bringsvor 4 / seinare Bringsvor 3)*. Dei fekk 4 born, og om desse har eg skreve før.

Nr. 4 var Johanne, fødd 12. oktober 1854. Ho reiste berre 3 år gammal, då mor hennar døydde, til farsyster Oli Oi, seinare til sitt syskenbarn Olave Øiehaug. Her voks Johanne opp, tok seg teneste på garden i Follestadalen, og ho sætra fleire år på Øiasætra. Her fekk ho ei dotter, Elen, med Ola Follestad. Seinare lærde ho seg til skreddar og vart gift på Kvamsøy med skomakar og gardbrukar Olai Abelson Hatlebrekke. Johanne var ei flink husmor, god å snakke for seg og heimen deira var samlingsplass for heile grenda, der Olai sat med skoarbeid og Johanne sat med syarbeid. Deira born:

- A. Elen, fødd i Ørsta, gift med Rasmus Kristianson Brekke. Dei fekk seg gard i Simones. Hadde 8 born.
- B. Adolf, gift med Konstanse Hove frå Selje. Dreiv nokre år butikkhandel på Bringsinghaug, men slutta der og reiste til Bergen, der han ei stund handla, seinare handelsreisande. Har to søner.
- C. Sigurd, gift med Gina Nikolaisdotter Kvamme, og tok over sin farsgard Hatlebrekke. Sigurd har vore flink bygningsmann. Vore fiskar på båt som han eigde saman med nokre grannar. I mange år vore med i Sande heradsstyre. Born: 1) Norvald, døydde 4 år gammal. 2) Oddbjørg, gift med Alfred Årsheim, overtok garden. 3) Noralf, døydde 5 år gammal.

- D. Dorthea, gift med handelsreisande Maurstad, som var bror til skodespelar Alfred Maurstad. Dei har 3 born. Dottera Johanne er gift med ein glasmeister Elingson i Ålesund.
- E. Karl, reiste som ung til Amerika og døydde der ugift.
- F. Marit, fødd 1892, gift med Rasmus Rasmussen Ristesund, og overtok Midgarden.

Deira born:

- 1) Johanne, gift med Dankert Sevrinson Sjørdal, og bur på Støylen. Har 3 born.
- 2) Reidar, gift med Margaret Jakobsdotter Skare. Dei har overteke farsgarden hans i Ristesund. Har 3 born.
- 3) Tea, gift med Anton Andreasson Kvamme og bur på Kvamsbakke. Dei har 6 born.
- 4) Hjørdis, gift i Ålesund. 2 born.
- 5) Ottar, gift med xxxx xxx frå Finnmark. Bur i Fosnavåg. 2 born.

Olai Hatlebrekke døydde i sine beste år av magekreft. Johanne var saman med nokre andre frå Kvamsøya på tur til Gjersvik der ho ville vitje svigerinna si, Marie Hatlebrekke. Dei rodde på ein liten færing. Då dei kom nord for Voraneset, vart det ei vindgræle. Dei skulle då heise segl. Under dette kom det ris (*Info 1*) på mannen Daniel Kvamsbakk, han datt ned i sida på båten, båten rann full og 4 menneske kom bort. Desse var: Daniel Kvamsbakk, dotter hans Anna, Johanne Hatlebrekke og Laura Kvamme. Den andre dottera til Daniel, flaut og vart berga. Dette hende 19. april 1913.

(Info 1: Uttrykket «ris» var ukjent, men i ordboka til Per Sandanger står noko om uttrykket «Ris ihold» som tyder på at det tyder at ein følte seg uvel. I dag ville vi kanskje sei at han fekk eit «anfall».)

Den 7. av Johanne Hatlebrekke sine born er Alf, fødd 1896. Han reiste tidleg heimanfrå og tok ymse skular i Bergen. Han gjekk og underoffisersskule. Han fekk seg arbeid på eit landmålingskontor, og det vart sagt at det var ingen som var så kjend med tufter og grunn i Bergen som han Alf. Ved hans død skreiv avisene i Bergen lange rosande stykke om han. Alf var gift med ei Bergensjenta som heitte Anna. Dei hadde ikkje born.

Alf var veldig heimkjær, og var i feriane heime på Kvamsøya, der han fiska hummar og krabbe, og brukte garn etter torsk og sei.

Alf fekk slag då han stod og barberte seg. Vart bila til sjukehus, men han døydde før han var 60 år.

Nr. 3 av Martin og Sevrine Øyehaug på Sande (*Info: Kyrkjesande 3*), var Marie gift 1879 med Johannes Petterson Bringsvor. Dei bygsla Vegen, eit småbruk av garden Bringsvor (*Info: Bringsvor 3*).

Deira born: Petter (*Info: Bringsvor 3*), fødd 1881, gift 1916 med Olianna Andreasdotter Våge (*Info: Våge 1*), som var 4 år eldre. Dei tok over og kjøpte garden og overtok etter mor som skulle ha litt kår. Dei fekk 2 born.

Aslaug fødd 1916, gift med Leif Einarson Sande frå Holstøda i Våge. Dei tok over garden og Petter og Olianna flytte til eit hus dei bygde i Bauten, fekk tomt av broren Gerhard. Aslaug og Leif har desse borna: Per, Arne, Oddvar, Eldar, Karsten, Gudbjørg og Annfrid.

Nr. 2 av Martin og Sevrine Øiehaug var Olave, fødd 1850. Gift med Ola Olason Riste. Dei tok fyrst over halve Riste, for stefaren hadde andre halva. Seinare tok han over heile Riste. Deira born:

- A. Olav, var dauvstum, vart seinare lam og døydde hjå ein slektning, Hans Bjørlykke.
- B. Severine, gift med maskinist i utanriksfart, Ole Einang frå Romsdal, budde i Ålesund. Har ein son, Sverre Einang, kontormann i Ålesund.
- C. Olave, fødd 1880, stelte i mange år åt broren Andreas, som nokre år brukte halve Riste. Dei reiste seinare til Volda der dei kjøpte seg eit eldre hus.
- D. Martha, fødd 1881, gift med Knut Buvik ved Takset i Syvde. Dei har 2 born:
 1. Olga, gift med Svein Sivertson Sandnes, tok over Buvik. Har 2 søner.
 2. Inga, gift med Severin Brekke frå Kvamsøy, bur i Volda. Har 2 born: Knut og Marta.
- E. Arne Olav Riste, reiste i sin ungdom til Amerika. I mange år hørde ein ingen ting frå han. Men så kom det då eit brev til Systema Olave, der han skreiv at han var gift og hadde born. No var kona død, og han ville ha Olave over å styre huset åt seg. Men Olave ville ikkje reise, og sidan er det visst sjeldan at nokon har høyrte frå han.
- F. Sigvart, fødd 1886, gift med Petra Jonsen som var fødd i Bergen. Mor hennar var frå Vestnes på Kvamsøy, og syster til August Vonheim og gamle Petter Skarmyr. Då mora døydde vart heimen oppløyst og Petra voks opp hjå slekta i Skarmyra, og systera Ida hjå morsystera Amundia frå Frekøy. Sigvart og broren Andreas tok over kvar si halve av Riste, og budde i same huset, men hadde kvar si løde.

I første verdskrig kjøpte desse to brødrane, i lag med Jakob og Torberg Kalsnes, ein stor båt, «Torvanger» (*Info 1*). Dei dreiv storsildefiske med den. Men krigen vart slutt og sildeprisane vart til ingen ting. Ei stormnatt sleit båten seg og kom opp i fjøra, og vart vrak. Til trygd (*Info 2*) for denne båten hadde banken fått heile riste og garden til Torberg Kalsnes. Desse karane var no totalt fallitt (*Info 3*). Torberg tok sin huslyd, ei kyr, nokre sauer og høns og reiste sørover til Lista og fekk seg ein billeg gard der sør. Hans bror, Jakob, brukte sin fars odelsrett og kjøpte att Kalsnes. Sivert Riste kom med sin huslyd opp til Ristesund, der dei budde hjå Petra sitt syskenbarn, Berte Kårstad.

(Info 1: I fylje boka «Båtar i Sande» så er det rette namnet på denne båten «Toranger». Etter havari hausten 1921 vart «Toranger» overteke av Ludv. Fladmark AS i Ålesund. Båten vart altså ikkje vrak etter havariet, slik det står over her.)

(Info 2: Trygd betyr i denne samanheng pant i eigedom for lån i banken.)

(Info 3: Fallitt betyr konkurs.)

Banken selde no Riste til kjøpmann Drage og Ola Sørødal frå Syvde, som kjøpte ei masse geiter som dei skulle mjølke og yste ost av. Men dette gjekk svært dårleg. Geitene var kjøpte frå dal og fjord der det var eine og lyng, ja mange slag skog og. På Riste finns korkje skog, lyng eller eine, berre feit grasmark og tare i fjøra. Dette tolde ikkje geitene og dei dauda for fote. Nokre år etter baud desse garden attende til Sigvart. Petra hadde ein halvbror i Amerika. I desse tider døydde denne halvbroren og Petra fekk denne arven, for systera Ida var død noko før. Sigvart og Petra brukte då desse pengane til å kjøpe Riste. Det var visstnok kr. 25.000,- dei betalte, og huslyden har sidan budd på Riste. Dei har no fått elektrisk lys, og det ser ut for at huslyden vert buande der. Sigvart og Petra sine born er desse:

1. Odny, gift med Rolf Eidheim, bur i Steinsvik.

2. Ola, gift med ei jente frå Eltvik, og bygd seg hus der.
3. Agnes, fødd 1921, gift med Olaf Hansen Våge. Dei har teke over Hansegarden i Våge.
4. Norvald, gift og bygt seg hus i Rusten i Fiskåbygd.
5. Solveig, gift med Kristian Andreassen Simones. Han driv fiske på Ervikbåtane og har bygt nye hus i Simones.
6. Ida, gift med Eiolf Matiasen Kvamme. Han er fiskar og har bygt nye hus i Simones.
7. Sverre, gift med ei jente frå Færøyane. Dei bur på Riste, og det er visstnok tanken at dei skal ta over Riste. Men har sidan bygt seg hus i Ristesund.
8. Gerd, er heime på Riste og steller åt far sin etter at mor hennar, Petra, døydde i 1962.

Son til Martin og Severine Sande (*Info: Kyrkjesande 3*): Sivert Martinson Sande, fødd 1847. Han var gift 1874 med Oline Anderasdotter Riste, halvsyster til Ole som var gift med Olave Sande. Dei budde nokre år på Riste der dei tre fyrste borna var fødde. Sidan fekk han bygsle Storvika i Voren (*Info: Voren 4*). Dei har desse borna:

- A. Sara, gift med maskinist Ole Einang, som i mange år var i utanriksfart. Har 2 søner.
- B. Martin, fødd på Riste, vart utdanna som styrmann og var mange år ute i utanriksfart. Var heime av og til og stelte bra i stand husa i Storvik. Då han seinare var ute, gjekk han i land i Broklyn der han vart gift med ei enkje som hadde 2 born. Dei fekk og 2 born. Martin tok seg ein tur heim der han stelte seg åleine. Han hadde sett ei kasse med oske ute i gangen. I denne oska hadde det vore ei glo som tente pappøskja, og heile huset med han Martin brann inne.
- C. Anders, gift med Anna Karlsdotter Bringsvor. Dei budde fyrst nokre år hjå bestefar vår, Petter Jonsen Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*). Sidan bygde Anders nytt stovehus, og seinare løde i Skarebakken nørst på Bringsvor, og tok over halve garden. (*Info: Bringsvor 9*). Dei har 11 born:
 1. Ingolf Anderson, fødd 1899, ugift, har motorbåt og bur heime.
 2. Sigvart Anderson, fødd 1901, gift med Karen Ingebriksdotter Sande, bur i Midtgarden (*Info: Kyrkjesande 4*). 4 born.
 3. Gudrun Andersdotter, gift med Johannes Gerhardson Støyle (*Info: Støyle 7*). Har bygd nye hus på halve farsgarden. Har 7 born.
 4. Olga Andersdotter, gift med Ragnvald Johanson Våge (*Info: Våge 10*). Etter Hans død gift med Lars Sæbønes i Hjørundfjord.
 5. Margit Andersdotter, gift med Hagbart Olason Kinden (*Info: Kyrkjesande 7*). Dei kjøpte eit stykke av Midtgarden på Sande, og dei nye husa som Ingebrikt Sande laut reise frå for sjukdom. Margit og Hagbart hadde 6 born.
 6. Kamilla Andersdotter, gift med Johannes Lillenes i Daldfjorden. Dei har ein brattlent gard der dei må bere gjødsle på ryggen. Johannes dreiv ein rivefabrikk. Dei har hatt 5 born.
 7. Torvald Anderson, gift med Alma Johansdotter Våge. Dei har bygd på huset på Bringsvor og teke over garden, skal visstnok overta den andre halva av garden som halvsyster til mor deira eigde. Ingeborg (*Info: Bringsvor 4*) døydde av slag våren 1963, ho var halvsystema til Anna. Torvald har 4 søner.

8. Karl Anderson, gift med Solveig Pettersdotter Skare, og overtok nyrydningsbruket Nestun (*Info: Skare 6*) etter far hennar. Dei har 7 born.
9. Aasmund Anderson, gift med Ingrid Gustavsdotter Stave frå Stad. Dei har teke over bruket til bestefar i Storvika (*Info: Voren 4*). Har 7 born.
10. Solveig Andersdotter, fødd 1920, gift med Egil Eliason Strømsnes, og bur i huset til sine foreldre i Flødevika (*Info: Voren 19*). Dei driv og eit lite gardsbruk ute på Bringsvorhaug (*Info: Bringsvor 8*). Har 5. born.
11. Arnfin Anderson, fødd 1924, gift med Aslaug Larsdotter Valderhaug, har bygd seg hus og hage på Bringsvor (*Info: Bringsvor 16*). Han er klokkar i Sande kyrkje, og likningssjef i Sande. Dei har 6 born.

Oldeforeldra i Ørsta

(*Info: Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126.*)

Ola Olson, gift med Johanne Martinsdotter Brungot.

Dei hadde 3 born:

1. Ola Øyehaug, gift med Berte Marie Aarseter.
2. Martin Sande, gift med Sevrine Havågmyr.
3. Eli Øi, gift med Lars Jonsen Øi.

Tippoldefar Ola Olavson Brungot, gift med Ingeborg Nilsdotter Øi, og bruket Nilsgarden til sonen Nils, fødd 1800, tok over. Flytte visstnok til Øiehaug, som han overtok til den andre sonen Ola. Han hadde og fleire born, desse var: Ivar Aarseter, Arne Orsnes, Hjørundfjord. Peder Standal, også Hjørundfjord. Guri Myklebust, som var bestemor til Otta Rovde. Rasmus Skår. Dorte Indresøvde og Karen Kvalen. Jon Øi døydde i Bergen i krigen.

Oldeforeldra i Havåg

(*Info: Sjå slektstreet til Gerhard Bringsvor side 126.*)

Sjur Sjurson Homborset, gift med Anne Andersdotter. Deira born:

1. Sevrine, gift med Martin Sande.
2. Petrine, gift med Fredrik Olsen Torvenes frå Herøy. Han var soneson til Sivert Olsen, som ei tid var den rikaste mann som fanst i Herøy og Sande. Han eigde og ei tid Korsen i Ålesund, og åtte det meste av Herøy og Sande kyrkjer med jordegods. Petrine og Fredrik Olsen hadde 11 born. Fleire av dei døydde små. Elles flytte sume til Bergen og andre til Kristiansund. I Herøy er det no att berre systrene Olga Fylling og Signy Olsen, som bur på Eggesbønes og var døtrene til Petter Olsen, som ei tid var lærar, sidan dreiv han som målar.

Mi fyrste barndomstid

Det vart sagt at eg var både tynn og skrinn då eg kom til verda, og det vart 1½ år før eg kunne gå. Dei sa eg leid av noko dei kalla engelsk sykje (*Info 1*), som mange born hadde den tida. Etter som eg kan forstå, var det ein slags mangelsjukdom. Det hjelpte vel noko at mor fekk eit barn til då eg var årsgamal, ei lita jente som ikkje var fullboren. Ho levde berre 3 dagar, og far

døypte henne for Magda. Mor vart sjuk og vart liggande fram mot eit halvår. Det vart no vondt for hjelp i huset. Petter var 11 år, Marta 5 år og eg berre 1 år. Far fekk då Oluffa Sivertsdotter Helland (*Info: Helland 2*) å tene oss. Ho hadde småjenta Signy, som ho fekk med Anton Både (*Info: Voksa 3*). Anton reiste til Amerika, men seinare kom han att og gifte seg med Oluffa og overtok Bådegarden etter far sin, Kornelius. Signy var berre eit halvt år då ho kom til oss og dei hadde Signy og meg i same vogge. Oluffa var veldig kjekk og flink, og ho og mor var gode vener medan livet varde. Mang ein vev vov mor til henne Oluffa Både, og ho spann og spøta mykje åt henne.

(Info 1: Engelsk sykje skuldast langvarig mangel på vitamin D.)

Dei fyrste minna eg har, er helst frå stova til kårkallen (*Info 1*) vår, Martin, og dotter hans, Ester. Her gjekk vi inn og ut, og mang ein brødbit åt eg her.

(Info 1: Kårkall er ein mann som har kår/ytningar frå dei nye drivarane eller eigarane av ein gard. Det var den tida sin pensjonsordning.)

Då bror min, Alfred, var fødd, hugsar eg godt at far tok med på knea og kledde på meg, og tok meg med bort til senga for å sjå bror min.

Han Petter gjekk den vinteren framhaldsskule inne i Haugsbygda. Huskar at han var bort til senga for å sjå vår vesle bror.

Alfred var fødd 28. desember 1896. Den vinteren var her veldig med storsild inne i fjorden, og dei stengde sild inne i Gursken. Framhaldsskulen heldt opp ei heil veke så elevane fekk salte sild og tene litt pengar, for dei salta sild på kvart eit nes og kvar sjøbud der båtar flaut attåt.

Hugsar og godt då Alfred var døypt. Ho farsyster Berte Oline (*Info: Sande NI*) bar han til dåpen, og ho Ester fylgde. Søren Berge (*Info 1*) var og fadder, men kven dei andre var, kjem eg ikkje i hug. Hugsar at mor sa til Berge at han skulle berre forsyne seg med mat. Då svara han Berge: «Eg ville berre kvile meg, Marja.»

(Info 1: Søren Berge var lærar og klokkar frå 1887 til 1902. Han budde på Støyle 8.)

Jula etter var det at Martin (*Info: Bringsvor 3*), som var kyrkjetenar, kom att frå kyrkja så veldig sjuk, og blåskreik til ut på natta då han døydde. Hugsar og gravferda, dei hadde maten nord i stova vår. Eg var då 5½ år.

Åra utover vart no mest i leik saman med andre born. Sør i Dalen (*Info: Støyle 2*) var han Sigurd min jamaldring, berre 6 veker yngre. Syster hans, Anna, var 2 år yngre. Mest heldt eg lag med mine syskenborn på Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*). Der var og mitt syskenbarn Jenny Støle fødd. Ho og Ingeborg Karlsdotter var eitt år yngre enn eg, og Nora (*Info: Leonora*) var eitt år eldre. Her var eg støtt desse åra ut over. Hugsar at eg var låk (*Info 1*) og terge Jenny og Ingeborg, og dei grein. Sidan flytte Severin og Berte Oline, fyrst ut i Kinna, og sidan, i 1897, nord i Myra (*Info: Sande NI*), som det då var kalla.

(Info 1: Har aldri sett at uttrykket låk, som betyr sjuk/dårleg, er brukt i denne samanhengen. Her betyr nok låk, stygg/slem.)

Etter kvart som eg voks opp, så var det å vere med mor og far på alslags arbeid. Far hadde bygd seg naust nede i Jakteholmen. Her hadde vi då båtane våre, lisjefæringen og storefæringen. Desse båtane heldt far i god stand med segl og reide. Han var ofte på sjøen med line, eller vi var borte med Håskjeret eller inne ved Høna og pota (*Info 1*). Far laga oss då ei dorg så vi fekk fiske vi og. Huskar kor glad eg var då eg fekk ein fin raud torsk sør ved Håskjeret.

(Info 1: «Pota/pote» er ein måte å fiske spesielt pale/mort på. Det var ei lang bambusstong med ein taume i enden. På taumen var angel eller sluk med agn. Ein person hadde trode i kvar hand, medan ein annan rodde. Han som «pota» drog trodene fram og attende der dei låg attover i sjøen. Sjå boka til Per Sandanger.)

Når far stod i nybrotet, var eg oftast til stades, og eg var ikkje gamal før eg var med å læra av jarnstauren hans, når han braut stein.

I fristundene, medan far og mor kvilte middag, var vi mykje nede i Holmane og nede på Sanden. Gildt var det å stelle med koning og skjeljar (*Info 1*) som var sauer og geiter, som eg alltid hadde mykje interesse for. Oppe i urene bygde eg små hus, laga små gardar, ja heile bygder, der eg kunne leika meg aleine heile økter. Men var far heime og han ropa på meg, så sprang eg for å hjelpe han, for han var eg mest glad i.

(Info 1: Koning og skjeljar er nok det same som tomme sniglehus / muslingar og skjell som ein brukte som sauer og geiter i leiken.)

Ut etter åra gjorde vi ungane mykje arbeid ute på Svedene (*Info 1*). Der hadde vore ein dam før. Då min bror Petter var gutunge, og vårt syskenbarn Petter Karlson (*Info: Bringsvor 4*), som var eit år yngre enn vår Petter (*Info: Bringsvor 3*). No tok vi til å demme oppatt denne dammen, vi spadde og utvida han, og laga ein kanal over ei lita halvøy slik at der vart ei lita øy. Elles bygde vi kaier og brygger så båtane la til. Elva, som den tid kom frå Elvekrokane, rann ned i dammen. Her vart då ein lang fjord som vi kalla Trondheimsfjorden. I fyrste tida då alle fartøy brukte segl, hadde vi segl på båtane, men då det kom motorbåtar, rigga vi om båtane våre med berre master, så hadde vi ein tråd i dei og drog dei langs land med ei rognebuske. Ja, dette var herlege dagar. Den ivrigaste å arbeide her i dammen var ho Bolla (*Info 2*), for slikt halvvore karfolkarbeid låg mykje i hennar interesse, stor og sterk var ho og, så ho greidde mykje. Men når middagskvilda var forbi heime, så var det på sprang heim og hjelpe til med alt slags arbeid. Men var vi for lenge, vanka det både skjenn og pryl. I slåtten skulle vi snu høyet medan folket vårt sov, og hadde vi ikkje gjort det, så var det ikkje godt.


(Info 1: Svedene ligg i hovudsak på Bringsvor 1 i dag. Innover mot fjellet. Sjå kart side 12.)
(Info 2: Bolla var søskenbarnet til Gerhard Bringsvor og budde på Bringsvor 4. Namnet hennar var Ingeborg Bringsvor, men ho vart kalla Bolla.)

Kråkestova

I Storehaugen utanom Bringsvor har det ein gong for mange tusen år sidan vorte utsprengt ein bra stor trekant or fjellet. Det har vorte eit godt skjul for sauene når det var stygt ver. Grunnen er berg som hallar bratt ned i mot ura nedafor. Dette skjulet har frå gammalt vore kalla Kråkestova. Her er lunt og varmt mot nordavind, og sola skin godt og varmt ut over ettermiddagen og kvelden.

Her fann vi ungane på at fekk vi mura opp neste kanten så kanskje vi kunne få flatt golv i Kråkestova. Jau, her tok vi fatt med å bera stein mote bakken. Den finaste steinen brukte vi til å mure fremste kanten med, andre steinar brukte vi til å fylle inni. Det var eit veldig arbeid dette, og tok lang tid. Om sundagane kom kameratane våre frå Voren og hjelpte oss med å bryta stein og bera han mote bakke, til mur og fyll. Det var ingen som var så flink og arbeidde så trutt som ho Ingeborg. Ho var der seint og tidleg. Då vi til slutt fekk muren opp og fått planert alt saman, spadde vi store fine grastorver som vi la fint ned til golv. Så laga vi senger, eller det såg ut som sofa benkar, av vide flak med kråkebærlyng. Vi laga og kjøken med omn av ei jernplate og mura av stein og leir. Her var vi då alle fristunder og sundagane etter at far hadde lese teksta og vi hadde fått middag. Best likte vi oss når vi fekk låne ein kaffikjel og vi fekk tigge oss litt kaffi av foreldra våre. Då heldt vi fest i Kråkestova, og gjestane var mi mor, Ingeborg si mor og grannekona Synneve (*Info: Bringsvor 1*). Ho hadde ikkje born sjølv, men var veldig interessert i alt som vi borna tok oss føre når det gjaldt leik og fin moro.

Kråkestova står såleis som eit minne frå vår gilde barndomstid. No er det ingen som bryr seg om å leike som vi gjorde.



(*Info: Bilda viser den fjellformasjonen som vart kalla Kråkestova.*)

Elles var det å vera med far og mor i alt slags arbeid. Bror vår, Petter reiste tidleg bort, og for då på fiske. Den fyrste turen han gjorde, var han med ei skute frå Hareid som heitte «Lisa» på makrelldorging (*Info 1*) på Doggerbank. Seinare var han på Finnmarksfiske, Han kom og inn i Oluf Holms rederi og var fyrar i maskina på «Bjørn». Her var han og den fæle brandnatta i 1904 då Ålesund by gjekk opp i logar. Han fekk heile huslyden til Holm og mange andre, om bord og skulle ut av byen. Men fekk ei trosse på propellen, og med dette arbeidde han så lenge at det var med naud dei kom seg ut av hamna i det forferdelege veret. Dei reiste inn i Sykkylven med folket. Petter hadde kista med alle sine klede oppe på Holmbuda, og alt saman brann opp. Seinare var Petter med båtar frå Ålesund på alt slags fiske, heilt til han gifte seg i 1916.

(*Info 1: Dorg er eit slepesnøre som i dette tilfelle vart brukt til makrellfiske.*)

Syster vår, Marta, var fleire gongar ute i teneste før ho var konfirmert, sidan tente ho hjå Anton Både og hjå Isak Våge. Eit år var ho i Ålesund, så var ho i Volda i sylære. Ho vart gift i januar 1908 med ein som hadde drive fiske saman med Petter på motorbåt i 1906 og 1907. Han heitte Peder Rusten frå Fiskåbygd. Dei tok over hans farsgard og bygde nye hus, og dyrka opp heile garden som var veldig med steinfull jord. Marta fekk to gutar. Johan, fødd på Vegen 1908. Ingvar, fødd 1912. Marta vart sjuk av blære- og nyresjukdom og var nokre år helselaus. Ho døydde vinteren 1917.

Etter nokre år gifte Peder seg att med Synneve Johannesdotter Skorge, og fekk 3 gutar med henne. Peder var ein flink bygningsmann og for på arbeid på Bergensbanen, på fyrarbeid langs kysten, og bygde elles mange hus rundt på bygdene. Her i bygda sette han opp huset til Severin i Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*), det store Follstadiuset på Sande (*Info: Kyrkjesande 3*) og til bror Petter på Veggen (*Info: Bringsvor 3*).

Peder døydde av ein fæl hjarteliding, men før han døydde bygde han huset åt eldste sonen Johan, som fekk tuft hjå meg her på Sandshamn (*Info: Sande N33*). Han var gift med Aslaug Knutsdotter Breivik, og var fødd på Eidså. Dei fekk ei dotter, Marit, som er gift med fabrikkengar Emdal frå Sykkylven. Han har fabrikk i nærleiken av Oslo.

Den andre sonen til Marta, Ingvar, fødd 1912, er gift med Valborg Knutsdotter Breivik. Han har teke over farsgarden, bygt og utvida husa. Driv mykje som formann på ymse vegarbeid. Han har 4 søner: Johan, Kåre, Idar og Per.

I heimen min var eg sæl

I heimen var det eit einaste krav, og arbeid var det for alle frå morgon til kveld. Når fisket var slutt så var det å få fisken på berga.

Far rodde fiske på båten hans bestefar frå han vart vaksen. Då bestefar slutta, var far nokre år med Lars Haugen og Rasmus Vorren. Dei to jordene i Vorren hadde nausttomt i Haulandet. Rasmus Vorren hadde storebåtnaust. Det rann ei strid elv ned gjennom tufta, men på den veggjen var det nokre flakar som låg høgre enn golvet, der dei salta fisken. Det var og ei lita sjøbud der i Massatollen, som hadde vore hans Mass Vorren, og her salta dei og torsken.

Det var medan far rodde fiske her, at dei tok til å bruke glaskuler i staden for kavll (*Info 1*) av selje eller eine. Dette lærde dei av fiskarar frå Sogn og Sunnfjord. Dette omskifte frå trekavll til glaskuler var i åra 1877 – 1878.

(Info 1: Kavll betyr overskotet på eit fiskegarn, men her meina ein nok flytemidelet som er festa til skotet.)

Seinare var far med Bringsvorbåten der farbror Karl (*Info: Bringsvor 4*) var styrmann. Dei 7 siste åra far levde, var han med båten til Skars Ola på Sande der Tobias Skare var styrmann. Det var frå 1901 til 1908.

Far var mykje låk av sjøverk, og det var han ei kvide når han skulle i fiskja. Som eg før har nemnt, ville han verte lærar, men det nekta bestefar, for far hans Jon Nøresande (*Info 1*), heldt på å svelte ihel den tida han var lærar i Herøy.

(Info 1: Jon Nøresande var oldefar til Gerhard Bringsvor. Sjå Helland 1 og Sande N2. Jon var fødd i 1782 og døde i 1835. Han fekk opplæring som lærar av prostjen i Herøy. Som fylje av det slapp han militærtjeneste og fekk lærarpost i Herøy, men heldt altså på å svelte ihel av den beskjedene løna. Sjå «slektstreet» til Gerhard Bringsvor side 126 og «slektstreet» til Jon Jonson Helland side 127.)

Når båtane var ventande frå sjøen, var vi ungane på plass nord med buda hans bestefar for å sjå på båtane. Det var eit fagert syn når alle båtane kom inn frå havet for fulle segl. Når det då var fin sydvest bris, kom dei for fulle segl forbi Kleiveneset og inn under Gjønna. Der gjekk dei då over, og ut att på hamna. Når vi såg båten som våre karar hadde, var det å skunde seg

heim og hente spanna med nykokt havregraut og ei mindre spann med skyr, og skunde oss til sjøen. Hugsar at dei hjå han farbror Karl brukte ein treambar (*Info 1*) å ha grauten i. Vi gjekk ned Raudabakken, der den fyrste vegen var bygd, og den gjekk rundt Hauevikane og Sanden. Var det fjøre sjø, gjekk vi over Sanden. Der hadde Bringsvor – karane lagt ned heller i rett linje over sanden. Så sprang vi frå eine hella til den andre, til vi kom til lands nedan for stova til Lars Haugen. Når vi då kom ned i stoa, hadde karane alt teke til å gjere opp fisken. Det vart no ei kvileøkt medan dei åt grauten. Så tok dei til med fisken att, og leid på kvelden hadde dei fått han i salt. Vi ungane vart sende heim med kokefisk, anten fisk eller torskehaud, den beste levra og ei stor god rogn. Dette skulle kokast til far kom, trøyt og sliten av den tunge åra, og av å drage garna med hendene.



(Info 1: Dette er eit eksempel på ein treambar som kunne vore brukt til bringe for eksempel graut til fiskarane, slik det beskrivast over her.)

Dei åra far rodde fiske på Sande, var det same arbeidet. Vi gjekk då tidlegare med grauten, og fekk setja den på omnen hjå Skare-Ola-Berte, for heime hjå oss såg vi ikkje båtane når dei kom. Huskar ein gong eg skulle springe til far med ei spann dravle (*Info 1*). Kom sør åt skulestova, der eg for fram og haude, spannloket for av spanna og den kokheite dravlemysa opp i fjeset. Eg brende huda av mest heile ansiktet. Især var det gale med panna og opp mot hårgarden, der det var lenge før eg fekk att huda.

(Info 1: Dravle er kokt mjølk, sprengt med surmjølk som då vart til «mýse å køst». Dravle var god og verdifull «supe» til middagen.)

Det var elles gildt der på Sande. Vi sprang og leika på den fine sanden, der fann vi nokre veldig store skjeljar (*Info 1*) som vi gøymde med heim. Når då karane kom frå sjøen, så var det bort på kyrkjebryggja å bera fisken fram åt ei lita sjøbud der den vart salta. Når fisken då var komen på land, så var det for både karane og oss og koma opp i den varme stova til henne Berte der dei fekk seg mat. Ola og fiskarane som budde på loftet, fekk seg fisk med lever og rogn, eller dei fekk torskehaud. Var det torskehaud, så var det store dungar med bein. Då kom ho Ane, som hadde tent her heile sitt liv, med ei bytte (*Info 2*) og førde alt saman ned i bytta.

(Info 1: Skjeljar er det same som skjell.)

(Info 2: Bytte/bøtte er det same som ei spann.)

Ei gamal taus (*Info 1*) som heitte Karen Flydal, som var her frå Sande, var fødd i Nestegarden, men det gjekk ut med dei. Ho hadde budd i mange år i Ålesund, og på hennar gamle dagar, var ho her på Ålesund kommune si rekning. Ho Karen skjente på henne Ane når ho tok av bordet: «Du skulle vært i byen du morr». «Eg hev ritt ikkje tenkt me dit», sa ho Ane.

(Info 1: Ei taus i denne samanhengen betyr ei ugift kvinne.)

Når karane hadde fått i seg maten og tok seg ein røyk, så var det å fare ned og taka til med fisken. Kvar hadde sitt arbeid. Dei yngste sløgde fisken og la han bort åt flekkarbenken, der to av dei beste karane skulle flekke. Så var det å kaste han inn i den vesle sjøbuda der oftast den

eldste skulle salte han. Det skulle alt fint gjerast. Når fisken vart lagt på ladet, skulle han skuvast litt til endes, då vart fisken tjukkare og tyngre.

Hadde karane fått meir fisk enn dei greidde å få i salt før myrkret kom, skulle han ligge over til neste dag. Oftast måtte då ein av karane vera heime og ordna med dette. Samstundes måtte kvinnene og gamle kallar, saman med oss gutungane, vere med i arbeidet med å få fisken i salt til karane kom frå sjøen med ny fangst.

Noko som var viktig og måtte gjerast, var å dele haud og ryggar, ja ofte iselen (*Info 1*) og. Dette laut vi ungane bere heim på ryggen i små tågar eller kiper (*Info 2*). Hauda brukte vi mykje å koke til middagsmat. Sume kløyvde hauda, la dei eit døgn i lake og hengde dei opp under veggen på ei troe (*Info 3*). Dei tok så hauda att ut over våren, bløytt dei ut og kokte dei til middagsmat. Ryggen vart avbroten, og det som kallast sundmagen vart riven ut og vart vaska og salta. Det var vanleg at mor hadde eit kvartel (*Info 4*) med salta flatmagar (*Info 5*). Desse var brukt mykje som sundagskost. Kvar einaste sundagsmorgon var det skikk i vår heim å koke flatmagar, dertil ei gryte med nokre uvanleg gode poteter som vi kokte berre om sundagane. Desse potetene var raude og veldig gode og kostige. Så var det godt havreflatbrød som vi smurde godt heimesmør på, så la vi poteter og flatmagar oppå. Denne maten hadde far vore vand med frå heimen sin på Bringsvor, og dette ville han ha seinare og. Iselen kokte dei fersk og gav kyrne, men vart det meir enn dei vann på, så hengde dei iselen opp under stabbursveggen eller andre stadar. Dette vart rekna for det beste kraftfor som var å få på den tid.

(Info 1: Iselen er det same som mjelkå i hannfiskane.)



(Info 2: Her vises eksempel på det ein den tida kalla tågar eller kiper. Det er ein behaldar som enten kunne bærast på ryggen eller i hendene. Vart laga i mange variantar og brukt til å frakte poteter, fisk osv. Tågen eller kipa var laga/fletta av flis/tremateriale.)

(Info 3: Troe er ei lang stang, laga av tre, som torskehauda vart hengt på.)

(Info 4: Kvartel er ei ¼ tønne. Ei tønne var 115,8 liter.)


(Info 5: Flatmaga ser ut som ei kvite luftblære, ein slange som ligger langsetter ryggen på ein stor fisk. Flatmaga frå torsk vart før brukt til mat. Salta flatmaga å havreflatbrød var rekna for å vere god mat før i tida.)

Når karane forstod at silda var kome under land, så var det å greie ut nokre sildegarn for å få matsild heime. Oftast var silda så billig, at dei brydde seg ikkje så mykje om å fiske ho til sal, men dei trong mykje til huset. Ofte fiska dei både torsk og sild på same tid. Då var det veldig travelt, og det vart arbeidd både natt og dag. Det var mest vi ungane som måtte bera silda heim, og mang ein tung tåge med sild har eg bore frå Huelandet og frå Sande. Det var mor som verka silda. Den største og feitaste vart skore haud og sporen av og salta til saltesild eller spekesild. Noko kløyvde ein og salta. Den som var mest mager hekta vi hauda saman på, og vart kalla hektasild. Ho vart hengt på troe under veggen. Resten vart kalla leppasild (*Info 1*) og kløyvd, men trødd opp på ei troe og vart helst hengt inn i løda. All denne silda var ein

viktig faktor i kostholdet, og mangt eit nonsmål (*Info 2*) åt vi tørrsild, kalde poteter og flatbrød.

(*Info 1: Leppasild er ein måte å gjere opp, kløyve silda på for å tørke den inne i låve /naust.*)
(*Info 2: Nonsmål var eit måltid som var etter middag, ca. kl. 16.00. Middag åt folk vanlegvis, den tida, kl.12.00.*)

Når fiskja var slutt, var det å få fisken på berga, men fyrst skulle han delast. Dette skulle gjerast svært høgtideleg. Dei batt ei skåte (*Info 1*) etter midten opp i ein bite (*Info 2*) i naustet. Så var det eit tau frå kvar ende, i den eine batt dei ein fatlar (*Info 3*), og i den andre eit brett å legge fisken på. Så talde dei fisk på brettet til det vart like tungt som fatlaren. Det skulle vere likt både i tal og vekt. Kvar vekt vart då lagt på kvar sin lut til alle hadde fått ein omgang. Slik var det til all fisken var bytt (*Info 4*), då vart ein mann send ut for veggen eller med plagg for auga seie kven som skulle ha den eller den luten (*Info 5*). Var det ei god fiskje, så var det mykje arbeid dette og.



(*Info: Bildet viser prinsippet for korleis fisken vart delt. Utstyret var nok noko forskjellig, men prinsippet er det same. Teksta til Gerhard over bildet beskriv prosessen. Nedanfor her forklarast nokre ord og uttrykk som er spesielle for denne prosessen.*)

(*Info 1: Skåte er ein stor trestokk som er festa til biten i naustet med eit tau. I dette tilfellet er det ein jernkonstruksjon i staden for ein trestokk. Sjå bildet.*)

(*Info 2: Bite er dei tversgåande berebjelkane som går på tvers i nausttaket.*)

(*Info 3: Fatlar er motvekta til fisken, som her er eit stålodd med ei spesiell vekt. Når skåten er vassrett så veg fisken og fatlaren like mykje.*)

(*Info 4: Bytt/bytte betyr å dele eller vart delt.*)

(*Info 5: Luten betyr delen.*)

Så var det å ta færingen og ro etter fisken, og attende med lasta båt. Dette var gode greier for oss gutungane. Far brukte å turke fisken på Langeneset, eller som dei på Støyle kallar det Kisteneset. Var det godt ver, så rodde vi i flod sjø fram til Langeneset, der sette vi båten på land og austen full av sjø, og så til å vaske på fisken. Men var det dårleg ver, hadde vi fisken på land i Jakteholmen og vaska han inne i nauset og førde han fram på turkeplassen når det vart betre ver. Det var både far og mor som vaska fisken. Vi gutungane hjalp til med å løda han i raster og lad, elles tok eg tidleg til med same arbeidet som dei vaksne.

Når vi hadde fått fisken på tørkingsplass var det kvar dag, når det var sol og vind, å ha den utover, snu den, og når det vart non (*Info 1*), å ha den i lad att. Ein ting som var svært nøye, var at fisken medan den var rå, ikkje måtte ligge for mykje i solhallet så den vart brend. Vart den brend, var det ikkje halve prisen.

(Info 1: Non er eit måltid som vart ete ca. kl. 16.00.)

Når våren kom, tok folk tidleg til med å ha ute kyrne. Ofte var det lite høy att i løda, og då kyrne kom ut, så grodde det fyrst langs fjøra og nede i Myrane. Hit kom då om morgonen ei masse kyr, og når det vart varmt i veret, kom alle kyr ned på Sanden der dei stod i Skjenstøde. Her vart dei og mjølka, men då det leid over middag, kom dei opp under gardane og la seg til kvile ei stund. Så for dei opp med gardane og til fjells, så om kveldane var det ofte ut på yste fjella for å mjølke dei.

Når vi hadde fisken utover berga, var kyrne så forferdelege og ville eta på fisken og trakka den sund. Då vart det vi borna som laut gå vakt for å passe fisken, og jage kyrne bort.

Litt vestanfor der vi tørka fisken, er ein stor veldig stein eller fjellblokk som heiter Kistå (*Info 1*). Den ser kanskje ut som ei kiste med oppslege lok. Denne steinen er komen hit i istida. Midt på denne steinen var noko grasmark. Denne marka og molda tok far og spadde bort, så skrubba og skylde han til det vart reint. Så førde vi fisken dit, og her turka vi fisken til far medan han levde, for her var så høgt at kyrne nådde ikkje opp, og ikkje var der så heit at fisken vart brend der heller. Men så var no ikkje fisken så stor heller, for det høgste der var rom til her på Kistå var 400 stk. torsk. Men det var ikkje større fiskje dei åra.



(Info 1: Bilde viser steinen som vart kalla Kistå /Kista. Skal likne på ei opa kiste. Steinen vart brukt til å tørke fisk på, utan at krøtera fekk tak i fisken. Som vi ser på bildet så har grasmarka midt på steinen, som far til Gerhard Bringsvor fjerna for meir enn hundre år sidan no tilbake. Steinen ligg i fjøra like ved Støylehamna. Vi ser Voren i bakgrunnen av bildet. Steinen er 9,6 m lang, 6,1 m brei og 2,3 m høg på den høgaste delen.)

Når fisken var tørr, var det av stad for å selja den. Dei fyrste åra eg kan hugse, selde far fisken på Flatøya til Johan Møller, sidan selde han til sin tremenning Petter Saure i Gursken. Det beste vi visste då eg fekk vera med å selja fisken, var at far kjøpte nokre kvite kjeks, visstnok laga av klingredeig. Desse kjeksa tykte vi var veldig gode. Frå den tid og utover vart all fisk send til Ålesund og seld der. Frå 1906 kom det motor i båtane, og dei frakta fisken til byen.

På same tid som vi arbeidde med fisken, var det å ta til med vårvinna. Fyrst var det å trilla ut markegjødselen. Vi hadde så mykje åker, at det meste av gjødselen laut brukast på åkrane. Men sau- og geitegjødslen vart brukt på marka. Men det vart så lite av denne gjødselen, at oftast var det å gjødsla annakvart år. Det var ingen kunstgjødsl den tida, så det vart ikkje så mykje gras. Rart var det at det vart så pass med høy. Så var det å få gjødsl på åkeren. Stundom fekk vi låne ein øyk å køyre ut med, men då måtte far spade torv åt dei i staden. Den gamle merra åt Jakob Sande (*Info: Kyrkjesande 1*) var alltid roleg og god å køyre unna bakke med, og far spadde torv åt Jakob i mange år.

Sidan fekk far i stand ei handvogn som vi leste full av gjødsl, og det gjekk fint unna bakke, men det var veldig tungt å få den opp att. Så tok vi til å spade åkeren med greip. Eg var ikkje stor før eg stod på åkeren og spadde mellom mor og far. Når endeleg åkeren var oppspadd, kom mor med den gamle trebytta ho hadde arva etter stemor si på Lianes. Ho sådde og far stod med den store tunge molderiva og mylda kornet nedi.

Ei anna vinne var det og vårstida, det var tarefjóra. Mest alle mannfolk var denne tida ute i tarefjóra og bar på land tare. Frå Bringsvor og Støyle brukte dei mest å vera ute i Dollsteinfjóra eller Breivika. Gløymer aldri kor glad eg var ute i Breivika då eg såg syster mi, Marta, kome opp på Halsen med ei stor spann med god skyruppe (*Info 1*). Baud det til med regn, så var det å koma av stad natt som dag, for å brenna taren før den vart våt att, for då vart oska kvit og lett. Vi ungane frå Bringsvor og Dalen (*Info: Støyle 2*) tok og til å brenne tare, til stor forarging for folk på Skare, for vi tok til å bera på land å leggja i vegen for dei, for der som var nærmast Skare ville dei ha dei plassane som var nærmast. Når vi fekk selja oska (*Info 2*), hugsar eg vi hadde kr.12,- på kvar. Seinare på våren vart båra mindre og slutta å legge tare opp i fjóra. Då tok far til å skjera tare borte i fluder og fall. Ein gong var han nære ved å omkome med di båten sokk under han, men han berga seg oppatt i båten og fekk tømme han for sjø og tare. Når det var fjøre sjø, var han ute og skar tare enten natt eller dag. Så låg taren i båten til det vart flod, då rodde han båten så langt fram på Sanden som han flaut. Der lempa han taren ut av båten. Når det då vart fjøre, enten trilla vi eller vi lånte ein øyk (*Info 3*) til å køyra det fram på marka. Sidan var det mor og vi som stelte med taren, snudde han og brende han når han var tørr. Slikt arbeid dreiv dei fleste av folket i bygda. Ut på sumaren kom det oftast ei skute og kjøpte oska, trur det var jamt 4 øre kiloen. Men dei vaksne karane hadde gjerne ein fin skilling av tarebrenninga.

(Info 1: Skyr eller skjyr er mjølk som var heilt surna, surmjølk. Skyruppe er då ei suppe som er laga av surmjølk.)

(Info 2: Oska frå tang og tare vart på denne tida brukt til framstilling av jod.)

(Info 3: Øyk er det same som ein hest.)

Torv-vinna

Dette å spa torv (*Info 1*) er ei vinne som få veit kva det er. Så snart folk hadde fått i jorda korn og poteter, var det å byrja på torvet. Kvar gard frå yste Skare og heile bygda innover hadde sin torvteig nedanfor vår gard. Og når dei tok til med torv- spadinga, så yrde det av folk og hestar nede i Myrane. Nærast Støylegarden hadde Støylane si torvmark dernest var det alle mann på Sande sitt torv. Deira mark var heile midten av Myrane. Så kom Kinna og Skare med si torvmark, nedanfor garden til farbror Karl. Nedanfor Oshaugane var Bringsvor og Bringsvorhaug si torvmark. Innanfor Kivehaugen langs Vorabytet, hadde Skare og Sande noko torvmark.

(Info 1: Torv vart spadd i myrane, tørka og brukt som bendsel.)

I gamal tid før 1850 var det noko dei kalla storutskiftinga på heile øya. Voren fekk då si utmark og torvmark fråbytt (*Info 1*). Søre øya vart skild frå Våge og Helland. Nøre Sandsøy vart skild frå Helland og Våge. Det var då på tale at Skare og Kinna ikkje skulle få korkje beitemark eller torvmark inne i Myrane. For det skal vera ein gamal regel i utskifting at folk skal få si utmark og torvmark der deira krøter brukte å beita. Og frå gammalt brukte aldri kyrne frå Skare og Kinna å beite nord i marka eller i Myrane. Når dette vart drøfta, nekta Skaringane på at korkje geiter eller utegangarsauer fekk kome ut i Skaremarka. Heller ikkje fekk folk nord frå bygda kome ut i Dollsteinmarka og brenne tare.

(Info 1: Fråbytt betyr frådelt.)

Der ute i bygda hadde folk frå eldre tider spadd sitt torv på bøane og såleis øydelagt mykje jord.

I denne tida hadde alle folk meir og mindre geiter, og det ville dei ikkje verta av med, for ut i Dollsteinhola og Storgjøtten var hus åt geitene heile vintrane. Heller ikkje ville dei nord i bygda misse tarefjora som var så å seie ei viss inntekt både det eine året og hit.

Det vart såleis semje om at både beite og torvmark skulle delast etter den gamle skyld (*Info 1*). Det var visstnok harde dagar medan denne utskiftinga forgjekk. Martin Madsen, som bygsla Vegen (*Info: Bringsvor 3*), vart redd og reiste nord i Herøysoknet og tok seg slåtevinne. Han Lars på Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) var og redd og ville ikkje blanda seg i striden. Men då dei tok til å setje byttesteinar heilt opp i gardrota åt han bestefar, vart han ikkje god. Han gjekk då ned åt utskiftingskarane og gav dei så pass kjeft at dei ikkje torde anna enn flytte avdragslinja ikkje så få meter nedom garden.

(Info 1: Matrikkelskyld var frå 1818 til 1978 eit uttrykk for eigedomsverdi. Alle eigedommane vart tildelt såkalla «skyld».)

Her er og den djupaste torvmarka for heile Myrane. Merkeleg nok fekk dei 4 bruka på Haugen det meste av denne torvmarka som bestefar kriga for.

Når torvspadinga tok til, var det støtt ein kvann (*Info 1*) som trong hjelp, og far for over og spadde torv åt folk. Folk utanfrå bygda brukte hest og dragslede for å få torvet køyrt utover, og frå eg var så stor at eg kunne handsome ein øyk, så var det å leiga seg burt til å køyre ut over torv. Vi tok til kl. 6 om morgonen og helt på til kl. 9 om kvelden, med opphald til middag og non (*Info 2*). Det var då to mann som spadde (*Info 3*), ein gutunge som køyrde og eit kvinnfolk som la ut over. Maten var ei spann havregraut og ei spann skjør, og alle åt av same spanna. Til non kokte dei Kaffi, enten oppe hjå mor eller ei av grannekonene. Til kaffien var det kaker av potet og mjøl, eller flatbrød med spekeflesk og brødgraut til å legge på brødet.

(Info 1: Uttrykket «Ein kvann» er lite brukt i våre dagar. I boka til Per Sandanger er «ennjvannj» nemnt og betyr der «Ein eller annan». Det er også dekkande for dette tilfellet. I andre ordbøker er brukt skrivemåten «Einkvan»)

(Info 2: Middag vart ete kl.12.00 og non ca. kl.16.00.)



(Info 3: Bilde viser ei typisk torvspade som vart brukt til å spade torvet ut av myra.

Torvet vart så lagt på marka for å tørke. Når torva hadde tørka noko var det vanlig å legge den i lag oppå kvarandre for ytterlegare tørking, før den vart køyrt heim til gardane, eller mellomlagera i torvhus ved torvmyra.)

Kiper Jakob på Sande hadde trefot og kunne ikkje spade torv sjølv. Far spadde derfor torv åt Jakob så lenge eg kan minnst. Han skulle ha gratis torv av Medgarden medan han levde. Vi borna var med og trilla torvet utover.

Ole Kinden som var underoffiser, var alltid borte i militærtjeneste på den tid då torvet skulle spadast: Ofte hadde vi alt dette arbeidet hjå han. Far spadde og ein av oss køyrde og la ut over. Det hende og at vi hadde alt arbeidet med å få torvet i hus, for Ole Kinden hadde bygd torvhus i Myrane. For dette arbeidet åt folk, fekk vi 50 øre og oppover, i fleire år var det 80 øre dagen. Far fekk frå kr. 1, - til kr. 1,50 for dag.

Så var det vårt eige torv. Vi fekk det meste av torvmarka nedanfor Oshaugen nær Voren. Sidan vi ungane vart så pass, var vi alltid med å hjelpe far med torvet. Far spadde og vi trilla og la ut over. Mor var heime og kokte, eller ho sat i veven eller ved rokken. Så kom ho med nonsmat. Hugsar kor godt det smakte med nysteikte potetkaker med smør og saupgraut (*Info 1*) på.

(Info 1: Saup er no det same som skumma mjølk, så då er vel saupgraut noko som er kokt på skumma mjølk.)

Var veret godt utover sumaren, så turka torvet fort. Det vart no ei ny vinne med alt torvet. Fleire frå Sande hadde bygd seg torvhus inne i Myrane. Dei som ikkje det hadde, køyrde det heim på ein skranglete veg dei hadde laga seg. På Skare og Kinna hadde dei torvhus nede ved nausta sine, og så førde dei torvet med båt ut til Skare, der dei bar det or båtane og lødde det inn i husa. Dei hadde 1 og 2 båtar frå kvart hus, ein stor og ein liten. Ved fallande sjø kom dei fram på Sanden ved den flate holmen som dei kalla Øykeholmen. Etter kvart som sjøen fall bort, gjekk karane berrføtt og halv nakne og lødde stein opp under båtsidene så dei stod rette når sjøen fjøra bort. Så tok dei til å køyre torv med hjulslede (*Info 1*) med karm på. Det torvet som for mest sundt, og torvmodet (*Info 2*), som dei raka av marka, hadde dei i sekkar. Eit kvinnfolk var opp i torvet og lesse, ein kar køyrde og bonden sjølv sat inne i båten og lødde torvet. Etter kvart som båtane fylde, for dei heimatt med hestane. Men var båtane store, hende det at dei køyrde til sjøen gjekk opp til buken på hesten. Så sat då karane i båtane til dei flotna. Dei minste flotna fyrst, og så hine etter kvart, og så for den lange rada av båtar lasta med torv, forbi Varholmen og ut langs land. Når dei heime såg båtane kome, så var det born og vaksne ned til sjøen for å plukke torvet i store tågar og bere det opp i torvhuset. Dette var helst om nettene, og mang ei natt var far ute i Skarefjøra og bar på land torv. Det var helst hjå slekta til far han arbeidde. For Seyrine, kona til Elling, var syskenbarn til bestemor på Bringsvor. Her frå torvhusa ved nausta bar alle på Skare ein tåge torv kvar dag heilt til elektrisiteten kom.

(Info 1: I følgje ordboka til Per Sandanger er hjulslede ein kasseforma slede med hjul under

som overtok etter den tidlegare dragsleden, som ikkje hadde hjul, seint på 1800-talet. Var mykje brukt til å køyre «møk» i. Også kalla «møkaslede».)

(Info 2: Torvmød er knust torv. Torvmødet vart brent saman med anna torv.)

Info: Daglegliv og arbeid

Det var aldri tale om å ha kyr ned på bøen om sumaren. For kor ringt og lite det var med gras, så skulle det slåast og havast i hus. Kyrne vart ut slepte tidleg om våren, og når det vart så varmt i veret at dei kunne liggja ute, så skulle dei mjølkast ute. Fyrste kvelden vi mjølka ute, var det gamal skikk å brenna brising av tørre einar. Det var på Svedene der Johan Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) no har åkrar og atteleger (*Info 1*), at kyrne brukte ofte å liggja, og vi brende brising på Svedehaugen. Her leikte vi og ei stund og ho Synneve grannekona var og med å leika. No tok mjølkegonga og til. Om morgonen kom oftast alle kyrne ned i Myrane, og vart det sol og varme for kyrne bort i sjøen der dei stod og svinsa med rumpa og jaga fluger og klegg. Om ettermiddagen for alle kyr til fjells, og vi laut ofte ut på Signalen (*Info 2*) for å mjølka. Mor fortalde ofte kor vanskeleg det var i dei fyrste åra. Då tok ho han Petter på ryggen, batt eit plagg rundt han og så bar ho mjølkespanna i handa. Betre vart det når Petter vart større så han såg etter oss som heime og mindre var, for var far borte på arbeid, så hadde ikkje mor nokon å setja att med borna.

(Info 1: Attelege er eit stykke jord som er nybrot eller har vore åker, men som no er sådd til.)

(Info 2: Signalen ligg utanfor Oynavatnet mot Steinskaret. Signalen ligg på 359 moh.)

I den fyrste tida var far mykje i arbeid på Vokseholmane hjå han gamle Både, der dei dreiv og reiv bort alt det store lynget for nå bruke, især Marøyna, til slåttemark. Dei la lynget i taug og byrder og førde det heim på Voksa til å brenna og koka med. Far var og fast mann å slå kårteigen til gamle Både.

Vi borna lærde oss tidleg å mjølka, og oftast gjekk vi to, men etter kvart vart det berre ein av oss. Våre kyr var verst å fare ut i fjellet, ut i Hesteyljane rett opp av Hellandsmyrane. Ingebrikt Sande miste her ei ku, som rulla heilt ned på Hellandsmyrane. Her var mykje langt gras, og dei åt seg så fulle at dei stod berre å stunde. Når vi skulle jaga dei opp derifrå, var det ofte dei heldt på å kante, men som oftast gjekk det bra. Her ute var det at bror Alfred (*Info: Sande N12*) hadde gjort skade på eine foten i oklet, og det vart det ingen ting gjort med, men foten grodde til att og vart skeiv, og har vore vond å gå og stå på sidan.

Den seine kvelden då far døydde, var eg av stad for å leita etter Alfred som var stad og mjølka. Eg trefte han ute på Kleiva og fortalde han at no var far død. Vi gret sårt begge to den kvelden. Eg var 15 år og han var 11 år.

Elles var det ei gild tid denne mjølkegonga. Vi var ein viss flokk som gjekk ilag. Det var Nora (*Info: Bringsvor 4*) og Synneve på Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) og ein av oss, mest var det eg som gjekk. Så var Dal Anna (*Info: Støyle 2*) ilag med oss alle tider. Stundom var vi saman med Ingeborg Støyle, og sidan Dyrkoren (*Info: Støyle 8*) kom, var tenestejenta i Solbakken ilag med oss. Vi hadde to stader å kvila medan vi lydte etter bjøller og såg etter kyrne, det var på Kleiva og Storholtuva. Vi hadde sett at ungdomen leikte: På Vossevangen, og iallfall gjekk meg ut i lunden. Når vi kom heimatt på Svedene, prøvde vi å leike, og Synneve som helst då var eit eldre menneskje, var med oss i leiken, men eg hugsar kor tung ho var å svinga rundt.

Slåtten var ei travel tid. Far sto tidleg opp, det var oftast i 5 tida, for å nytta dogga, og når vi ungene stod opp, hadde han slege store stykkje. Då vi hadde fått frukost, som oftast var flatbrød, spekeflesk, kalde poteter og brødgraut, så var det å få høyet til turking. Der det var bra med høy skulle vi ta bort annan kvar skåre, dette skulle vi enten bera i byratog (*Info 1*) eller trille bort til ein god plass der høyet var borte. Mor kom og breidde og det gjekk fort. Når dogga var borte, skulle høysåtene kastast. Det gjorde far og mor breidde med riva. Mor var og flink å slå, og ho var med i alt utearbeid. Før slåtten var far borte ein tur eller to ilag med han Dal Andreas (*Info: Støyle 2*) ute på Skallane med sumarsline. Dei kom att med lasta storfæringen hans Andreas med lange og brosmme. Denne fisken salta dei nede i naustet og turka den nede på Kista.



(*Info 1: Byratog eller borettau er ein innretning for å kunne bære høy og andre ting. Det har sikkert vore mange variantar av dette, men til venstre ser vi eit eksempel på korleis det kan ha vore.*)

Det var sjeldan folk brukte å hesje høyet i slåtten, men mor ville alltid ha ei hæs nedan for huset for å ha tynnhøyet i, som trong mest turk. Når det var gode høytørkingsdagar, vart det ofte mykje fint tørrhøy. Far laga seg store «haudebyrer» og det var både tungt og langt heilt nedan frå garden. Far brukte og slå noko høy borte på Marøy. Eg var alltid med han dit og. Var det ver til det, tok vi høyet halvturt i små byrder og bar det ned til båten, og når båten var lasta rodde vi det i flod sjø nord i Luseklubben. Var det god turk, hende det at vi hadde det utover marka der nede, og så laut vi passe det for kyr og hestar. Vi bar mykje opp i sekkar eller byrder, eller vi lånte merra hans Karl (*Info: Bringsvor 4*) og køyrde det opp Oshaugane og heim. Det var svært dårleg høy dette, iblanda gamalt gras eller elje (*Info 1*), og så mykje mose. Var og nokre gongar opp på høgaste øya og slo myrgras, som vi stappa i sekkar og bar og rulla ned.

(*Info 1: I ordboka til Per Sandanger står fyljande om dette ordet «elje»: Eit slags langt, seigt «fjårgras» som vaks helst der det var myrlendt. Også kalla «daudelje».*)

Vi fødde alltid 3 kyr som var bra fødde. Eit par år hadde vi og den 4. kua, men det var helst for mykje. Vi hadde og 10-12 sauer. Desse stelte eg mest med. Dei var fæle og fare langt opp gjennom marka. Om vårane når dei skulle lamme, rømde dei heilt ut i Dollsteinen.

Eg tok tidleg til å få fatt i ubeslekta vêrar. Då bestefar døydde (*Info 1*), fekk eller arva vi eit svart vêrlam som vi hadde 2-3 år. Sidan var eg nord i Leina og kjøpte eit stort fint vêrlam som kosta kr. 10,-.

(*Info 1: Bestefar til Gerhard Bringsvor, Petter Jonson Bringsvor døde i 1907, så ovanfor nemnde er vel då like etter det. Problemet som beskrivast er nok innavl i besetningane av sau.*)

I 1900 var far, saman med Andreas Skare, nord i Gjerdsvika og kjøpte kvar sine 2 geiter. Desse var svært ville og umoglege å få fatt i. Her var mange som hadde geiter den tida, og nokre år før var det eit stort spetakkel med at geitene kom ned i kornåkrane på Skare. Der ute

hadde dei nokre år før slakta geitene, så no ville dei ikkje tola geitene frå dei andre. Dei som denne tida hadde mest geiter var folket i Våge og Helland. Askjell Skare fekk grannane til å hjelpa seg og få geitene i hus, og dei laut både løysa dei ut og slakte dei. Det er frå denne tid den gamle herminga etter han Askjell: «Birte-Birte-Birte kom å jag gjedde!» (*Info 1*).

(Info 1: Gjedde er nok då eit lokalt uttrykk for geiter.)

Det gjekk seint dei fyrste åra å få ale seg geiter. Den eine fekk vi ikkje kjed av. Men den andre, som vi kalla Blågeita, fekk vi eit kvitt kjed av. Dette skulle vera hans Alfred si, og vi kalla henne Krit. Vi hadde heime den blå geita så lenge at det kvite kjeet vart så tydt og tamt at det fylgde oss alle stadar. Dei to ville geitene var så ville at dei snart vart slakta. Men ho Krit var spak og kjekk, og vi nådde henne når vi ville. Kwart år fekk ho tvillingar. Eit år fekk ho to hokje. Far sa at desse skulle heite Åle og Ime. Etter kvart vart det mange geiter, vi hadde då 4 geiter som hadde kje kvart år, og så fleire fjorkje (*Info 1*) og gjeldbukkar. Det var ofte eit fælt liv og svært travelt når det skulle slaktast geiter. Det var då å få tak i så mykje folk som mogeleg, og så var det frå fjell til fjøre om att og om att. Stundom ned på Sandholmen nord for Helland, eller Tongaholmen nord for Våge. Men vi fekk dei og, enten inn i nausta eller heim i lodene. Då kom dei frå Jogarden (*Info: Våge 5*), der han Rasmus var far sitt syskenbarn, og baud oss på raspeball. Seinare vart det oftast heim i Hansegarden (*Info: Våge 4*) for å få mat. Så var det då å få tau på geitene og leide dei rundt Vågen. Så slakta vi dei største bukkane og dei villaste geitene, og vi hadde mykje godt kjøt og fin blodpølse.

(Info 1: Fjorkje er ei geit som er eit år gamal.)

Far var veldig interessert i alle krøtter, ikkje minst geitene. Det gildaste vi visste var når far tok oss med ut i marka og fjella for å sjå etter geitene. Vi hadde då med oss fulle lommene med havre som vi lokka dei med. Han fortalde og om når dei hadde geiter heime på Bringsvor. I sær fortalde han om ein bukk som var heimekje (*Info 1*), og var vand med berre å vere ilag med folket. Far hadde fylgt far sin til kyrkje, og dei var komne opp i kyrkjestolen. Best det var kom bukken marsjerande opp over kyrkjegolvet og stansa ikkje før han kom inn på kore. Presten stod for altaret, og stansa med masinga. Far laut av stad og henta bukken, som ikkje gav seg før han kom opp på preikestolen. Far tok bukken i horna og fekk han ut, og dei fyldest heimatt.

(Info 1: Heimekje er eit kje som ikkje har blitt med geita på beite om sommaren, men har vorte heime på garden. Heimelam er no kanskje ein meir kjent parallell.)

Jau, det var både alvor og gaman med å ha geiter. Når eg gifte meg og for heimanfrå hadde eg att ei geit. Men ho formeira seg så vi har hatt mange geiter i alle desse åra. No før jul var det tanken å avøyde (*Info 1*) alt, men nokre som er så ville vart attlevande. Det slang endå att nokre krøtter no i 1964.

(Info 1: Avøyde betyr nok det same som avvikle.)

Når hausten kom skulle kornet skjerast. Vi hadde etter garden sin størrelse mykje åker. Far brukte å bryta eit stykke nybrot kvart år. Her i nybrotet sette vi helst poteter, og vi fekk jamt mykje poteter både i nybrotet og dei andre åkrane. Det var far og mor som skar kornet med sigd. Eg fekk lov å skjere bendlar (*Info 1*). Det var ein passe visk med kornstrå, fult gripe i handa, denne snara og kløyvde vi og la den ned på åkeren. Så kom far og mor med kornbandet og la det ned på bendelen. Alt skulle gå fint for seg så vi ikkje rispa korn av stråa. Så låg då kornet ut over åkeren i lange rader. Når det tok til å mørkne, skulle åkeren bindast

(Info 2), og når det var gjort skulle kornet raukast (Info 3). Det er å leggja kornet i hop i nokre store sâter. Var hâsa ferdig, var det mange som dreiv og hesja korn i måneskinet ut over seine kvelden. Når kornet var hesja, skulle ein ta opp potetene. Det var skikk at ein voksen kar spadde potetstylken (Info 4) bort på molda, og hadde ein folk til det skulle det vere to som plukka. Far hadde ei bra stor tåge som han bar potetene i heim i kjellaren.

(Info 1: Bendlar er eit band av kornstrå som dei knytte rundt kornbanda.)

(Info 2: Bindast betyr her at kornet vart bundne i kornband.)



(Info 3: Raukast eller rauke betyr å sette kornbanda opp mot kvarandre i åkeren. Poenget var å halde kornet turt før det vart hengt i hâs eller teke inn i hus. Sjå bilde til venstre her.)

(Info 4: Potetstylken er det same som potetkålen.)

Var kornet kornstade, det var rekna for å vere det når det hadde stade i 14 dagar. Det var då om og gjera å få det i hus. Ofte kunne det verta så fælt ver at stormen braut ned hesjane, og kornet for ille. Baud det til med storm og styggever, så tok dei inn korn om sundagane og. Ned med hesa hadde far eit traui, så det kornet som datt or stråa datt ned i det. Elles hadde han eit gamalt segl som han la korn byrdene på. Vi borna måtte og gå rundt og plukke strå med korn på, som vi kalla å plukke bruse.

Når kornet og potetene var kome i hus, var det å tenkje på treskinga. Dei som hadde store gardar og mykje korn, tok tidleg til med truskemaskin som dei drog med handemakt. Det var 3 menneske med på kvart byte, som skulle vere i 10 minutt. Ein av sterkaste karane dreg på den sida der det store hjulet var. Men på hi side der det var ei sveiv, skulle alltid vera 2 menneske, ein kar og ei kvinne. Når 10 minutt var gått, var det ein som banka i kolven på maskina. Men så var dei så ærekjære at dei skulle drage endå ei stund, og då var dei så sprengde at dei låg berre å hæste etter anden. Dette var eit forferdeleg drepararbeid, iallfall for dei som for frå lode til lode på bytearbeid. Loda til far var så smal, og trongt var der og, så medan far levde, brukte vi Tust (Info 1) og Skjedde (Info 2). Eg var alltid med far og mor i loda, og eg var ikkje gamal før eg lærde å bruke Skjedda. Elles hadde eg arbeid i heresâldet (Info 3), der eg arbeidde med å få agner og rusk ifrå kornet.



(Info 1: Tust/tuste er eit «handylve» som dei brukte for å slå kornet ut av kornbanda. Eit skaft på vel ein meter med ei treklubbe i enden, fest med ei reim eller eit tau. Sjå «skjedde».)



(Info 2: Skjedde er eit trereiskap forma som eit sverd med tagga. Dei heldt t.d. kornbandet oppunder eine armen og slo ut kornet med skjedde i andre handa. Sjå «tuste».)



(Info 3: Heresåldet er ein innretning for å få agner og rusk ifrå kornet.)

Når treskinga var over skulle kornet dryftast (*Info 1*). I eldre tider brukte dei å dryfte i trog. Dei stod med litt korn i trauga og riste det opp og ned så lenge det vart reinsa for rusk. Då bygningsmannen Rasmus Berstad frå Nordfjord busette seg i Gursken, tok han til å bygge dryftemaskiner som ein drog med eit hjul. Far kjøpte då drøftemaskin ilag med Plasse-Petter og Reida-Jakob. Når vi skulle hente denne drøftemaskina nede ifrå Vorren, så var det å bera den på ryggen i eit byratog, for til Vorren var ingen veg på den tid. Dette å bera maskina på ryggen var veldig tungt, og eg hugsar kor eg og syster mi sleit og byttes åt å bera den etter at far var død.



(Info 1: Vi veit ikkje korleis den dryftemaskina som dei hadde i området tidleg på 1900 talet såg ut, men det var nok neppe den typa som bildet viser, ettersom det står i teksta at Gerhard og søstera bar den frå Voren, men beskrive prinsipp er nok det same.

Dette er ei handdriven dryftemaskin / drøftemaskin med to rister. Sveiv med tannhjuldrift.

Innmatingsopning på toppen.

Når ein svingar sveiva får ristene ei sidevegs rørsle samtidig som vifta går rundt.

Kornet renn gjennom to rister og til slutt ned på ein soll før det blir ført ut av maskinen.

Klinten og rusket er lettare og vil blåse bort.)

Så skulle kornet turkast. Men før det vart gjort, skulle vi til Gursken å kjøpe spissabygg (*Info 1*). Far hadde sin meste handel hjå Petter Saure, som var hans tremenning. Det var i tidlegare tider, kring 1850 åra, starta ei handelsforeining for nøre luten av Sande. Dei kjøpte ei stor sjøbud nord i Toftestøda i Herøy og sette opp inne på Hauge. Bestefar var lenge styremedlem. Vi tok alltid den litle Nordfjord «tispera» åt bestefar og rodde inn til Hauge, og mang ein gong var eg med å stirre og ro i landvind inne i Sandsfjorden. Når vi fekk henta denne sekken med bygg, så var det å dela den i to, og far tok då i byratog sekken på ryggen og bar den syd på Vegen. Den eine halva av sekken skulle turkast og malast til gryn mjøl som mest vart brukt til ball eller pølse og kanskje nokre finare hellekaker til høgtider. Den andre halva av byggen skulle blandast med havre og brukast til potetkaker. Til graut og supe vart det alltid brukt reint havremjøl.

(Info 1: Spissabygg er bygg som er spesielt reinsa. Først blir byggkorna reinsa og avskala (spissa) i ei avskalingsmaskin (byggskrelle). Deretter blir det spissa byggkornet (også kalla bygg-gryn) valsa ekstra grovt på ein gamaldags valsestol.)

Å tørke bygg var ofte vanskeleg, for den var avskala og braka ikkje i gryta. For brende ein kornet, vart det dårleg og svart mjøl. Det var eit trøytande arbeid å stå dag etter dag og turke korn.


Når kornet var tørka, skulle det dryftast på ny, og det var ikkje lite rusk som kom ut av kornet då att. Så skulle det havast i hitar og sekkar. Far hadde mange hitar, dei var laga på den måten at to saueskinn vart sydde saman, ofte brukte dei eit svart og eit kvitt skinn sydd saman, øvst oppe var den smal for det var sauehalsane som var sydd saman og var kalla Hitakjeften. Elles hadde sekkar av gamal seglduk eller jutesekkar. I føtene på sauene som framleis var faste på hitane, var hengsler av tau som vi bar dei etter. Vi gutungane greidde godt å bera dei minste hitane. Så var det då å hjelpast åt å bera alle desse kornsekkane og hitane ned dei blaute myrane og bort i naustet i Jakteholmen. Då vi der på Vegen hadde jamt over 10-12 tønner havre, så var det ikkje lite å bera og transportera på ryggen. Dertil laut far turke og stelle kornet åt bestefar, som han slett ikkje hadde noko med. Men det kom vel av at Karl hadde så mykje å stelle med sjølv, då han hadde eit større bruk. Men det var og at bestefar trudde seg til far, og han lydte han i tjukt og tynt.

Den fyrste dag at det såg ut til bra ver, var det å få storferingen på sjøen, få årane inn i båten og så av stad inn til Brandal. Båten var då tungt lasta. Sidan Petter alltid var borte, laut eg vera med alt i 10 års alderen. Vi rodde sør under Voksa, inn gjennom Kvernasundet, når vi kom syd under Gangstøneset og det var sydvest, var det å få opp masta og til å sigla. Far var alltid hard å sigle, og eg var ofte redd når keipane og ripa låg jamt med sjøen. Innover langs Arsetstranda var han ujamn og farleg, så der tok vi oftast ned segla og rodde. Far la alltid til lands i Lida støa og som oftast mol vi hjå Johannes i Nerlida. Her var alltid mykje folk, og alle kverner gjekk både natt og dag. Her var folk frå Syvde, Rovde og det meste av Gurskøya. Frå Stad var det oftast mykje malarar, ja heilt frå Ervik. Ofte laut vi vente i dagevis før vi fekk ta til å male. Vi hadde alltid nøgda med mat med. Det var ei kanne med smør, ei krukke brødgraut, flatbrød, settebaker, potetkaker, ei spann med raspeball, ei spann med mjølk, ein pakke kaffi, eit stykke spekeflesk og kalde poteter. Hugsar endå kor godt det smakte med kald raspeball kløyvde igjennom med flesk inni og godt heimesmør oppå og kaffi attåt. Kaffien laut vi opp i lida for å få kokt. Der var då nokre nysgjerrige gamle koner som spurde etter alt mogleg ute på Sandsøya.

Var det ikkje ledig ved kverna, så fekk vi seng oppe på loftet hjå han som åtte kverna. Men det virka ikkje morosamt å liggja i dei gamle ryer og ronor (*Info 1*) som eg visste aldri vart vaska,

og som mange framande låg i år etter år. Når kverna vart ledig vart det å ta til med malinga, sjølv om det var mitt på natta. I kvernhuset var ein nokolunde passeleg varme av kverna, og når ein vart altfor trøyt sov ein skiftevis på dei varme mjølekkane borte på luren (*Info 2*). Inn i mellom var det å gå den stygge stien ned i naustet med ein sekk som var ferdig malt, og ein ny sekk på ryggen opp att.

(*Info 1: «Ronor» var ukjent, men av samanhengen går det fram at det er noko sengtøy.*)



(*Info 2: Kvar «luren» er i ei mølle har vi fundert lenge på. Vi konkluderte vel med at det måtte være ein skrivefeil, men så dukka denne prinsippskissa av ei gamal mølle opp. Her ser vi at «luren» er golvet i mølla.*)

Johannes sitt kvernhus var øvst i elva, og det var tung veg dit opp. Det var noko trolsk her ved elva nattes tid, kolmørkt ute, inne eit lite skin av køla (*Info 1*) som måtte byrtast (*Info 2*) og stellast ut i eit, og når lyset minka laut vi fylla på køla lyse av flaska som vi hadde med. Når der tok til å minka med malinga, hadde vi støtt vitjing av den som skulle male etter oss, og han tok då til å bera kornhitar (*Info 3*) opp i kvernhuset. Var det bra ver, så var det å gjera klar og koma seg heimover, oftast vanta ein til det lysna av dag, og såg ein seg då ver, så var det å koma av stad.



(*Info 1: Køla er ein enkel «lampe» som dei brukte før oljelampen. «Køla var fylt med «lyse», og ein veik låg mitt etter kølene å ut på kanten»*)

(*Info 2: Byrtast / Byrte Kølå betyr å passe på å drage fram veiken etter kvart den brenn.*)

(*Info 3: Kornhitar er posar som er laga av saueskinn, som vart brukt til å transportere korn i.*)

Hugsar ein gong vi var på veg heim, og komne ut til Espeneset tett innanfor Aaram. Då vart det både vind og ver så vi laut snu og koma oss inn i støda til Petter Arset, der han Petter såg oss og kom ned og hjelpte oss med å få både mjølet og båten fram i naustet hans. Der var vi då i to døgn til veret ga seg. Her hadde vi det godt, og reint stell var her. Huskar at far var ned i naustet og gav Petter og Nikolina ein god pose med havremjøl for hus og hygge. Nikolina var frå Bringsvor, frå Reidet (*Info: Bringsvor 2*), og var tremenning med far.

Når vi då kom heim med mjøl til heile året, følte far seg rik. Då var det å få mjøl og maten på land, og det same tok seg no opp att, å bera mjølet til gards. Så hadde far då minst ein heil dags arbeid med å ha mjølet ned i tønnene. Det skulle hardstappast med ein kjepp som var tverr i neste enden. Til hardare mjølet var stappa, di betre stod det seg for mit og møll (*Info 1*).

(Info 1: Mit og møll er små insekt som kunne sette seg i all slags mat.)

Det som no stod fyrst føre var flatbrødbaking. Folket mitt brukte å bake to dagar, på større gardar brukte dei tre dagar. Far stod opp kl. 4-5 og tok til å knøde bakstegrønet. Etter kvart som dei hadde fått seg mat var bakinga i full gang. Ester, dotter til kårmannen, bakte alltid åt oss. Så gjorde mor bytearbeid med ei av grannekonene som baka åt oss. Mor skulle ta ut emne og få i stand kokt mat åt oss alle. Innimellom baka ho og. Far stod i kjellaren og steikte. Etter kvart vart det store brødsetningar som når dei vart høge nok, vart bore ned på stabburet og lagt i store lad på flatbrødhylla.

No utover hausten var det ymse anna som skulle gjerast. Det var klipping (*Info 1*) og slakting. Sidan vi fekk geiter, så var det ofte dag etter dag å fare og jage på desse ville geitene. Far var tynn og lett og svær til å springa etter geitene. Så var han aldri redd å gå i fjellet kor bratt det var. Han vart henta både til Kvalsvik og Tarberg for å jaga geiter og sauer ut av fjella, eller løysa krøtter med taug så han ofte hang mest i lause lufta.

(Info 1: Klipping her er nok klipping av sauene om hausten.)

Noko som og måtte passast på om haustane, var å få heim mold til å ha i dungane. Dette måtte passast nøye på skulle ein få nok gjødsel til våren. Det skulle leggst ei flå med mold og ei med kugjødsel. Slik skulle ein halde på heile vinteren. Molda trilla vi søranfor bøgarden, eller vi fekk låne ein øyk og køyre nordanfrå Myrane. Det var og andre gjødseldungar der ein spadde i fiskeavfall og gjødsel frå husa.

I kyrkja

Då kårmannen vår, Martin Madsen, døydde juledag om kvelden 1897, skulle det tilsetjast ny kyrkjetenar. Det var fleire som ville ha den jobben, mellom andre Martin ute i Gjøtten og Støyle-Bern på Varholmen. Men det var far som vart tilsett. Vi borna fekk ofte lide for dette, for så snart Støyls-Bern nådde i oss, vart vi kalla Stotarprinsar.



(Info: Bildet viser kyrkja på Kyrkjесande på Sandsøya, som vart innvigd 1. desember 1880, men det har vore kyrkje her heilt frå 1200-talet. Sjå meir om dette i Sandesoga. Framtil 1920 var dette einaste kyrkja i prestegjeldet, men sidan vart det bygd kyrkjer både i Gursken, Åram og Larsnes.)

Det vert fortalt at i eldre tider var og kyrkjetenaren tilsett å jaga splint og styggedom ut or bygda. Ved korskyrkjedøra var Rasmus Saure, eller som han i dagleg tale var kalla for Storåkren. Han skulle passe denne døra, og sat saman med kvinnfolka ved korsdøra. Hugsar kor streng han var når born sat uroleg, og då jaga han borna ut or kyrkja. Ofte var det ein kvann som besvimte, eller uvita, då for han Rasmus ut korskyrkjedøra og bort i elva for å hente vatn. Det var forresten ikkje rart at folk uvita. Dei dagane dei skulle gå til alters, skulle dei ikkje ete til frukost før altergonga. Når dei då stod tidleg opp og skulle fara dei lange vegane heilt frå Gurskedalen og Rønnestad utan mat, så vart dei ikkje bra.

Dei måtte tidleg inn i kyrkja for å høyra skriftetalen. Ei eldre jente hadde ein søndag gått langt inn i kyrkja og ikkje tenkt på at ho var frå ein Plass her på Sandsøy. Best det var kom ho Guri Lillebø frå Gursken opp i stolen saman med ei anna kone. Ho Guri sa då til den andre: «Jau, er ikkje dei kome klårande opp i vår stol.» I eldre tider hadde dei ymse gardar kvar sin stol, mens plassefolk fekk versågod sitte ut under Lemen. Ho Guri sa då til den andre at ho kjende svevnen og at ho måtte vekka henne når dei tok til å gå inn til skriftemål. Presten heldt då ei lang tale frå kordøra, og folk gjekk og fekk tilgjevne syndene sine ved altaret av presten. At dei kjende svevnen var heller ikkje rart, då dei stod tidleg opp og skulle stelle folk og krøtter, og så ro lange vegar før dei kom til kyrkja.

Rasmus Saure hadde eit fat korn av kvar gardbrukar i Gursken og Gjerdsvika. Rasmus dreiv visstnok som bygdevektar, og teiknet på det var ei rund messingplate som han hengde på brystet når han i embets medføre jaga splintebøle, som dei vart kalla. Far min skulle og ha eit fat korn av kvar gardbrukar på Sandsøya, Kvamsøya, Strenderm (*Info 1*), Voksa og Hallebygda. Ein gong var far av stad for å få denne løna si, og eg hugsar han kom att med ein

halv sekk korn. Men han sa at det gjer han ikkje oppatt, for det føltes som om han var ute og tigga.

(Info 1: Strenderm er det same som Hakallestranda.)

Når Rasmus Saure døydde, hadde far alt dette over heile sokna, og då vart det fast løn – kr. 20,- for året. Til samanlikning får no, i 1964, ein av vår slekt kr. 5.000,- i løn for om lag same arbeidet.

Eg fylgde far omtrent kvar sundagsmorgon, fyrst ned i Kiperstova etter kyrkjelykelen, så opne kyrkja og gjera alt i stand til gudstenesta. Når så presten kom opp over brygga, tok far til å ringe. Presten gjekk då opp i Kiperstova der ho Regina hadde kokt kaffi og hadde det varmt i stova. Ho brukte å seie: «Vi kan ikkje ha det slett alminneleg vi, som må ta imot presten». Kiperstova var og finare enn andre stover, for ho var trakt med papp og grønmåla. Dei sjølve budde i kammerset som hadde glas opp mot vegen. Når presten kom frå Kiperstova og opp over vegen, ringde far med klokka att, til han kom opp til kyrkja.

Når presten opp over vegen, gjekk gjennom folkeflokkane, så stod dei med hattar og huver i handa etter kvart han gjekk oppover.

Det var og fast skikk at far skulle ringde inn alle høgtider. Det tok til kl. 5 og utover. Nyåret skulle ringast inn ved midnatt. Då dette hundreåret skulle ringast inn, var det påbod om at det skulle ringast 2 timar før midnatt og 2 timar etter.

Tett etter hundreårsskiftet vart det kosta to store omnar i kyrkja og ein mindre omn i Sakristiet. Dei skulle fyrast med kol. Det vart no bygd eit hus med halvetak (*Info 1*) nordvest av kyrkja til å ha kol i.

(Info 1: Halvetak er det same som skråtak.)

Far vart sett til å leggja i omnane. Til løn for dette skulle vi slå den nye kyrkjegarden som var teken i bruk i 1903-1904. Dette stykke var kjøpt av den store kyrkjegardsåkeren. Her grodde det av seg sjølv, og voks berre trøyske (*Info 1*) gras som var veldig vanskeleg og få turt. Den gamle kyrkjegarden vart slegen av klokkaren.

(Info 1: I boka til Per Sandanger står at trøyske er ei ugrasplante med kraftig rot som var til stor plage, «helst i gamle åkrar».)

Sumaren 1908 tok far til å slå kyrkjegarden. Eg var konfirmert året før, men var liten av vekst så det var ikkje mykje om meg, især å slå med langorv.

Info: Sjukdomen til far

Ein av dagane kom far heim og var veldig låk i hovudet. Vi rodde han då inn i Larsnes til doktor. Men det vart verre og verre. Vi hadde då ein halvgalen doktor som heitte Norgren. Han fortalte at far hadde fått nervegikt i hovudet og nakken.

Vi heldt fram med slåtten, mor og eg. Marta var heime endå og hadde eldste guten, Johan, som ungebarn. Seint gjekk det med slåtten og. Då kom syskenbarnet mitt, Sevrine Riste, og var her og hjelpte oss. Far vart meir og meir sjuk, så det var eg og Sevrine som arbeidde ute. Siste dagane i slåtten kom Sivert morbror og sonen Anders og hjelpte oss.

Ein dag Marta gav far mat, såg ho at nedanfor nasa var så svart. Då ho såg betre etter, var heile tannkjøttet i overmunnen og øvre munnleppa blåsvart. Doktoren vart henta att, og han sa at far hadde fått kolbrand i munnen og hadde berre nokre dagar att. Dagen før enn far døydde, sende mor meg inn til Larsnes for å varskua doktoren at han ikkje skulle koma ut att meir, for far var dødsens heilt. Eg fekk med meg drengen til Dale Severin og med meg. Då eg kom inn til doktoren og sa som eg var beden, vart han heilt rasande. Han hadde sko berre på eine foten. Han kom då springande ned troppa etter meg. Då eg kom ned på vegen og skulle sjå att, stod han oppe i glaset og skaut opp i lufta med revolveren. Han ropte at han kjem likevel. Då eg kom heim og fortalde såleis, sende mor meg av stad etter Adolf Støyle (*Info: Støyle 4*) og han Dyrkoren (*Info: Støyle 8*). Dei sat utfor huset då han kom. Han kom då ned i stova og tok til å rase på henne mor. Men ho varskudde han berre at vil han ikkje vera menneske, så gjer ho berre eit vink for å få han utkasta, for ho har to mann utfor vegg. Han såg ikkje ein gong bort på far som låg dødssjuk borte i senga. Han forlangte berre betaling for at han kom, og dertil betaling til skyssen. Mor sa at når vi hadde sendt bod at han ikkje skulle kome, så betalar ho ikkje. Han vart då rasande og ville slå til mor, men med same let karane ute opp døra og varskudde at han måtte ha seg ut med ein gong, eller så skulle dei hjelpa han ut i ei fart. Han torde då ikkje anna enn gå, og for bannande og rasande nord over vegen.

Neste dag mot mørkninga sovna far inn. Fredsam hadde han levd, og stilt utan klage sovna han inn. Men kor tungt det var då eg litt seinare var ut på Kleiva og møtte han Alfred som hadde vore og mjølka. Då gret vi bae to tungt.

Så var det å lage til gravferd. Sevrine var der endå, ho var veldig flink å stø seg til i ei slik tung tid. Merkeleg nok kom Petter att frå Island akkurat til gravferda, og han som var så mykje eldre, så var han no god å støtte oss til. Det kom nokre fine kransar frå farbror Gerhard i Stavanger, ja, ein krans frå folket åt tante Anna, kona hans. Så la Ola Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) ned krans frå losje Idrott (*Info 1*), der far hadde vore trufast med i mange år. Hugsar den fine talen soknepresten heldt den dagen då han vart jordfest. Han nemnde især den fine måten far stelte i kyrkja på, alltid still og fredsam, utan bråk.

(Info 1: Losje «Idrott» var den lokale avhaldslosjen.)

Det vart no tunge tider, far var borte, han som tenkte ut alt om arbeid og økonomien. Det var fælt vanskelege år, lite og inkje og tena, og mykje arbeid som skulle gjerast. No kom skurden og potetopptakinga. Det vart no berre mor og eg som arbeidde med dette. Alfred var berre 11 år og gjekk på skule. Marta reiste den hausten sør i Vanylven der ho no høyrde til.

Info: Nye utfordringar på land og sjø

Til vi skulle truske den hausten fekk vi låne den nye truskemaskina til Johan Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*) og Adolf Støyle (*Info: Støyle 4*). Til den høyrde eit veldig stort hjul som stod utfor lødedøra. Maskina var såleis bra lett å draga. Petter hjelpte og til med å få kornet turka, og vi to karane var då til kverna og mol.

Petter og Adolf Støyle kjøpte ein dekksbåt inne i Syltefjorden, det var våren 1906. Dei tinga då ein 5 hk Møllerup motor med ein agent nord frå Steinshamn. Dei reiste då inn i Syltefjorden og henta båten. Kom fyrst siglande hit ut, så rigga dei seg ut med køyklede og anna dei trong og siglide nord til Steinshamn, der dei fekk båten på land og fekk motoren innsett i båten. Her var berre ein båt som hadde motor før, og det var Einar Sande i Holstøda. Han fekk den vesle storfæringen til far sin, som vart lagt dekk i og sidan motor i. Det var

visstnok i 1905 at Einar kosta denne motoren. Han brukte båten til snørefiske, og så brukte han mykje hyseline om hausten og torskeline i torskefiska.



(Info: Bildet viser Adolf Støyle (Støyle 4) som kjøpte motorbåt i 1906 saman med Petter Bringsvor, som var bror til Gerhard Bringsvor. Petter og Adolf hadde motorbåt saman i meir enn 25 år.

Gerhard Bringsvor var mannskap på denne båten når han var ung.

Adolf var fødd i 1879 og døde i 1933. Bildet er teke i 1912.)

Då Petter (*Info: Bringsvor 3*) og Adolf (*Info: Støyle 4*) kom att med denne motorbåten, var det eit veldig bisn (*Info 1*), og folk stod berre og undrast. Når dei var ute og gjekk med denne motorbåten, så var det alltid folk som ville vera med på dette vedunderet. Dei hadde båten liggande sør på Støylehamna det første året. Dei tok med ein gong til å drive sumarfiske ute på botnane, og dei fiska godt. Det hadde før vore skikk og bruk at dei brukte line berre på gamle kjende stadar, som på Gamlen, Hyehavet, Sildestøbotnen, Gnausen og Jonen. Elles hadde dei skallar (*Info 2*) her utanfor Svinøy, så som Hallebjørnen, Tønenes, Mekaldebotn, Grynne, og fleire slike plassar. Lenger nord hadde dei Koten, Roden og Viden. Men på desse plassane var oftast snøydd (*Info 3*) for fisk tidleg på året. Petter tok då til å bruke vilt sør i Vågsøy–sjøen utav Sildegapet og Kråkeneset. Her hadde sjeldan vore nokon som hadde brukt line. Difor fiska dei her godt med veldig stor brosme, og veke etter veke kom dei heim med full last.

(Info 1: Bisn betyr i denne samanheng ei veldig interesse, vakte oppsikt og undring.)

(Info 2: Skallar er ein forhøgning på havbotnen som ikkje stikk opp til overflata.)

(Info 3: Snøydd betyr tomt eller i denne samanheng oppfiska.)


Alle dagar hadde det vore slik at selde dei fisken, så skulle det vera på tal, og var det ei lita lange eller fleire, så skulle det dublerast. Ofte tre eller ei. Men var det ei veldig stor lange som var både famna lang og meir til, så vart det berre for ei. Slik var det og med brosma, og med torsken i torskefiska.

Før hadde det vore slik at folk salta og turka denne summerfisker, same som med vintertorsken. Men no når dei tok til å fiska med dekkbåt, eller motorbåt, vart det slutt med denne heimesaltinga. Handelsmennene tok no jamt til å kjøpe fisk, og leigde folk til å salte og stelle fisken, seinare og turke den. Dette året då Petter og Adolf tok til å fiske med denne båten, vart det og eit omskifte med fiskehandelen.

Ansgar Fiskaa, ein ung gut frå Vanylven, tok over desse gamle fiskebudene i Toftesund. Fyrst tok han til med butikkhandel, seinare byrja han å kjøpe all slags fisk, ja sild og kjøpte han. Ansgar var den fyrste som kjøpte fisk på vekt. Han hadde mange både karar og kvinnfolk i arbeid. Løna var ikkje stor, dei som flekte fisken fekk 35 øre timen, men dei som berre vaska fisken, eller la den på bordet, fekk 25 øre. Men det var rekna for god pris likevel, for folk var ikkje vande til å tena pengar på arbeid, så det kom vel med. Elles fekk vi ungane arbeid med å trede hovud, bunte ryggar, eller i solskinsdagar å turke fisk.



(Info: Ansgar Fiskaa er fødd i 1880. Han fekk skøyte på bnr.16 på Sandshamn og kalla eigedommen Rosenlund i 1905. Sande N16. Ansgar Fiskaa hadde frå før forretning i Toftesund (Voren 2). I krigsåra 1914-18 kjøpte han sild for vidareal til Tyskland og bygde nytt sjøpakk-hus attåt hus som var der. Det gamle naustet (storebåt-naustet) innreidde han til butikk og kontor. Ansgar Fiskaa flytte tilbake til Fiskå i Vanylven og budde der frå 1937. Ansgar Fiskaa døde i 1978.)



(Info: Bildet her er av Toftesund, truleg frå ca. år 1900. Heilt til høgre ser vi «Myklebustholmen», så kjem Tyskebryggja der Ansgar Fiskaa også heldt til før han kjøpte det som seinare vart kalla Rosenlund på Sandshamna. Heilt til venstre i bildet vises budene til H. S. Worren, som han overtok i 1911. Sandshamna vises i bakgrunnen med blant anna Sande N13 og Sande N16.)

Når desse karane på motorbåten fiska godt, så var det om og gjera for både unge og eldre å få vera med på sjøen, og sume var slett ikkje gode for at dei ikkje fekk vera med, og dei kalla han Petter for Brosmekongen.

Når dei hadde levert fisken og skulle sør på Støylehamna med båten, var det ofte både eldre og yngre som var med rundt, og dei stod berre og såg opp i fjøra kor fort landet for forbi.

Men ikkje alle var særst begeistra for denne motorbåten, verst var det for bestefar, han var sengeliggande, men trudde visst og fast at der sør på Vegen vart vel ruinerte, og mange ei skjennepreike fekk far for dette.

Det var helst i stilt ver at dei brukte motoren. Var det vind så skulle det sparast på oljen, og det skulle siglast, likeins under linefiskeri. Då brukte vi doris (*Info 1*) og drog lina på den medan ein av karane var om bord og siglde rundt dorien (*Info 1*). Ein mann til var om bord og egnde til ny stubb. To var då i dorien og drog lina. Når stubben var dregen, skulle ein borde båten og ha fisken om bord.

(Info 1: Doris / dorien er ein liten robåt.)

På ein slik sumartur fekk eg og vera med. Eg var berre 14 år, men fekk lyst å vera med på sjøen. Dei var berre 3 mann på den turen så det kom vel med i arbeidet. Eg sat mykje akter i styreluka, styrde og song. Av og til kokte eg kjelen, fekk sove ei stund kvar natt, egnde line, spretta fisk og hjelpte til med eit og anna. Det trefte til å vera det finaste ver som kan vera, stilt og solskin. Vi var og langt til havs på ein fiskeplass som dei gamle kalla Jonen. Her lasta dei båtane sine med storkveite og lange før i tida. Hugsar at landet lågna bort og Nøre Sandsøy vart heilt borte. Men Søre Sandsøy var ein stor holme. Hugsar ikkje at eg fekk nokon lut på denne turen.

Sidan eg vart konfirmert var eg med på mange slike fisketurar. Det var ikkje store lutar vi fekk, for fisken var billig. Og så var her brukt mykje her ute på botnane, så det var lite fisk å få. Elles laut eg vera heime og hjelpa mor med gardsarbeidet. Eg måtte gå ut over alle fjell å mjølka, for mor var byrja og eldast og ikkje vann å gå. Men brødrane mine dreiv sumarfiske. Hugsar ein sumar dei hadde kr. 800,- på lut og eg hadde ingen ting. Eg kurra (*Info 1*) for dette av og til, og sa at eg kunne reisa ein kvar stad. Petter svara då berre at ville vi legge garden øyde, så gjerne det for han. Mor tigga meg såleis å vera heime og hjelpa henne. Ho lika og best at eg var heime, for eg var mest lik han far, og vi drog godt saman mor og eg. Attåt dette låg min hug i å stelle med jord og dyr. I dette var eg og lik far min.

(Info 1: Ordet «kurra» er ukjent, men vi forstår no meininga ut frå samanhengen. Det er vel synonymt med «å klage». Også mogleg det er ein skrivefeil, og at der skal stå «murra».)

Då Petter var på båtar i Ålesund, tente han for den tid bra med pengar. Han og foreldra våre tok då til å snakke om å kjøpe heimen vår. Far hadde bygsla (*Info 1*) då han tok til her og funne seg bra til rette med å vera bygselmann. Når han berre hadde desse 20 kronene som skulle betalast i landskyld kvart år. For dei som bygsla sat ganske trygge, berre ein fekk ut denne landskylda, og så jordskatten.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard. Det vanlege var å betale ein forholdsvis stor sum til godseigaren når ein bygsla garden, og så betale ein årleg leige.)

Denne Barstadslekta i Ålesund åtte Støylane, Bringsvor, Haugen, Voren, Toftesund og Strømsnes. Dei fyrste som kjøpte gardane var bestefar (*Info: Bringsvor 4*) og Lars (*Info: Bringsvor 1*) på Bringsvor. Så kjøpte Støylekarane sine bruk, dernest kjøpte Rasmus Vorren og Petter Nilsen sine gardar i Voren. No fekk Petter handel i stand på Vegen. Prisen var kr. 1200,-, men far hadde kr. 200,- som han la i handelen. Dei andre bruka som eg nemnde, som var i Barstadslekta si eige, vart kjøpt etter kvart, den siste som kjøpte var Anders Bringsvor (*Info: Bringsvor 9*) som i 1919 kjøpte Storvika i Voren (*Info: Voren 4*) som hans far hadde bygsla.

Då far var død (*Info: 1908*) og Petter åtte garden, slo eg ofte frampå at eg ville bort og ikkje gå her å arbeide på ein gard som eg ingen rett hadde til. Petter trøysta meg med at han kom ikkje til å bruke eller overta garden. Han ville driva sjøen framleis, og kom vel helst til å flytte til Ålesund. Men han ville ikkje overlata garden slett endå. Men eit var sikkert, eg skulle få kjøpe garden. Stova vår var dårleg, bordkledninga var mykje darra (*Info 1*), golva var gamle og slitne, likeins var glasa svært dårlege.

(Info 1: Ordet «darra» var ukjent, men i boka til Per Sandanger er nemnt orda «darige» og

«darrar» som kan assosierast med den betydninga som samanhengen i teksta indikerer, nemleg at bordkledninga var mykje slitt.)

Vi var komme ut i fyrste verdskrigen, og vi hadde alt tent ein god del pengar. Silda for høgt til vers i pris. Dette var i 1915-16. Alfred og eg bestemte oss no for å stelle på stova. Vi tinga glas og dører og annan material. Då dette var kome på plass fekk vi ein mann frå Syvde, Lars Ness, til bygningsmann. Det rommet som før hadde vore brukt til gang med dør nedanfor, laga vi til ei lita stove. Kjøkkenet utvida vi oppover, såleis vart det eit godt og romsleg kjøkken. Det kammerset som før hadde vore på øvre sida, vart som før. Det vart såleis to stover, kammers og kjøken. I alle rom var det nye dører og glas. Vi kosta maling på alle roma, så no var stova vår gild og triveleg. Dette året fekk Alfred brysthinnebetennelse, og dei reiste då til Bergen til spesialist med han. På denne turen kjøpte vi litt møblar: 2 speglar, gyngestol, bord og andre stolar. Den gamle sengebenken som far hadde fått arbeidt, stoppa vi opp både på rygg og sete så den vart som ein vanleg sofa. Trekket var raud brokade som eg kjøpte i Bergen, og han såg bra ut. Såleis vart den gamle stova oppatt nya både ute og inne. Men det kosta ein god del pengar. Vi la ut vel kr. 1.000,- på kvar.

No tok det til å lukte av at Petter (*Info: Bringsvor 3*) ville gifte seg. Han hadde i 8 år vore halvt forlova med Olianna Våge (*Info: Våge 1*). Stund om anna var det noko mellom dei, men så var ho andre stader og andre kjærastar. Når då Petter av og til vart likesyten (*Info 1*), fann ho vegen sør enten til mor eller Synneve og Ola Bringsvor (*Info: Bringsvor 1*). Dei kom då å henta han Petter. Andre gongar kom ho ned Syss-skaret frå fjellet for å få fatt i han. Olianna hadde gått industriskule og for rundt og heldt vevkurs. Ho har alltid vore flink med hendene.

(*Info 1: Likesyten betyr likesæl, likegyldig eller uinteressert.*)

Tett oppunder nyår 1916 reiste Petter og Olianna til Volda og gifte seg. Dei reiste på kvar sin båt. Så hadde dei nokre ungdomar her i frå til vitne. Dette var Petter Vorren som gjekk på lærarskule, Anna Helland og to andre som dei kjende. Vi levde no ilag. Mor stelte krøttera og Olianna kokte for det meste. Dei fekk no største stova, medan mor låg i det eine kammerset. Vi brødrane låg framleis på loftet.

Vi snakka med Petter om dette, og han bestemte seg då til å bygge nytt hus. Han reiste til Nordmøre i 1917 og kjøpte material til ny stove. Men stova vart ikkje bygd før året etter. Eg var med heile tida og grov ut tufta. Det var svært hard leire som nesten var umogeleg å hakke. Vi bora til og med inn i leiren og brukte dynamitt.

Den sumaren då Petter bygde stova, var eg og heime og arbeidde på garden, for mor hadde liksom det halve endå. Men dette var siste året mor hadde bruket. Ho skulle no få kår. Ho skulle ha 1 liter mjølk for dag og for åt to sauer.

I 1919 vart eg forlova med Magda Sætrevik Olsen som hadde budd som barn i huset hjå Frans Olsen. Eg vart denne sumaren vald av Distriktslosjen som utsending til Storlosjemøte på Hamar. Eg fekk Magda til å vera med på denne turen. Vi var og i Oslo og kom att om Bergen. Folk var mykje forundra over dette, for dei hadde ikkje sett oss så mykje ilag. Men slik var det.



(Info: Her vises et ungdomsbilde av Gerhard Bringsvor og Magda Sætrevik Olsen.

Vidare eit bilde av berre Gerhard. Bilda er kanskje frå den tida dei vart forlova eller noko seinare.)

Om hausten 1919 kom Alfred att ein kveld og fortalde at Rasmus Sandvik (Info: Sande N27) ville selje jorda som hans svigerfar Peder Koppen (Info: Sande N5) hadde hatt. Vi tok no til å stussa på dette, om vi kunne sjå oss råd med pengar og kjøpa denne jordparten. Det var fleire og som ville kjøpa her, mellom dei Einar Sande som sat på bygsl ute i Holstøda. Han hadde eit godt hus der ute som han då ville flytta hit på hamna. Han tok til å byda opp for oss, så til slutt kom prisen opp i kr.14.000,- som var alt for dyrt. Men av di det var så om og gjera for oss og koma heimanfrå, gjekk vi med på å betale den summen som var forlangt.

Skal no slutte her og ta att dette seinare.

Losjearbeid

Då losje Idrott vart skipa i 1894, var ikkje far akkurat med i skipinga, men kort etter vart han oppteken. Her vart han ihuga med til sin død. Den yngste broren til far hadde andre interesser enn far og broren Karl. Denne interessa for gardsarbeid og krøtter, hadde ikkje broren Gerhard (Info: Bringsvor 4). Han var den yngste i syskenflokken og fekk omtrent gjere som han ville. Han og granneguten Lars (Info: Bringsvor 1. Fødd i 1868.) var jamgamle, og dei fann på dei umoglegaste morostunder, alltid var det farbror Gerhard som var førar. Denne granneguten, Lars, reiste som ung gut til Gjerdsvik for å tena broren sin, Isak, som vart gift med enka Ane Marta Gotten. Lars fekk lungebetennelse og døydde her.

Det året farbror Gerhard gjekk for presten, hadde han sjølv skrive og søkt om å koma inn i lære på Oftedals Stiftelser i Stavanger. Han søkte om å få koma i lære som typograf. Han fekk plass der, og sundagen etter konfirmasjonen reiste han til Stavanger. Bestefar likte dette dårleg, for han heldt det ikkje for noko, andre livsvegar enn å vera gardbrukar og fiskar. Bestemor var og lei for at den yngste sonen skulle reise så langt bort. Gerhard var gullguten hennar. Det var nære på at han skulle koste mor si livet, for det var ein svært vanskeleg fødsel, så han vart teken med tang som det og viste merker etter i hovudet hans. Såleis var ho veldig god mot denne guten. Gerhard var og ein veldig fin gut, stovaksen og staut.

Då Gerhard (Info: Bringsvor 4. Fødd i 1868.) kom til Stavanger, kom han med i ein veldig gild ungdomsflokk, mange av desse var med i losjer av I.O.G.T. Gerhard gjekk med i losje Ora et Labora. Her vart han snart ein av dei berande krefter i losjen. Her vart han og kjend med Anna Lea som vart kona hans. Gerhard og Anna fekk ikkje born, men tok til seg systerdotter til Anna. Ho heitte Lilly og vart gift med ein lærar, Arnold Haukeland frå Bergen. Han fekk seg post i Sarpsborg, og der har dei budd i alle år. Dei har 4 søner.

Farbror Gerhard og kona vart kjende folk i Norges Storlosje. Anna var i mange år barneforstandar for ein barnelosje i Stavanger. Når farbror reiste rundt på Storlosjemøter, var Anna med. Farbror var og med i ein songkvartett som heitte Klang. Dei for rundt i Noregs land og song, på Storlosje- og Distriktslosjemøter. Dei var og til Verdslosjemøte i Hamburg og song. Farbror Gerhard var og med i Storlosjens råd.

Han gjekk stadig framover som bladmann, og var i mange år, like til sin død, redaksjonssekretær for Stavanger og Vestlandsposten. Han var og ei tid bladstyrar av avhaldsbladet Rogaland.

Då eg var vald til utsending til Storlosjemøte i Arendal året 1918, reiste vi om Stavanger og var då av og vitja farbror og kona i den pene heimen deira. Dei eigde sjølve huset i Hjelmelandsgaten 5. Farbror og kona reiste og til dette møte, og der vart farbror utnemnd til Marsjall (*Info 1*) på det ekstra Verdslosjemøte. Likeins var han innsetjingsmarsjall (*Info 2*). Eg må ærleg seie eg var kry av denne staselege farbroren min som førde seg så fint og verdig.

(Info 1: Omgrepet «Marsjall» er frå tiden då IOGT var en orden, og var ein av ombodsmennene i organisasjonen.)

(Info 2: Innsetjingsmarsjall er ein som fører inn nye ombodsmenn når det har vore val og dei skalle innsettast i sine verv.)

Då det var Storlosjemøte i Stavanger i 1935, vart alle som var til stades frå Søre Sunnmøre bedne opp til farbror til kosekveld, og alle likte seg godt og kom heim til Sunnmøre med helsing til oss som var hans næraste slekt, og var med i Distriktslosjen.

Farbror og kona var fleire gongar heime på Sunnmøre i feriane, især i 1920 då den store ungdomsstemna var halde her. Då tala farbror frå kordøra i Sande kyrkje. Han døydde av hjerneslag i 1942. (*Info: Sjå bilde side 23.*)

I dei siste åra var sokneprest Ristesund prest i Stavanger. Han og farbror var like gamle. Dei gjekk for presten ilag og var ungdomsvenner. Desse åra medan dei levde, var desse huslydane saman støtt, og dei hadde det veldig gildt.

I 1948 då vi var i Haugesund på sildefiske, reiste Alfred og eg sør til Stavanger og vitja tante Anna. Ho var no vorte gamal, selt huset sitt og flytta på ein aldersheim der ho hadde det veldig godt, og var nøgd med tilværet. Fleire av hennar mange vener frå losjearbeidet, vitja henne ofte. Ho hadde ei kokeplate som ho koka kaffi og stekte vaflar på til venene sine. Tante døydde sist i 1950 åra.

Frå bror sin i Stavanger fekk far ofte brev, og i desse breva skreiv farbror om sitt arbeid i losjen, og om kor gildt dette arbeidet var. Far fekk og tilsendt bladet Rogaland der han og vi las om losjearbeidet der sør. Dette var vel grunnen til at far så tidleg kom med i losjen.

Far var flink til å synge og var ofte forsongar på losjemøtene. Han var og flink til opplesing, og når nokon hadde med seg stykke frå ymse blad som dei ville ha opplese, så kom dei alltid til far med det.

Far forsømde aldri losjemøtene. Han vart tidleg vald til barneforstandar, og eg fekk då fylje far til barnelosjemøtene, endå eg var så ung at eg ikkje var innvigd. Vi gjekk då rundt Vågen til skulestova nordanfor. Desse møta var kl. 2. kl. 4 kom dei og heldt voksenlosjemøte. Eg fekk såleis vera med og for å få fylje far heim att. Eg hugsar såleis desse eldste som hadde

vore med og skipa losjen. Då bror Petter var konfirmert, gjekk han med i losjen, likeins syster vår, Marta, kom med straks ho var konfirmert.

Far døydde som sagt summaren 1908 og Ola Bringsvor (*Info: Bringsvor1. Fødd i 1857 og døde i 1938.*) la ned ein vakker krans frå losjen. Petter var borte frå losjen nokre år då han støtt var borte. Ein sundagskveld det var møte på Breidablikk, kom mor og Petter og gjekk inn i losjen. Mor var då 57 år, og alle undra seg på at ho ville gå med i losjen i den alderen. Ho sa at far likte seg så godt der at ho ville og vera med. Petter vart med ein gong ein av dei berande i losjen. Han var, og har alltid vore, veldig flink til å skrive, og det hadde sikkert vore ei heil bok av det med underskrift Ø i bladbøkene til losjen. Han heldt og ei mengde talar og foredrag, skreiv mange prologar. Det kan såleis seiast for rett at han i minst 50 år er den som har gjort mest for losjen. Han reiste på alle Distriktsmøter og stemmer, oftast med sin eigen båt.



(Info: Bildet viser skulehuset «Breidablikk» på søre Sandsøy der ovanfor nemnde losjemøte vart halde. Dette er skulestova som Gerhard Bringsvor gjekk på skule i. Skulehuset vart innvigd 10. februar 1898 og vart nedlagt som skule i 1962, men brukast i dag til museum. Det første skulehuset på Søre Sandsøy låg i utmarka ovanfor Støyle 1.)

Eg var med i barnelosjen sidan eg var konfirmert, og mine beste kameratar og vener var dei som var eitt og to år yngre. Min beste ven var Peter Vorren (*Info: Voren 5*) som var over 2 år yngre. Ingeborg, syskenbarnet mitt, var berre eitt år yngre, og ho kom med i losjen same hausten, i 1908. Ingeborg og systera Nora (*Info: Bringsvor 4*) arbeidde støtt med meg at no måtte eg koma og vera med i losjen, for der hadde dei det så gildt støtt. Det var denne opptaksseremonien eg var så redd. Men den 9. januar 1909 tok eg mi beslutning og vart innvigd i losjen ilag med Johannes Støyle og Anna A. Skare. Eg tok med ein gong til å lika meg godt på losjemøta. Om hausten kom dei med dei som eg var mest saman med, især Peter og Rasmus Vorren og Hans Våge. Vart same våren vald til finansskrivar og sat ilag med gudfar min, Ola Bringsvor, som var skattmeister. Det var mange eldre folk med dei fyrste åra. Mange av desse hadde langt skjegg og såg gamle ut. Mellom dei Andreas Kinden, ein klok og interessant mann. Så var det Sandsbakkarane, Andreas og Elias, lærarinna Malene Redse og Petra Olsen, Lars Helland, Andriane Hammar og Karen Haugen. Ola Bringsvor slutta snart og gjekk over til avhaldslaget att. Frans og Berte Olsen (*Info: Sande N20*) kom heller seint med, men Frans var med til sin død i 1929, og var mange år losjefullmakt. Karl E. Vorren (*Info: Voren 1*) kom med då han kom til Sandsøya, og var vår gode foredragshaldar og festtalar i mange mange år. Frans Olsen var og mykje brukt til festtalar. Bendik Sande (*Info: Sande N23*), som var ein av skiparane av losjen og dei fem fyrste, var losjen sin skrivar, som han gjorde sjeldan godt ifrå seg. Når ein trong 17. mai talar, så var det å få han Bendik som var den beste sogeforteljaren som var å få. Soga om den franske revolusjonen og den norske friheitskamp med lausriving frå Danmark, kunne han Bendik på fingrane. Bendik tok og til med songkor alt i sin fyrste ungdom. Med dette songkoret reiste han rundt i grannebygdene og song til mykje hygge for folk.

Andre som var med av desse eldre var Sivert M. Vorren og Bern Vorren, Andrea og Hanna Støyle. Andrea stelte nokre år med barnelosjen, og Hanna var flink sekretær, og ho var den fyrste som tok til å føre møteboka på landsmål. Etter kvart som det vart så mange unge som tok over omboda i losjen, var det fleire som drog seg frå arbeidet og tykte at det no var i trygge hender. Dei som var lengst med og hjalp dei unge var Frans Olsen (*Info: Sande N20*) og Karl E. Vorren (*Info: Voren 1*).

Eg kom no etter kvart meir og meir med i det leiande arbeidet. Eg har hatt alle dei ombod som losjen har. I årevis var eg Øvste templar og i 14 år var eg losje Fullmakt. Hugsar fyrste gongen Ingeborg, Peter Vorren og eg var valde til programnemnd. Vi fann eit blad som heitte Folkets Ven, der vi fann mange svært gode emne til talar og ordskifte. Hugsar vi sette Andreas Kinden til å halde foredrag om livsverdiar. Men då sa han Andreas at det var alt for klokt emne for han. Men han tala om det greske sagne om Ariadnetråden.

Desse åra utover kom det mest av ungdomen med i losjen, og i 1912 kom det og 4 jenter frå Voksa og vart innvigde i losjen. Nokre møter seinare kom og ein flokk gutar, og åra utover var all ungdom på Voksa med i losje. Det var mange som var svært flinke å synga, av ungdomen især, så songen i losjen klang vakkert. Det var Johanne Vorren som var forsongar, og mest alle tonar kunne ho. Ein gong eg kom så seint at møte var byrja, og dei song velkomstsongen inne, var der i gangen ein av våre verste urostiftarar. Då han hørde den pene songen, sa han at det var som på Frelsesarmeen.

Då Peter Vorren (*Info: Voren 5*) i 1917 gjekk ut frå lærarskulen, tok han til med songkor som hørde losjen til, og vi hadde mykje glede av songkoret. Til å øve inn songane med, kjøpte Vorren og eg orgel ilag. Her var på den tid berre eit orgel på heile øya, det var Kamilla Koppen sitt. Når vi skulle ha fest, for vi og køyrde orgelet vårt rundt Vågen til Fiskarheimen. Voren øvde og opp Karen Skorpen, som hadde slik fin songrøyst, til å syngja på festar og møter. Dei tok tidleg til med handskrivne blad, som fekk namnet Vona vår. Den fyrste bladstyraren var Johanne Vorren. Seinare då bror min, Petter, slo seg meir til heime, var det han som var den som mest skreiv i bladet med underskrift Ø. Ei stund vart det så mykje skrivning at det skulle tilsetjast to bladstyrarar. Hugsar Anne J. Sande og eg for og bar bladboka til kvarandre. Det vart seinare delt til to blad og to bøker, og dei vart kalla Jentevona og Gutevona. Det vart etter kvart mykje bladstoff, ofte rettelege gode stykke og pene noveller som godt kunne vore sendt til større blad med større lesekrete. Elles var folk flinke til å underhalde, og dei fleste førde fram det som programnemnda hadde lagt på dei.

Losjen vart etter kvart ein av dei beste på Sunnmøre. Det vart no skikk og bruk å reise på Distriktslosjen sine møter rundt om på Sunnmøre. Det fyrste såvore møte var på Leikong i 1912, som eg var med på. Petter bror tok motorbåten og vi reiste rundt Gurskøya. Nokre andre tok båten åt Sandsbakk karane og reiste inn til Kjelsvik og gjekk over eidet. På dette møte tok Distriktslosjens grad, som eg tykte var veldig høgtideleg. Det var og høve til å ta Storlosjegraden, og då vi sat oppe i Haugen utanfor lokalet og hørde songen «Fader, vi takker dig», yngste eg å vera saman med dei som tok Storlosjens grad. Det var sokneprest Aarset som var øvste sjef på dette Storlosjemøte. Han var ein ivrig godtemplar, og på den tid var han varatemplar i Verdslosjen. Fru Aarset var og tilstande med sitt songkor som var veldig flinke til å syngja.

I 1913 var det årsmøte på Hareid. Vi var då i Ålesund og selde klippfisk. Torvald Både og eg fylgde då gamle Nordfjord om natta til Ulsteinvik der vi tidleg om morgonen gjekk over eidet. Petter og Hans Våge kom med båt til Ulsteinvik. Festen varde til langt på natt, og så var det å gå over eidet til Vik att, og vi kom heim om morgonen.

I 1914 var eg rekrutt og var inne på Setnesmoen. Fekk då brev om Distriktsmøtet som skulle vera i Fosnavåg. Men kor mykje lyst eg hadde til å vera tilstande, så laut vi vera der vi var.

Det vart det året skipa ein feltlosje på moen, og vi hadde møte på Soldatheimen. Der var fleire gode møter med berre mannfolk.

Alle åra utover har eg no fare rundt på Sunnmøre, frå Sæbø til Slagnes og Folkestad til Remøy, og vore med i eit utal av møter, mange gilde møter med song, talar og godt godtemplarhumør. Og så alle de gode menneska eg har møtt og vorte kjend med. Ja, eg har hatt venner så gode at eg kan ikkje beskrive det, og desse har gjort mitt liv ljosare og rikare.

På årsmøtet på Slagnes i 1917 vart eg vald som varamann til utsendinga ved Storlosjemøte i Namsos. Han som var vald kunne ikkje reisa, og dei ringde opp at eg skulle reisa. Med same visste eg ikkje kva fot eg skulle stå på. Var ikkje så godt kjend med dei andre som skulle reise, så eg var litt tvilrådig kor dette skulle bera av. Min beste ven gjennom barne- og ungdomsåra, Peter Vorren (*Info: Voren 5*), var nett komen att frå lærarskulen. Eg gjekk til han og baud han det halve av dei reisepengane eg fekk berre han ville vera med og vere min reisekamerat. Jau, han hadde god lyst til dette endå både mor og far hans tykte dette var bortkasta pengar. Vi reiste då visstnok noko tidlegare enn dei andre herifrå. Fyrst stansa vi i Trondheim. Vi var veldig interessert i å sjå dei mange historiske stadane vi hadde lese om i skuledagane. Vi var i Domkyrkja, i Bispegarden, i Ila og Ila kyrkje. Var til Lade der dei svære Ladejarlane hadde budd, og mykje anna. Det bar så med toget innover dei fagre Innheradsbygdene. Ein kjøpmann frå Trondheim, Knut Andersen, som skulle til same møtet, stod attmed oss og fortalde om dei kjende stadane innover langs fjorden. Steinsvik holmen, der bisp Olav Engelbrektsson sat fengsla, Stjørdale, Verdalen og dei fagre bygder, Inderøy og Ytterøy. På Steinkjær låg vi om natta. Neste dag bar det over Namdalseidet, fordi heimen til Ølve på Egge som vart drepen av Kalv Arneson, som tok enka til ekte. Denne bilturen over Namdalseidet var min fyrste biltur. Så var det med ein liten rutebåt frå Rødhammer til Namsos. På Kaia var Godtemplalarar møtt fram og helsa oss velkomne. Vart innlosjerte på eit privat hotell der mange losjefolk var innlosjerte. Her fekk vi og maten under heile møtet. Under eit av fyrste matmåla vi fekk, var det ein noko eldre mann som ville vite kvar vi var ifrå alle saman. Då han fekk vite kvar vi var ifrå, at vi var frå Sandsøy, vart han svært til å spørja etter mange ting, og vi stussa på at han måtte vera kjend her. Han spurde om vi hadde sett nokon i Sande som han kunne likna på. «Jau», sa eg, «tykkjer du likjest på Pål Setre i Gursken». «Jau, det stemmer det», sa han. Han heitte Andreas Setre og var lærar i Ramnes i Vestfold. Han spurde kor det hadde seg at eg kjende Pål Setre. Eg fortalde at eg hadde vore fleire fiskje ilag med både Pål og Johan Setre.

Denne Andreas Setre var eg saman med på fleire Storlosjemøter seinare. Han var ein flink talar og ein kjend mann i Storlosjen.

Dei andre frå Søre Sunnmøre var Rasmus Indresøvdde som hadde med seg yngste søstera Petra: Så var det Birger Hatlebrekke frå Gjerdsvik, ein Gjærset frå Volda og Rasmus Egset frå Volda. Eg tok her Storlosjens grad i ei veldig forsamling. Det var ei høgtidsstund eg aldri gløymer. Det var elles gilde dagar, ilag med ungdom vi hadde vorte kjende med rundt i byen og opp på fjellet Bjørumsklompen.

Men møtet vart slutt og dei herlege dagane vart forbi. Vi tok same vegen heimover, Stansa i Verdalen og gjekk opp til Stiklestad der kong Olav fall. Vi stansa og i Aasen der Aasmund Vinje sat då han dikta «Her ser eg fagre fjord og bygder».

Denne turen var min fyrste tur ut i verda, og eg minnast desse gilde dagane så lenge eg lever.

Året baketter, 1918, var det Storlosjemøte i Arendal. Til dette møtet vart Peter Vorren (*Info: Voren 5*) vald til utsending. Han gjorde det same som eg året før, at vi delte reisepengane og reiste båt. Vi reiste med «Nordfjord» til Bergen der vi stansa ein dag og såg oss om. Så med Stavangerbåten til Stavanger. Eg var då av og vitja farbroren min og kona. Tante Anna synte meg rundt i byen, var og inn på den ovfagre kyrkjegarden, som bogna av roser alle stader. Farbror og kona skulle til same møtet, men dei reiste med kystruta. Vi reiste med toget frå Stavanger til Flekkefjord. Det var gildt å få reise over Jæren der folk er så flinke til å dyrke jord. Vi song songar av Garborg ilag med andre ungdommar. Vi stansa i Egersund og på Moi. I Flekkefjord låg ein båt, Ryfylke, ferdig til å gå austover. Han stoppa i ymse byar, mellom dei Kristiansand der eg såg biskop Støylen (*Info: Støylen 3*) på kaia.

I Arendal vart etter kvart mykje folk samla. Møtet vart halde i ei stor frikyrkje. Vi budde i eit hotell som heitte Pettersons Hotell, og kvar kveld kom kona i huset og heldt ei veldig tale om kor umoglege tenestejentene hennar var. «De løper stadig», sa ho. Det lengste dei stansa hjå henne var 3-4 dagar.

Dette møtet i Arendal var eit veldig gildt og godt møte. Mange store menn var til stades. Det var talar av gamle amtmann Aarrestad, Markhus, Davidson, Johan Hvitsten og Arne Halgjem. Ein av dei fyrste stortemplars i Noreg, Torjus Hansen med frue, vart innførte som gjestar og sterkt hylla. Denne over 80 år gamle mannen likna veldig på Bjørnstjerne Bjørnson. Minnast og den staselege farbroren min kor fint han førde seg i salen då han fungerte som Verdslosjemarsjall under vigsla i Verdslosjen. Under møtet etter var han Storvaratemplar.

Tenkjer ofte på kor godt folk tek seg fram når dei kjem heimanfrå, og vi som gjeng att heime, ingen ting vert av, berre strev for mat og klede.

Då møtet var slutt, tok vi vegen austover med båten «Kristiania» til Larvik. Så med tog frå Larvik til Oslo. Her var vi to dagar, for over alle musene, var på friluftsteater på Bygdøy der Det Norske Teateret spela. Var på Sentralteateret siste kvelden. Så bar det då heimover att over fjella. Det var ein herleg tur som eg kjem til å minnast alltid.

I 1919 vart eg atter vald som utsending til Storlosjemøtet på Hamar. Eg hadde då i all stillheit hatt hug til ei jente som heitte Magda Sætrevik Olsen. Ho var fødd i Sætrevik men kom som 1,5 år gammalt barn til Frans Berte Olsen (*Info: Sande N20*), som ikkje hadde born sjølv, men tok Magda som si eiga. Eg spurde Magda om ho ville vera med meg på denne turen. Ho vegra seg med det same, men ga seg og lova å vera med. Vi reiste då til Ålesund der Magda fekk seg gullur med lang kjede, som var på mode den gongen. Vi køyrde då med bil til Dombås for Raumabana var ikkje ferdig den gongen. Der frå reiste vi med toget til Hamar. Vi tok då til å snakke om at vi skulle bu saman utan å vera offentleg forlova. Vi kjøpte då gullringar, og var forlova.

Her frå Søre Sunnmøre var forutan oss: G. Moldenes, Olaf Dyrhaug, Ivar Hovden med fleire. Frå Nøre Sunnmøre og Ålesund var mange som brukte sin ferie til Storlosjemøtet. Det var og teke bilete av oss alle frå Sunnmøre av Fanemålar Ekornes.

Dette møte var og ovleg gildt og vi har mange gilde minne frå denne turen. Vi reiste og denne gongen om Oslo der vi var i to dagar og såg oss om. No tok vi turen med Bergensbana til Bergen. Her stansa vi berre ein dag, og så var det snøggruta til Ålesund. Det vart no ei veldig gratulerring for dei visste for lite om oss, vi hadde vore for lite ilag tykte dei.

No vart det slutt på reisinga i lange tider, for no hausten 1919 kjøpte vi jord, og det vart meir vanskeleg å koma frå.

*Info: **Generelt om fiske, militærteneste, heimestoff og litt meir om losje***

Då far døydde i 1908, vart det bestemt at eg skulle til å drive fiske. Eg var liten av vekst, heller ikkje var eg sterk. Snakka om at eg hadde lyst å gå på ein skule. Min ven Peter Vorren (*Info: Voren 5*) fekk gå ungdomsskulen i Ulsteinvik. Men både mor og bror Petter rådde meg ifrå. Slik som økonomien var, så gjekk det ikkje ann å kaste bort ei fiskje på skulegonge. Det vart såleis bestemt at eg skulle vere 5. mann på den grønne motorbåten åt bror Petter og Adolf Støyle (*Info: Støyle 4*). Det var att 15 torskegarn etter far, og desse vart eg truga til å bøta. Og eg som ikkje hadde lært å bøta garn!

Mang ein gong sakna eg han far som gjekk så tidleg bort. Hugsar kor han far let ille på meg når han trumfa meg til å bøte sko, for eg kunne så lite med slikt arbeid. Likevel vart det eg som rota og lappa skorne både til mor og meg sjølv, og til Alfred og. Det vart så at eg lærde og bøte garna etter far. Vi kjøpte så tråd og dreiv og skulle binda garn, men trur det vart berre eit som vart bunde. Nei, det var no gildare å vera ute og renna seg. Vi leigde då ein gamal kall, til å binda garna, trur han tok 1 krone stykke, men så var det mykje dragmauskar (*Info 1*), for han sette for lite på tråden. Vi kjøpte no trådsnøre, det var taug som var ihoplagt av vanleg hampetråd. Dette brukte vi no til garnskot. Dette var mjukt og fint og det rulla ikkje slik på seg som det skot (*Info 2*) ein før laga heime av hamp. Før var det vanleg å barke garn og skot i bjørkebork. No vart det vanleg å bruke blåstein (*Info 3*) og barke garn og skot i. Før vi tok til å ha skot på garna, skulle både garn og skot strekkast. Det var mangt dei prøvde med dette. Dei tok dei tørre nybundne garna og batt dei rundt eller mellom nokre steinar i fjøra. Når så sjøen flødde skulle tråden krympa inn og knutane dragast i hop så det skulle verta mindre med dragemauskar. Dette vart det snart slutt med. Men alt tauet skulle ein feste i ein rogn, og så setja på av all makt. Når ein så drog tauet tilbake, drog ein snuren av tauet så det vart mjukt og fint. Eg kosta 10 nye garn det året, og det kom på kr. 10,- for kvart garn. Eg kosta og to nye taugstykke, for kvar mann laut ha eitt eller to taugstykke i kvar streng, dertil ein træl av kuler eller tre for kvart stykke tau. Kvar mann skulle og ha ei «Hauddubl» (*Info 4*) med ein oppståande kjepp som kallast Pikka (*Info 5*). Denne Pikka var ofte fint utskoren, enten som eit mannshovud eller ein katt, ofte eit springarhorn.

(Info 1: Dragmauskar / dragemauskje er ein dårleg mauskeknute i eit garn, slik at mauskane drege seg i hop.)

(Info 2: Skotet på eit garn er det tauet som går horisontalt over og under garnet, og som korken øvst og bly/stein under er festa til. Sjå bilde side 101.)

(Info 3: Blåstein er koparsulfat og var nytt på denne tide for impregnere/barke garn og skot.)



(Info 4: «Hauddubl» er den fjøla som vises på bilde til venstre her.)

(Info 5: «Pikka» er den figuren som stikker opp frå fjøla som vises på bilde til venstre her.)

Eit av dei fyrste arbeid når fiskja tok til, var å slå i hop strengar (*Info 1*). Fiskja tok til ved kyndelsmesse (2. februar). Den dagen var mest som ein høgtidsdag, for då heldt alltid Sandsøy mannsforeining for Misjonen basar, kvar sitt år på omgang nordanfor eller søranfor. Der var då auksjon på slike ting som karane sjølve hadde arbeidt. Det var «Haudeduble», kuletrælar (*Info 2*), vabeinar (*Info 3*), rivehovud, børetre (*Info 4*) eller hissar (*Info 5*) og mangt anna. Når då auksjonen var slutt, kom konene fram med korger fulle av god mat: Lefser med nøgda godt heimesmør, to staute brødkiver med mykje godt smør på, 2-3 svære tjukke vaflar der alle hola var fulle av smør, kanskje ei halv eller heil kringle eller kavring, og god kaffi eller nokre koppar søt mjølk attåt. Denne maten kosta 25 øre.

(Info 1: I enden av garnsetene var strengar. Eit tau som gjekk i djupta, vanlegvis 120 famnar. Dei feste træla (små flottørar) opp og nedover strengen, med tjue famnar mellom kvar.)

(Info 2: Kuletrælar er flottør laga av glaskuler, som låg etter kvarandre og haldt saman av trespiler og tau.)

(Info 3: Vabein er ein liten rull, i tidlegare tider eit høveleg bein, som dei feste «på ripa å drog fiskesnøre eller lina på».)



(Info 4: Børetre eller «åk» vart brukt til bere vatn med. Ein trekjepp over skuldrane og ein bømte i kvar ende av kjeppen, hengande i eit tau eller kjetting.)

(Info 5: Hissar er det same som børetre, altså ein innretning for å bere vatn.)

Etter maten var det som før auksjonen, ein kvann som heldt tale og andakt, og så skildest folket og gjekk heim medan det var dagslys. For basarane den tida tok til kl.11 føremiddag.

Hadde ikkje folk sett saman strengetaug dagen før basaren, så skulle det gjerast dagen etter. Petter og Adolf hadde nokre år før, visstnok i 1907, leigt seg salterom på den store fiskebuda åt Albert Hovde i Ålesund. Her fekk vi og eit rom vi fekk ligga om natta når vi ikkje gjekk heim. Her var fleire store fiskestover som her budde 7 båtlag på, dei fleste frå Gursken. Her var store kokeomnar og 2-3 jenter som kokte. Hovden hadde her ein bryggemann frå Ørsta, som oftast hadde ein ung gut å koke åt seg, og stelle huset. Her på holmen var mykje liv, især i heimelega. Her førde dei opp små spelstykke med han Ola Vågen som apekatt og moromann. Dei var veldig flinke til å synga, og ofte om kveldane var det song og songmøter. Her diskuterte dei alt mellom himmel og jord. Trur Gurskingane likte seg godt her på Holmen. Hugsar eit år det var 3 veker med heimelege (*Info 1*). Dei frå Gursken reiste heim kvar laurdag og kom att kvar måndag. Hugsar han Jære Rasmus sa at heime var kjerringane så fæle å mase, enten skulle dei legge utover kufjøsungen (*Info 2*), eller dei skulle slakte kalvar, difor tykte han det var best å koma seg ut att frå alt maset.

(Info 1: Heimelege betyr at sjøværet er så dårleg at ein måtte være heime.)


(Info 2: Begrepet kufjøsungen skriv seg frå denne tida då fjøsa ikkje hadde gjødselkjellar, og gjødsla vart hive ut i enden av fjøsen. Då var det nok behov for å fjerne kufjøsungen i blant.)

Dei som hadde opne båtar dei åra var Anton Hauge, Rasmus Myklebust og Hans Vågen. Desse hadde båtane liggande langs platingen på Holmen, med kjetting frå akterenden nord i stonga i fluda på andre sida. Dei som hadde motor var Johan Lillebø og Matias Nupen, seinare hadde og Kristian Oksavik båt med motor, og Sigvald Vågen fekk med seg mannskapet åt Hans Vågen.

Når strengane var i orden, var det ut gjennom Vågen å leita settestein. Den skulle vera særst fin, lang og jamn, så den skulle sitja godt i bandet, men den skulle ikkje vera kvass, for då sleit den på tråden i garnet. Men uff, den steinen var ikkje god når garna skulle greiast, hadde steinen fare gjennom mange muskar, så den einaste råda var å taka den av bandet. For eit framskritt det var nokre år etter då dei tok til å støypa slik stein som ikkje så lett smette gjennom.

Så tok vi til med fiskja. Men uff, så låk eg var av sjøverk dei fyrste gongane vi var på sjøen. Det fyrste vi tok til med, var å drive etter silda. Men når eg samanliknar den båten og vegna vi hadde og det som er i våre dagar, så må ein nesten le over at vi la ut på Storedjupet med ein slik båt og slik vegn. Garna vi hadde, var mest slike 150 mauskar som far hadde hatt. Petter hadde kjøpt 4 garn av ein mann i Ålesund. Det var barka med steinkoltjære og var fælt harde. Det var lite sild vi fekk i dei og. Vi tok og kokte dei i storegryta med nøgda soda i for å få dei mjuke, men dei vart aldri bra. Disse garna hadde vore brukte på sildefiskje ved Island.

Adolf Støyle (*Info: Støyle 4*) hadde nokre år før eigd i Varholmskøyta, og han hadde att nokre bra garn frå den tida. Noko kabel hadde fylgt båten då dei kjøpte den. Blåser fanst ikkje den tida, berre kaggar (*Info 1*) som ikkje var store heller. Kaggetauga var utslite garnskot. Lenka vi sette var 11 eller 12 garn. Når garna var sette var det å pusse lyktene. Vi hadde to flaggermuslykter (*Info 2*), men når det vart litt vind, så stod desse berre og blakra. Ei anna firkanta lykt hadde vi, av dei som vi brukte heime til fjøslykt, men vart det noko vind, så slokna ho.



(*Info 1: Kagge er ei flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske slik som blåser i dag.*)



(*Info 2: Flaggermuslykt er ei berbar lykt, som var mykje brukt før i tida om bord i båtar. Ho hadde ein rund, oval glaskuppel. Ein oljelampe med flat veik som tolde storm. Bildet er nok ikkje frå tidleg 1900 talet, men prinsippet er det same.*)

Når det no vart avdaga (*Info 1*), var det om å gjera og til å fiska sei. Vi stod då med kvar sitt snøre langs rekka og drog ein og annan seien. I fyrste tida drog vi sei saman, men etter kvart

vart det slik at kvar drog sei åt seg sjølv. Dette vart ofte ein grand ekstrafortenest som helst vart brukt til proviant. Men sildefangstane var ofte syrgjelege små, berre nokre få mål som på den tid var 160 liter. Vi leverte då 3 stampar i gongen som dei kalla eit sildemål. Vi drog alt med hand, for det fanst ikkje spel (*Info 2*) i båten. To mann drog då inn kabelen til neste stjert. Så hjelpstest ein då åt med garnet, ein drog korken og ein annan grunnen, og så kom då medgarnet (*Info 3*) av seg sjølv. Ein mann greidde oftast å stuve unna. Det var om og gjera å stuva alt godt i rommet, for då låg båten så traust under segla om det vart noko åt med veret. Var det bra med sild, laut ein hjelpast åt med å hala inn og stuva vekk garna. Heimover vart det då å sigle mest mogeleg, kanskje gjekk då motoren til hjelp attåt, men det var om og gjera å spara på oljen.

(Info 1: Avdaga betyr at dagen var slutt.)

(Info 2: Spel er i denne samanheng ein form for vinsj.)

(Info 3: Medgarnet er midt på garnet, altså mellom topp og botn av garnet.)

Ein kveld vi kom inn under Sandsøy, fekk vi ein roksalve (*Info 1*) unda fjellet. Best det var losna noko av riggen og mastra vart skeiv. Vi prøvde då å støtte den av med tauverk. Det bles slik at vi greidde ikkje å koma oss sør på hamna, men med noko av Fokka, siglde vi og rak nord gjennom fjorden mot Flåvær. Petter og Adolf tykst vera bra kjende her nord, og dei prøvde å koma ned det såkalla Djupsundet mellom Varholm og Husholmen. Men i myrkret tok vi feil og kom ned på ei vik sør for sjølv Flåvær. Vi let då ankeret gå, og vi hang opp etter kjettingen. Men det var berre på hekta at vi ikkje den gongen forliste. Då det ljosna, fekk vi i gong motoren og kom oss nord på hamna på Flåvær. Då vi fekk opp garna or rommet og tina silda (*Info 2*), viste det seg at siglespora nede i kjølen som mastra stod i hadde vorte rota, så neste enden av mastra hadde fare opp or og stod med enden ned på kjølen. Hadde den gått meir tilsides, kunne den ha gått gjennom botnen av båten. Men den gong ei! Vi fekk ein frisk kjepp der på Flåvær og fekk mastra på plass, og kom oss heim att.

(Info 1: Roksalve er kanskje sjølvbeskrivande for nokre, men uforståeleg for andre. Per Sandanger skiv i boka si om «rokgar» og det var «når de bles slik ate sjørøkje sto høgt til vers». Altså eit ordentleg uver.)

(Info 2: Tina silda betyr å ta silda ut or garna.)

Vi tok snart til å fiske torsk, for silda og seien var veldig billig. Frå Kyndesmess (2. februar) og utover var det å bruke line utanfor Svinøy. Jamt over var det å egna og setja ut 3000 onglar torskeline. Dei fleste båtane brukte omtrent det same. Alle desse båtane sette line etter bakken utanfor Svinøy. Når vi kom og skulle draga lina, to mann på dorryen (*Info 1*) og tre mann om bord, var ofte lina iallfall vasa med andre sine liner. Dei som då var snarast og grådigast, fekk både sin fisk og tok ofte fisken frå andre og. Sume var berømte for slikt torsketjuveri. Når ein såg gode utsikter som nærma seg Svinøy. Det var kval, havsule og måse. No visste ein at silda kom inn over botnen, og ei ny fiskeferd fylgde silda. No var det om og gjera å slutta med line og sildegarn, og ta torskegarn og få dei ut. Det vart fortalt at dei i Vågslendinga brukte kniv og skar heile troda (*Info 2*) med fiskegarna på, ned, for dei hadde ikkje tid å løysa ned garna.

(Info 1: Dorryen er ein liten robåt.)

(Info 2: Troda var helst ein lang staur som garna hang over.)

Det var no å få mest mogleg garn i sjøen når fyrst torsken og seien var komen med tyngde. Vi brukte fleire år å ha garn tidleg ute på Odden og vest for Svinøy. Vi fekk også noko fisk helst sei. Dei frå Gursken som heldt til på same buda, brydde seg lite om å vera ute, i ofte dårleg

ver, og slite på vegna. Det hende ofte at dei lånte kokefisk av oss. Hugsar især Anton Hauge når vi om kvelden kom heim, i ofte dårleg ver. Han sa då: «de er fiskarfolk, se du då!» Men når dei høyrde at torsken var komen ut mars, sette dei ut mykje garn. Dei tok til med garna ute på Keipbotnen, og så fylgde dei fisken inn over heilt inn i Leidadjupet. Anton Hauge sa at både far hans, Andreas Hauge, og bestefar hans Anders Hauge, brukte med (*Info 1*) fint Godøy og i Hurlabakken, og det var veldig kva torsk dei førde på land på den grønne möringsbåten. Vi og fiska godt når vi tok til saman med dei andre, men ofte hadde vi slite sund ei og to garnsetningar.

(Info 1: Med/fiskemed betyr identifisering av ein fiskeplass basert på fleire faste punkt eller tilstandar i land. Her at det var fint både i Godøy og i Hurlabakken.)

Om kvelden når vi kom heim med fisken, var det fyrst å føra den i land. Så til å sløya og flekka den og få den i salt. Dette heldt vi på med ofte heilt til midnatt. Så var det å koma oss opp på rommet vårt, eta ein grand og koma til sengs, og det tok ikkje lang tid før vi sov som steinar. Om morgonen var det å stå opp tidleg, i 4-5 tida, og koma seg av stad og ta til på same måten. Fekk vi ikkje frå oss all fisken om kvelden, så fekk vi gjerne folk frå land og hjelpe til med resten, så alt var i salt til vi kom att med ny fangst.

Det var i fleire år godt torskefiske og vi fiska godt, men billig var det alt, fisken, levra, rogn. Ein rekna det for heldig når rogn betalte saltet. Vi tente såpass at vi hjelpte til med alt som trengtest i heimen vår. Kjøpte ein dress om det trengtest, og nokre hundre kroner fekk vi setja i banken som skulle vera til seinare.

I 1914 reiste eg på rekruttskule på Setnesmoen. Det var utskreve 2 årsklasser denne sumaren. Vi hadde så vidt fått frå oss vårvinna og fått utvaska fisken. Dette var fyrste året vi hadde salta torsken i det nye og romslege naustet ute i Langeneset. Her hadde vi det romsleg, bygde eit lite tranbrenneri og dampa levra sjølve. Seien hengde vi på hjell oppe på Myra. Vi hadde 15000 stk. torsk denne fiskja. Petter fann då på at vi skulle laga hjellar oppe over Myrane og turka fisken på. Dette vart gjort, og det var lett vint såleis, for vi brukte ei trillebår og trilla fisken langs hjellen.

Mor hadde ikkje heilt vunne att helsa frå året før då systema hennar, Johanne Hatlebrekke (*Info: Hatlebrekke 5*), kom bort inn for Voranaset. Det var den 19. april 1913. Det var Daniel Kvamsbakk med 3 døtrer, Laura Kvamme og så morsyster Johanne. Dei skulle til Gjersvik med ei av jentene som skulle i teneste. Før Voranest vart det ei lita vindgræle, og dei fann på at dei skulle sigle. Då han Daniel skulle reisa mastra, kom det ris (*Info 1*) på mannen, og datt ned på sida. Den vesle nordfjordfæringen la seg over og tok inn sjø, og ingen hadde sans for å kaste seg over i andre sida, så best det var låg dei i havet alle saman. I same stund kom eit doktorskyss frå Larsnes. Det berga inn folka og tok til med oppliving, men berre Jenny, som seinare vart gift med Anskar Vestnes, var det liv i. Den andre systema, Anna, var sokke og ikkje fanst att. Dei 3 andre: Johanne Hatlebrekk, Laura Kvamme og Daniel vart gravlagt i ei fellesgrav.

(Info 1: Uttrykket «ris» var ukjent, men i boka til Per Sandanger står noko om uttrykket «Ris ihold» som tyder på at det tyder at ein følte seg uvel. I dag ville vi kanskje sei at han fekk eit «anfall».)

Då mor fekk denne boda, uvita ho og det såg ut som ho skulle døy ho og. I fleire år etterpå svima ho av rett som det var. Måtte difor i fleire år leiga ein tausunge å vera heime med henne når vi var på sjøen. Isak og Rassmine Våge var flinke å låne oss ei av jentene sine til å vera

hjá mor når vi var borte. Vi hadde to vintrar Ida Rusten. I to år budde systerdotter åt mor, Margit Riste, hjå oss. Ho hadde strikkemaskin som ho tente litt pengar på.

Eg reiste som sagt på moen. Då det var 2 årsklasser, vart det trongt om plassen, så berre det halve fekk bu i brakker. Vi andre vart innlosjert nede i Setnesgarden, der vi budde i stover og loft, ja på stall-loft. Eg var blant dei mest uheldige, for vi måtte bu i den store timbreløda åt Ingvald Setnes. Mange budde inne i sjølve djupstålet (*Info 1*), medan eg og 9 andre låg i ein underlåve som var vegg i vegg med kufjøsen. Det var sein vår og det låg djup snø begge dei første vikene, og vi fraus og hadde det vondt inne i denne løda. Det var nokre veldige rampar frå Gjerdsvik og Herøy inne i djupstålet, og Knut Setre frå Gursken, som hadde i fleire år vore i Amerika og var vald til brakkesjef, hadde eit svare strev med å halde orden inne i høystålet. Vi 10 stykkjene ute i underlåven hadde det betre. Av å vade i all denne snøen, og så dette utsette huset å bu i, vart eg veldig forkjøla og låg heile nettene og hosta. Eg gjekk då opp på sjukehuset og søkte doktor. Det var doktor Halkjelsvik frå Volda som var doktor den sesongen. Han spurte kvar eg budde. Eg sa det var i fjøset åt Ingvald Setnes. «Ja, dykk er så veike no for tida og toler ikkje fjøslukta, det var forskjell på kor herda vi var før i tida då vi gjekk i fjøsen til jentene» sa han. Eg fekk då full feltflaska mi med noko mikstur, og dermed vart det. Men eg vart plaga med dette for brystet både dette året og mange år der etter. Rekruttskulen den tida var 48 dagar, så eg kom heim att og hjelpste til med gardsarbeidet og med den torsken som endå ikkje var tørr.

(Info 1: Djupestålet er nok eit høystål, som er ein oppbevaringsplass for høy på ein låve.)

Det hadde vore Distriktslosjemøte i Fosnavåg medan eg var borte, der mykje ungdom var samla. I Oslo var det denne sumaren Verdslosjemøte med folk frå alle verdsdelar og språk.

Vi selde no fisken, som gav godt resultat. I slåttan var det mor og eg som stelte og arbeidde heime på garden. Brødrene mine dreiv no fiske etter brosme og lange ute på botnane, og dei tente godt for all fisk var no på oppover i pris.

I august vart vi atter innkalla til regimentsamling. Den brukte å vare 30 dagar. No var det brote ut storkrig, til å byrja med mellom Tyskland og Austerrike på den eine sida og Frankrike og England, og seinare Russland, på den andre sida. Dei skulda dette krigsutbrotet på at ein vanleg mann skaut arveprinsen av Austerrike i ein bil ned i Sarajevo i Serbia. Det var den store Noregs ven, Keisar Vilhelm, som var ein av sjefane for denne krigen. Krigen braut ut midt under Verdslosjemøtet i Oslo, og utsendingane reiste sporens straks kvar til sine heimland.

Inne på moen vart heile regimentet oppstilt borte på plassen og major Høstmark, ein stor og rørsle kar, på ein ikkje dårlegare brun hest, reid midt inn i regimentet og heldt ein veldig tale over den alvorlege situasjon verda var kome i. Han tok til slik: «Gutter! Dere har vel hørt om den forferdelege heksedans ute i Europa.» Vi vart kommandert til ein stor utmarsj opp til Lesja. Tok ut frå moen om morgonen, bar alt vårt, sengekler, bolster og handkoffert bort i Vognbuda. Pakka teltduken rundt stonga og avstand bar det opp gjennom dalen. Fekk kvil oppe på Flatmark, og neste kvil oppe ved Romsdalshorn. Her drakk vi kaffi av leirflaska, som sjølv sagt var kald. Brødet som vi hadde fått utlevert, var så rått at vi rulla det mellom hendene og trilla det ned over vegen. Det bar vidare opp over dalen, og med full pakning på ryggen og gevær, vart vi etter kvart meir og meir forderva i føtene og trøytt. Kom opp til Bjorli om kvelden. Her slo vi leir og fekk opp telta. Folk frå bygda hadde i dagevis gjort seg i stand for å tena på denne hendinga, når så mange soldatar gjesta bygda. Ned for Bjorli er den store Bøvermoen, ein sandmo med berre smålyng og mose. Her slo vi leir og skulle vera det meste

av vika. Folket i bygda hadde laga seg skur av bordmaterial og hadde fulle kister av vaffelkaker og sveler, og vi som hadde ete berre rått brød, hadde slik lyst på det dei hadde å selja, at alle storma på og ville kjøpa, og det vart så gale at dei som skulle selja, vart tvinga bort i ei krå, og mange fekk så vidt smella att loket på kista. På andre skur kleiv soldatane opp på taket, drog til sides fjøler i taket og handla ned gjennom taket. Men når taket tok til å svaie og ville dette ned over dei som selde, laut dei ha seg ned. Handelsmann Støvereide frå Aaheim brukte sitt forretningsvit, og kjøpte saman ei masse egg som han fekk kokt nede på militærkjøkenet på moen. Han kjøpte og ei masse kjeks som han selde i eit gjære. Men då ein bil kom med fleire kasser landsøl, vart dette beslaglagt av lensmannen på Lesja.

Vi var der oppe i 4 dagar og hadde mange slags øvelser. Men ikkje forstod eg noko av heile øvelsane. Vi marsjerte så nedover og slo leir på Flatmark. Om natta kl.1 vart det alarm og øvelsen gjekk ut på at det var kome fiendtlege krigsskip inn Romsdalsfjorden, difor skulle vi i hu og hast ned og verja Ekserplassen. Vi var veldig utslitne og trøytt då vi ut på morgonen kom opp på plassen for å finna att våre saker og koma oss til rette i teltet.

Ja, så gjekk vi mot vinteren 1914-1915. Krigen gjorde at alt vart dyrt og ikkje å få fatt i, mjølet som kallast landsmjøl, vart mest ikkje etande mat av. Smøret visste ingen kva det var av, stygt og uetande. Alt vart rasjonert og berre på merke, både sko og klede, og endå om vi var eit nøytralt land, så var krigen vond å koma igjennom.

Vinteren 1915 var her mykje sild og torsk, og høge prisar. Silda vart over 50 kroner målet. Tyskland kjøpte all den sild dei kunne få fatt i: Og engelskmennene kjøpte minst like mykje, ikkje for at dei ville bruke den, men dei kjøpte og lagra silda for at tyskarane ikkje skulle få den.

Torsken som vi fiska, turka vi no kvart år inne på Voraneset. Det var lang veg dit, men der var så fine berg og lett å arbeide.

I 1915 var eg på moen att. Dette året vart det og ein veldig utmarsj. Vi gjekk frå moen og rundt Isfjorden, fekk frukost i den bratte bergsida innanfor Torvik i steikande sol og ikkje ein vassdrope å finna. Det bar så vidare utover til Rødvenfjorden og kom til Aafarnes der vi slo leir langt ut på ettermiddagen. Dei hadde kokt massevis av middagsmat som dei pakka i høykasse og sende det etter oss med båt. Alle var veldig svoltne og tok til seg av dei utdelte rasjonane. Men maten hadde teke skade og var litt sur, og leid (*Info 1*) på natta var heile leiren i opprør, for vi hadde vorte sjuke av maten. Vi var 2000 mann og ingen greidde å smaka mat då vi forlèt Aafarnes. Vi marsjerte innover den lange Langfjorden. Mange svima heilt av før vi kom til Visdal. Her og kom mange og selde vaflar, sveler og egg, og sume selde mjølk og. Etter å ha fått eit glas mjølk og nokre vaflar, gjekk det fort å koma seg til hektene att. Om morgonen barst det på eitt geledd fram gjennom ein endelaus dal, og over ein evig snøbrede, og etter fleire timar barst det undan bakke og ned i aller fremste dalen i Isfjorden. Så nedover til Hen og tilbake til moen, trøytt og utslitne.

(*Info 1: Ordet leid i denne samanhengen betyr nok seint på natta eller ut på natta.*)

Stova (*Info 1*) heime var åt og vart slita, især var bordkledninga dårleg. No tok Alfred og eg og kosta stova i stand. Vi kjøpte nye glas, nye dører og ny bordkledning rundt heile huset. Vi utvida kjøkenet oppover og laga ei lita stove der det før var gang og gangdør. Alfred og Petter dreiv sjøen og eg var heime og ordna med bygginga. Vi hadde Lars Sandnes til å utføre bygningsarbeidet. Seinare leigde vi Karl Vorren til å måle huset både inne og ute. Det kosta oss til saman kr. 2.000,-. Då Alfred fekk ein nokså hard brysthinnebetennelse, var eg med han

til Bergen til ein spesialist. Vi kjøpte vi heimatt nokre møblar: eit bord, ein amerikansk gyngestol, ei stoveklokke, nokre fine stolar, ei seng og ymse anna. Stelte til og stoppa den gamle sengebekken som mor hadde til som ein sofa, så huset vart svært hyggeleg, og her hadde vi det retteleg koseleg. Her hadde vi ofte songøvingar rundt orgelet som Peter Vorren og eg kjøpte ilag til dette bruk. Vi hadde der og songarfest med god bevertning, berre for medlemar i koret der Vorren var dirigent.

(Info 1: Stove denne tida betydde ikkje det same som det gjer no. Stove vart brukt om heile huset. Stovehus var også brukt om eit hus.)

Nyårsafta 1916 vart bror Petter gift med Olianna Våge (*Info: Våge 1*). Dei flytte då inn i stova vår. Vi brødrane låg som før på loftet og mor budde i kammerset. Vi kokte ilag og åt ilag for det meste. Det vil seia mor og vi åt i kjøkenet, men dei nygifte åt inne i store stova, der dei og låg.

Dette året kosta vi ny og større båt. Den båten som vi hadde hatt i mange år, var ikkje meir enn 33 fot og var ein kjekk båt til torskefiske. I fleire år hadde vi og hatt ein god 11 hk. Alfa motor, så vi for i all slags brukande ver ilag med dei andre båtane, og vi fiska godt med torsk. Men til sildefiske var den altfor liten. Vi tinga no ny og større båt hjå Bjønnes Ola på Bjørkedalen.

Denne sumaren laut eg av stad att på eksis, (*Info 1*) eller som det no var kalla nøytralitetsvakt. Ein større båt henta oss på Veblungsnes, og vi vart stua ned i alle lugarar og ned i lasterommet der vi sov og åt mellom ryggsekkane i alle stillingar. Då vi kom opp i Trondheimsfjorden, sette dei oss i land inne i Stjørnfjorden på ein stad som heiter Fevåg. Her frå gjekk veg opp gjennom eit skar til festningane Brettingen og Hysnes, og Hasselvika. Eg var ilag med nokre karar frå Gursken, og vart innlosjert på ein gard Øvre Lien. Her hadde vi det rett godt. Ei eldre jente med kryla rygg, kokte og stelte godt for oss. Dei hadde ei tynne utanfor veggen som dei hadde reint vatn i, og vatnet måtte vi bera frå ei elv nede i dalen nedanfor, og dette var ei av pliktene vi hadde å gjera. Om dagane var vi på ymse øvelser, på skyting på ein stad som heitte Okseskaret, og på marsj gjennom bygda. Tanken med denne vakta, var at vi skulle vakta på at ingen båtar frå krigførande land skulle få kome inn fjorden til Trondheim. Det hadde hendt ei slik katastrofe tidlegare i krigen at ein tysk båt, «Berlin», hadde gått inn fjorden i nattens mulm og mørke, utan at nokon av dei norske vaktpostane hadde sett han, endå det var vaktpostar på begge sider av fjorden. Båten vart no internert i Norge og lossa inne i Hummelvika, der mannskapet vart verande på norsk bekostning til krigen var slutt i 1918. Då vart både båt og mannskap henta til Tyskland. Her i Hommelvik var heile tida ein stor vaktpost for å passe på båt og mannskap. Det var heile tida rekna som ei skandale dette at dei norske vaktene var så dårlege at denne store båten kom inn her utan at nokon såg det.

(Info 1: Eksis er det same som militærtjeneste.)

Dei siste vekene i Fevåg vart nokre menn av oss sende ned på ei sjøbud for å vera vakt ved kaia. Henrik Møller frå Gjersvik og eg fekk eit rom for oss sjølve, der vi skulle vere telefonvakt og ha kontakt med postane ute på fjella og åsane ute i marka, like eins samband med kompanikontoret der ein løytnant var sjef. Vi hadde det veldig godt her på dette rommet, vi to. Vi tok mikrofonen ned i senga kvar si natt, og dei som var ute på post, hadde moro av å terge oss med oppringing rett som det var, mykje for å få tida til å gå for dei og. Men ein kveld eller natt hadde løytnanten avlytta ei samtale som var mindre fint prat i, så han som

ringde fekk ei dugeleg skrape. Denne mannen var frå Gursken, og er no ein pen kristeleg mann.

Her i Fevåg budde kring 25 mann, dei fleste hadde helst mindre gardsbruk. Her var mange notbruk, så dei fleste karfolka låg med not her og der, og så er Stjørnfjorden ein kjend fjord for god feitsild. Ein søndag var vi nokre karar som lånte oss ein færing og rodde ut på Ørlandet. Det var Sigvald Både (*Info: Voksa 10*) Jakob Bjørlykke, Jakob Lillebø, Johan Saure og eg. Vi rodde til lands og Austrått og gjekk rundt på denne historiske staden der fru Inger til Austrått regjerte med dei fagre og mektige døtrene. Fru Inger er vel ei av dei mektigaste kvinnene vi har i saga vår. Ho samankalla det siste riksråd i Noreg før den 400 årrige natta la seg over landet med dansk og tysk velde. Dette riksrådet vart halde i Bud i Romsdal. Ho arbeidde mykje for at det skulle verta skikk på styret i landet. Men mangt gjekk henne imot. Døtrene gifte seg med danske adelsmenn, Jens Bjelke og Vilsem Lunge. Sjølv var ho på tur til Bergen. På heimturen forliste dei inne i Rovdefjorden og kom bort.

Vi fekk sjå over heile borga der det var katolsk kyrkje, fengsel og store fine salar. Det gjekk to fløyer frå borga, med hellelagd gardsplass. I desse fløyer budde tenarskap og forpaktarhuslydar. Garden var på fleire hundre mål, og eigar då var ei Heftye. Vi tok turen utover det flate Ørlandet, var inn på garden Opphaug der vi kjøpte oss mat, så var vi heilt ut til Brekstad som då var eit av landets største meieri. Vi var inn og ei meierske let oss få drikka så mykje mjølk vi ville. Vi var veldig trøytt då vi kom attende til færingen vi hadde lånt, og rodde attende til Fevåg. Men vi var eit minne rikare etter å ha vore på denne sogerike staden. Etter å ha vore i Fevåg i 9 veker, vart det vaktskifte og det bar heimover.

Det bar no til Straumshamn for å henta den nye båten. Men uff, det vart mykje arbeid og strev før den vart ferdig. Fekk inn ein 18 hk. Gidion motor frå den gamle Hatløslippen i Ulsteinvik. Låg i byen og rigga båten med mast, segl og Larsen spel (*Info 1*). Båten vart kalla Balder og var 42 fot, var veldig dryg framme men mjåg (*Info 2*) bak, så når sildegarnlenka var greidd att på hekken, så hang båten mykje på ræv (*Info 3*). Ikkje tolde den mykje at vi hadde sild og garn att i gangane. Vi kjøpte no 4 nye sildegarn på mannen, som vi skaut og kavla (*Info 4*) sjølve, dertil 10-12 nye torskegarn som skulle skytast. Så tykte vi at naustet var alt for lite. Vi tok då og leita opp fine steinar i fjøra der omkring og batt sterke taug rundt, så rodde vi båten dit og når sjøen flødde, letta båtane steinane og så rodde vi dei åt naustet og mura ein mur 4 meter bortover. Her bygde vi då ei 4 m lang sval langes heile naustet, av god og ny material. No vart naustet stort og vidt, med godt rom til fisk og sild. Den gamle båten selde vi no til August Vonheim frå Kvamsøy.

(Info 1: Larsen spel er ein type vinsj som var vanleg på båtar denne tida.)

(Info 2: Mjåg betyr i fylje ordboka til Per Sandanger smal eller tynn. I dette tilfellet passar det med at båten var noko smal bak.)

(Info 3: Slik eg tolkar ordet «rev», i ordboka til Per Sandanger, inn i denne samanheng så trur eg at båten vart skeiv når den fekk mykje last bak.)

(Info 4: Skaut og kavla et garn betyr å påføre tau over og under garnet som så kavla vart festa til. Kavla er sjølve flytemiddelet som var festa til det skotet som var opp på garnet.)

Det hadde etter kvart vorte til at å salte sild var god forretning, og dei som hadde buder og tilflot (*Info 1*), tok no til å salte den silda dei fiska. Ja, andre tok til å kjøpe sild så det vart snart sildesalteri i kvart nes. Vi leigde buda til Adolf Varholm og salta denne vinteren silda der. Der var dårleg tilflot og i grunnen mykje slit på dårleg utrullingsplass. Vi la den og om og pakka den sjølve, så det vart vel nokre kroner av dette og. Siste krigsåret salta vi til og med det meste av silda vår i naustet vårt, men dette var endå meir arbeidsamt, for den måtte førast i

småbåt til lands, og i småbåt laut vi føre tønnene i båten att når den skulle seljast. Så kav og strev var det nok av, men det var og bra fortene for dei som ville passe på det dei tente. Vi fiska så passe desse fyrste åra vi hadde båten at den var omtrent betalt. At det seinare i tronge år vart teke opp lån, som drogst i hop og ikkje vart betalt før nauda dreiv, var Petter og Adolf si skuld, som stelte med finansane, og iallfall fekk no eg lida tross for nokon av dette.

(Info 1: Tilflot betyr at der er tilstrekkeleg djupt til den aktuelle båten kan ligge der.)

Vinteren 1918 var det og bra både med sild og torsk. Vi turka også dette året torsken på Voraneset, og det gjekk fint å få den tørr og vart seld til bra pris. Eg hjelpte også dette året til med alt gardsarbeid, endå eg ikkje hadde noko med det å gjera. Var sør med Petter Sande og hjelpte han noko i slåtten. Så vart eg atter innkalla til nøytralitetsvakt. Denne gongen til ei bygd ute ved Agdenes som var kalla Vassbygda av di her låg to vatn midt i bygda. Der elvane frå vatna rann ut, var ei vik som heitte Mølnbukt. Det var eit par gamle kvernhus i elva nede ved sjøen, derav tenkjer eg namnet kom. Her var ein fin flat bygd, finaste garden, Fremstad, låg fint til midt i bygda. Mellom dei to store vatna var eit eid med veg og bru over, den vegen svinga opp til Fagertun der to eldre meiersker, Elise og Lovise, hadde kjøpt eit jordstykke og bygd hus på. Her fekk vi 6 karar hus og desse jentene kokte åt oss. Det var mitt syskenbarn Andreas Riste, Andreas Simones og eg. Så var det 2 frå Solevåg på Sula og ein Johan Bratthaug frå Langevåg.

Vegen gjekk vidare opp til gardane Vollen og Musdalen. Ein annan veg gjekk austover gjennom ein vid dal og ned til Selven, som er innanfor Agdenes. På nordsida av neste vatnet var mange gardar som alle heitte Vatten. Eg vart boden til å sitja på telefonkontoret, men tykte det var meir fritt å ha anna arbeid, fekk derfor jobb å køyra proviant og ved ut på postane, eller køyre til Selven etter brød og ved. Eg hadde 4 hestar skiftevis, store svarte trønderhestar. Nede på Framstad var kompanikontor, og her hadde eg stall og for åt hestane. Hadde mang ein prat, med kona på garden når eg var nede i fjøsen og fora hestane. Ho hadde sine sorger ho og, forstod eg. Einaste sonen var reist til Amerika og ikkje skreiv heim, og no kalla han den forlorne son. 2 av døtrene var telefondamer, ei der i bygda og ei på Brekstad. Den eldste som var heime, var ei klok og flink jente men var lite å sjå til. Ho mor Karen saktens baud meg garden, henne Anne og kyr og gris, men det vart ikkje tenkt noko på det.

Det var akkurat i desse dagar at den fæle spanskesykja herja i by og land, og det var om og gjera å få låne Sunnmørsposten med ein eller annan som hadde han, for å sjå kven som var døde i bygdene heime. Bladet var oftast fult av dødsannonsar, heile sida full. Og det var uhyggeleg kor mange, især ungdom på sitt beste, som let livet denne hausten. Den var veldig smittsam også, og vi visste ikkje av før alle 6 karane som budde på Fagertun fekk sjukdomen. Vi låg i over ei vike i høg feber så vi ansa ingen ting. Dei to eldre jentene fekk nok med å passe oss. Ikkje smakte vi mat heller, så då vi tok til å rangle oppe, var vi heilt nedfor komne.

Vi vart no flittige gjestar nede på meieriet og kjøpte oss søtmjølke og fløyte, så vi kom oss no til att etter kvart. Men det gjekk 14 dagar før vi tok att vårt gamle geskjeft. Sykja hadde herja mest i alle heimar i bygda, men eg hørde ikkje om dødsfall der i bygda.

Vi hadde det elles kjekt der i bygda, der var veldig kjekk ungdom, og vi vart så godt kjende med mange. Ei av jentene på Fremstad var ein dag oppe ved sommarfjøset og mjølka då nokre signalistar stod og øvde seg med nokre flagg, som tyder ein bokstav kvar gong dei slår. Dei slo då nokre ord til Kristine som ho ikkje likte. Ho steig då opp på ein stein og slo greitt: «Ukrut!»

Den fyrste vakta som var i bygda i 1914, var nokre dei kalla gamlekarar. Mellom desse var ein losjetalar frå Vestnes i Romsdal som heitte Øvstedal. Han hadde høyrte at der ikkje var losje i bygda. Han fekk då skipa ein losje som i fyrste tid gjekk godt, men då vi var der var den mindre bra i arbeid. Nokre av oss ungdomane her sør frå som var Godtemplarar, tok no til å vera med på møta, og var med å underhalde. Ja, eg skreiv i det handskrivne bladet deira og, så det skulle vore gildt no på mine gamle dagar å få sjå att denne fagre bygda der eg var så godt kjend. Sjølv om bygda var innkapsla med nokre høge fjell, så var der romt og fritt. Og kom vi ut mot sjøen, så hadde vi den breie Trondheimsfjorden fram for oss. Utan for det milelange Ørlandet ut mot Beiarn, der all ferdsel er nordover. Så legg den heller høge Storfosen med ei veldig bygd langs fjellfoten. Selven var og ei lun fin bygd, med nokre store flate gardsbruk. Især garden til ein Huseby som var til sals kunne eg aldri sjå meg mett på, all denne utmarksvidda som låg inn til denne garden, visstnok hundrevis av mål. Men den garden var dyr, torde ikkje leggja meg bort i gardskjøp på 30.000,- for eg hadde ikkje meir enn 10.000,- i pengar som eg hadde spart meg opp desse åra.

Nei, det er vel best å koma heim til Sunnmøre att, å leva i nøysemd der fedrane har budd. Då vi hadde vore i Vassbygda i 7 veker, fekk vi ordre om å reisa heim. Vi fekk høyra at vi var den siste vakta. Krigen tok no slutt med veldig tap for tyskarane. Landet var heilt øydelagt, og millionvis av ungdom var nedslakta til sjøs og til lands. Ikkje mykje betre var det for dei som hadde vunne krigen. Dei hadde fått nedslakta millionvis av folk. Byane var nedskotne og lagde i grus, og det meste av krigsskipa og anna tonnasje låg på havbotnen. Verst, forutan Tyskland, var det i England. Men også Russland og Frankrike var veldig øydelagde. Amerika, som kom sist med i krigen, leid store tap og mykje gild ungdom som vart sende til Vestfronten, vart neddrepane eller kom heimatt som invalidar. Det er berre så underleg å tenkje på at folk i vår tid vil setja i gang slike verdskatastrofar.

Då eg kom heim frå militærvakta, rasa Spanskesykja på det verste i bygdene heime. Den tok både gamle og unge, men det var oftast ungdomen som var verst angripne. Hjø grannane vår i Solbakken (*Info: Støyle 8*) og Dalen (*Info: Støyle 2*) var det reint gale. Dyrkoren, kona og dei borna som var heime, låg til sengs med høg feber. Der stelte eg då fjøsen, mjølka og separerte mjølka i over ei vike. Fyrte i omnane og bar heim torv. Då dei tok til å koma seg ein grand, tok eg med pølse som eg varma åt dei. Dette minte ho Oline meg så ofte på seinare. I Dalen låg Andreas, Sigurd og Anna på ein gong med høg feber. Anna hadde nær blødt seg ihel av naseblod. Alfred og eg laut av etter doktor Arntsen ei mørk natt. Han var så utkøyrd at han nekta å vera med. Men eg sa at han får ta ansvaret sjølv, så då vart han med og Anna kom seg. Ho Oluffa var så pass at ho stelte fjøsen, men dårleg var ho og. Torv fanst det ikkje nede, så det bar eg ovan frå Skaret ved Arhjellen. Men kor sjuke folk var, så kan eg ikkje hugse at nokon døyde direkte av Spanskesykja i vår bygd, men rundt i sokna elles var det fleire ungdomar som døydde.

Ut etter hausten tok det til å koma seg etter kvart med innførsel av matvarer, vi fekk betre smør, som i lang tid hadde vore heilt uetande. Men så vart det med ein gong vanskar i pengevesenet. Den norske stat køyrde med ein gong krona vår opp i pari (*Info 1*), og pengane våre vart med dette mest heilt verdilause. Såleis vart alt vi skulle kjøpe veldig dyrt, men det vi skulle selje vart billig. Såleis fekk dei fort føter å gå på dei pengane som var opptente i krigstida på sild og torsk.

(Info 1: Paripolitikken gjekk ut på å igjen opprette den bestemte kursen på egen valuta mot gull som fleire land hadde etablert før 1914, men fråvike under første verdskrig - den såkalla

pariteten eller pari kurs. Pari kurs vart deretter målet for pengepolitikken i mange land fram til de fleste avvikla paritetane i 1931.)

Dei fleste hadde bytt ut dei små motorbåtane sine med nye kostbare båtar. Sume var så tidleg ute at dei hadde fått betalt av noko, men dei fleste sat veldig tungt i det med å betale gjeldsrenter som var oppe i 7 prosent. Det vart mindre med sild denne fiskja, mykje sydvest skoting (*Info 1*) var det vike etter vike. Og så var det å vera på vakt for dei fæle minene som låg og rak alle stader. Mang ei mørk natt var det å stå på utkikk etter miner, så snart vi hadde fått garna om bord og byrja på heimvegen. Men merkeleg nok vart her ikkje nokon som gjekk på miner her hjå oss. Men minene tok no til å reka inn i fjøra. Den fyrste som kom til lands, var ei stor hornmine som rak i land i Kalvågane utanfor Skare. Det var ein laurdag, og sundag for folk og såg på dette vedunderet. Dei tok til og med og velta den meir opp på land. Eit under var det at den ikkje gjekk av medan alt folket var der. Om natta hadde båra og flød teke til å arbeide med den, og då eksploderte den. Husa i nærleiken rista og skalv, og alle tallerkar og kjørel vart knust på nærmaste gardane. Ei anna mine vart skota sør ved Voksa, og luftrykket var så sterkt at heile tallerkenhylla vår heime ramla ned.

(Info 1: Skøting er når det var kraftig vind utfor land som ikkje nådde inn. Dette førte til mykje landligge.)

Det var bra torskefiske også dette året, og vi turka den på Voraneset. Men prisen tok til å minke, men var no brukeleg dette året og.

Eg vart og dette året vald til utsending til Storlosjemøte på Hamar. Forutan meg var desse valde: Lensmann Moldenes, Olaf Dyrhaug, Ivar Hovden og Johan Alvestad. Eg hadde på denne tid vorte halvt forlova med Magda Sætrevik Olsen i Leina (*Info: Sande N20*). Ho vart med på denne turen til Hamar, slik eg har fortalt om tidlegare.

Info: Kjøp av part av Sandshamn og meir om fiske

Som eg visstnok før har nemnt, var det denne hausten bror (*Info: Alfred*) min og eg kjøpte ein part av Sandshamn av Rasmus Sandvik og kona Kamilla fødd Koppen (*Info: Sande N27*). Gamle Peder Koppen (*Info: Sande N5 / Sande N12*) levde endå, og av han fekk vi skøyte. Visstnok fekk Magda, Leina Vestre (*Info: Sande N20*) med sine fosterforeldre. Men dette tykte eg var altfor lite. Her i Leina fora dei 2-3 kyr, men oftast var det for lite for åt desse, når dei hadde 3 sauer attåt. Då Frans Olsen (*Info: Sande N20*) kjøpte Leina Vestre av Severin Støle (*Info: Sande N1*), tok Severin frå all utmark. Dei andre gardbrukarane i bygda fekk i utskiftinga kvar sine teigar av utmarka heilt frå Ystebøen til bytegarden mot Våge. Det var på kvart bruk 2 teigar. På Koppen sitt bruk fekk dei yste teigen i fyste omgang, men så fekk Koppen sitt bruk, den fyrste teigen på andre omgang. Såleis vart begge Koppen sine utmarksteigar liggande side om side med ei vidde av 80 mål. Mykje av denne utmarka var god dyrkingsjord. Dette såg eg tidleg, og såleis gjorde vi kva vi kunne for å få kjøpa dette bruket. Så var det og at Frans hadde ikkje rett til beite anna enn i felles utmark på fjellet og nord i Stranda. Prisen på dette bruket var ikkje så urimeleg til å byrja med, men så tok Einar Sande i Holstøda til å kappbyda. Han sat på bygsel der ute, men eigde husa. Han ville ta stova si, som var bygd i 1907, og flytta den ned på hamna. Dette vart så at prisen vart kr. 14.000,- til slutt, for ville vi ha det, så laut vi fylja med. Vi fekk såleis skøyte på eigedomen hausten 1919 frå Peder Koppen, og skjøtta lydde på oss begge brødrane. Men Sandvik tok frå eigedomen nokre verdfulle parsellar. Der stova står tok dei frå 2,5 mål som omfattar hagen og Smiehaugen (*Info*

1). Ei tomt i godt tilflot på Kjetteskjeret (*Info 2*). Halve Kjeholmen (*Info 3*), ei tomt på Budaneset (*Info 4*) med tredjedelen av gamlebuda. Så skjøtte dei til Peder Redse stykket Strandlyset som Malene Redse hadde bygsla. Dette fekk Peder Redse på gåvebrev frå Koppen, som var bror til Peder Redse si bestemor. Hausten 1919 slakta då Sandvik ned kyr og sauer. Hesten vart og seld, så fjøsen vart mot våren tom.

(Info 1: Smiehaugen ligg bakk Koppenhuset, altså mellom Sande N12 og Sande N27.)

(Info 2: Kjetteskjeret ligg der Kjetta ligg i dag.)

(Info 3: Kjeholmen ligg bortanfor budene til Ditlev Olsen.)

(Info 4: Budaneset er der budene til Ditlev Olsen står. Sjå bilde side 117.)

Vinteren 1919-20 var ein mild og snølaus vinter, med mykje sydvest kuling, og deretter vart det med fiske. Verst var orkannatta i januar. Den dagen reiste alle på sjøen. Vinden var spak, berre ein liten bris frå Flåværlida. Men sjøen var tung og det braut på kvart eit fall. Det var tungt og disig i lufta. Det var ingen som likte himmelbragda (*Info 1*) den dagen, men når det var så spak vind, så vart det til at alle sette sildegarnlenka. Sume av mannskapet ville at vi skulle draga mest med ein gong, men så ville no dei fleste at vi skulle la dei stå til det mørkna, så kanskje det vart noko sild, men sjøen voks og svære bårer som fjellryggar kom veltande vestanfrå. Då det var mørkt tok vi til å draga. Det var vel ein hl. på garnet. Vi skunda på alt vi kunne med draginga, men då vi hadde fått inn vel halve lenka, kom sydvesten som slept or ein sekk. Vi laut no bruka full fart å gå framunder, fekk såleis vegna om bord, og så var det og take til på heimvegen. Det var fullmåne så vi såg vi hadde god høgd innover. Men havet låg i eit einaste rok. Hadde oppe Fokka og Mesanen (*Info 2*), men laut ta ned Mesanen for han tok til å rivna ned. På denne måten gjekk det fint langt innover. Var i god høgd for Svinøy og hadde godt håp å gå opp om Flesa. Men då vi kom inn på Botnen, tok det til å driva for svinghjulet. Vi hadde om hausten kosta nytt rorhus, og spøner og rusk, som hadde kome ned i kjølen hadde tetta til Ræsa (*Info 3*) så vatnet ikkje kom att åt pumpa som var attanfor rorhuset. Vi pumpa som besett men fekk ikkje opp noko, såleis dreiv det nede så det vaska ut smurninga frå sveivelageret og det gjekk seg varmt. Vi siglde no med fokke og mesan nord Leidadjupet, men kva for ei side vi var av Langfallet er uvisst, for stormen la kvitt alt hav. Vi passerte Erkneskjera og tenkte på å koma opp til Flåvær. Vi fekk no i gang motoren att, så den halta og gjekk attåt segla. Men stormen var så rasande at vi greidde ikkje å koma opp til Flåvær, men heldt innmed Bergsøy og fekk koma oss ned til Eggesbønes. Nede ved kaiene var for uroleg, så vi kom oss oppunder den store Evangelbuda på sørsida. Men her og bles slik at vi laut ha ankerkjettingen i land attåt kabelen. Då vi kom dit, var klokka 2 om natta. Det hadde vore gale med alle båtane. Dei som hadde sterkast motor kom seg heim. Båtane frå Stad var kome til Sandshamn, men av Sandebåtane var sume komne til Flåvær, Eggesbø eller Fosnavåg. Ein som hadde hatt motorstopp, var kome til Ålesund. Lukka var at det var så lyst måneskin, elles hadde mykje folk fått ei våt grav den natta. Det var ikkje godt for folket heime heller. Dei gjekk nord på Honnhamaren, og for kvar båt som kom, så var det heimatt på hamna for å sjå kven det var. Men som sagt, det gjekk godt. Men det var det verste uver eg har vore ute i dei 40 åra eg har drive fiskje.

(Info 1: Kan himmelbragda være ein skrivefeil og at der eigentleg skulle stå himmelranda, noko som passar betre til samanhengem. Himmelranda er no der himmel og hav møtast. Sjå ordboka til Per Sandanger.)

(Info 2: Fokka er eit segl fremst i båten og mesanen er eit segl bakarst i båten.)

(Info 3: Ræsa er ei renne langs kjølen som samla opp vatn og førde det bak til pumpa.)

Det var og fleire stormar frå sydvest denne vinteren. Marimessedag, den 25. mars 1920, var det bra ver om morgonen. Vi hadde ei torskegarnsetning sør i Aarvikreina ved Stad. Då vi hadde fått inn denne setninga, reiste vi unna vinden nord til Svinøy og drog ei setning der. Men før vi hadde fått garna inn, var det full storm att. Vi var då komne nord mot Kaverevet (*Info 1*). Vi reva (*Info 2*) då storseglet attåt fokka, men fekk ein hard tørn før vi kom oppatt til Sandsøy. Den dagen hadde dei fleste mannfolka i Ervik på Stad reist ut på Fering for å drage torsk. Men stormen kom på dei og kasta båtane rundt, og det kom bort 15 familieforsørgjarar frå same bygda. Det var ingen motorbåtar i nærleiken som kunne berga dei, og redningsskøyta låg i hamn inne i Haugsholm. Sidan har denne dagen vore kalla Ervikdagen. Kvinnfolka frå Nøre Sandsøy hadde den dagen vore sørom og vaska kyrkja, men ingen torde reisa over Straumen, eller frå Kverna til Myrane, for Vågen låg i eit einaste rok, så dei gjekk rundt Vågen.

(Info 1: Kaverevet ligg nord for Kalven, aust for Svinøya, mot skorpa.)

(Info 2: Å reva storseglet betyr å ta det ned eller redusere seglføringa på seglet.)

Det vart lite sild denne vinteren, men det var endå brukelege prisar. Men vi hadde ein del torsk som vi det året turka på Voraneset.

Så kom våren 1920, og då vi hadde kjøpt eit gardsbruk laut vi driva med litt vårarbeid. Sofie Olsen hadde kava med den såkalla Bautaplassen (*Info: Sande N5*) som far hennar hadde bygsla. I utskiftinga kom denne plassen på Koppen sin 9. part av Sandshamn, og etter sine foreldres død, hadde Sofie plassen og slo den inn. Ho hadde og nokre små åkrar som ho bytte anna kvart år med havre og poteter. Ei tid hadde ho 2 kyr, men dei siste åra ei ku og ei kvige, og 4-5 sauer. Denne Bautaplassen høyrde inn under jorda som vi kjøpte. Sofie hadde selt både kyr og sauer hausten før. Ho hadde hatt høyet i svala ovan om stova. Korn og høy nede i naustet, der ho truska kornet og. Kyr og sauer hadde ho i kjellaren under stova. Ho hadde og høns i kjellaren. Det var dette ho levde av, og ho greidde seg bra om det ikkje var raust.

Gjødseldungen, som låg ned for stoveglaset, fekk vi då køyre ut til markgjødsel. I to av dei åkrane fekk vi setje poteter. Øvste stykke av Smiingsåkeren var ikkje attlagd, så der fekk vi setje poteter, men åkeren var så full av trøyskegras (*Info 1*) at vi fekk eit fælt arbeid med å riste dette ugraset av åkeren. Mykje av den faste gjødselen tok Sandvik og breidde tjukt med over marka si.

(Info 1: I boka til Per Sandanger står at trøyske er ei ugrasplante med kraftig rot som var til stor plage, «helst i gamle åkrar».)



(Info: Sande N5. Stova til Frans Gerhard Olsen (Bauta- Frans), flytt hit frå Syvde. Årstalet 1843 stod på ein bjelke.

Som det står over her så var det Sofie Olsen som var den siste brukaren her. Bildet er nok frå nyare tid, kanskje frå slutten av 1970 talet.)

Så var det kyr som mangla. Dei to eldste syskena våre hadde fått kvar si ku då dei sette bu. Mor hadde no att berre ei ku, og den fekk vi. Så bar vi inn i Haugsbygda til Severin Hauge og

kjøpte ei ku som skulle kalve til hausten. Ei tredje ku kjøpte vi borte i Reidet (*Info: Bringsvor 2*) hjå han Ditlev.

Det var mykje regn den sumaren så det var vanskeleg å få høyet turt. Ikkje var det i bruk å hesje høyet heller, så det gjekk ikkje så fort. Hæsveden (*Info 1*) som skulle fylje bruket, kom Sandvik og tok det meste av utan vidare. Så tok vi båten og reiste inn i Lidane og fekk hogge oss noko hjå Hans Øvrelid. På denne tid budde vi for det meste her i Leina, men var det lite å gjera, gjekk vi heimatt til mor. Her i Leina var elles mange menneskje. Det var Frans og Berte, og Anna, syster åt Frans, som hadde vorte her heile sitt liv. Så hadde Frans vore til Nordmøre vinteren før og henta ei gamal morsyster som hadde vore på Nordmøre i 40 år. Ho hadde tent inne i Straumsnes om vintrane, men i sommarhalvåra hadde ho arbeidd i Kristiansund på fiskeberga. Denne Elisabet levde her saman med oss i 13 år, og vart 97 år gamal. Frans hadde kr. 400,- for året frå Straumsnes kommune for å ha henne.

(*Info 1: Hæsved er staur, skore, nabbar osv. som vart nytta til å lage hæs av. Ei hæs er ein konstruksjon laga av hæsved og streng/ståltråd, som var brukt til tørke høy og korn i.*)

Så kom hausten og det var tanken at Magda og eg skulle gifte oss. Dagen vart bestemt til 29. oktober. No vart det mykje å ordne med. Frans tok til å sparkle og måle heile kjøkenet, som var nokså umålt og kaldt. Elles var det mykje å ordne med. Vi hadde ikkje prest desse åra, så det var Herøypresten Ristesund som stelte både Herøy og Sande. Ingebrikt Sande og eg laut då heilt til Stoksund for å ta ut lysing. Til nærare det vart denne dagen, til meir vart det å gjera. Sengene i huset laut ut, alle bord måtte lånast i hop, likeins kopp og kjerald. Vi hadde to utegangar-verar (*Info 1*), den eine skulle vere bryllaupskjøt. Det var eit stort og fint slakt, og veldig feitt. For å sikre oss at det vart nok kjøt, kjøpte vi eit lam med Koppen. Vi hadde bedt 150 menneskje og dei fleste av dei som var bedne kom. Sjølv om det var byrja og haustast, vart det desse dagane det finaste ver, sol og stilt. Vi hadde stova til Ditlef der folk fekk ligga, og her leika og dansa ungdomen. Elles fekk folk ligge både nord med Sofie (*Info: Sande N5*) og oppe hjå tanta mi, Berte Oline (*Info: Sande N1*).

(*Info 1: Ein utegangar er ein sau som går ute heile året.*)

Vi rodde over Straumen og gjekk til kyrkje, som skikken var. Presten, med kona Ragna, kom frå Kvamsøya der dei hadde vore på vitjing. Prestefolket var med hit og fekk middag. Presten heldt ei fin bordtale og frua song med tonefylgje av lærar Peter Vorren (*Info: Voren 5*). Andre bryllaupsdagen hadde vi rjomegraut til middag. Klokkaren Dyrkoren (*Info: Støyle 8*), Severin Støle (*Info: Sande N1*) og Petter (*Info: Bringsvor 3*), bror min, var den dagen på heradsstyremøte på Larsnes. Då dei kom att, kom dei i bryllaupet og fekk graut, og bryllaupet varde også denne dagen. Alfred (*Info: Sande N12*) skyssa prestefolket nord til Stoksund om ettermiddagen.

Jau, vi fekk mange pene ting i gåve. Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*) gav oss 100 kroner, Alfred Sætrevik 50 kroner. Mor til Magda gav oss eit ullteppe og ein sau. Njål og Jenny 2 sylvskeier. Otterlei og 2 sylvskeier. Nokoline Møller 4 dessertskeier. Mor mi gav oss 50 kroner, og elles fekk vi mange mindre ting. Teskeier og teskeikorg. Kaffisett med Hanna og Emma. Middagssett med Berta og Hilda, og mangt anna. Frans som var flink snekkar, hadde kjøpt material på auksjon etter Andreas Sandsbakk, som han arbeidd oss seng av.

Dette fyrste året budde vi i veslekammerset, men maten kokte og åt vi på kjøkkenet ilag. Men dette med maten ilag likte eg så måteleg, for kva brød eg kjøpte så visste eg ikkje kven sin mat eg åt av. Det vart Magda som stelte fjøsen åt meg og Alfred det fyrste året, og det gjorde

ho fint. Men det er underleg å koma frå vår heim der mor og vi stelte ilag og så koma ilag med heilt framande menneskje.

Frans (*Info: Sande N9, seinare Sande N20*) og Anne var av den gamle Olsenslekta. Bestefar (*Info: Frans Sivertson Olsen / Sande N1*) hans kom frå Herøy i 1812 og overtok handelsstaden her og den store garden Nøre Sande 2 bruk og Sandsmyr (*Info 1*). Her var og brennevinshandel, og det har vist seg at slike stadar har gått til grunne. Største ulukka for gamle Frans Olsen var nok at alle borna hans la seg heime og levde på faren si forretning. Jørgen vart gift med Ingeborg Martinsdtr. Halle. Nikolai med Serine Brudevoll frå Syvde. Frans Gerhard med Gurine Pålsdtr. Vik frå Syvde. Matilde med Johan Overå frå Hareid. Elsa med Elias Skjelderup. Fredrikka reiste til Bergen, ugift. Maren stelte hjå foreldra sine. Skjeldrup hadde eit år kjøpt mykje fisk, og hadde lånt pengar med gamle Olsen som garantist. Då dei nord i Breivika hadde fått fisken tørr og fått den om bord i ei skøyte og dei heiste opp seglet og skulle reise til Bergen med fisken, rok skuta på ei flud som heiter Lyren, og forliste både fisken og skuta. Dette vart eit så stort tap at Frans Olsen (*Info: Sande N1*) måtte gje opp buet som fallitt. Her vart stor auksjon og Olai Olsen (*Info: Sande N1*) frå Rotset i Volda kjøpte Sandshamn i ein Johan Rotvith sitt namn. Han jaga då ut av husa alle desse huslydane og flytta inn sjølv. Jørgen og Nikolai (*Info 2*) fekk seg hus i ei gamal stove inne i Gurskevik. Frans (Baute Frans) fekk bu på loftet åt Berte Røyset, og Johan og Matilde fekk bu på Hageselle i Gjerdsvik. Skjelderup for nord i Straumen eller Flusund, der han sidan dreiv som fargar. Det gjekk no elles ord om at Nikoline Olsen, kona til gamle Olsen, var nokså fin på det, og det vart sagt at Frans sa, at dei var noko dyre å halda desse prestedøtrene. Det er og fortalt at ho var aldri så glad som ein gong ho hadde full ei halvtønne med smør.

(Info 1: Det er litt uklart kva for delar av garden Sande Nordre Frans Sivertson Olsen dreiv sjølv og kva som var bygsla av andre. For eksempel så ser vi at Sande N2 var bygsla frå 1813 av Jon Jonson Helland som var oldefaren til Gerhard Bringsvor. Les meir om heilheita i Sandesoga.)

(Info 2: Sjå «slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.)

Olai Olsen (*Info: Sande N1*) fann på at han skulle by desse huslydane som han hadde jaga bort, til å få koma att og få kvar sin husmannsplass av Sandshamn. Desse tok med ein gong imot dette tilbodet. Det er no rart med heimstaden. Jørgen og Nikolai skulle bruka heile Leina ilag. Dei som hadde vore der før, Hans og Helene, skulle sør i Vorren til sonen Ola. Jørgen og Ingeborg fekk no bu i den gamle stova til Leina Hans. Nikolai og Serine (*Info: Sande N9*) bygde seg ny stove som står endå, påbygd av sonen Ditlef (*Info: Sande N13*), som budde der ei tid. Frans-Gerhard og Gurine fekk Bauteplassen (*Info: Sande N5*) og kjøpte ei stove i Syvde av Jakob Sandnes. Johan og Matilde fekk plassen Ystebøen (*Info: Sande N2*) som var det beste av desse småbruka. Dei måtte skrive under på at dei skulle arbeide så og så mange dagar gratis åt han som eigde garden. Så skulle dei bruka stor åttringen åt Olai Olsen like godt som dei andre fiskarane her omkring. Når Olsen skulle hit eller dit, skulle dei vera pliktige til å skyssa han, men dette for betaling. Dette gjekk bygsjarane (*Info 1*) gladeleg med på.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard. Det vanlege var å betale ein forholdsvis stor sum til godseigaren når ein bygsla garden, og så betale ein mindre årleg leige.)



(Info: Les teksta over og under dette bildet. Bilde er av nyare dato og viser bygningane i Leina Østre, slik dei såg ut ca. i 1970. Dette er tunet til den opphavslege «Leina». Etter konkursen i 1865 og noko etter dreiv Jørgen og Nikolai Olsen heile Leina saman. Etter utskiftinga i 1907 vart dette Leina Østre, som vart ein del av Sande N13 som seinare vart eigd av Ditlef Olsen. Sjå elles «slektstreet» til Olsen slekta frå 1775, side 170.)

Jørgen og Ingeborg fekk 3 born: Frans Matias, Nikoline og Anna. Jørgen hadde og ein son utanfor ekteskapet med ei jente frå Myklebust i Gursken. Han heitte Petter, og voks opp hjå nokre barnlause folk i Teigane i Vik. Denne Petter vart gift med gardsjenta Johanne Olsdotter Gurskevik og er stamfar til ei stor slekt, især i Gursken. Han var medhjelpar i Sande kyrkje, og var ein vel akta mann.

Frans Matias (*Info: Sande N20*) var i sin ungdom ein vill krabat, for mykje på dans i bryllaup og dansarstovene. I 1880 åra kom han med i ei vekking, og var sidan ein avhalden kristen. Han var ofte nytta som talar på møter og basarar. Han var ei stund losdreng hjå losane på Helland. Var og mykje interessert i ei av døtrene til Sivert Helland. Ho hette Oline. Men Frans hadde for liten gard, så ho gifte seg med Knut Skare. Han var og dreng åt Gustav Vik som hadde Sandshamn i 2 år. Så var Frans ilag med Peder Koppen (*Info: Sande N5 /12*) og Abraham Sande (*Info: Sande N10*) og kjøpte Sandshamn. Dei betalte kr. 24.000,- for heile bygda med alle husa som stod her att etter Olai Olsen. Dei brukte då garden saman, leigde dei fyrste åra Petrine Støyle til å stelle fjøset og krøttera. Dei var ugifte desse karane. Frans budde i Leina hjå foreldra, Abraham hjå sine foreldre i bygslebruket (*Info 1*) dei hadde på Nøre Sande. Dei reiv ned Storebrakka og brukte materialen til å innreidde Fiskestover (*Info 2*), på Gamlebuda og Vaskesteinbuda og naustloftet. Så bygde dei svaler attåt Gamlebuda og på begge sider av Vaskesteinbuda, som folk leigde og salta fisken i. Her var nokre år gode torskefiske, så dei hadde bra inntekter av sjøbudene og hadde såleis både til renter og avdrag. Men så vart det nokre dårlege fiskje og fleire båtar flytte til Herøy og fiska derifrå. Når dei då mangla pengar til renter, så la Koppen ut for dei andre.

(Info 1: Eit bygslebruk er ein gard som er bygsla/leigd.)

(Info 2: Fiskestover er opphaldsrom for tilreisande fiskarar. Båtane denne tida var opne og det var derfor behov for losji i land.)

Koppen budde i Låna og var alt då ein velhalden mann. Han hadde i fleire år vore krambudgut (*Info 1*) åt den gamle Svendsen- familia i Volda, Svendsen gjekk fallitt, men Koppen vart ein velhalden mann. Han hadde hatt aksje i ei gruve i Nord-Noreg. I 1890 hadde han fått jobben som postopnar i Sandshamn. Han var elles veldig sparsam, så alt gjorde at det voks der i garden. Han vart gift i slutten av 80 åra med Fredrikke Olsen (*Info: Sande N5*), dotter til Braute-Frans, og busette seg i Låna.

(Info1: Krambudgut betyr ein gut som arbeidar på ei krambud. Ei krambud er det same som landhandel eller butikk.)

På denne tid kom ei lærarinne frå Harøy i Romsdal, ho heitte Malene Redse (*Info: Sande N 28*) og budde også i Låna. Hå Koppen var ofte vitjing av systersønene hans frå Rovdestranda. Den eine av desse, Peder Elias Redse, vart forlova og gift med Malene. Det var no om og gjere for Koppen å få Frans (*Info: Sande N20*) til å selja sin part av Sandshamn til Per Eljas. Han måla såleis denne lønsemda med egedomen så svart at Frans til slutt gjekk med på å overlata ein part til Per Eljas og Malene, og sidan dreiv berre sine foreldres bygslebruk, halve Leina. Men gleda vart ikkje lang for Malene heller. Vinteren etter var Per Eljas og broren Knut Redse med ei skute frå Ålesund på Torskefiske. Dei var ute på Mebotnen og brødrene var ute i ein dorris og drog line. Det var snøtjukke og dorrien og Rødsebrødrane sågst aldri meir. Folk trudde dei hadde fiska bra og båten vart lasta, så hadde dei fått ein sjø og sokke. Malene fekk då ein son som heitte Peder etter faren. Malene kava med denne gardparten eit par år med leigd hjelp. Koppen gjekk då sør om og fekk Severin Støle (*Info: Støyle 2*), som var gift med mi farsyster Berte Oline Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*), til å ta over ein tredjepart av Sandshamn. Malene Redse fekk no bygsle eit stykke i Bauten, frå Fiskarheimen og sørover. Ho kjøpte ei stove av Laurits Koppen frå Syvde og sette opp her, og ho ernærte seg med fiskeflekking, sildesalting og noko skulearbeid. Ho fora også ei ku, men då det vart forlite høy, måtte ho slå her og der attåt.

Frans Olsen i Leina (*Info: Sande N9/N20*) kosta seg tidleg storebåt. Det var ein Møringsbåt, pen og godt i stand, for han var ein sjeldan flink mann med hendene. Han var og godt kjend på sjøen, ja så godt kjend at då dei for rundt og lodda og merka opp fluder og fall til dei fiskekarta vi har hatt ned til vår tid, så var det Frans som var med som kjentmann. Nils Sætrevik var ilag med Frans og kosta båt. Nils var forlova med Nikolina, som var utdanna til jordmor. Frans hadde med seg nokre dugande og driftige karar på båten, slike som Sevrin Sandvikstrand og Hans Haugen frå Larsnes. Desse åra hadde dei gode fiskje. Men Nokolina tok seg teneste hjå Johan Møller, som då handla her på Sandshamn, og var også postopnar. Møller var frå Trondheim og hadde vore nokre år på Foreingsbuda i Haugsbygda. Så kom han hit og handla på buet etter Olai Olsen. Denne Møller var visstnok ein veldig kvinnejeger. Det var mellom anna ei kone som dei skulda for å vera saman med han. Nikolina vart no nøydd til å gifte seg med Johan Møller, som då budde nokre år i Låna. Nils Sætrevik vart sint og lei og vart utløyst i båten. Nils reiste så til Volda der han i mange år dreiv som skomakar. Han hadde i fleire år syster si, Berte, til å styre åt seg. Ho var syerske. Fleire år seinare vart Nils gift med ei jente frå Bjørddal som hette Berte. Dei bygde seg hus i Volda.



(Info: Frå venstre og fremst på dette bilde ser vi Sande N28, som også vart kalla Malenastova, Fiskarheimen og huset til Koppen. I bakgrunnen ser vi stovehuset på Sande N1, seinare Sande N47. Det var Severin Støle og kona Berte Oline som bygde dette huset i 1907. Huset vart i 1957 ombygd og dottera deira Jenny flytte hitt i 1957 saman med mannen hennar Njål Olsen. Bildet kan daterast til ein stad mellom 1910 og 1918, ettersom Fiskarheimen vart bygd i 1910 og huset til Rasmus Nystøl og Petter Rusten som vart bygd i 1918 ikkje vises på bildet.)

Sidan Frans vart åleine med båten vart det smått og ingenting med fiskeriet. Det var alltid så vanskeleg for han å koma seg opp om morgonen. Det gjekk alltid det ordet at båtane frå Våge hadde fått innpå ei setning når Frans kom siglande. Det vart meir og meir vanskeleg å få folk på båten, og då han tok og la dekk i båten, vart det endå verre. Så kor fin og godt i orden båten var, så vart det lite med fiske. Han var ute den berømte Solon natta (*Info 1*) og dreiv etter sild med berre 3 mann, men kom velberga heim.

(Info 1: Solon-natta var 17. desember i 1901, og fekk namnet etter båten «Solon», frå Borgund som gjekk ned med 9 mann. Det var også fleire andre båtar frå området som miste folk den natta.)

Ein av dei siste åra han eigde i storbruket Sandshamn, hadde han Berte Madsdotter Myren til tenestejente. Med desse vart det snart forloving. Då ei av gamlekjærastane hans, Marta Ristesund, fekk høyre det, kom ho og ville få han i tale, for ho ville ha han sjølv. Men då var Frans urokkeleg, og Frans og Berte vart gifte i 1895, og tok bopel i den gamle stova. Systera Anna var framleis heime, for så snart ho skulle nokon stad, tok ho til å gråta. Det vart snart eit anna styr då Berte kom her. Ho var ikkje stor av vekst, men var likevel sterk og arbeidsglad. Flink å spinne og veve, flink på alt utearbeid, flink i matlaging. Ho var og flink å få dei andre med seg i arbeidet. Dei hermer etter han Koppen at «det var intet med han Frans før kvinden kom til huse». Frans og Anna var snille og fredelege, berre dei fekk god mat og mykje svevn.



Frans Matias J. Olsen.

(Info: Bilde viser Frans Matias J. Olsen som er fødd 15.10.1856 og døde 1.2.1929. Budde på Sande N20 frå 1907.

Frans kom frå Sande N9, var bror til Nikoline Sofie Kristina (Voksa 4) og Anne Karnoelia Jørgine.

Frans vart i 1895 gift med Berte Madsdotter, Myren 2.

Berte var fødd 13.2.1869 og døde 21.12.1956.

Frans og Berte var altså svigerforeldra til Gerhard Bringsvor, som vart gift med fosterdottera deira Magda.

Frans bygde ny løe. Han kjøpte stovehuset etter Johan Møller, på Flatøy, som var hans svoger, og sette det opp her på Sande N20 i 1901.)

Møller og Nikolina kjøpte eit handelssted på Flatøy i 1880 og flytta dit. Det var sjøbud og stort stovehus med stor treplattung sørover til ei mindre sjøbud. På denne tid var her ikkje handel på Sandsøy, så det meste av Sandsøyfolket, frå Åram sokn og frå Voksa, handla på Flatøy.

Møller var ein fæl turdrikkar og sat ofte full, og når det vart manko på drikken, var det å sende bod til Larsnes etter meir. Nikolina hadde framleis sitt arbeid som jordmor, og mange ein hard tørn hadde ho i alt slags ver på desse hardføre fjordane.

I 1900 døydde Møller 60 år gamal. Det viste seg då at buet var totalt fallitt. Det vart no fyrst halde auksjon på varebeholdninga, sidan på husa. Pengane på husa var lånte i Sæbø sparebank. Dei som hadde kausjonert (*Info 1*) for husa, var Frans (*Sande N9*), far hans, Jørgen (*Sande N9*), Ditlef Olsen (*Sande N13*), Petter Saure og Johan Rovde. Lånet var på kr. 1500,-. På auksjonen baud Frans dette beløpet. Men utsendingane frå banken baud over. Men før han reiste, bad han Frans kome inn på banken og talast ved. Frans tok då færingen, siglde inn i Ørsta, gjekk dei to mil til Sæbø og fekk tilslag på huset på Flatøy.

(Info 1: Kausjonert betyr at ein har gått god for gjelda til banken. Klarer ikkje låntakaren å betale så må dei som har kausjonert betale gjelda.)

Nicolina (*Info 1*) hadde i mellomtida kjøpt eit hus som stod sør i Storholmen, og det fekk ho setja opp sør på Gangstøda (*Info 2*) på Voksa, der ho sidan har butt. Ho har og hatt posten på Voksa.

(Info 1: For å følgje Nikolina eller Nikoline Sofie Kristina, som var henna fulle og korrekte namn, så sjå: Sande N9, Voksa 4 og Voksa 20 i Sandesoga.)

(Info 2: Over er skreve Gangstøda, men i Sandesoga heiter Voksa 20, Jaktstøda.)



Bnr. 20 Leina Vestre 1976.

(Info: Bildet viser huset i Leina Vestre / Sande N20 som Frans Matias J. Olsen tok ned på Flatøy og sette opp her i 1901. Bildet er frå 1976 og viser såleis endringar som har kome seinare, blant anna oppløfte som Gerhard Bringsvor fekk bygd i 1950 åra.)

Frans tok no til å grava tuft til huset. Sidan både Frans og Ditlef (*Sande N13*) vart gifte, tok dei og fekk sitt syskenbarn, Bendik Sande (*Sande N23*), til å laga eit kart over Leina, og delte bruket mellom seg. Ditlef bygde då ny løde og fjøs, medan Frans hadde dei gamle husa ned for bakken. Frans grov no tuft på det stykke som han brukte, men både Frans og Ditlef sat på kvar si mors bygsel etter at både Nikolai og Jørgen var døde. Frans leigde ein mann, og dei skaut ut steinen ned for Hamaren ved naustet. Så laga han seg ei kran og heisa steinen opp på Hamaren. Så var det å trilla steinen som ikkje var for tung, men største steinen kørde dei med hest. Det var umåteleg kva stein som gjekk med til den metertjukke muren, men dei trudde ikkje husa stod utan at muren var så tjukk, for sement var ikkje snakk om den gongen.

Frans fekk då selje den vesle sjøbuda til Kornelius Flatøy for kr. 300,-, og med noko tilbygg står den endå. Den store sjøbuda selde han til Olaf Halsteinson Strand, frå Vanylven, som hadde teke til å handle i Fløda på søre Sandshamn. Strand kjøpte eit brukt hus, visstnok av Kornelius Ristesund som hadde bygt dette huset med bakeri under. Han hadde butikk i den eine stova, og budde i den andre med eit tilbygg til kjøken. Sette no denne sjøbuda på nokre store kar bort i sjøen der det er flatt og utgryndt (*Info1*). Han bygsla av Barstad-slekta i Ålesund, med løyve av Jakob Strømsnes, som hadde bygsla Strømsnes. I fremste enden av den store sjøbuda innreidde Strand butikk og kontor, slik det hadde vore på Flatøy.


(Info1: Utgryndt/utgrynt betyr langgrunt.)

Olaf Strand var gift med Anna Persdotter Redse, som var syster til Per Eljas som var gift med lærarinna Malene fødd Røsok og budde på Sandshamn. I den fyrste tid handla Olaf Strand godt. Men så tok han til å verta leid til å drikka. Anna, som hadde eit dårleg sinnelag, skapte seg sint og halvgala, så det vart mykje slåsting, og forretninga gjekk stadig nedover.

Så kom Ansgar Fiskaa og tok til å handle inne på Fiskåbuda. Denne buda hadde sønene til Ansgar Fiskaa eigd i mange år, og dreiv her fisk- sildesalteri. Ansgar Fiskaa kjøpte all slags

fisk og sild, og butikkhandelen voks monaleg. Men med Olaf Strand gjekk det fort nedover. Han prøvde å skrive seg inn i losjen, men lysta etter drykk og drikkebrør voks på, så i 1910 var han dundrande fallitt, og dørene vart stengde. Dei som hadde gått god for han var Peder Koppen som var morbror til Anna Strand, og Koppen sitt syskenbarn Petter Nilsen Vorren (Plasse Petter). Desse kom då til Hans Sivertsen Vorren, som hadde gått handelsskule, og baud han dette handelsstedet som Strand hadde hatt. Strand med huslyd reiste då til Trondheim og fekk seg arbeid på kontor. Seinare kom dei til Vanylven att, der dei tok over hans farsgard. Olav arbeidde og i fleire år på lensmannskontoret på Fiskå. Olaf og Anna hadde 2 born: Erling. Fødd 1900, gift med ei jente som dreiv handel på Fiskå og var frå Matvik i Geiranger. Malla, gift og bur i Mosjøen.

Hans Vorren (*Info: Voren 5 / Voren 9, ft 1*) kjøpte då dette handelsstedet. Han vart gift 1914 med Anna Jakobsdotter Kyrkjesande (*Info: Kyrkesande 1*). Dei har 12 born, og driv der handel framleis.



Hans S. Worren

(*Info: Bildet viser Hans Sivertsen Vorren som er omtalt ovanfor her. I daglegtale H. S. Vorren. Han kom frå Voren 5.*

H. S. Vorren var fødd i 1890 og døde i 1971. Han overtok handelsstaden her etter Olav Johan Strand ca. i 1909 og dreiv handel. Han bygde eit sjøhus til og dreiv ei tid også med tilverking av sild og fisk. Frå 1938 til 1969 vart det drive med oppkjøp av hummar.)



(*Info: Bildet viser budene og huset til Hans S. Vorren fremst til venstre på bildet. Bilde er et flyfoto frå 1960 åra. Vi ser ved sida av budene, slippen og verkstaden til Torleiv Strømsnes, som vart starta opp på 1950 talet.*

Oppe til høgre på bilde ser vi husa til Voren 9, der Torleiv Strømsnes budde.)

Frans (*Sande N20*) leigde seg no folk til å rive stovehuset på Flatøy. Det var eit stort hus. Dei to stovene var av tjukk timbre, 5-6 tommar, og veldig tungt og handtere. Bjelkane over den breie stova var store og tunge. Verst var tylåsan (*Info 1*), under golvet var tunge råskåtor (*Info 2*), og det var såleis ingen lett jobb å rive og få oppatt dette huset. Til å få huset oppatt leigde han Severin Støle. Sjølv om huset berre kosta nokre hundre kroner så vart det over 1000,- kroner før ein kunne flytta inn. Men alt var gjort på billigaste måte. Dei fekk så pass ferdig, minste stova og kjøkenet, at dei fekk flytta inn til jul 1901. Men sidan vølte han og flikka på huset litt om senn. Ja, nøre veggen vart ikkje bordkledd (*Info 3*) før i 1921, og det var det fyrste eg kosta på huset. Frans laut ta opp eit lån på kr. 1.000,- til huset, som Rasmus Kalsnes og Olai Viken gjekk god for, men dette lånet var innbetalt før enn eg kom her.

Rasmus var bror til Berte Olsen, og Olai gift med syster til Berte.

(Info 1: Ein tylås er i fylje ordboka til Per Sandanger, stokken / stokkane som ber golvet. Ein vil kanskje i dag seie golvbjelkane.)

(Info 2: I ordboka til Per Sandanger er næmt ordet «skåte» som er ein trestokk, trestamme av ulik storleik. Vil tru at «råskåtor» då er ei ekstra store «skåte».)

(Info 3: Bordkledninga er panelet på utsida av husveggane.)

Frans (*Sande N20*) slutta tidleg med båten og fiskeriet. Det var fleire dårlege år på sjøen med dårleg fiske. Han la såleis båten fram i fjøra og tok den i stykke. Då det vart bygd fyr på Svinøy i 1905, fekk han jobben med å føre post og varer dit ut. Til dette hadde han ein smådekksbåt som Severin Støle (*Info: Sande N1*) eigde, og Severin var og med. Frans tinga seg båt på Bjørkedalen, og var tenkt å koste seg motor i den. Men så vart det vanskeleg med pengar att, så han let kontrakta gå over til Petter Nygård. Men han vart sjuk, og karane her i Sandsbakk overtok båten. Frans sa då opp skyssinga til Svinøy etter at han hadde vore heilt inn i døden av magebetennelse. Då han kom seg oppatt og til krefter att fekk han seg jobb på butikken åt Ansgar Fiskaa, men det var berre om vinteren i fiskja.

Berte (*Sande N20*) stod i på fiskearbeid og sildesalting heile året når det var noko å gjera. Måtte mang ein gong undre med på kor ho greidde å flette dei store langene som var ei famn lange. Men sjølv om Berte var lita, så var ho utroleg sterk. Og sikkert er det at det var hennar truge arbeid (*Info 1*) og strev som gjorde at det gjekk så bra økonomisk som det gjorde.

(Info 1: Truge arbeid betyr i denne samanheng: Lojale, plikttoppfyllande eller gode arbeide.)

I 1905 forlangte Severin Støle (*Info: Sande N1*) utskifting på heile Sandshamn, og Andreas Sandsbakk forlangte utskifting på utmarka. Det var no om og gjera for Ditlef (*Info: Sande N13*), som til denne tid hadde sote på si mors bygsl, å koma inn i utskiftinga så han kunne få sjøbudtufter og kaier nord på hamna. Ditlef tok fyrst til å handle i ei fiskestove på Aarseterbuda borte på Straumsholmen. Sidan hadde han butikk i fremste enden av naustet, der Johan Longva no bur. Dei andre som eigde her, let no Ditlef få 1/9 part. Då all jorda var utsteina og kvar skulle få sitt, fekk Ditlef både det som han hadde hatt av Leina, og noko til, så byte gjekk ei 25 meter utanfor stova til Frans. Frans skulle no få kjøpa desse 4 måla som stova og haugen med ruskemark låg på sør mot sjøen. Så kjøpte han det som var vestanfor av Severin Støle. Det var 10 mål og Frans skulle betale kr. 1.000,-. Han vart då lova av Ditlef at desse 4 måla skulle og vera kr. 100,- for målet. Men kvar gong Frans baud han pengane for dette stykke, fann han på utflukter og ville ikkje ta imot pengane. Frans trudde det var for å ha band på han så han skulle vera nøydd til å handle med han, ja, å vera pliktig å arbeida åt han. Frans sette så pengane inn i Volda Sparebank der dei står endå. No har eg i over 40 år gått og spurt om det ikkje kan la seg gjera å få ordna opp dette, men alltid har det vore unnvikande svar. Men nokre år før enn Ditlef vart dårleg, ropte han meg inn på kontoret, og til min store forbauselse sa han at no skal vi ordne opp med dette jordstykket. Eg sa som sant var at det var ingen ting eg ville så gjerne som det. Han sa då at Trygve skulle skrive skøyte, og prisen skulle vera kr. 500,-. Eg skunda meg nord med skylddelingspapiret, og han lova då at dette skulle verta gjort så vi fekk senda det til tinglysing. Eg tok no til å spørja etter dette papiret både tidleg og seint, men fekk til slutt det svar at faren var så mykje åreforkalka (*Info 1*) at dei ville ikkje at han skulle skrive under på noko skøyte. Når eg så ville ha att skylddelingspapiret, fann han på alle tenkjelege utflukter, så eg har ikkje fått det endå. Har no vore til Skrivarkontoret og fått eit nytt papir. Har spurt 4 sakførarar til råds om dette, og alle tilbyd seg med glede å ta denne saka. Men har kvidd meg i lengste laget, især medan Petra Olsen lever, som no i 1965 vart 97 år. (*Info: Dette gjeld Sande N22.*)

(Info 1: Åreforkalka er det same som dement eller senil.)


Våren 1920 tok vi til som gardbrukarar. Det var ein våtsam sumar, men vi fekk då høyet i hus, sjølv om det var lite hesjing (*Info 1*). Som eg før har skreve, fekk vi kvar si ku med mor, og ei kvige kjøpte vi. Vi hadde og kvar sin sau heimanfrå. Den første vinteren stelte Magda krøttera. Så trengde Alfred hus, og han spekulerte på å bygge nytt hus øvste på Smiingsåkeren attmed løda. Vi hadde som før er skreve, kosta kr. 1000,- kvar på gamlestova heime på Vegen. Det var nye glas, nye dører, ny bordkledning rundt heile huset og mykje ny paneling, så huset var godt i stand. Det ringaste var nok taket, som var torvtak med gammalt makkete trod. No tok mor til å mase om at Alfred skulle rive stova og flytte den hit nord. Eg gjorde no det mest dumme eg har gjort i mitt liv. Eg lova at dei skulle få stova på den måten at mor skulle få hus, mat og pleie den stunda ho hadde att.

(Info 1: Hesjing betyr å tørke høyet i ei hæs, som var laga av staur og streng.)

Delinga etter far og mor vart slik: Alfred fekk stova, Petter fekk løda som han greidde seg med i fleire år, og så fekk eg stabbura og det gamle vedhuset. Nokre år seinare då mor var død, tenkte eg på å flytta buda hitt til Leina. Petter kom då og baud meg kr. 60,- for buda, som eg og fekk. Men underleg nok vart buda riva av lada (*Info 1*) ei stormnatt kort etter. Den var elles nokså gamal for far kjøpte den då eg var gutunge av Isak Våge og sette den då oppatt der hjå oss, men det var og brukt mykje ny material då den vart oppatt bygd.

(Info 1: Lade betyr nok muren som buda stod på.)

Då muren var ferdig, reiv Alfred (*Info: Sande N12*) stova til mor og køyrde den hit nord. Den gamle timbra var så oppeta av makk at den vart ikkje brukt. Han kjøpte då nytt timber og grannane Petter Rusten og Severin Støle bygde huset oppatt. Alt som var nytt, kom til nytte, men alt som var gammalt vart forkasta. Til hausten var huset ferdig og Alfred og mor flytta inn. Dette var i 1921. Denne vinteren tok mor på seg å stelle fjøsen.



(Info: Bildet viser husa på Sande N12 som var ferdig i 1921.

Bildet er frå 1976, så det er nok skjedd mange endringar sidan huset var nytt i 1921.)

Det fyrste barnet vårt, Svanhild, vart fødd 5. august 1921. Magda, som har vore eit arbeidsjern, stod og slo med stutturv til ho vart sjuk. Men alt gjekk fint med fødselen, og sjølv om ho var veik, så kom ho seg fort etterpå. Det var gamle jordmor Nikolina Møller (*Info: Sande N9, Voksa 4 og Voksa 20*) som var her og tok imot barnet. Ho stansa her nokre dagar, for ho var no syster åt Frans og Anna. Syster til Magda, Hanna Sætrevik, var her eit par veker og hjelpte oss. Elles var no både Berte og Anna arbeidsføre då. Då det leid ut på hausten ville vi ha barnet til dåpen. Vi skunda oss å få opp potetene til denne barnedåpen. Vi heldt på å ta poteter nord på Smiingsåkeren då Sofie i Bauten (*Info: Sande N5*) kom springande og ropte at vi måtte koma bort att. Då vi kom bort hadde Frans gjort skade på eine auga. Han hadde laga nytt skaft på øksa hennar Sofie. Då det var gjort, ville han prøva skaftet på ein kjeppende og den spratt opp i auga. Alfred og eg gjekk av åkeren som vi var, fylte opp motoren og gjekk til doktoren på Larsnes. Men han kunne berre fortelja at auga var runne tom og heilt øydelagt. Han ringde då til Ålesund sjukehus om å få hastig hjelp. Vi tok då av stad, fekk Frans ned i ei køy, og så nord gjennom Storfjorden i nattas mulm og mørke med ein rasande sydvest storm att i vegen. Kom oss inn på indre hamn. Eg fekk då Frans på land og leidde han den lange vegen innover til sjukehuset, og dit kom vi kl. 3 om natta. Det var utruleg kor sterk han var, som greidde å gå den lange vegen. Vi vart verande i byen i to heile døgn, og vi laut låne oss både sko og klede om vi skulle ut i byen. Vi heldt oss mykje på rommet hjå Ingrid og Solveig Olsen, døtrene til Ditlef, som hadde hybel og arbeid i byen. Då veret ga seg og vi kom oss heim, tok vi opp resten av potetene. Frans vart verande i 3 veker på sjukehuset. Då han kom heim heldt vi barnedåp, og Frans var så pass at han var fadder, sjølv om han hadde stort bind om hovudet. Dei andre faderane var bror min, Alfred, og Petter Sætrevik som nett då var heime frå Amerika. Så var Berte og Hanna Sætrevik faderar.

Eit halvt år etter reiste Frans til Bergen og fekk seg glasauga. Men frå denne tid var det svært lite med han Frans. Det var åreforkalking og tapt hukommelse som tok meir og meir til, og med arbeid vart det omtrent ingenting. Han heldt seg mest i senga og sov mykje. Han døydde i fiskja 1929 av slag.

Desse åra, frå 1920 og utover, var kalde sumrar og masse regn. Verst var det med å få torvet turt. Den tid då vi ikkje hadde elektrisk ljøs og kraft, trengde vi ei masse torv, men til å få torvet turt ute i dei våte myrane, var omtrent umogeleg, og det var mykje torv som låg ute i myrane over vintrane både i 1922 og 1923. Vondt var det og å få høyet turka. Folk hadde lite hæsved (*Info1*), og ikkje var det bruk å hesje så mykje då som seinare.

(Info1: Hæsved er staur, skore, endenabbar osv. som vart nytta til å lage hæs av. Ei hæs er ein konstruksjon laga av hæsved og streng, som var brukt til tørke høyt og korn i.)

Alt fyrste våren gjerde eg inn noko av stykket ute i marka, og den finaste vollen ovanfor vårfjøsene fekk eg Severin Støle (*Info: Sande N1*) å pløye opp. Her vart ein tørr god åker der vi fekk ei masse poteter. Sidan dreiv eg på kvart år når det var ei ledig økt å bryta jord og ta veiter både ute i marka og heime. Så no i 1965 har eg rekna saman at eg har brote med skuff eller spade oppimot 24 mål jord. Men har ikkje pløgd meir enn det stykket som Severin Støle pløgde, som var vel eit kvart mål. Så dertil alle veiter som er tekne, som er på hundrevis av meter.

I 1923 vart vi lei av hopehavet med å drive garden i lag. Då Frans i 1915 låg mykje sjuk av magebetennelse og låg og skulle døy, vart det skrive testament at Magda skulle ha alt som var etter dei, og syster hans Anna, skulle ha opphald medan ho levde. Denne sumaren bygde dei og ny løde og fjøs. Det var no teke til å bruke sement i murane. Då dei hadde grave tufta, fekk

dei leiga Ole Djupdal frå Kvamsøy til å støypa murane. Dei fekk gratis kalksand inne i Breivika, så brukte dei denne krana som han hadde nede på hammaren til å hiva sanden opp på hammaren med, derifrå trilla kvinnfolka sanden etter kvart dei støypte. Berte var støtt med og blanda i støypinga, og Anna og Magda trilla sand. Dei støypte og fjøsgolvet, og dette var det fyrste betonggolv på Sandsøy. Dei hadde ikkje vanleg armering, men to jernbjelkar gjennom golvet. Frans, som sagt var ein hendig og flink mann, bygde det meste av løda sjølv. Han innreidde fint fjøsen med krubber og båsar av høvla material. Materialen var den gongen svært billig. Han kom i handel med Gullik Kalsnes, som då (i 1913) hadde bygd ungdomsskulen i Ulsteinvik. Gullik hadde løyvt ein god del uhøvla bord som han brukte til form-material. Av dette kjøpte Frans alt han trong til bordkledning for 2,5 øre pr. fot. Men bjelkar og anna til grind og sperrer var no sjølvsagt dyrare. Denne fjøsen og løda var i dei dagar det finaste som fanst på øya.

Frans hadde mykje interesse for jorddyrking. Denne delen utanfor husa var ei djup torvmyr, og gamle Frans Olsen hadde torvhus nord under Hammaren. Her spadde dei då torv år etter år, og etterpå lagde dei små åkrar med opne veiter imellom. På desse reinene mellom åkrane fekk dei då omtrent alt sitt langhøy. Frans tok tidleg til å grave desse veitene djupare, og Berte gjekk då og trilla stein heil utanfrå Leina-eidet til veitestein. Så braut han då åkrane i hop så det vart flate fine åkrar. Så til det året då løda vart bygd, var heile dalen oppturka og dyrka. Den fyrste attlega (*Info 1*) av dalen var attlagd det året løda var bygd. Og då dei slo denne fine enga, måtte dei stakke høyet for dei hadde ikkje fått tak på løda. Frans hadde gjennom åra brote bort ikkje så lite jord andre stader og, sjølv om han ikkje eigde jorda før i 1907.

(Info 1: Attlege er eit stykke jord som er nybrot eller har vore åker, men som no er sådd til.)

Då Magda eigde Leina vestre etter sine fosterforeldre, og eg eigde det halve ilag med bror min Alfred, var det naturleg at eg fekk bruke min part ilag med Magda, der eg og budde. Så fekk vi 3 mann oppnemnd av lensmannen til å byta garden (*Info 1*). Det var Adolf Støyle, Severin Støle og Per Våge. Vi ville ha vår part slik at det grensa mest mogeleg hit mot Leina. Det vart då delt slik at Alfred fekk 14 mål, og mykje av den beste marka, og eg fekk 18 mål med mykje berg og haugar. Løda her var framleis stor nok nokre år endå.

(Info1: Byta garden betyr å dela garden.)

Alfred vart gift denne vinteren (1924) med Johanne Samueldotter Eltvik. Mor flytte bort på Vegen (*Info: Bringsvor 3*) att, og fekk eit rom attmed kjøkenet.



(Info : Bildet viser Alfred Bringsvor (Bringsvor 3 / Sande N12) og Johanne Samueldotter Eltvik i forbindelse med at dei giftet seg i 1924.)

Våren 1924 den 16. mai vart dotter vår nr. 2 fødd. Ho fekk namnet Bergliot Frida etter Berte og Frans. Faderar var Olianna og Berte Sætrevik, bror Petter, Alfred Sætrevik og Peter Vorren.

Desse åra, frå 1920 og utover, vart det fiska noko sild, men den var så billig at det snautt lønte seg å fiske den. Vegna var framleis dyr, så når vi fekk borge (*Info 1*) sildegarn i byen, var det svært vanskeleg å betale dei. Men vi fiska noko torsk til og med vinteren 1926, men dette vart siste året her fanst torsk. I 1927 tok vi til på same måte, fiska noko sild som vart mest gratis, men torsk var det ikkje. Vi slurva ut noko av garna, fekk så høyra at nord på Bugrunnen var bra med torsk. Alle båtane herifrå drog no nordover. Her kom akkurat ein stor lastebåt som heitte Miranda, og skulle lasta 3000 tønner sild. Eg hadde då i fleire år vore med i ein stuargjeng, og eg bad meg då fri for å reisa nordover og vart med og stuva sild og tente meg kr. 30,- på denne stuvinga. Dette med sildestuving var då rekna for å vera det beste betalte arbeidet vi kunne få, og det var mange som misunnte oss dette arbeidet endå det var det tyngste og verste arbeid ein tok på seg, med arbeid døgnet rundt til all silda var om bord. Eg hadde eit døgn før vore med og stuva sild som var isa i kasser, om bord i ein liten båt som heitte Vigra. Eg var ilag med ein gjeng i akterluka, og måtte heise kassene ned i rommet med ein talje. Med dette sleit eg meg eit slit over magen som gjorde veldig vondt i mange veker.

(Info 1: Borge betyr å handle på kreditt.)

Betaling for vanleg arbeid på sjøbudene denne tida var 40-50 øre for timen, og då måtte vi ikkje seia dette til nokon, endå dei fleste fekk denne betalinga. Difor var slike ekstrajobbar særst velkomne, kor hardt arbeidet var.

Då Miranda hadde fått om bord silda som skulle gå herifrå, skulle den nord til Misund for å lasta der. Eg fekk no lov å fylja båten nordover. Petter hadde ringt at dei var komne til Bud, og eg kunne koma dit. Eg fekk både mat og køy, der eg fekk kvila meg nordover. I Misund låg mange båtar med sild. Då den fyrste båten frå Steinshamn hadde vorte lossa, fekk eg fylgja utover. Dei sette meg då om bord i Eira som skulle gå i rute nordover. Den låg til anker for landvinden ligg så nedpå i Steinshamn. Men der var så kaldt at det var reint hустre om bord for det var slått av både ljøs og kraft då alle var til køys. Eg hadde ei tjukk kufte med stor dobbel krage på. Denne surra og rundt hovudet, men eg fraus mykje, og dette slitet over magen plaga meg mykje, så det vart lite søvnn med meg. Kl. 5 tok båten til å gå nordover og stoppa på Finnøy, søre og nøre Bjørnsund, Ona, Rinderøy og 3-4 stoppestader rundt Gossa. Det vart såleis middag før eg var i Bud. Då Petter kom til Bud og gjekk gjennom ei sjøbud, var det ein mann som ropa: «Nei, er det du Petter som er komen hit». Han snudde seg og helsa på mannen som han ikkje kjende att. Då fortalde han at han heitte Peder Øiehaug og var vår tremenning. Petter hadde og vore opp i huset deira og helst på kona. Ho heitte Elise og var frå Male, nord på Hustad. Petter hadde fått Thomas Male om bord for å vera med oss på sjøen og setja garn den dagen eg kom dit. Tomas var bror til Elise Øiehaug. Vi reiste då ut og sette garna. Neste dag var vi ut og drog. Å nei fangstane var ikkje så svære, nokre hundre kilo. Her var veldig langt til havs mot kva vi var vande, for denne Buagrunnen går milevis til havs. Så var her så veldig strid straum som låg og snudde setningane til alle kantar, og dette skapte mykje vase. Garnskota våre var for veike til slikt hardt hav. Vi drog då nokre gongar og selde fisken til Peder Øiehaug. Så snart vi kom til lands, kom Peder og Elias etter oss at vi skulle koma til heimen deira. Dei dreiv bakeri og, så det var stadig ferske kveitebrød dei trakterte med. Dei var veldig gjestfrie og baud inn mange av oss Sunnmøringane på kaffi. Men så bytte veret, fyrst sydvest storm og orkan med storebåre. I Bud var den gong dårleg hamn, især i sydvestleg ver. Vi tok då til røming ut til Bjørnsund. Vi fekk fortøye nord under Hamaren i

nordre hamn. Masse båtar side om side med gode tampar i land frå hekk, og kjetting sør i fludene som var midt i hamna. Men etter kvart vart båra og tungsjøen så sterk at den slo høgt over berga og rann ned på rekka på båtane. Det vart etter kvart så uroleg at dei fleste kom seg laus og tok til rømingss inn på Harøysundet. Her er god hamn og inga båre går inn her, men hamna er så vid at det kan verte mykje uroleg her og. Den gongen var der inga kai å leggja inntil. Vi fekk fortøya ute ved den vesle øya Harøy, og hadde det bra. Storm og storbåre herja utanfor. Men ut på natta gjekk vinden frå nordvest til nordaust og stod nordanfrå Myrane. Det vart eit forferdeleg ver, med snøstorm så det var uråd å få opp augo. Både vi og dei andre heldt på å drive opp i Harøya.

Denne natta og morgonen er det hardaste og tristaste eg har vore med på. Kjettingen og ankeret hadde vasa seg ihopmed Enok Halsen og andre, og snøstormen så sterk at det var uråd å få opp augo. Då vi endeleg kom oss laus og fekk fortøye nord ved sjøbudene på Gula, spakna vinden og gjekk seg på sydvest att, så vi måtte flytte ut til Harøya att.

Det forliste 4 båtar der på hamna den natta, og her heime braut stormen ned den mest nye løda til Karl Røyset. Då vi endeleg kom oss ut for å sjå etter vegna, var det i mange bind (*Info 1*). Vi fann etter kvart det meste av lengda, men alt var så øydelagt at det var uråd å bruka lenger, så vi måtte slutte av. Torsken hadde og reist i det harde veret. Vi tok no avskjed med huslyden Øyehaug som så gjestfritt hadde teke seg av oss, og tok på heimvegen. Kom til Ålesund, var eg opp på Felleskjøpet og fekk meg ei marketadhorv (*Info 2*) som kosta kr. 22,-, og det var alt eg hadde for denne turen nordover med torskegarn.

(Info 1: Uttrykket at vegna var «i mange bind» var ukjent, men det betyr nok at vegna var i mange deler som fylje av uveret.)

(Info 2: Marketadhorv er ei type horv som vart brukt til å horve naturgjødssel / kumøkk utover jordene, slik at gjødsla vart meir finfordelt. Denne type horv er ikkje lenger i bruk lenger.)

Så kom våren 1927, og vårarbeidet. Innimellom vårarbeidet stod eg jamt nord på buda og flekte sumarfisk. I fleire år arbeidde eg nede i Bruntranbrenneriet ilag med Petter Holen (*Info: Sandsbakk 6*) og brende bruntran. Vi stod opp kvar sin morgon for å fyre opp, og så kom den andre av oss før kl. 8. Desse lengste dagane arbeidde vi 12-13 timar, og betalinga var kr. 5,- for dag. Ein gong eg hadde oppgjer med Njål, spurte eg om det var råd å få meir løn, for det var lita timebetaling. Men skulle dei betala meir laut dei slutte med heile brenninga for det lønte seg så dårleg. Men økonomien var så dårleg at eg var nøydd til å henga i såleis støtt.

Då vi kjøpte garden, hadde eg så pass med pengar at eg kunne betale alt. Men så tenkte eg det var godt å ha noko pengar å ta til, så eg lånte såleis kr. 1000,- i Larsnesbanken. Men det vart etter kvart tungt å få betale rentene som var 7 prosent. Så var det mangt som skulle vølast og kostast på. Den nøre veggen var ikkje bordkledd, så det var den svarte stygge timerveggen. Dette var noko av det fyrste eg kosta, å få bordkledd veggen. Ut for døra var to store heller som hadde fylgt huset, frå desse og ned på marka var ei tretrapp av plankar, denne var åt og rotna, så eg leigde då Petter Rusten (*Info: Sande N11*) til å støype ein platt utfor døra og trapp derfrå og ned. I søre enden av fjøsen var berre ein bordvegg med ein toms rom mellom fjølene. Her støypte vi då muren og delte dette i to rom, eit åt sauer og eit åt høns. I gjødselkjellaren var ikkje støypt golv, så hakka og skaut vi ut her og støypte golv. Vårfjøsen ute i marka hadde Koppen murt av stein under. I staden for å beslå murane, hadde han rive mose og stappa i muren for å få den tett. Her hadde han båsar åt kyrne, og moka gjødslene ut døra. I dei våte somrane (i 20 åra) kom det vatn ut or jorda og inn i båsane, så det vart uråd å ha det slik. Ovanfor var stort torvhus, som han hadde fleire års føreferd. Vi tok då og spikka

fjølør over opningane i bordkledninga og fekk der såleis bra tett. Bygde her då båsar til 7-8 kyr. Lagde luker i golvet og brukte kjellaren til gjødselen. Nede på Legene, som den gongen var ei bra torvmyr, bygde vi torvhus ilag med Alfred, og hadde der i kvar sin ende. Det stod att noko av den gamle stova som Frans hadde hatt ned under bakken. Her tok vi det beste og bygde eit vedhus ute ved løda. Den gamle lødegrinda sette vi opp til naustet. Men sjølv om det var brukt mykje av dette gamle, så laut vi kjøpe ein heil del nytt. Dette byggearbeidet var det helst Frans som arbeidde med.

Denne våren 1927, fekk vi barn nr. 3. Eg gjekk og horva markegjødsel nede på Bautehaugen då Frans kom nord og gratulerte med min eldste son. Det var Kamilla Brandal som var jordmor. Dette var den 19. april, same dag som syster til mor, Johanne Hatlebrekke, kom bort inn for Voraneset i lag med 3 andre (i 1913). Ved dåpen fekk guten namnet Jon Martin etter sine besteforeldre. Faderar var farsyster Berte Oline Støle (*Info: Sande N1*), Emma Sætrevik, Severin Støle (*Info: Sande N1*), Rasmus Nystøl (*Info: Sande N11*) og Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*).

Etter kvart som åra gjekk braut eg eit stykke nybrot, og etter kvart var det å leggja att eit stykke, attåt det prøvde eg med mold og tang som eg køyrde og la flo på flo med kugjødsel, så etter kvart fekk eg gjødsla all mark som var gagn i å gjødsle. Her nord på Hauane var eit stort område som ikkje var slåande, berre noko stivt småhøy. Når vi slo med småljå nedanom Storebekken og nord åt broren, og innover forbi Stortuva, grov vi i hop eit lass småhøy. Her tok eg stykke for stykke og braut og snudde om. Mange stadar var det så grynt at det var lite med jord. Så flytte eg mold frå der som var meir. Det var og ein del stein, den største velta eg ned om Storebekken der eg laga køyreveg, den minste hadde eg ned i delen og holer for å få det turt og få survatnet bort. Her voks godt her nord over haugane. Men dei 3-4 åra vi hadde det til åker laut vi spade åkeren, for skulle vi pløye, drog vi bort molda av skoltane (*Info 1*) og ned i der det var mold nok frå før. Såleis vart desse stygge haugane oppdyrka, og her er no massevis av høy, og det meste får vi slå med slåmaskin, og i dei siste åra med traktor.

(Info 1: Ordet «skoltane» finn vi ikkje i ordbøkene, men av samanhengen så tru vi at det betyr oppstikkande berg.)

Denne nydyrkinga gjorde etter kvart at løda vart for lita. Vi bestemte oss då for å bygge ein brøt (*Info 1*) eller eit biterom til løda sørover. Men dette ville ikkje Frans høyra noko om, han sa at han hadde bygd løda stor nok, og slik skal det vera. Han var forresten mykje åreforkalka, som i grunnen hadde teke meir og meir til sidan han miste auga. Men Berte fekk telja han til så vi tok mål på kva material vi trong. Det var vanskeleg å få arbeidsfolk, men til slutt tok Alfred Sætrevik og min bror Alfred på seg dette arbeidet, og dei greidde det godt. Frans hadde hatt lødedørene på vestveggen der det var svært vêrhardt, så når det var uver var det uråd å få dei opp. No tok vi å flytte dørene til austveggen. Leigde så svensken Østlund (*Info: Kyrkjesande 8*) til å skyte stein nede ved naustet. Denne køyrde vi så opp og laga låvebru av. Vi fekk no dei 3 biteroma (*Info 2*) nordover til høybruk, og denne nye skytja til kornbruk. Det hadde vorte til at vi hadde ikkje så lite korn, det var jamt 7-8 sekkar havre og ein god del halm som krøttera åt godt.

(Info 1: Brøt er oppbevaringsplass for høy og anna i ei løe/løde.)

(Info 2: Bite er dei tversgåande bjelkane som går på tvers i ein låve. Så kan det ligge golv på bjelkane slik at det vert eit rom til høy.)

Sidan vi tok til å dyrke ute på stykket i marka, fekk vi masse poteter, og det var ofte eg hadde nok med å køyre heim poteter etter kvart dei andre tok opp. Jorda der ute, især i bakkane ovan for vegen, var sjeldan god, og der voks godt korn og. Men det var tungt for hesten å få opp all den gjødselen som trongst. Og masse høy vart det når åkrane vart attelege.


Mor var ein tur hit eit par dagar. Ho skulle renne ein vev (*Info 1*). Eg rodde henne bortom Straumen om kvelden. Ho gjekk beine vegen sørover. Det hadde frose lit is på vegen der det var vått. Då ho kom sør til Bringsvor ledet, datt ho brått nedpå vegen og greidde ikkje å gå lenger. Ein mann som kom forbi, gjekk med bod til han Petter, som henta henne heim. Då vi dagen etter fekk doktor, fekk vi vita at ho hadde brote lårhalsen. Ho mor ville ikkje på sjukehus. Doktoren la henne til rette i senga. Ho verke mykje i hofta, og ho låg i mange veker. Men etter kvart grodde det så pass at ho fekk vera oppe, og resten av livet brukte ho krykke og stav.

(Info 1: Å renne ein vev betyr å sette den opp. Klargjere veven/vevstolen for veving.)

Frans vart meir og meir åreforkalka, ja ofte reint sinnsveik. Dei låg oppe på kvisten, og Berte la i omnen, ga han mat og stelte han godt. Men ho var ikkje før kome ned att før han kom vasande i underklede og ville jaga tjuvar og røvarar som heldt til på mørkeloftet. Det var mykje møde med han i året 1928. Etter nyår vart han heilt liggande, og det var på ein måte betre. Ut mot Kyndelsmesse, og eg hadde vore ute å drive etter silda, hadde Frans fått slag og var lama mest over heile kroppen. Han låg nesten alltid i uvit. Vi fekk no løyve på sjukesystema som var inne i Bjørlykke. Ho kom og stelte han pent dei 3 dagane til han sovna inn 73 år gamal. Eg var heime frå sjøen nokre dagar til gravferda var over.

Desse vintrane var det jamt lite og ingen torsk, men sild var det fiska ikkje så lite av, men den var så billig at det vart ingen ting av det. Silda tok no som før til å koma inn over botnen som vårsild. Men folk hadde ikkje høveleg vegn å ta den med. Dei gamle vårsildgarna med kork til fløyt på, var enten opprotna eller utslitne. Det var no mange som sette ut drivgarnslenkene, og fekk dei så fulle av sild at dei rivna. Ein dag vi kom inn frå havet der vi hadde drive, var det to mann nord for Langedragneset som hadde hatt ute to sildegarn. Garna var så fulle av sild at dei ikkje greidde å få dei opp. Vi tok då og drog opp garna. Til kvelden sette vi heile lenka frå Holstøda og innover langs land. Neste dag tok vi til å drage utanfrå. Det var så vidt vi sleit garna opp for dei var fulle av sild. Vi tok til å tina (*Info 1*) etter kvart vi drog. Vi fylte rommet og dekk, og båten vart lasta av 7 garn. Straumen som bar innover, tok resten av lenka bort ifrå land, og då båten var fullasta sette vi eit anker på kabelen og ei heil hank med blåser på og sette ned att. Vi gjekk då til Haugsholm for å levere. Her måtte vi levere ein gong om natta, men då vi kom nord neste dag for å drage resten, var det uråd å få opp ein tomme. Vi fekk noko av kabelen og ein del blåser, det andre miste vi. Det gjekk likeins med dei som hadde sett lenkene nord på Kjeggesundet, der sleit dei blåser og kabel og noko kork av garna sine.

(Info 1: Tina betyr å ta silda ut or fiskegarna.)



(Info: Bildet over viser prinsippet for drivgarnsfiske. Namna på dei ulike delane kan variere litt lokalt. Del 5 og 6 er på bildet kalla telne, men det er vel på Sunnmøre meir vanleg å bruke omgrepet skot/skotet.)

Det var mange som sette torskegarn både norda for Bodane og andre stader. Vi sette ei halv setning der vi hadde hatt sildegarnlenka. Vi fekk då så mykje sei at vi drog garna attover dekk og tok seien utor seinare. Men det var berre dei nyaste garna som fiska, for eldre garn heldt ikkje den sterke og galne seien. Vi fekk 700 sei i denne halve setninga.

Då eg heldt på og grava bort noko mold der muren skulle vera oppunder lødeskøyten, visste eg ikkje av før eg fekk så veldig vondt i ryggen. Eg seig beint ned på marka og det svartna for augo, og eg heldt på og svima av. Men så seig det av meg og eg prøvde å gjera noko meir, men då fekk eg det att endå verre. Eg måtte då til sengs og låg i 2 veker før eg kom meg på føtene att. Dette ryggvonde tok seg opp att år etter år, og eg måtte ofte ligge i vekevis. Var på Langevåg Sjukehus i 1937. I 1943 var eg på Ålesund Sjukehus. Har tur etter tur vore røntgenbehandling, kiropraktisk behandling og fysisk behandling. Har vore to turar på Revmatismesjukehuset i Haugesund. Og no i 1965 skal eg reise til Sophies Minde i Oslo. Så det er mykje kva eg har verka opp i desse 36 åra.

Hausten 1929 hadde mor fått ein veldig sterk forkjølelse. Dette sette seg til ned for bringa og aldri losna. Her var ikkje doktor då, men fekk ein ungdom frå Herøy. Han ga henne noko mixture, men det ville ikkje gje seg. Eg var bort til henne fleire gongar. Ho vart så plaga av andenød, og kunne ikkje ligge men sat framme i ein stol. Om sundagen var det konfirmasjon på Sande. Var inn til mor på sørover og vi prata då som vanleg. Ho var klar over at det var på slutten med henne, og ho bad meg stelle meg slik at vi kunne møtast på ein betre plass. Eg gjekk så til kyrkje. På vegen møtte eg Elen, systerdotter til mor, og Gina, kona til Sigurd Hatlebrekke. Dei ville nord til mor og finna henne att. Mor prata med dei, og då dei gjekk fylgde ho ut på trappa der ho tok avskjed med dei. Ho gjekk så inn att og fekk så hardt eit anfall at ho tok til å blåse bort. Eg var på heimveg då ein mann kom springande og sa at eg måtte skunde meg for mor hadde vorte så dårleg. Eg sprang alt eg vann og eg fekk halda henne i fanget då ho anda ut. Hadde nettopp sett at svigermor Berte for nordover, ho skulle til Vorren i selskap, der ho hadde vore fadder på Odd som var konfirmant. Eg sprang no nordetter og fekk Berte sør att for å hjelpe til og stelle mor til den siste kvila. Vi fekk låne eit sveip og stelte henne pent til. Så vart det då nokså stor gravferd, som vart halde i skulestova. Der var mykje folk, for mor hadde alle sine dagar vore ei gjestfri og pratande kone som de

fleste folk såg inn til. Det vart slik at eg var både sorgfull og glad. Sorgfull for at eg inga mor hadde, og glad for at ho kom av vegen. Mor vart 77 år gamal.

Ut på hausten 1929 vart farsyster Berte Oline Støle (*Info: Sande N1*) sjuk. Det var betennelse i blæra. Dette vart etter kvart verre og verre og ho vart då liggande, Fyrst heime og så på Ålesund sjukehus. Det vart visstnok kreft, og ut i februar vart ho operert på Ålesund sjukehus, der ho døydde nokre dagar etter operasjonen. Ho vart 65 år gamal. Det vart tomt der i garden etter henne, ho var alltid god å gå til i råd og dåd for oss brorsønene, og ho hadde stor interesse for vårt ve og vel.

I 1931 døydde gamle Elisabet, morsyster til Frans (*Info: Sande N20*). Ho var mykje dårleg dei siste åra, og eg måtte stå skrevs over senga for å letta henne så pass at vi fekk byte under henne. Ho hadde vore her i Leina i 12 år, og vart 97 år.

Dei dårlege fiskja heldt ved år etter år, så i 1933 gjekk eg på land. Eg tykte ikkje vera god til å ligga ute i havet i alt slags ver, og ha så lite og inkje for det. Med desse sildeprisane vart det ikkje betre. Dei tok no til å arbeida for å skipa eit lag som kunne hjelpe til å halde sildeprisane oppe. Alle tykte det var ingen ting å tape om ein fekk i stand eit slikt lag, for no var botnen nådd med prisane. Det var slik i alle år at var det lite eller inga sild, var det bra prisar, men kom det inn nokre båtar med sild, så fall prisen fleire kroner, og til slutt var det ikkje råd å verta av med silda. Men når kjøpmannen selde silda, var det ein pris. Det var Gustav Puntervoll ved Statens Fryseri i Ålesund som sette seg i spissen for dette. Laget vart skipa, og omtrent alle fiskarane skreiv seg inn. Her i Sande var det berre Olaf Setre som ikkje skreiv seg. Puntervoll vart den fyrste formannen, og då han fleire år seinare døydde, kosta Storsildlaget ein stor rundaktig gråstein på grava hans, til takk for kva han gjorde for denne sak. No vart det så at ein melde inn silda på eit kontor og fekk så anvist kvar ein skulle levere, og så fekk ein same pris kvar ein leverte silda. Styret for laget forhandla no med Staten og kjøparane om prisane, og dei fekk såleis pålegg på prisane noko etter kvart. Handelsmennene likte dette så måteleg og sume var rasande, men dei måtte gje seg etter kvart.

I 1933 gjekk eg som sagt i land og fekk meg arbeid hjå Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*). Men det vart ikkje så mykje av dette heller, for det var sume som skulle arbeide og bodsendast alltid. Andre, og dermed meg, skulle berre bodsendast når det var mest å gjera. Elles hadde eg mykje å gjera på garden min. Vi fora no kvart år 5 gode mjølkekyr, 12 sauer, 5-6 utegangarar (*Info 1*) og hest. Men her var veldig tungvint å få alt til gards. Her var ikkje veg hit til Leina. Det hadde vore bestemt i utskiftinga at vegen hit til Leina skulle opparbeidast av alle grunneigarane på Sandshamn. Men her kom ingen før å arbeide på denne vegen. Då Fiskarheimen vart bygt i 1910, vart det brote gjennom veg nokre meter sør for Fiskarheimen. Då eg kom hit i 1920, rota eg gjennom sør for den gamle fjøsen til Malene. Der ifrå og ned på sjøbudene til Vågekarane var laga ein veg nokre år før, men den var så dårleg grusa at det var mykje deplar og dike. Men frå denne fjøsen og bort til Leina var ingen veg.

(*Info 1: Utegangarar er sau som går ute heile året.*)

Over Straumen har det alle tider vore eit syrgjeleg liv med å koma over når folk ville til og frå. Såg dei ein båt nokon stad, så var det å stela han. Frans hadde hatt ein god færing, men folk stal den så lenge at den vart heilt øydelagd. Det var fleire gongar den for rekande ut over Vågen. Så kjøpte eg ein god færing inne i Syvden, men det var ikkje lenge før den og var øydelagd. Vi låste båtane inne i naustet, men dei braut dørene av hengslene, tok ut båten og slengde den att her eller der.

Så tok folk til å snakke om å søka om ei bru over Straumen. Klokkar Aakre (*Info: Støyle 8*) var heilt oppi dette, og han tok til å fara rundt i bygda for å teikne dagsarbeid, som skulle vere gratis. Eg skreiv meg for 6 dagsverk, men han skreiv 12. Slik gjorde han andre stader og. Bror min, Petter, og Aakre reiste så inn til Molde for å underhandle med Fylkesmannen og vegautoritetar. Dette gjekk fint, og ein ingeniør kom og stakk ut brua. Kommuna løyvde no forskotspengar og arbeidet kom i gang i 1936. Dei fekk Johan Kristianson Vik til formann, og Lars Molvik frå Lauvstad arbeidde her og. Elles arbeidde alle sine gratisdagar, men det var og ein del som var leigde. Johan Vik budde hjå oss i 3 år til saman, og var ein særst hyggeleg mann. Lars Molvik budde og hjå oss.

Brua vart opna med stor fest på Dollstun den 29. oktober 1939. Så stod dette stykke mellom Malenefjøsen og brua utan veg, men det var og kome fart i dette. Ditlef (*Info: Sande N13*) baud seg til å forskotere denne vegen, mot å få det att av kommunekassa når den var ferdig. Eit arbeidslag frå Gursken tok dette arbeidet på seg, med Ole Andreas Bø og Johan Vik som formenn. Det var endå ikkje kome noko slags boremaskiner så alt var på gamlemåten med handboring. På vel eit halvt år var vegen ferdig. Vi fekk no god veg til Leina og den gilde brua over straumen.



(*Info: Bildet over viser folkehopen som går til opninga av den ny brua over straumen. Askjel Skare (Skare 1) og Peter Skorpen (Bringsvor 7) ser vi fremst i opptoget, truleg saman med ordførar Jakob Sætre.*)



(Info: Bildet over her viser opninga av brua over straumen på Sandsøya i 1939. Vi ser dei to eldste på øya då, som fekk oppgåva med å klippe snora. Askjel Skare (Skare 1) til venstre og Peter Skorpen (Bringsvor 7) til høgre på bildet. Det var ei skyvebru over nørdeste bruløpet. Dette var sjølvsagt for at større båtar skulle kunne bruke Vågen til hamn. Ishavsskuta Grande hadde oppankringsplass på Vågen. Rundt midt på -60 talet vart nye bruer etablert.)



(Info: Bildet over viser den nordlege brua over Straumen. I bakgrunnen ser vi loda og stovehuset i Leina Øystre og lenger bak Sandsbakken.)



(Info: Bildet viser heile brusambandet, men med fokus på den sørlege brua over Straumen. I bakgrunnen ser vi Sande N og Sandsbakken.)

I 1934 tok eg meg fiskjerom hjå Hans (*Info: Våge 4*) og Olav Våge (*Info: Våge 1*) på gamle «Fram», eller som fleire no tok til å kalle den «Purka». Eg kosta til like med dei andre, 8 sildegarn. Dei var av tjukkare tråd og noko mindre band. Desse åra kom silda inn over botnen for å gyte, men det stod og masse med sild att utanfor Svinøy og gytte der. Vi dreiv no og brukte seigarn på Skallane ut og nord for Svinøy, på Mulegrunnen, Lisjemannsbakken, ja i Roden og Koten. Her fekk vi mykje sei, dag etter dag førde vi i land så å seie last. Vi selde til Ditlef Olsen, som hadde ein stor stab med arbeidsfolk. Dei reksla (*Info 1*) seien med handreksle, laga av små spikrar i ei fjøl. Dei sette opp hjell etter hjell langs vegen heilt ut mot elva. Prisen var låg, det tok til med 7 øre kiloen, men fall ned i 6 øre der det vart ståande. Så nettoen når fiskja var slutt, var ikkje stor, berre 3-4000 kroner, så det var ofte største moroa å drepe fisken.

(Info 1: Skrapa reist av «fiskerodet». Reksl er reist eller skjell på fisk, t. d. sei.)

I 1935 var her masse sild rundt Svinøy og innover botnen. Sume prøvde med noko drivgarn, men det vart så mykje sild i garna at dei rivna og dei fekk berre fillene att.

Ein dag gjekk vi forbi ei stor skøyte med Rogaland merke. Namnet «Leik» var måla på sida. Dei drog sildegarn fulle av sild. Men dei hadde og vegn som var sterk nok. Det var tjukk tråd av hamp, tjukt skot og kuler av glas på. Skuta var frå Karmøy. Det hadde vore smått fiske der sør, og så tok dei hit nordover.

Vi var no snare til å bestille oss kvar sine 3 garn av bomull, 150 maska djupe. Vi tok då til å fiske, og sild fekk vi kvar dag. Seidgarna vart dregne på land, så no dreiv vi berre etter sild. Her var fleire som no kosta seg vårsildgarn, og alle gjekk no over til dette fiske. Det hadde med ein gong frettast (*Info 1*) søranfor, og ei masse skuter frå Hordaland og Rogaland kom hit for å fiske sild.

(Info 1: Frettast betyr at det kom informasjon sørover om det gode fiske. Kan kanskje sei at det gjekk rykte søranfor om det gode fiske.)

Rolf Myklebust (*Info: Voren 13*) var den fyrste som styrde sildekontoret. Prisane gjekk opp år etter år, så dei vart etter kvart brukelege. Det vart bra ver no i fleire veker. Silda trekte inn over botnen, heilt inn for Koparstadnabben, og inn til Kjeggan. Så trakte den sør mot Skjeggane og Riste, og til slutt opp under Stad. Her var oppfiska mykje sild, mange lasteskuter førde silda til fabrikkane. Ein kveld kona og eg tok oss ein tur nord på hamna for å sjå på alle båtane, låg det søraskuter (*Info 1*) tett i tett frå Kjeholmen og inn over mot Moljen. Men då sesongen var over, vart alt stilt og roleg att.

(Info 1: Søraskuter er skuter som kjem sør i frå.)

Eit av desse åra vart det av alle gardbrukarane skipa eit smørlag, slik at ein kunne få sende smøret og få nokolunde brukande prisar for det. Hans Vorren (*Info: Voren 5 / Voren 9, ft 1*) tok imot smøret og sende det til Ålesund Meieri. Olaf A. Våge (*Info: Våge 1*) var kasserar og tok imot pengane og delte dei ut til leverandørane. Dette hjelpte godt på økonomien, og folk tok no til å kjøpe meir kraftfor så det vart meir både mjølk og smør (*Info 1*).

(Info 1: Smørlaget vart truleg starta ca. i 1935. Bjarne Våge (Våge 11) fekk kontrakt på henting av mjølka frå bøndene i 1947, som så vart transportert vidare til meieriet i Ørsta med båt. Det var elles ikkje alle som begynte å levere mjølka i 1935. Levering av smør til Samvirkelaget heldt fram heilt til 1971. Det høyrer også med til historia at Ansgar Fiskaa (Sande N16) også i ei periode mottok smør for eksport.)

Eg vart vald inn i Sande Fattigstyre der eg var i mange år. Magnus Støylen var fattigordførar. Ofte var det mykje å gjera med slike som laut få hus og opphald av fattigvesenet. I 1937 vart kretsformann Amund Sandsbakk ihelslegen. Han var vegvaktar, og under grusing på sørsida, fall lastekassa i hovudet på han og han vart drepen på staden. Kona sat att med 9 born. Då eg var Amund sin varamann, rykte eg då opp som formann.

Av andre saker som då var oppe, var bygging av ny skule. Det hadde vore vedteke i skulestyre året før, at her skulle byggast ny skule på ein sentral stad for heile øya, og dei gamle skulestovene skulle nedlegas. Lærar Hestnes, som i lang tid var formann i Sande skulestyre, kom hit og han, Sigvart Bringsvor og eg var sør til Anders Bringsvor og tinga om tomt til skulen. Han var sjølvsagt ikkje så lysten på å overlata tuft der den nye skulen no står. Dette vakte mykje ordskifte og kjefting att og fram. Ytterkantane Skare, Våge og Helland var veldig imot, og det var ofte ein svært utidig strid kring dette. Den nesten 100 år gamle Askjel Skare (*Info: Skare 1*) for og målte opp veglengdene rundt øya, og då kyrkjeminister Fostervoll og kronprins Olav var i Ålesund, reiste Askjel dit for å beklage denne stoda med skulebygg og dei lange skulevegane. Men han fekk visst lite og inkje medhald her. Dei var visstnok mest imponerte over denne gamle mannen sine friske åndsevner.

Eg var saman med Hans (*Info: Våge 4*), Bjarne (*Info: Våge 11*) og Olaf Våge (*Info: Våge 1*) i 12 år, og vi fiska mykje både sild og sei.

I 1937 den 28. august fekk vi eit barn att. Det var no ti og halvt år sidan Jon var fødd. Dette var ei jente, og ho fekk namnet Astrid Johanne etter Anna her i huset og systerson min Johan, som fekk tuft av meg og bygde seg hus her nord på hauane. Desse var faderar til Astrid: Hilda Bringsvor, syster åt Magda, og Johanne, kona til bror min Alfred. Så var det Hans Våge, Bård Kalsnes og Ingvard Rusten.

I 1939 fekk vi og eit barn. Ein gut, fødd 27. april. Det var Aslaug Rusten, enka etter systerson min Johan som omkom på hummarfiske nord i Skorpa. Og eldste brordotter mi, Aslaug, var fadder. Så var det Bjarne Våge og Sevrin Våge. Eg hadde og tinga Torvald Bringsvor, men han møtte ikkje fram.

Info: Krigen 1939-1945

I 1939 braut det ut krig mellom Finland og Russland. Det var Russland som fann på at eit av dei beste lutar av Finland låg for nær den russiske hovudstaden Petrograd (*Info 1*), og kravde såleis utan vidare dette store landområdet av Finland. Når ikkje dei ville gå med på dette, vart det krig. Dei russiske hærane velte inn over det elles fredelege landet. Finnane mobiliserte heile hæren sin og dei forsvarte seg ei stund godt, men kunne i lengda ikkje greie seg mot ei slik overmakt. Mykje finsk ungdom vart ned skotne, og forblødde seg denne vinteren. Finnane laut no be om fred og Russen fekk det som dei ville. Sidan har det vore fred mellom dei to landa.

(Info 1: Petrograd er eit anna namn på St. Petersburg.)

I 1940 kom den store verdskrigen som lyn over mange land. Det var den maktkjære krigshissar Hitler som sette denne verdsbrand i gang. Same natt som han sende troppar for å innta Danmark, kom troppane hans til Noreg og. Folk vakna av tramping av hæljarn som lydte i alle byar. Den norske militærmakta prøvde å stanse dette, men laut ta til røming. Kongen og regjeringa rømde nord gjennom landet og i all hast kom seg til England. Gløymer aldri den dagen då alle som sist hadde tent si verneplikt, måtte i all hast reise i krig. Her var visst ingen som ikkje hadde tårer i augo på kaia den dagen då dei reiste. Dei herifrå vart sende opp i Gudbrandsdalen, og det var noko skyting oppe på Lesja, men tyske styrkar kom opp etter kvart. Dei norske laut rømme opp i snøen og opp på setrane, og på helgetorsdag tok dei til å koma att desse som var i krig, og heldigvis kom alle våre att utan ei skramme. Vi var no eit hærteke land, og det som interesserte folk mest var å få tak i matvarer. Eg hadde ein mjølsekk som eg fekk kjøpa av Ditlef (*Info: Sande N13*), så var eg ilag med Sevrin Våge inn i Gursken og fekk kjøpt ein sekk som hadde kome noko raudt fargestoff på. Det var då heile det forråd vi fekk fatt i. Men kor krigen rasa rundt oss, til havs og i lufta, så laut vi gjera det daglege arbeid. Berre vi ikkje gjorde nokon motstand, så gjekk det på ein måte. Det var sume som prøvde på motstand, men dei vart tekne og sette fast og seinare skotne eller pinte til døde.

Hitler og hans folk hadde med anna bestemt at alle jødar skulle pinast og drepast. Det vart no med anna tyskarane sitt arbeid å få fatt i alle som var av jødisk ætt for å få dei slakta. Dette dreiv dei på med dei 5 åra medan krigen varde, og det seiast at det vart drepe 6 millionar jødar. Det vart og drepe mykje anna folk som hadde kome bort i ymse ting som ikkje var etter tyskarane si ordre.

Hausten 1940 hadde vi fått løyve på eit snikkarkurs for vaksen ungdom. Då eg var i skulestyre, så var det eg som stelte med kurset, teikna elevar og ordna med hus til kurset. Det var Pål Setre frå Syvde som var lærar. Han hadde halde eit kurs her 3 år før. Han budde hjå oss begge gongane. Dei var veldig vanskeleg om material, for tyskarane trengde alt som var å få, for dei bygde seg brakker og festningar på kvart eit nes. Her på Sandsøya gjekk vi heldigvis klar dei. Det var her og kartla Hellandsvågane, for dei var tenkt seg til der og, men det vart ikkje noko av. Men i Besteneset på Kvamsøy sette dei seg fast. Tok garden til Karl Vestnes og mykje anna god mark til vegar, hola ut haugane som skulle vere tilfluktsrom og sette opp kanoner og mykje anna tull. På Hakallestranda var det like eins, dei grov seg inn i

haugar og bakkar og sette opp kanoner, og øydela fleire små gardsbruk. På Åram like eins. Her uthola dei heile Åramhaugen og la inn ljøs og kraft, og på Åramneset vart etter kvart ein heil brakkeby. Slik var det og på Stad, ja, på kvart eit nes i heile landet.

Då alt arbeidsliv no vart mest lagt i dvale, trong folk pengar, og mange tok seg såleis arbeid hjå tyskarane, som betalte godt. Men mange tykte det var landsforræderi å hjelpa fienden til å øydelegge landet.

Då tyskarane trengde mykje mat, så var det mange som selde både slakt og poteter til dei for dobbel betaling. Mykje av det folk avla på gardane, vart tvangsutskreve. Såleis høyr og havre åt dei store tyskarhestane. Verst var det for mjøl åt det norske folk. Det vart rota saman noko dei kalla landmjøl (*Info 1*), kva det var av er det ingen som veit. Men noko skikkeleg mat eller brød vart det ikkje. Verst var det i byane, og det var mange som svalt og leid naud. Vi som hadde gardsbruk, var det i grunnen ikkje verst for. Vi hadde nøgda poteter og noko havre, og når det leid på, tok vi til å så kveite som vart rett god mat. Men så var det å få male dette kornet. Alle dei gamle kvernene var plomberte så ein ikkje skulle få male kornet. Men Ingvald Gjerde mol korn åt folket utan løyve, og sjølv om han fleire gongar vart meld, vart han ikkje sett fast heller. På Volda Mylne vart male mykje ulovleg, berre vi gav dei noko havremjøl så dei fekk bruka åt gris og høns, så hjelpte dei folk alt dei kunne. Til sko og støvlar brukte ein sine eigne huder, så kvar gong ein slakta ku eller oksar, vart hudene sende til folk som endå kunne den gamle kunsten å røyte og garve huder. Skulle ein ha seg eit par bestesko, laut ein ta med egg, fleisk, spekekjøtt og anna godt og smugla til dei som selde sko, og dette måtte dei få omframt (*Info 2*) det som skone kosta.

(Info 1: Brøda som vart kalla landmjøl vart berre eit hardt skal med ei rå og blaut masse inni. Vart også kalla råmeiske.)

(Info 2: Omframt betyr i tillegg til prisen på skoa.)

Det vart etter kvart stor mangel på alt. Dei som stod seg best var handelsmennene, for dei hadde gøymt unna alle slags matvarer, så dei var ikkje rasjonert. Alt måtte kjøpast på kort og merker, så det kan ikkje nemnast den ting som det ikkje var mangel på.

Med all anna elendigheit som fylgde krigen, var alle minene som var utlagde alle stadar. Det tok no til å reke miner inn i fjøra mange stadar, og når vi las i avisene, så var det rett som det var ei eller anna ulykke med desse minene. Ein laurdag fekk vi høyre at ute i Hellandsvågane var kome i land ein slik forunderleg gjenstand. Den var smal og lang som ei oljespann. Loket var fastskrua og det slong nokre lause leidningar i den. Dei som fann den, slengde den på land og vaksne karar bar den heim mot vegenden og slengde den frå seg att med ein stor stein som heiter Store Johannes (*Info 1*). Dei hadde snakka om at den skulle vera god å leggja ut inne på Lendinga og fortøya båten i. Søndag ettermiddag brukte Pål Setre og eg å ta oss ein tur ein eller annan stad. Denne dagen tok vi turen til Hellandsvågane og skulle sjå denne underlege tingen dei hadde funne i fjøra. Komne opp til Våge høyrde vi eit slikt dunt skot. Vi snakka om at det var ei rar tid å skyta på no søndag ettermiddag. Det var som vi følte eit slags uhygge, men slo det frå oss og gjekk vidare. Vi stansa i Våge og fekk med oss Olaf H. Våge utover. Vi fortalde han om skotet vi hadde høyr, og vi følte alle som ein uhygge ved heile turen. Då vi kom til vegs ende, fekk vi sjå eit syn som eg aldri gløymer. Bort over marka låg molane av nokre menneske. Skotet som vi hadde høyr, hadde gjort si virkning. Olaf Våge kjende kufta åt den eine, og skjønnte at det var ein av brødrane hans, men kven av dei det var visste han ikkje. Ikkje visste vi kven dei andre var. Eg måtte fylje Olaf å fortelje mor hans om dette, for far hans var reist til byen same dagen. Eg var så av og fekk ein bil til å køyra etter desse fyrste offera for krigen.



(Info 1: Bildet viser den store steinen i Hellandsvågane som vert kalla «Store Johannes». Steinen er ca. 3,5m høg og 2,4m brei.

Det var her mina gjekk av hausten 1940, som drap dei tre gutane frå Våge og Helland.)

Vi hadde no fått vite kven det var som var døde. Det var Asbjørn Pederson Våge (*Info: Våge 12*), Jakob Hanson Våge (*Info: Våge 4*) og Harald Johanson Helland (*Info: Helland 2*). Dei hadde i middagskvilda teke med seg sykklar og ut åt mina og tok til å skru den istykker. Det var ei elektrisk mine, som var svært farleg. Men då vi kom utover med bilen, trefte vi Johan Helland og kona som hadde vore ut med hest og slede og lyft molane av desse tre gutane opp på sleden og kom køyrande heimover. Men eit slikt lass er det vel få som har sett.

Dei fekk no fatt i kister, og delte dei i kistene etter som dei kjende kledda som dei hadde på seg. Det vart no stor gravferd med mykje folk. Til og med frå Moltustranda kom mykje av slekta for å vise si medkjensle.

Ja, så gjekk no dette fyrste krigsåret og. Mykje underleg måtte vi venje oss til og mykje laut vi sakne både av mat og det vi skulle klede oss med. Vi hadde eit års tid hatt radio og vi fylgde godt med om kor det gjekk med krigen, og vona på at det snart måtte få has på «tysken» og nazistane. Men alt drog ut. No hadde tyskarane teke og hærsett Danmark, Norge, Belgia, Holland, Austerrike, Ungarn, Polen og andre småstatar. Men så fekk dei og mykje imot seg. Frankrike, England, Amerika og Russland. Dei som blødde mest var Frankrike og England, og med desse landa hadde det nær gått gale. Men då Amerika og Russland kom med, hadde tyskarane mykje å kjempe mot.

Hausten 1941 tok Svanhild seg teneste på Ungdomsskulen i Ulsteinvik og vi skulle ha Bergljot heime. Men så vart Rasmus Kalsnes (*Info: Myren 2*), bror til Berte (*Info: Berte er svigermor til Gerhard Bringsvor*), sjuk. Då dei der borte trong hjelp, ordna Berte det slik at Bergljot skulle reisa der sør og vera til hjelp. Då Rasmus vart bra att, kom Njål Kalsnes og fekk henne inn til Hauge for å tene der. Jau ho likte seg godt der på Kvamsøy, og riktig flink var Bergljot med alt ho tok seg føre.

Johanna Våge, som var her ifrå, tente der sør med læraren. Det hadde vore ein heil ruskebolk, men søndag 9. november vart det fint stilt ver, men det var tung sjø. Bergljot og Johanne lånte seg ein liten færing og kom roande over fjorden til Sande, for dei ville heim ein tur. Om kvelden rodde dei tilbake, men då hadde det vorte mørkt. Då dei kom opp i støa i Kalsnes, drog båra båten opp på ein stein, båten vart full av sjø og bae jentene ut i sjøen. Johanne kom seg i land, men Bergljot hadde visstnok svima av i redsle og låg og flaut og ikkje rådde med seg. Dei hadde ropt om hjelp, men berre ein gut var heime og han sat og spela på eit trekkspel

og hørde ingen ting. Då Johanna kom opp og fortalde kva som hadde hendt, sprang folk til og fekk Bergljot i hus. Dei tok til med oppliving, men livet var alt sløkt. Dei fekk og fatt i doktor, men her var ingen ting å gjera. Så ringde dei då om det som hadde hendt, og folk kan tenkja seg kor det var å få ei slik bod. Nokre timar før var ho hjå oss ljøs levande og no låg ho kald og stiv, berre 18 år gamal. Vi reiste sør med båt søndags kveld og låg på loftet hjå Njål den natta, men ei slik natt har eg aldri opplevd.

Laurdag 15. november hadde vi gravferd. Det var godt ver og mykje folk var frammøtt. All ungdom var med. Særleg må eg nemne at all ungdom frå Kvamsøy var kome til kyrkja, og når vi i sørgetoget nærma oss kyrkja, kom alle dei frå Kvamsøy opp på vegen og danna æresvakt på båe sider av vegen. Kyrkja var mest fullsett, og sokneprest Dale hadde funne fram dei mest trøysterike salmar og tala rikt og trøystande.

Det var i desse tider umogeleg å skaffa mat til eit gravfylgje, men både Ditlef (*Info: Sande N13*) og Otterlei (*Info: Sande N16*) gav oss nokre kilo gryn, og rjome hadde vi sjølve, så alle som var med fekk ein tallerken rjomegraut. Etterpå var det ei minnestund der Dale tala og lyden (*Info 1*) song.

(Info 1: Dale var nok presten som tala. Lyden i same betydning som kyrkjelyden eller møtelyden.)

Det vart no ei tung tid med å få minna om Bergljot på avstand, men vi hadde desse småborna, Astrid og Eiolf, som ingen ting hugsar av det heile, til å stella med, og så alt vårt arbeid i fjøs og løde, så tankane kom etter kvart på avstand.

Eg hadde alle åra sidan eg vart gift gått på losjemøta, ja, reist på alle møter i distriktslosje og krinslosje. Berte hadde alle år vore flink til å hjelpa oss, så eg var bra fri og fekk vera der eg ville. Men når no dette med Bergljot kom på, tenkte eg at no greier eg ikkje å gå på losjemøte og sjå på all den glade ungdomen, og mi kjære dotter ligg i si grav. Men når eg hadde vore borte frå losjemøta nokre gongar, lengta eg attende, og fekk sidan erfare at det var ungdomen og losjemøta som mest hjelpte meg å få bort dei tunge sorgfulle tankane.

Ja, tida og åra gjekk. Krigen gjekk sin gang, det båra attende slag etter slag, kvar sin gong vann dei noko terreng, og neste gong vart det atteke. Den eine store konvoien vart skoten i senk etter den andre. Fly herja, skaut og øydela byar, hus og kyrkjer, og ungdom blødde og døydde. Men her på øya hadde vi det tross alt bra. Fleire gongar hadde dei skyteøving borte på Åram. Då vart vi bedne om å evakuera. Dei hadde då skyteskiver her borte på fjorden, og folk gjekk då opp til Våge og Helland. Paul Eltvik som låg til sengs, tok dei i sjukebåre og køyrde oppover. Gamle Anne som hadde lege til sengs i fleire år, nekta å flytta, men ville vera i senga si. Ho sa at Vårherre held no hand over henne om han vil. Eg vart då att med Anne når dei andre var gått, men jammen var det trist når hele bygda var tom for folk. Men leid til midnatt kom no folket ned att.


Ofte når vi stod ute på arbeid måtte vi flykte, for vi hørde skot og prosjektila suse i lufta over oss. Så vart det påbod om at alle som hadde radio skulle levera dei inn til tyskarane. No var det vanskeleg å få veta kor det gjekk med krigen. Men det viste seg etter kvart at det var sume som dreiv den farlege sporten å ha radio som dei lydde på, gøymde i uthus, grisegardar eller i hòler og klover i utmarka. Min bror Alfred hadde nær vorte skoten. Tyskarane stod med revolverane og sikta på han. Han berre bad dei leita. Hadde dei gjort det og funne radioen som var glymd opppe på eit skrårom, hadde dei skote han.

Det var støtt mangel på det vi trengde, og så var det å gå sør i Voren for å låne båt, og sør til Forsyningsnemnda på Kragset for å få løyve på ymse ting av det vi trengde.

Ein dag var eg og ein granne sør til Kragset. På tilbakevegen var vi opp til Hilda i Sætrevika, som er syster til kona mi, og der fekk vi kaffi og mat, som var godt å få når vi var ute på rotur. Då vi rodde forbi Flatøy, kom eit fly nordover Haugsfjorden, tok ein sving innover mot Larsnes, for så sørover att. Vi hadde rodd eit stykke til då vi høyrde skot sør ved Stad. Der kom fleire fly innover Kvamsøy og Haugsholmen, og skaut gjorde dei støtt. Vi skunda oss alt vi kunne, og kom oss i land i Voren. Då vi kom opp i gardane, fekk vi sjå ein heil konvoi som kom nordover frå Frekøy. Dei engelske flya skaut fyrst ein stor båt som køyrde seg opp i fjøra i Storholm, den andre gjekk opp i fjøra i Simones, den tredje sokk nord for Revjehornet. Den fyrste, og visstnok den største, var komen midt mellom Kvamsøy og Voksa. Denne var lasta med ammunisjon. Den fekk skota midtskips og maskina kom ut av funksjon. Den tok med ein gong til å brenna, og ein tjukk svart røyk velta ut frå båten. Dei på Hakallestranda som budde nærast, såg at ein livbåt med nokre folk rodde mot land. Dei såg og mykje folk springa på sjøen, for dei visste kva slags last dei hadde, og kva som vart til slutt. Vi og mange andre frå heile Voren, Haugen og Fløda gjekk opp på Gløsaheugen. Det var ein liten bris frå nordaust, så den brennande båten for drivande ned over mot Kvamsøy. Best det var braka det fælaste brak som nokon har høyrte eller sett, og den store båten var borte for alltid. Det velte seg ein tjukk voldsom røyksky som skjulte mest heile himmelen, og det gjekk fleire timar før den drog seg bort. Då skotet gjekk, var det ikkje eit menneskje som stod der på haugen, alle låg vi flate bort etter marka av lufttrykket. Det fyrste folk fekk sjå var skadane gjennom bygda. Her var snautt ei heil glasrute i heile bygda. Alle glasa i kyrkja og skulehuset på søre øya var knust. Her på Sandshamn var skadane mindre, men oppe i Sandsbakk var og knust glas. Ja, heilt nord til Kvalsund og Koparstad var det glasruter som var skadde. Men verst var det på Kvamsøy. På Bringsinghaug og sør mot Simones var ikkje eit heilt hus og ikkje ei heil glasrute. Store stykke av båten vart kasta oppover alle bøar og utmark. Stykka var så store at dei laut få autogenapparat frå Ulsteinvik og Fosnavåg for å brenna og dela dei opp. Så vart stykka, både store og små, køyrde ned på fjøra. Eg og mange andre var av stad for å hjelpa til med å rydde opp. Merkeleg nok var det ingen som miste livet. Ein mann stod attmed stabbursveggen då eit stort stykke kom tett ned for han, utan å skade han.

Den nesten 100 år gamle Petrine Hauge låg i senga si. Eit stor jernstykke kom ned gjennom taket, braut loftet ned og Petrine låg uskadd innunder.

Når alt var bortkøyrd, sørgde regn og sol for å reinse opp på markane, så når slåttan kom fekk dei bra avling, og krøttera åt høyet. Til å få husa ombygde og vølte, fekk dei statsstønad, så ikkje lang tid etter var alt som før. Men kor mange tyskarar som fekk kvile i Haugsfjorden, er det ingen som veit.



Det tyske amunisjonsskipet Hans Leonhardt vart sprengt i lufta ved Kvamsøy 1. juni 1944. Det hadde inne over 3000 tonn sprengstoff. To andre transportskip vart skadde. Det hagla med splintra jarn over Kvamsøya. — Foto: E. Ekroll, Larsnes.

(Info: Dampskipet Hans Leonhardt sank i Åramsundet etter å ha vorte torpedert av tretti Britiske fly frå Hangarskipa HMS Furious, HMS Victorious og HMS Frencer.)

I 1943 leid ut i mars. Eg hadde vore på sjøen for å drage torskegarn. Vi hadde fått vel eitt hundre torsk. Vi fann ut at vi ville salte noko fisk som vi ville dele til kokefisk, for det var ikkje sakt kor det vart med fisk til mat, om dei ville halda fram med krigen i fleire år. Vi heldt på å stelle fisken nede på sjøbuda. Best det var kom ein lastebåt og skulle laste hermetikk frå Myklebust på Holmen. Båten la til Moljekaia, og dei gav på og lasta om bord frå båtar som førde varene frå Holmen. Då kom det eit einsleg fly og gjekk sakte over hamna, men snudde og gjekk vestover att. Her var mange båtar på hamna som hadde vore på sjøen, og nokre la seg for anker beint sør for lastebåten, som heitte «Lysaker» og var frå Oslo. Desse båtene som la seg til midt inne på hamna, vart åtvare mot å ligge der. Dei tok att ankera og reiste heim til Gursken. Dei var komne midt inn på fjorden då ein sverm av fly kom rasande over Kvamsøy og tok til å skyta på «Lysaker». Eg stod med flekkarkniven og hadde fått halve ryggen or ein torsk. Vi sprang frå alt og la oss flate ned på golvet langs veggane. Det vart eit forferdeleg rabalder, og då alt var over og flya var borte, skulle vi sjå ut døra. Då var «Lysaker» i brann og sokk langsamt ned.

Det var mange både fiskarar og folk med gutungar frå land som hadde gått ned og skulle bisna (*Info 1*) på denne båten. Då dei såg flya, sprang alle nord om moljen og gøymde seg bak dei store steinane. Det var mange tyskarar med båten, og både dei og mannskapet hadde gått nord om brystvernet og ned i ura. Men kaia, brystvernet og pakkhuset såg syrgjeleg ut. Skota gjekk beint igjennom murane. Men det underlegaste var at ingen miste livet. Det var nokre tyskarar som hadde fått mindre skader, men elles gjekk det fint. Båten vart liggande ved kaia til krigen var over. Den vart då pumpa full av luft og lagt nokre veldige lufttankar under. Så slepte dei den sør på Voravika, der dei heldt på i fleire dagar med å losse den tom. Det var ein veldig allsidig last. Det var tonnvis med ull. Massevis av ballar med sau- og geiteskinn. Tonnevis av militærklede. Ei uhorveleg masse hermetikk, tørrfisk og annan fisk i kasser. Massevis med tranfat. Møblar av fleire slag. Kommodeskuffer fulle av fine broderte dukar, og anna fint, med pent krusetøy (*Info 2*) vel innpakka. Massevis av lenestolar. Alt dette var slikt som dei hadde røva med seg og skulle til Tyskland. Men alt fekk liggja inne på Voravika.

(Info 1: Bisna betyr å undersøke eller vise interesse.)

(Info 2: Krusetøy er det same som porselen.)

Info: Vatnforsyning og utviding av molja

Her i Leina har det alle tider vore vanskeleg å finna vatn. Her var nokre brønnar her og der, men når det inntreff noko nemnande med tørke, så vart her vasslaust, og alt laut ein bera både til folk og fe. Verst var det for kona til Ditlef som hadde mange born, og mykje kle og vaske. I 1917 gjekk då Frans (*Info: Sande N20*) og Ditlef (*Info: Sande N13*) ilag og grov ein stor brønn her nord i haugane. Dei hadde ein mann som heitte Ola Kaldvatn til å grava og minere (*Info 1*) ut brønnen. Men brønnen låg så lavt at dei fekk vatn berre inn i kjellarane. Resten måtte sjølvsgagt berast framleis. Dette gjekk fint nokre år, men dette vatnet og brønnen var så fult av rust at røra gjekk seg tette på nokre få år, og så var det så lite trykk at alt som laust var vart liggande i røra. I dei tjue åra eg hadde vore her, måtte eg ta opp røra 2 gongar og træda inn streng og flukser (*Info 2*) for å reinsa dei for rusk og skitt.

(Info 1: Minere betyr å sprengje ut med dynamitt eller anna sprengstoff.)

(Info 2: Flukse i denne samanheng er nok eit tøyestykke eller liknande som vart festa til ein streng og dradd gjennom røra for å fjerne skitt og grums.)

I 1940 var eg til Lauvstad og kjøpte trerør. Det var ein mann som kjøpte unge trestammar som han bora ut, det var og falsar som ein sette i hop. Men desse røra var veldig vanskeleg å få tette. Eg forlengde og rør til fjøsen og kjøpte drikkekar (*Info 1*).



(Info 1: Drikkekar er ein innretning der kua sjølv kan styre påfyll av meir vatn. Bilde nedanfor viser eit slikt drikkekar. Kua skyver på den kvite delen og då kjem det meir vatn.)

Når fiskarane skulle fylla vatn, var her ikkje anna å ta vatn ifrå enn elva som renn ned nord med Lånahagen. Her tok dei og vatn til alle fiskestovene og bakeria. Men denne elva var alt anna enn rein då ho renn forbi fleire gjødseldungar og mykje anna ureinsemd.

I 1930 bygde Staten eit vassbasseng inne i Klettane. Mykjebust på Holmen la i noko tilskot så dei skulle få vatn til den nystarta hermetikkfabrikken. Men det viste seg at dette var for lite vatn og forlite trykk til fabrikk. Og her i Kletten var så lite nedslagsdistrikt. Så kom Sverre Myklebust (*Info: Voren 14*) og snakka med oss grunneigarane her i Sandshamn om lov til å byggja eit vassbasseng her oppe i Bakkedalen. Alle vi som trengde vatn, sa oss med på dette. Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*) og Otterlei (*Info: Sande N16*) hadde nokre år før kosta ei vanleg vassleidning opp i Sandsbakken, og derfor ville ikkje dei vera med på noko nytt. Dei hadde visstnok fått noko tilskot av dei to oljeselskapa som dei hadde oljetankar frå. Det vart no skrive kontrakt med Myklebust. Vi skulle ha det vatn vi trengde. Vi skulle vera med og grava ut bassenget, men for dette arbeide skulle vi få betaling. Vi skulle leggja eiga leidning heilt opp i vekselkommen, i same grøfta som Myklebust. Han hadde på ein eller annan måte fått tak i rør med dei tyske myndigheitene, og av desse røra skulle vi få mot den betalinga han forlangte. Han hadde fått ein formann som hadde arbeidd åt staten.

Så tok då arbeidet til hausten 1942. Det vart ein sur jobb. Heile hausten var det sydvest kuling og regn, og slik som vinden tek der oppe i Skaret, så var det veldig stridbart, kaldt og surt. Men arbeidet skreid då fram, så til jul var røra nedlagde, og når vi då la enden opp i elva, fekk vi vatn til jul, men sjølv bassenget vart ikkje ferdig før ut i februar.

Det vart noko dyrt, særleg for meg som hadde lengste vegen. Det vart lite som mangla på 1000 kroner, men for dei som hadde kortare distanse vart det noko billigare. Det arbeid vi utførte var rekna til kr. 5,- for dag, så det var bra billig.

Jau, vatnet med slikt trykk vart ein herleg ting, og det kan ikkje nok lovprisast.

Her på Sandsøy har det i lange tider vore søkt om å få ein molje frå Korsneset og innover, og sist i 20 åra vart det endeleg bestemt, at no skulle dette ta til. Det var formann Lillebø frå Volda som stod fôre arbeidet. Dei bygde arbeidsbrakke nord på Nauståkrane, og så tok arbeidet til. Dei fleste arbeidarane var frå Volda og Dalsfjord, men der var og nokre mann her frå staden.

Det var nokre lange berghaugar nord på Korsneset og desse skaut dei ned, og så grunt som der er innover, gjekk det svært fort. På tre år var steinen på Korsneset oppbrukt. Dei hadde då murt den staute og nærdjupe kaia, og så tok dei ein krull innom Bollen (*Info 1*), og dermed vart det slutt. Det viste seg at tungbåra gjekk opp på hamna like godt, så den hjelpa som det skulle verta, vart ikkje etter som ein hadde tenkt.

(Info 1: Bollen er no rett bak moloen på Sandshamna, der moloen gjer ein sving.)

Medan dei arbeidde på moljen, forlengde dei den vassleidninga som Ditlef og Otterlei hadde heilt opp på fjellet der det nye Statens vassbasseng er tenkt å vera. Her grov dei og demde opp ein dam som dei var godt hjelpte med.

Info: Fiske og etterkrigstida generelt

Det var sei og vårsildfiske desse åra eg var med Hans Våge. Men i 1945 kom silda lenger inn mot land, oppunder Stad og inn på Vanylvsgapet. I sydvestleg ver kunne ein driva om det så var både kuling og storm. Det vart slutt med at silda kom inn over grynna ved Svinøy. Dette seifisket ute på Skallane tok og slutt, for når ikkje silda gyte der ute så var der ikkje mykje å leva av. Vi brukte noko torskegarn, men det vart lite av det.

I 1946 vart det lite og inkje av fiske med oss. Båten var gamal og liten til å driva etter silda med. Olaf og Hans ville helst slutta for godt. Eg var saman med ein gjeng som lossa sild, og vi tente nokre kroner på dette.

Min bror Petter (*Info: Bringsvor 3*) hadde og slutta med fiske. Båten vart så lekk at han la den fram i fjøra borte på Holmen og tok til å ta den sund. Alt i slutten av krigen hadde han fått seg jobb som ordremann, og sidan tillitsmann på sildekontoret i Haugsholm. Då det etter kvart vart så mykje å gjera på Holmen med hermetikkfabrikken, så laut Rolf Myklebust (*Info: Voren 13*) seia opp jobben på sildekontoret i Sandshamn. Petter søkte då om å få koma hit, medan han hjelpte Johannes Støyle (*Info: Støyle 7*) med å få jobben i Haugsholm.

I 1937 tok Bjarne Våge (*Info: Våge 11*) seg rom hjå Hans Voksøy (*Info: Sandsbakk 3*), og då der var endå ein ledig plass, fekk eg den, og så til å driva etter silda att. Men det var mykje lettare og betre enn for 13 år sidan, då vi måtte langt ut i havet skulle vi ha von om sild. No var det å gå ut Ristesundet og setja oppunder Eltvik eller Bolkevik og Kviteneset. Her var veldig med sild, men båten var liten og det meste vi kunne ta var 150 hl. Men fleire gongar sette vi att noko av lenka for anker, gjekk nord til Sandshamn og leverte silda, og så attende

og tok resten av garna. Vi sette og eit par gongar eit anker for slengen (*Info 1*) opp på Eltvik og tok to lastar kvar gong. Vi hadde kosta kvar sine to nye garn, og desse fiska rett godt.

(Info 1: Slengen betyr at dei ikkje har båt eller drivanker på den eine enden av drivgarnseta.)

Men ein kveld vi rak ifrå land og nord på djupet, visste vi ikkje av før lenka gjekk ned. Vi fekk inn eit par garn, men sidan ikkje ein tomme. Vi hadde berre spelet å hiva med, som var vanleg på så små båtar, og når det ikkje vann noko så var det inga råd. Vi prøvde med firskoren talje, men ikkje ein tomme. Vi låg no berre og venta på kva tid det kom til å siga av og søkke til botns. Ein av karane hadde eit raudt lommetørkle som han hadde rundt ei lyspære og hengde opp. Ei stund etter kom ein stor båt frå Herøy og stansa opp. Han hadde drive ute på havet og inga sild fått. Han baud seg til å prøva, og han fekk kabelen om bord. 3 mann frå oss gjekk og om bord og hjelpte til. Jau dei fekk opp garna, og det gjekk fint med draginga, for dei hadde ny hydraulisk vins. Dei fekk til slutt opp alle garna, som dei tinte (*Info 1*) etter kvart så godt hjelpa som dei var. Båten deira vart nesten lasta, og dei fekk all silda. Vi var glade til at vi fekk att garna, sjølv om dei var ein del rivne av all silda, så fekk vi no fiske vidare.

(Info 1: Tine / tinte betyr å riste silda frå garna. Var det mykje sild så kunne dette være eit stort arbeid som kunne ta lang tid.)

Då vi tok til med denne fiskja og vi kjøpte eit nytt radio på båtlaget, baud eg meg til å løysa inn denne radioen om eg fekk kr. 1000,- på meg. Jau det vart over kr. 3000,- på lott, så no fekk vi radio i staden for den som tyskarane tok frå meg.

Krigen hadde rasa i 5 år, og millionvis av ungdom over heile verda var nedslakta. Her er massevis av bøker som er skrivne om denne djevelske krigen, så eg skal ikkje nemna noko særers om det. Men kor førebudde og rasande tyskarane var og trudde dei skulle kue og overvinne heile verda, så laut dei til slutt gje seg for overmakta. Hitler og elskarinna hans gjorde visstnok sjølv-mord. Nazileiarane i Noreg, Qisling, vart sett for krigsrett og skoten. Ja, heile verda stod berre og undra seg over at det verkeleg hadde vorte fred. Alle var samde om at tross alt gjekk det likevel fint, for skulle tyskarane ut av landet med våpenmakt, så hadde her sett underleg ut.

På fridomsdagen gjekk alle flag til topps, og det vart bestemt møte eller fest på Dollstun, der det vart fult hus med talar, song og opplesing. Aldri har vel fridoms- og nasjonalsongane vore sunge med slik kraft som no. Ja, endå dei som hadde stade nazisma og tyskarane nær og tente godt på krigen, stod opp og heldt tale for fridom og fred. Den 8. mai 1945 får soleis stå som ein ny fridomsdag for det norske folk.

Då eg den 7. juni var i byen, fekk eg vera med og sjå på alle toga med faner og flagg, marsjerte opp til Utstillingsplassen ved Nørvøy skule, der det var musikk og song med fengande talar for dagen og fridomen. Her var endå mykje tyskarar i landet. Heile Nørvøy skule var full av tyskarar og dei hang ut gjennom glasa og høyrde på folkemengda som song og jubla, og ropte slagord som dette: «Vi er fri! Vi er fri! Fri for tyskens slaveri.»

Men det vart ei underleg tid dei to fyrste åra etter krigen. Her var mangel på alt mellom himmel og jord. Frå Amerika kom den eine støre sendinga etter den andre av brukte klede. Det var norske folk, og av norsk avstamming som sette i gong alle slags innsamlingar. Dei ville hjelpe sine frendar i moderlandet.

Eg var på den tid formann for den gamle sanitetsforeininga, og vi som då var i styre, fekk jobben med å dele ut desse brukte klede, som sumt var ganske bra, men det var og mykje sarv. Vi prøvde å dela det så godt vi kunne etter som vi trudde folk hadde trong for slikt, men vi fekk ei voldsom påpakning, helst frå slike som hadde fulle hus av alt slag. Seinare prøvde vi og dela ut pakkar så like i verde som vi kunne få til, og så fekk kvar trekke sin pakke som var utan namn eller nummer. Men det var mange som var utilfreds då og. Glade var vi for det vart slutt på heile sendinga.

Men etter kvart tok det til å koma meir og meir både av bitande og slitande (*Info 1*). Verst var det då her kom kvoter med ymse slags tøy, som kvar skulle få kjøpa sin del av. Men då fekk ein alltid sjå og høyra kven som var mest føre seg, og kven som var verst i kjeften.

(Info 1: Uttrykka «bitande» og «slitande» var litt vanskeleg å forstå, men kanskje det meinast at etter kvart kom både mat og brukbare klede.)

I 1948 vart eg og med Hans Voksøy (*Info: Sandsbakk 3*). Vi fiska dette året mykje sild. Den kom dette året også opp under Stad. Her samlast ein masse båt frå nord og sør. Det lengste nordover silda vart fiska var utfor Ålesund, og så sør til Florø. På sildekontoret hadde bror, Petter (*Info: Bringsvor 3*) vore åleine, men no var det aldri fred natt som dag, han fekk då Gerhard Strømsnes (*Info: Voren 9*) til hjelp.

Sidan det vart slutt med vårsildfiske her for 2-3 år sidan, har dette fiske teke seg opp søranfor, i Haugesund og omegn.

Når det tok til å minke med drivsild her, var Hans (*Info: Sandsbakk 3*) mykje interessert i kor det var søranfor, og vi lydde kvar dag på meldingane. Urter og Røvær var godt fiske kvar dag. Vi bestemte oss då til å reise sørover. Vi tok om bord det vi trong og reiste sørover ein laurdagskveld. Vi gjekk heile tida, og då vi nærma oss Haugesund søndags kveld, såg vi nokre holmar og skjer vestpå. Etter som vi såg or kartet, var dette Røvær. Vi hadde det finaste ver heile turen, og leitte oss opp i den ytre hamna. Her var mange båtar før frå Selje og Måløy. Dei sa at her var godt fiske før helga.

Måndags morgon gjekk vi ut og sette garna på eit sjøstykke dei kalla Sver. Då vi tok til å draga var garna fulle av sild. Vi sette då og drog nokre gongar, og båten vart lasta. Vi sette då frå oss garna og gjekk inn til Røvær for å levere. Den indre hamna er den beste hamna eg trur eg har sett. Der var rom til 25 lasteskuter omframt dei mange fiskebåtane. Hit inn er to sund nordover, og ein smal kanal som staten har grave sør over. Der var to handelsmenn og eit par gardsbruk. Men rundt hamna var fleire stovehus, som hadde naust eller sjøbud i kjellaren og stove ovanpå. Det er eit gode her, at det er så lite forskjell på flod og fjøre, så i denne gode hamna ligg båtane atmed huset.

Vi kom inn att om kvelden med full last att. Eg vart send i land for å sende telegram heim til kona åt Hans, at vi var kome inn med last for andre gong. Dette hadde visst fare som eldbod rundt øya, for kvelden etter var alle grannebåtane heimanfrå kome til feltet.

Vi fiska då godt heile veka. Laurdag gjekk vi inn til Haugesund for å halda helg. Har aldri sett så mykje båt samla i ei hamn som her var. Om ettermiddagen var vi på land. Var ut på Risøybrua, der vi stod og såg ned på alle båtane. Var nord på Haraldshaugen der vi var mange sunnmøringar samla. Eg gjekk då opp i troppa og deklamerte diktet «Haraldshaugen» av Ivar Aasen. Seinare var vi sør på Rossabø og såg på gravstaden til byen. Vart mykje forundra over


alle dei veldige kostbare monumenta som var på alle gravstadane. Stor forskjell skal det vere her i livet, og verre etter at ein er død.

Veka etter tok det heler til å minka med sild, og så var det no så veldig mykje båt og allmuge, at det gjorde sitt. Vi var der vel 14 dagar, men tok så på heimveg. Var ei natt i Bergen, var opp til mitt syskenbarn, Alf Hatlebrekke, der vi hadde ein hyggeleg kveld. Då eg kom ned der vår båt, og mange andre båtar låg, vart eg veldig uhyggeleg til mode då eg fekk sjå alt det fulle og galne folket som var der.

Vi hadde 1200 hl. sild denne turen.

Eg hadde tenkt å vera med Hans Voksøy (*Info: Sandsbakk 3*) i 1949 og, men eg hadde så vondt i ryggen at eg visste ikkje om eg greidde det.

Info: Fiskeoppsynet og sildekontoret



(*Info: Bildet viser Sandshamn i 1954. Sildekontoret var i den firkanta bygningen med flatt tak. Som vi ser oppe til venstre i bildet så vises budene til Ditlef Olsen som brann i 1955. Heilt oppe i venstre hjørne ser vi Leina, der Gerhard Bringsvor budde.*)

Johan Våge (*Info: Våge 10*) hadde vore oppsyn i mange år, heilt sidan Kristian Sandnes slutta. Johan vart sjuk og førd i bære til Volda sjukehus. Då han ikkje kom seg til fiskja, vart det spørsmål om ein mann i hans stad. Eg reiste då til byen for å snakke med oppsynssjefen. Han baud meg då jobben som vikar for Johan Våge, og eg tok til i midten av januar 1949. Men det var ikkje godt for meg å vita korleis eg skulle gjera alt, for det var ingen som kunne setja meg til arbeids, når Johan var inne på sjukehuset. Eg fekk vera i saman med bror min nord på sildekontoret. Her var veldig mykje båt, og telefonen stod ikkje stille ein augneblink. Når eg skulle melde frå til oppsynssjefen, laut eg ta med meg det som var nedskrive og bort i telefonkontoret og melde frå derifrå, og ofte laut eg stå opp i timen før eg kom igjennom i telefonen. Ut over ettermiddagen når alle båtane kom i land, sat eg mykje og skreiv ut setlar for fiskarane. Bror Petter (*Info: Bringsvor 3*) streva mykje for å få tak i lasteskuter til alle denne silda som kom inn.

Det gamle kontoret var ei fiskestove, og der var både trongt og kofte (*Info 1*). Og så snudde alle glas opp over, så vi visste lite om kva som gjekk føre seg borte på hamna. Ein av siste åra bror Petter var der, fekk dei eit lite rom ved sida som der og var telefon i, og vi fekk no vere der inne når vi telefonerte.

(Info: I fylje ordboka til Per Sandanger så betyr «kofte» tung og fuktig luft. I dag ville vi kanskje sagt at kontoret hadde dårleg inn klima.)

Bror Petter hadde mange travle år på dette kontoret. Sjølv om han hadde Gerhard Strømsnes om dagen, så ønskte han ikkje å vera der om natta, så Petter var både dagvakt og nattevakt.

I 1952 var siste året Petter (*Info: Bringsvor 3*) var på Sildekontoret. Rangvald Hauge hadde skaffa seg ei masse underskrifter frå båtførarar og vart Petter sin ettermann. Men dette året skulle han setje Rangvald inn i arbeidet. Ragnvald fekk då Egil Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*) til å føre rekneskapen og betala ut pengar. Egil var då og tilsett som likningssjef i Sande, med kontor oppe i Sandsbakk. Denne hausten kosta sildekontoret nye kontor. Dei fekk heile 3. høgda av sjøbuda åt Otterlei, som snur ned mot kaia. Dei sette inn nye glas, nye golv og kledde med huntonit (*Info1*). Ned mot hamna eit stort rom avdelt med ein høg skranke av glasruter. Ei stor glasrute førde inn til sida, når nokon ville snakke med sjefen. Frå det ytre store rommet ei dør inn til sjefen. I bakgrunnen er det fire rom, nørst eit fint soverom åt sjefen. I midten eit fint kjøkken. Så eit stort pent rom åt pengeskap og skrivepult, med luke ut i venterommet. Her hadde han som var kasserar senga si. Det fjerde rommet var inngang frå gangen.

(Info1: Huntonit er ei trefiberplate.)

Då Rangvald Hauge vart tilsett, forlangte han at eg som oppsyn framleis skulle vera ilag med dei der på sildekontoret. Dette var i grunnen best for meg, for hit kom alle fiskarar for å melde inn sild, og her til Otterleikaia kom dei for å få olje og proviant. Det viste seg og at Ragnvald var veldig kjekk og vera saman med. Rangvald fekk og igjennom at dei skulle ha ein tredjemann, og såleis vart Olaf H. Våge tilsett.

Borte på gamlebuda åt Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*) budde ein mann frå Koparvik som heitte Aarvoll. Det var andre året at han leigde budene åt Ditlef og salta sild. Eg hadde nett vore heime og fått meg kafé, og kom til svingen nedanfor butikken til Ditlef Olsen då ein mann kom springande og ropte at det var brand borte på gamlebuda. Eg sprang og reiv opp døra til butikken åt Ditlef, der det var mange mann inne, og ropte at det var brand. Alle kom ut, og folk strøymde til frå båtar og butikkar. Eg var nedover og såg at ingen tok seg av noko slags sløkking. Eg spurde Njål (*Info: Sande N47*), som stod midt på vegen, om dei ikkje hadde henta brannseglet som var på buda borte på Leina. «Berre gå etter det», sa han. Eg sprang for livet bort i Leina og fekk fatt i seglet som var veldig tungt. Sumt bar eg og resten drog eg nordover. Då eg passerte Fiskarheimen, var eg så sprengd at eg ville siga i hop. Det kom då to karar og hjelpte meg og tok seglet ifrå meg. Eg luska då etter dei og ned på Budaneset. Det hadde då teke til å brenna på den store Skeivebuda. Best det var kom dei berande med ein mann nedanifrå Kaibuda. Eg gjekk bort åt og såg at det var Egil Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*) som hadde falle i uvett. Han hadde vore nede på Kaibuda og henta nokre pakkar med likningspapir. Desse hadde han fått nokre gutungar til å bera oppover. Han hadde visst nok nokre andre pakkar som og skulle hentast, og så fall han i uvett. Dei bar han då opp i huset til Longva.

Eg sprang ned att på Sildekontoret og plukka det meste av mine papir i kofferten og bar han nord til Bakkenausta. Dei andre tok og det viktigaste med seg og flytte ut. For slik som det då såg ut, gjekk alle husa med bortanfor Vågen.

I mellomtida hadde dei og henta den vesle brannpumpa borte i Leina. Dei hadde fått seglet opp på hjørnet av Kaibuda, og pumpa ned i sjøen. Dei som stelte med seglet og pumpa gjorde eit veldig arbeid, især må eg nemne brorson min Steinar (*Info: Sande N12*) og Oslo-mannen Per Gjønes, ja, mange fleire kunne og nemnast.

Men etter kvart brann Skeivebuda heilt ned, men Kaibuda vart berga. Brannen byrja borte på Gamlebuda, enten i det rommet som Aarvoll budde i eller i rommet attmed.


Dei hadde med ein gong fått fatt i doktor til Egil, som sa frå at Egil var død.

Gamle Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*) stod oppe på trappa og såg på brannen. Dei var alle redde for at dette tolde han ikkje, men han trøysta dei med at dei skulle berre ta det med ro. Det brann no heile Ålesund og (*Info 1*).

(Info 1: Utsegna til gamle Ditlef Olsen må nok sjåast i lys av at han snart var 90 år og mykje dement. Han døde elles same året, altså i 1955.)

Dagane etter gjekk som vanleg. Dei hadde fått Kåre Vorren (*Info: Sande N40*) som 3. mann på kontoret i staden for Egil. Det var mykje folk samla i Egil si gravferd. Det var dårleg ver og storebåre den dagen. Avferda var frå Fiskarheimen. Det hadde lagt ned ei stor snørid med store snøbardar så det var umogleg å køyra til kyrkje. Dei hadde difor fått den nye båten «Hamnasund» til gravferdsbåt. Før vi kom ned til kaia, kom ein skyssbåt og sette ein framand mann på land. Han sa han heitte Venja og var no eigar av Herøy, den vesle øya der den gamle Herøy kyrkje stod, og dei gamle handelshus på Herøy som han budde i. Han fortalde at han var god ven med Egil og måtte få vera med i gravferda hans. På turen sørover fortalde han kor mange koner han hadde hatt, og at han no var heilt åleine på øya. Då presten hadde gjort altertenesta og lose or gravferdsritualet, sprang denne mannen fram på golvet og heldt ei voldsom tale over kor gode venner han og Egil hadde vore, og kva hjelp han hadde fått av Egil i fleire vanskelege saker. Og for å stadfeste dette, banka han fleire gongar i kista så det small. Dette vekte slik uhygge, og både presten og gravferdsfylgje tok til å reise seg så det kunne verta slutt med denne talen. Dei tok då kista og bar den ut til grava der presten forretta.

I 1955 var det Ragnvald Hauge, Olav Våge og Kåre Vorren som var på Sildekontoret. Eg hadde mi vanlege krå med bord og eit skap. Det hadde 2 år før vorte ei ny stilling som vart kalla fellesføring. Bern Hide (*Info: Sande N55*) hadde denne stillinga her i Sandshamn, med kontor på den såkalla Kvitenden på gamlebuda. Når no denne brann opp, flytte han og bort på sildekontoret og hadde det rommet som har inngang frå troppa og gangen. Hans Våge hadde ei slik stilling i Haugsholm. Deira arbeid var å få fatt i båtar som skulle føre silda bort.



(Info: Bernth/Bern var ishavsskipper, og førte 1924-47 ishavsskuta «GRANDE», som han og Njaal Olsen kjøpte i 1924. Bernth selde sin part i skuta i til Njaal Olsen i 1955.)


Det var tanken at desse skulle vera her i 1956 og, men Ragnvald Hauge vart drepent i Haugsbygda. Han kom syklande heimanfrå og svinga ned den bratte vegen frå løda åt Petter Hauge og ned til sjøen. Det var visstnok bremsa som svikta, så det barst ned over den bratte vegen og hardfrosne marka der han vart liggande. Dei fekk fatt i doktor, men livet var slutt.

I gravferda hans reiste vi tre karane: Olaf Våge (*Info: Våge 4*), Kåre Vorren (*Info: Sande N40*) og eg inn der. Eg la krans på båra frå oss tre med nokre ord til den avdøde og slekta hans.

Så kom Johannes Støyle (*Info: Støyle 7*), som i nokre år hadde styrt kontoret i Haugsholm, og fekk styrarjobben her. Olaf Våge var kasserar. Som 3. mann vart anset Trygve Både (*Info: Voksa 3*).

I 1957 var vi same folka. Men eg likte meg ikkje så godt, for han som skulle vera sjef, var lite sympatisk å vera saman med. På ein tur til byen, hadde han vore opp til sjefen på sildekontoret i Ålesund og lagt ut i det vide og breie om dette oppsynet som var på same kontoret og hadde same varme og ljøs som dei, og mangt anna som ikkje eg fekk vita om. Sjefen i Ålesund hadde då snakkast om dette, og oppsynssjefen ringde til meg og sa at eg måtte finna meg eit anna kontor, då eg ikkje fekk vera der. Eg fekk meg då eit rom i butikkhuset hjå son min, Jon Martin, borte ved Fiskarheimen, og folk som ville finne meg kom dit. Men her var ikkje så kjekt å vera som på Sildekontoret der vi såg båtane når dei kom inn for Honnhammaren, og fekk snakka med fiskarane når dei kom opp.

Det tok til å minka med silda her utanfor. Den veldige sildetyngda som i mange år hadde vore utanfor Sandsøy, Svinøy og Stad minka og det vart betre fiske lenger nord. På Nordmørsfeltet og Buagrunden vart det no storfiske år etter år, og båtane nordanfrå slutta å koma her sør. Det var likeins storfiske ut for Ålesund. Ut for Vigra gjorde dei det så godt med Plentagarn (*Info 1*) helt inn under land. Det var og mykje snurping (*Info 2*). Sør for Stad vart det heilt fritt for sild. Etter kvart tok dei til å seia opp folk både på Sildekontoret og i Oppsynet, og i 1960 var det 20 mann som var oppsagde i Oppsynet frå Stad og sørover. Desse i fellesføringa vart oppsagde, og då Johannes Støyle vart sjuk, vart Olaf Våge att åleine på Sildekontoret.



(Info1: Plentagarn betyr nylongarn som kom etter krigen og vart alt meir vanlig utover i 50 åra.)

(Info 2: Snurpenot er et fangstreiskap for fisk som går i stim, for eksempel sild. Snurpenot kallas også ringnot. Det er eit stort nett som setes rundt fiskestimen og snurpes saman i botnen. Når fisken er innesperra trengast den saman ved at nota trekkast inn, og fangsten håvast eller pumpast om bord i fartøyet. Sjå bilde her.)

I 1961 vart Sildekontoret her nedlagt, for all sild vart no fiska nordanfor. I Haugsholm vart det og nedlagt, endå Sildelaget nyst hadde bygt fint kontorbygg.

I Haugsholm bygde den Indre Sjømannsmisjonen, med gåve frå Ivar Frimannslund på kr. 65.000,-, ny Fiskarheim i 1962. Der sit no ein bestyrer og ei kvinne og styrer utan ein einaste fiskar. Sandshamn Fiskarheim har no vore stengd i 3 år.

Det har vore på tale år etter år at det skulle vere slutt med Oppsynet her i Sandshamn. Det har vore på tale å leggja det under Fosnavåg, men Garshol som styrer Oppsynet i Herøy og Ulstein og som såleis har to distrikt, nekta å ta Sande og. I 1964 vart eg nøydd til å ta det att. Hadde

tenkt å få plass på Revmatismesjukehuset i Haugesund. Den 20. mars fekk eg då plass der etter å ha søkt snart eit år. Eg fekk då Jon Martin (*Info: Sande N69*) til å overta dei vekene eg hadde att.

Den hausten, 1964, skreiv eg til sjefen at eg ikkje greidde å ha jobben lenger, for føtene nekta heilt. Har og sidan i juni venta på plass på Sophies Minde, så det var uråd å stella med dette. No har Oppsynssjefen anset son min, Jon Martin. Det er sjølvsagt ein lett jobb no då her er lite båtar og inga sild. Men det har vore litt torsk som skal fylgjast med for statistikken si skuld. Men for meg har det vore ein bra jobb, for eg var og er så helselaus i rygg og hofter at det var uråd å drive sjøen. Og løna for dette arbeidet som tok til med kr. 2.000,- har etter at vi organiserte oss vokse på. Med alle tillegg har det vorte kr. 6.000,- Mykje av desse pengane har eg brukt til vøling av husa og anna som trengst på ein gard, Kjøpt traktor mellom anna. Men endå så har eg kr. 30.000,- i bank. Eg ser såleis ikkje mørkt på livskvelden korkje for meg eller kona, og så får det verta som det kan i framtida.

Leina, den 25. februar 1965.

Gerhard Bringsvor.

Info: Oppsummering og noko nytt

Eg har gjennom åra skrive om ymse ting, men så er det no mangt att. Eg tok til å fortelja om denne halvferdige stova, ja fjøsen og. Det fyrste eg kosta her, var som før sagt bordkledning på nøre stoveveggen, så kosta vi tropp og støypte platt ut for dørene. I kjellaren var nedlagt eit golv der høvleбенken og bakstebordet stod, elles var det berre jordgolv. Etter kvart som rottene grov att veitene, vart det meir og meir vått i kjellaren. Fekk då leige ein mann til å skyta bort noko berg og få veite med rør under pukket (*Info 1*) og så støypte vi då golv i kjellaren, og sjølv om det ikkje er så høgt som folk gjerne vil ha det, så er kjellaren brukbar.

(Info 1: Pukk er knust stein framstilt av hard naturstein som granitt. Pukk har uregelmessig form, diameter 4-120 mm.)

Kjøkkenet som var så kaldt, pappa vi og panelte, fekk også nye glas. Vi la og ned nytt golv ovanfor det som var. Inne i storstova pappa vi og panelte. På søre loftet laga vi til ein bra kvist (*Info 1*), og opp for troppa eit lite rom til yngste sonen.

(Info 1: I følge ordsamlinga til Per Sandanger er ein «kvist» eit rom på loftet.)

I 1944 tok vi ein stor kostnad med at vi saga ut mellomveggen mellom stovene og bygde oppatt ny vegg med dobbeldør, tok over ein meter av største stova og la attåt den minste, så no vart stovene om lag like store. Så kosta vi nye glas i begge stovene, veslekammerset og dei to roma sørover. Dette var både dyrt og kostesamt, og så og seia umogeleg å få tak i det vi trong av material.

I 1952 vart Jon Martin (*Info: Sande N69*) gift med Oddrun Fløtre, dotter åt lærar og klokkar i Dalsfjord, Jon Fløtre. I god tid før dette snakka Jon om å få eit par rom å bu i. I 1951 kjøpte eg då dei nødvendige materialar for å endre og stelle til loftet til bustad åt han. Vi fekk Pål Sætre og ein svoger av han (Stokke) til å utføre dette arbeidet. Vi tok oppløft på heile taket nedanfor, delte framsida i 3 rom og kjøkken og spiskammer på nordveggen. Dei to største

roma vart kjøkken, og den vesle stova attmed kjøkken. Det vart iallfall eit fint lite husvære åt ei lita familie. Jon måla alle roma sjølv, og då det vart lagt huntonit på alle veggar og tak, så vart det lune rom. Dette kosta vel 4.000 kroner. Så skifta vi ut troppa til loftet og kosta ny gangdør, dette kosta og 1000 kroner.

I 1957 kjøpte vi brumundnitt (*Info 1*) og for over alle roma med. No la vi brumundnitt opp under alle tak, i begge stovene, kjøkkenet, Veslekammerset, og rundt veggane, med Balat (*Info 2*) på storstovegolvet. Ei av stovene vart trakt og den andre måla. Så kjøpte eg kamin til kr. 700,- til største stova, så no vil eg sei at huset er bra i stand etter våre beskjedene krav.

(Info 1: Brumundnitt er en type trefiberplate.)

(Info 2: Balat eller balatum var ei form for linoleum.)



(Info: Bildet viser Leina Vestre, Sande N20, som var garden/heimen til Gerhard Bringsvor frå ca. 1920. Bildet er nok frå noko nyare dato ettersom det er eit flyfoto, men viser likevel situasjonen omtrent slik den var på 1950 talet, slik det omtalast ovanfor her. Opplyftet på taket vart etablert når sonen Jon Martin Bringsvor gifte seg tidleg på 50 talet. Vi ser mølla på andre sida av Vågen.)

Det var ein ting som vi her i ytre og søre Sunnmøre stod lenge til atters for, og det var elektrisk kraft. Inne i Brandal har elva med mykje kraft runne i havet i alle år. I 1914 kjøpte Ansgar Fiskaa, som handla på Sandshamn, Brandalselva for kr. 12.000,-. Noko etter kjøpte Sande kommune elva for same pris. Men då det for det meste var dårlege tider, og så nokre kolsvart (*Info 1*) pinete folk som stelte kommuna desse åra, så vart det inga utbygging. Desse åra mellom krigane var det endå dårlegare tider, og elva rann som før i havet. Men då siste krig var over, var det som om folk vakna og den skrikande trongen etter ljøs og kraft vart større og større. Vi fekk og nokre dugande stortingsmenn, især vart presten i Vanylven, Nybø,

ein ivrig føregangsmann. Det vart no danna aksjeselskap, og kvar som ville ha ljøs, løyste eit aksjebrev. Det vart oppteke dei nødvendige lån og Staten gav stønad. Og i 1950 lyste det i alle heimar i kommunane Sande, Vanylven, Syvde, Rovde, Dalsfjord og Herøy. Det kom særst vel med, for på dei fleste stadane var no torvmyrane oppbrende. Og så dette herlege ljøset som skin i kvar ei krå. Men det var kostesamt, og det har gått mykje pengar til det det er no.

(Info 1: Kolsvart betyr i denne samanhengen gjerrig.)

Har skrive før om vatnet og vassmangelen her i bygda og i hamna. I 1952 vart det endeleg avsett pengar til vassbasseng som Staten skulle bygge oppe i Bakkedalen. Martinius Ytrebø kom med ein arbeidsgjeng og tok til å grave basseng, og fleire fekk seg arbeid her frå øya og. I 1955 var det store bassenget ferdig, og det vart halde stor vassfest på Dollstun. Der var rjomegraut, kaffi og gode kaker. Der var talar, opplesing og song. Eg heldt eit kåseri om vatnet og vassnauda i Sandshamn.

Det viste seg at det var ein ikkje lita lekkasje i demninga. Dei tok derfor til å pæle ned i heile demninga ei masse tømmer som dei sette i plog, planke ved planke. Hausten 1963 var det ein lang regnbolk. Vatnet hadde då trengt inn eller ut plankane, og det vart meir og meir vatn som trengde på, og ein dag i nonstida braut demninga ut og vatnet fløynde nedover bygda. Den delte seg så noko kom nedover bøen til Harald Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*), og det andre nedgjennom tunet til Alfild Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 2*). Dette vart ei forferdeleg ulykke, med grus og stein ned over alle markar. Noko seinare vart det halde takst over skadane og dei som hadde fått mest skade, fekk kr. 14.000,- i erstatning. I 1964 vart ny og betre demning oppsett av ein arbeidsgjeng frå Folkestadbygda.

I 1956 den 21. desember døydde svigermor, mor og bestemor Berte Olsen (*Info: Sande N20*), 88 år gamal. Ho låg i kista i heimen sin over jula og vart gravlagd 3. juledag. Berte var eit veldig arbeidsjarn med arbeidsvilje, og sjølv om ho ikkje var Magda si rette mor, så var ho betre enn noka rett mor. Ho arbeidde seint og tidleg for oss alle samen, og sjølv om ho var gamal og utslite, så vart det eit stort sakn då ho var borte. Ho var veldig snill og stelle med dei siste vekene ho levde. Den rette mora til Magda, Synnøve Sætrevik, døydde av magekreft 1924.

Borna våre

Svanhild (*Info: Sande N20*), som var fødd i 1921, reiste som nykonfirmert jente til Volda. Løna var lita, og støtt så hørde ho husmora snakke med andre om den og den jenta dei hadde hatt, som lite eller inkje åt, men gjorde masse arbeid. Svanhild torde difor ikkje ete seg mett og kom heim mest ihelsvolta.

Den neste plassen ho tok seg var inne på Vatne med Bernt Fagerli, der ho hadde det godt. Så tok ho seg plass som jente på Møre Ungdomsskule i Ulsteinvik. Ho gjekk sidan Meieriskulen i Surnadal og Brekstad. Var tilsett som meierske i Tressfjord, sidan 2 år i Lervik. Kom så til Volda der ho var i fleire år. Gjekk handelsskule i Ålesund. Tok seg sidan kontor plass hjå Tussa Kraft på Sæbø.

Bergljot, (*Info: Sande N20*) fødd i 1924, tok seg plass ein sumar i Valdalen, reiste så til Kvamsøy der ho tente hjå Njål Kalsnes. Ho drukna i Kalsnes i 1942.

Jon Martin (*Info: Sande N69*), fødd 1927, gjekk ein arbeidsskule i Gjerdsvik. Var ein vinter på tyskarbeid på Stad. Kjøpte nokre maskiner og tok til å laga fiskemat nede i naustet. Kjøpte

kyr og mol opp til kjøttdeig. Bygde seg butikk og fryseboksanlegg ved Fiskarheimen. Han dreiv butikken nokre år, men leigde seinare bort handelen. Kjøpte dyr tuft og bygde kai og to sjøbuder på Kjetteskjeret og Moljen. Gift 1952 med Oddrun Fløtre. Har 4 born: Kari Marie, Bergljot, Gry og Jarl.

Astrid Johanne (*Info: Sande N70*), fødd 1937, var i ymse tenester i Ålesund, på Dyrkorn og Ulsteinvik. Styrde to vintrar Fiskarheimen her. Tok seg hyre og har vore to turar på Østen og ein tur til Australia. Vart på ein av turane forlova med ein oppvartar på båten, av fransk herkomst. Det vart ikkje giftemål mellom dei, men ho har ei lita jente på 3 år som heiter Synneve. Astrid gift med styrmann.

Eiolf Magne (*Info: Sande N20*), fødd 1939, er så hermetisk fri for sjøverk at han tok til å driva sjøen straks han vart konfirmert, og har drive sidan på alle hav. Han har vore på Vest Grønland, Newfoundland og driv her på kysten.

Då eg no er 73 år og mykje forderva i føtene, skal eg reise til Sophies Minde å prøve og verta betre.



(Info: Ettersom Gerhard Bringsvor var fødd i 1892 og han på dette tidspunkt var 73 år, så må det ha vore i 1965 han reiste til Sophies Minde for å prøve å bli betre i føtene. Sjå teksta over.

Dette bilde er nok teke nokre år seinare, kanskje i 1971, ettersom vi ser at muren ved det nye huset til sonen Jon Martin er kome opp.)

Sandshamn den 25. februar 1965.

Gerhard Bringsvor.

Info: Diverse familiebilde



(Info: Bildet viser frå venstre bak, Magda, Jon Martin og Gerhard. Frå venstre framme, Astrid, Øyolf. Ettersom Øyolf er fødd i 1939 og ser ut til å være ca. 5 år, så er nok bilde teke ca. i 1944.)




(Info: Dette et eit familiebilde med hest bak huset i Leina. (Sande N20). Bildet viser Jon Martin ved hesten, vidare blant dei vaksne, Svanhild, Magda og Gerhard. Barna frå venstre er, Astrid, ei nabo jente og Øyolf. Ettersom Øyolf også her ser ut som han er fem år så kan bilde vore teke ca. i 1944.)



(Info: Bildet viser Gerhard Bringsvor med hesten. Bilde ser ut til å være teke samstundes som bildet ovanfor.)


Info: «**Slektstreet**» til **Gerhard Bringsvor**







Info: **Slektstreet til Jon Jonson Helland**

Jon Jonson Helland.
(Jon Jonson Helland var lærer i Herøy i 10 år tidleg på 1800 talet, men kom tilbake til Sandsøya i 1813, dreiv fiske og bygsla Sande N2.)
 Fødd:1782. Døde:1835. Busett Helland 1 og seinare Sande N2.
Kone: Oline Nilsdotter Nykreim frå Leikong i Herøy.
 Fødd:1791. Døde:1863.

Jon Jonson Helland hadde fire born til, som døde små eller unge, utan etterkomarar.





**Opplysning:**

Det opphavelige Våge 5 bruket bestod av fyljande av dagens B.nr: 5, 10, 12, 14, 15, 16, 19, 23, 24 og 25. Sjå Sandesoga.

Info: **Slektstreet til Petter Jonson Nøresande**

6

Jon Jonson Helland var far også til **Petter Jonson Nøresande**.

5

Sjå nedanfor her.

Følg strek 5 til toppen av slektstreet.

5

Petter Jonson Nøresande
 Fødd:1821. Døde:1907. Busett Sande N2 og seinare Bringsvor 4.
Kone: Gjertrud Askjelsdotter Bringsvor.
 Fødd:1831. Døde:1900.

Johannes Severin Bringsvor.
 Fødd:1851. Døde:1908.
 Busett Bringsvor 3.
Kone: Marie Martinsdotter Sande.
 Fødd:1852. Døde:1929.

Karl Olai Bringsvor
 Fødd:1853. Døde:1926.
 Busett Bringsvor 4.
Kone 1: Ingeborg Andersdotter Støyle.
 Fødd:1853. Døde:1883.
Kone 2: Oluffa Kvalsund.
 Fødd:1850. Døde:1940.

Berte Oline Andrine Bringsvor.
 Fødd:1865. Døde:1930.
 Busett Sande N1.
Mann: Severin Sørenson Støle (Støyle 2).
 Fødd:1864. Døde:1947.

Gerhard Andreas Bringsvor.
 Fødd:1868. Døde:1942.
 Busett Stavanger.
Kone: Anna Lea, Sandnes.
 Dei hadde ei adoptivdotter.

1

2

Andreas Hermann Bringsvor.
 Fødd:1872. Døde:1956.
 Busett Sandvik G 7.
Kone: Johanne Sandvik.
 Fødd:1863. Døde:1950.

Petter Jakob Kornelius Bringsvor.
 Fødd:1881. Døde:1960.
 Busett Bringsvor 3.
Kone: Olianna Våge.
 Fødd:1877. Døde:1975.

Marta Ingeborg Severine Bringsvor.
 Fødd:1888. Døde:1917.
 Busett Vanylven.
Mann: Peder Rusten.


Gerhard Ingmund Bringsvor.
 Fødd:1892. Døde:1973.
 Busett Sande N20.
Kone: Magda Sætrevik.
 Fødd:1897. Døde:1984.

Alfred Mathias Bringsvor.
 Fødd:1896. Døde:1969.
 Busett Sande N12.
Kone: Johanne Eltvik.
 Fødd:1903. Døde:1981.

1

2

6



NB) Følg nummer og fargekodene ved orientering i slektstreet over her.

Nøre Sandsøy

Av Gerhard Bringsvor

Forord

Då eg fekk så overlag god tid på sjukehuset i Ålesund, fekk eg slik hug å skriva eit og anna som eg hugsar frå mi kjære heimbygd, Sandsøy.

Vi har rett nok det gode og umissande verket av Jacob Bjørlykke (*Info 1*). Eit ovsterkt arbeidsstykke som vil stå fram gjennom tidene som noko verdfullt, meir enn vi anar. Men kor stert og verdfullt eit slikt verk er, så kan det aldri femna så vidt at alt er med.

Det som eg då vil skriva om, er hendingar frå dei siste tider. Slikt kan ikkje nett ha så stor interesse no, men kanskje om 50 år kan det verta litt mon i det, om det vert gjømt så lenge.

(Info 1: Det er «Soga om Sande og Rovde» det visast til her, som kom i sin fyrste utgåve i 1935. Sjukehusopphaldet til Gerhard Bringsvor, der han skreiv dette, var i 1943.)



(Info: Bildet viser Sandshamn mm. Bildet er nok frå ca. 2010, men viser likevel området i store trekk slik Gerhard Bringsvor beskriver det.)

Nøre Sandsøy

Den stad på Sandsøy som har vore minst omtala i boka til Bjørlykke, er Nøre Sande eller den noverande Sandshamn. Han seier sjølv Bjørlykke, at denne bygda har forandra seg så mykje at han vanskeleg kan skriva om ho, og ingen stad på heile øya har der vore så store omskifte som her. Matr.73 Sande nordre som det heiter, omfattar no fleire og 30 små og store gardsbruk eller hustuffer. Men det har ikkje alltid vore så. Kva namnet kjem av er og uvisst. Bjørlykke nemner at det er mogleg kjem av at denne Herremannen Peder til Sande åtte det saman med Kyrkjesande og for å halde det frå, kalla han det Sande nordre eller Nøresande, og dette har det vore kalla heilt ned til vår tid. Den fyrste som byrja å kalla seg berre Sande var Bendik Johanson Overaa (*Info: Sande N2 / Sande N23*), fødd på Ystebøen, sidan er det fleire som skriv seg for berre Sande. Namnet kan og koma av sanden i vika ned for budene, eller ein

sand som gamle folk fortel om var beint ned for Sandeoppkoma. Men den fine sanden der har minka vekk så no ser ein sand berre i fjøre sjø. Det er ofte omveltingar med slikt. På utsida på Alnes viste ein mann meg store steinar som hus, som var gøymt av sand i hans barndom, men no er sanden vekk. Såleis er alt under forandring. På Nøre Sande har det visstnok budd folk i langsamelege tider. Ei heil mengd gravfunn er funne her. Fleire gravhaugar er her og, dei fleste er snart utgravne og åker er opplagt om allan haugan, som Ivar Aasen syng (*Info 1*). Den største gravhaugen her var den dei kalla Røysa, på haugen nordanfor der Otterlei no bur (*Info: Sande N16*). Denne røysa eller haugen har vore stor, dei har flittig køyrt stein derifrå til alt som trongst. Då Ansgar Fiskaa i 1908 anla si forretning der Otterlei no er, fekk han ta den stein han ville til fylling rundt huset og til hagemur. Sidan har det vore køyrt ei masse stein til veiter og anna, og no til slutt er der brote åker der den store gravhaugen var. Lenger nede ved sjøen er og to gravhaugar, den eine er avlang og kallast for Skipet. Den andre haugen ligg tett attmed vegen til moljen (*Info 2*) og kallast av yngre folk for Makrellhaugen. Korsneset kallast neset som naturleg dannar vern for hamna. Her var før moljen kom, høge berghaugar og ryggar. Opp på desse berghaugane låg fleire røyser av fjørestein, og det er ikkje tvil om at dette var gravrøyser.

(Info 1: Har ikkje klart å finne ut kven Allan Haugan er, som Ivar Aasen syng.)

(Info 2: Moljen er ein lokalt uttrykk for moloen, som er ein bølgebrytar eller demning.)

Frøken Meyer på Bergens Museum var til stades og tok utgravingar, men fann ikkje anna enn nokre krusebrot (*Info 1*). Disse gravhaugane og berghaugane elles vart brukt i moljen på Sandshamn. Kva namnet Korsnes kjem av er og uvisst, anten av skapet på neset eller her har stade ein kross ein gong. I ei anna gravrøys på Nøre Sande, ligg nordanfor løda til Abraham Sande (*Info: Sande N10*), den er vist ikkje utgravne. I myra ovanfor Abraham Sande vart funne 3-4 flintreskraparar, fint arbeid, såg ut som halvmånar. Rett utanfor huset til Abraham Sande, oppe ved bøgarden, er ein haug heiter Varolen, der oppe er to gravrøyser, men dei siste åra har det vore teke ei mengd stein derifrå og brukt til veitestein.

(Info1: Krus er eit lokalt ord for porselen. Altså dette var nokre porselensbitar / krusebrot.)

Ovan om stova til Severin Støle (*Info: Sande N1 / Sande N47*) viser at der har vore to gravrøyser, steinen er for det meste vekk, men det viser tydeleg at det har vore graver. I det nye stykket som Bendik Sande (*Info: Sande N23*) rydde til heim, var to gravrøyser ei stor og ei mindre. Dei er begge utgravne og brote åker på dei. Far til Bendik fann ein heil del økser og anna frå gamletida. Ute i Sandshamns utmark i Vågen, er restar av to gravrøyser, innan for Djupvikneset. I utmarka ovanfor skulen (*Info 1*) var og ei gravrøys som vart teke til fyll i skuleplanen. På Gotehaugen i Ditlef Olsens (*Info: Sande N13*) utmarkstykket er og restar av ein gravhaug. Elles er det vel mange andre stader der det er graver, men dei er ikkje synlege lenger. Dei ligg grav i grav frå heid (*Info 2*) og ned til hav som stridde so.



(Info 1: Skulehuset for nordre delen av Sandsøya vart ferdig til jul 1893 og vart innvigd 2. januar 1894.

Bygget vart nedlagt som skule tidleg på 1960 talet, selt og reve noko seinare.

Bildet her er nok ganske gammalt ettersom skuleplanane på begge sider av skulen ikkje var bygt når bilde vart teke.)

(Info 2: Denne setninga gav inga klar meining, men i ordboka til Per Sandanger står om ordet heid, heida: Himmel, himmelen. «Sola tórka skjyenje, å dæ vart berre klåre heida».)

Her har eg vore funne mykje frå farne dagar, det meste har vel vorte bortkasta av folk som ikkje brydde seg om slikt, men mykje er samla på Bergen Museum og i den seinare tid i Aalesund. Her har og stade fleire slag, sør i dei flate åkrane Flåten og Smingen har det vore funne ei mengd med pil delar av skifer. Borte ved vågen på hamaren ved sjøen var ei mengd med kol og to steinøkser ned i trekolet. Dei har vel lagt i kamp med skipa sine ned for hamaren gamlekarane. Ute i torvmyra, i torvteigen til Elias Sandsbakk, 2 - 3 meter nede i myra, var lagt heller med passande mellomrom å gå over. Og frå Djuvikneset på nordsida av vågen til Leirvåneset på sørsida, fann to born Johannes Bringsvor (*Info: Bringsvor 4 og seinare Bringsvor 3*) og Johanne Vegen (*Info: Bringsvor 3*) for 80 år sidan nedlagde heller å gå på over vågen. Det kan godt vera at dette stod i samband med vegen over torvmyra oppmed skulestova og var ein snarveg over vågen i fjøre sjø. Alt dette tyder at her på Nøresande er veldig gammalt. Tunet på Nøresande var nord i haugane nord for løda til Abraham (*Info: Sande N10*). Her budde dei høgt og fritt, hadde utsyn over fjorden frå Koparstad i nord til Aaram i sør. På same tid såg dei kva som ferdast i Haugsfjorden over myrane. Slik ville dei gamle ha det, høgt og fritt, for ikkje alltid var det vener som ferdast etter fjordane. Så var her snerte etter fisk og sild, morten (*Info 1*) ikkje å forgløyme. Denne fisken har vore maten åt øyfolket frå gammalt. Dei pota (*Info 2*) etter mort og småsei, og dei tok han med not og garn. Nedanfor Nøresande er eit gammalt mortekast, og eg hugsar far og andre kor dei låg der og kasta med not utover seine haustkveldane. Når dei så kom heim med morten, vart han kocht fersk og skyra (*Info 3*), og kven kunne få betre mat?. På hamna yrde det med mort og folk langvegs frå kom og tok full båten av den gode maten. Flyndre stakk dei med lod på leira og bortover hamna. Så her har vore godt om mat. Når dei så hadde nøgda med geiter og sauer, og så ein del av jorda si grøde, så levde dei nok bra. Når tuna låg så høgt så hadde det og sine fordelar og det var med gjødslen, for vatnet ifrå fjøs og stove rann ned over markane i opne veiter. Desse veitene flytte dei att og fram og dette var det som skaffa dei gras. Den faste gjødsel brukte dei på åkrane, for det var om å gjere å få korn, og korn fekk dei og på dei gamle åkrane. I frå 1300-talet, då Peder til Sande åtte Nøresande, og til vår tid, har det skift mange eigarar og endå fleire brukarar. Det meste av tida var her to gardar med namnet Nøresande, og ein med namnet Sandsmyr. Og etter som det kan forståast var det Sandsmyr som var størst. Disse gardane låg i teigblanding med kvarandre. Dei nede i Myra hadde teigar nord til Kviegarden, og på Nøresande sydover haugane. Haugane frå Fiskarheimen utover mot evja og sjøen og sør på Leinahamaren til byte mot Leina, var lenge utmark, og krøtera kom heim over haugane og vart mjølka. Alle stadar der det var så djupt,

var det spadd torv, som når det er i grunnaste laget så kjem det av at molda er bortspadd og oppbrent. Leina var eit bygselbruk for seg sjølv, men eigaren var den same som for Nøresande. Her i Leina (*Info: Sande N20*) var ei 3 alne (*Info 4*) torvmyr. Og gamle Frans Olsen hadde torvhus nord under hamaren. Husa i Myra stod bortanfor løda til Rasmus Nystøl (*Info: Sande N11*). Gamle folk sønnanfor Straumen seier endå at dei skal nord i Myra. Og i Gursken sa eldre folk at i Myra. Men i 1870-80 vart namnet Sandshamn teke i bruk, beint fram stole ifrå sønnanom, der Støylehamna (*Info: Støyle 3*) no er. No heiter det difor alltid nord på hamna og ut på hamna, såleis er namnet Myra ferdig for alltid.

(Info 1: Mort er det same som småsei, men noko mindre. Namnet pale blir også brukt.)

(Info 2: «Pota/pote» er ein måte å fiske spesielt pale/mort på. Det var ei lang bambusstong med ein taume i enden. På taumen var angel eller sluk med agn. Ein person hadde trode i kvar hand, medan ein annan rodde. Han som «pota» drog trodene fram og attende der dei låg attover i sjøen. Sjå ordboka til Per Sandanger.)

(Info 3: Ordet skyra betyr nok skjyr/surmjølkk, men vi har ikkje funne ut om det var vanleg å blande surmjølkk i fisken.)

(Info 4: Ei alne er eit gamalt norsk lengdemål som er ca. 63 cm.)

Her i Myra (*Info 1*) budde i 1732 Torbjørn Gundersen, 1745 Sjur, han hadde borna Anne fødd i 1759, Torberg fødd 1759, Johan, gift 1763 med Ingeborg Olsdatter Bringsvor. Marte, gift 1772 med enkemann Arne Olsen Aarvik. Og så var her ein Ole Eirikson som døydde i 1765, 26 år gamal. Danielson Pedersen Budde hadde før budd på Støylehamna, han flytte hit til Sandsmyr og døydde her som gardbrukar i 1772, 65 år gamal. Dottera Margrete vart gift i 1770 med Gullik Olsen og tok over garden Sandsmyr. Disse hadde 2 born, Daniel som døde ugift 32 år, og Berte som vart gift med Sivert Olsen Gurskevaag. Gullik Olsen hadde og ei stikkdotter (*Info 2*) som var litt småleg av seg og budde i ei elendig stove utmed Ystebøen der ho og døydde i ytterste fattigdom. Berte derimot reiste til Gurskevågen med mykje rikdom, sylvsaker og mangt anna. Men denne rikdom varte ikkje mange slektledd.

(Info 1: Dette avsnittet er ikkje heilt samstemt med det som står i Sandesoga.)

(Info 2: Stikkdotter er det same som stedotter.)

På denne tid er det at Sivert Olsen frå Herøy hadde fått tak i eigedomen Nøresande. Sivert Olsen er og kalla Hitaguten av at ryktet seier at mor hans bar han på ryggen i ei hit (*Info 1*). Sivert Olsen har greitt å få tak i mykje jordegods. Han åtte Sandshamn og handelsstaden Herøy med omliggande øyar. Han åtte og Korsen i Ålesund og dreiv handel der. Frans Olsen (*Info: Sande N1*) kom til Sandshamn i 1812 og fekk skøyte av far sin på heile Nøresande. Før han kom hit hadde faren også drive handel her. Det hus som Ditlef Olsen har brukt til bakeri, brukte Sivert Olsen til butikk. Han hadde ei jente som dei kalla Grubbe-Sara frå Grubbenes i Herøy. Ho stod her og selde brennevin og andre varer i fisketida. Frans Olsen var gift med ei prestedotter frå Volda, Ingeborg Nikoline Meldal (*Info 2*). Presten Meldal hadde berre ein son som seinare vart klokkar i Volda, men sju døtrer som vart gift inn i dei finaste slekter på Vestlandet. Låna som stod ut på Myra bortanfor løda hans Nystøl (*Info: Sande N11*), var ei prestelån frå Nordmøre som Sivert Olsen hadde sett hit, den var i to høgder som husa på Nordmøre er.

Borna til Frans Olsen (*Info: 3 og 4*) er:

1. Jørgen Petter Meldal (*Info: Sande N9*), fødd i 1816, gift i 1856 med Ingeborg M Halle.
2. Severin Kristian, fødd 1819, død ugift 20 år gamal.

3. Else Kristine Mari (Info: Sande N2), fødd 1821, gift med syskenbarnet sitt Nils Schjeldrup.
4. Maren Susanne, fødd 1824, død ugift i 1896.
5. **Jakob** Nikolai (Info: Sande N9), fødd 1826, gift med Serine O. Brudevold.
6. Fredrikke Marie, fødd 1828, død ugift i Bergen.
7. Frans Gerhard (Info: Sande N5), fødd 1831, gift med Gurina Paulsdotter Vik, Syvde.
8. Ditlefine Mathilde (Info: Sande N2), fødd 1838, gift med Johan Overaa frå Hareid.

(Info 1: Hit er ein pose som er laga av saueskinn, som vart brukt til å transportere korn i, men har nok også vore brukt til å transportere barn i.)

(Info 2: I teksta til Gerhard Bringsvor ovanfor her stod det at kona til Frans Sivertson Olsen heite Nikoline Meldal, men i Sandesoga versjon 1977 og 1997 står det at namnet er Ingeborg Jørgensdotter Meldal. Men i Sandesoga versjon 1935 er begge namna brukt, altså Ingeborg Nikoline. Vi har derfor valt å bruke begge namna og forklare saka her. Dette for å forebygge mistydingar i framtida.)

(Info 3: I teksta til Gerhard Bringsvor om borna til Frans Olsen var litt ufullstendig i forhold til Sandesoga. Vi har retta litt ihht. Sandesoga.)

(Info 4: Sjå «slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.)

Farans Olsen (*Info: Sande N1*), var ikkje så rik, og når alle borna gifte seg og la seg til heime, var det vel ingen som tente noko. Han hadde og kausjonert (*Info 1*) for svigersonen Nils Schjeldrup, og når denne rauk fallitt (*Info 2*) på nokon handel, rauk det for gamlingen og. Han prøvde då å berge eigedomen for borna, Jørgen fekk skjøte på heile Leina, dei andre borna hadde han gitt bygselbrev (*Info 3*), men alt saman rauk for det.

(Info 1: Kausjonert betyr at ein har gått god for gjelda til nokon i banken. Klarer ikkje låntakaren å betale så må dei som har kausjonert betale gjelda.)

(Info 2: Fallitt betyr konkurs.)

(Info 3: Bygselbrev er ein leigeavtale for ein gard eller eigedom.)

I Frans Olsen (*Info: Sande N1*) si tid var presten Thoressen på Sande ein konfirmasjonssøndag. Det rauk då opp ein svær nordveststorm og reiv torvtaket av Låna. Det fortellest at presten som var gjest hos Frans Olsen gjekk og plukka never saman med dei andre. Året etter flytte Frans Låna dit ho no står, men bygde ho høgre og meir moderne. Han bygde den buda som ein til dagleg kallar Gamlebuda. Frans brukte først Sandsmyr (*Info: Sande N1*). Sidan då Jon Jonsen Nøresande (*Info: Sande N2*) døydde, og garden vart bygsleledig tok han den og i bruk. Og når Ola Andersson (*Info 1*) på det andre bruket på Nøresande slutta, tok han det og, og brukte såleis heile Sandsmyr og Nøresande under eit.

(Info 1: Det som står om Ola Anderson stemmer ikkje med det som står i Sandesoga. Sønene til Ola, Aberaham og Rasmus overtok jo etter sin far. Dette gjelder Sande N3.)



(Info: Låna som i dag står på Sande N13 har ei lang historie, og har nok ikkje alltid sett slik ut som på bildet her.

Bildet er frå nyare tid, kanskje frå ca. 2010.

Låna som først stod ut på Sande N1, var ei prestelån frå Nordmøre som Sivert Olsen (far til Frans Olsen) hadde sett opp der, den var i to høgder. Dette må ha vore kring 1812 eller noko før. Låna vart flytt til noverande stad i 1846 av Frans Olsen. Ditlef Olsen overtok Låna i 1910, sette huset i god stand og flytte dit i 1919.)

I Frans Olsen (*Info: Sande N1*) sitt hushald gjekk det alltid mykje til. Det går ord om at han skulle seie ein gong, at det er ikkje billig å halde disse prestedøtrene. Det går endå ord om henne Ingeborg Nikoline Olsen (*Info 1*) at ho var ikkje glad anna enn ein gong ho hadde ei halv tønne med smør. Det fortellest og at Frans var ein streng herre for dei som var leiglendingane under han. Jon (*Info: Sande N2*) og Ola (*Info: Sande N3*) Nøresande var så redd at han skulle byte om att teigane, for det gjorde han to gongar i si regjeringstid då han såg at det vaks betre på deira teigar enn på hans. Dei kunne vel gjødsle og stelle betre sine teigar enn han som var handelsmann. Det fortellest at då dei tok poteter om hausten, så gøymde dei potettågana (*Info 2*) sine i potetlauvet, så dei ikkje skulle risikere å få ombytt teigane att. Han fekk såleis ikkje sjå kor store poteter dei fann.

(Info 1: Namnet Nikoline Olsen er endra til Ingeborg Nikoline Olsen. Sjå elles omtale av denne saka lenger oppe her.)

(Info 2: Potettåge er noko som ein hadde potetene i ved transport. Var fletta av tremateriale.)

På disse bruka på Nøresande budde i 1732 ein Askjel Torbjørnson. I 1748 budde her ein Knut Monsen, som var gift med Ane Rasmusdotter. Deira born Petter og Eli budde på det andre bruket (*Info: Sande N3*). Så kom her ein Rasmus Olsen, gift i 1758 med Marte Olsdotter Vik. Deira born var Lisbet og Ola. Så var her ein Hans Askjelson som hadde ei dotter Ane. Svend Hansen Nørersande vart gift 1776 med Olava Askjelsdotter Haugen. Svend Hansen døyde 1811, og enkja Olava vart gift året etter med Knut Rønnestad. Barna til Svend og Olava var Helene, fødd i 1777, gift med Hans Olsen Leina. Askjel fødd 1778, omkom på sjøen 33 år gamal. Mons, fødd 1781, gift med Ingeborg Knutsdotter Indre Halle. Dei har stor slekt etter seg i heile Sande. Hans, fødd 1885, gift med jordajenta Synnøve Olsdotter Helland. Dei er foreldre til ei av dei største slektene i Sande. Mads, død ung, og systera Synnøve er heller ikkje nemnt meir. Olava fødd i 1795, gift med Paul Petersen Molvik, og har folk etter seg.

Så kom Jon Jonson Helland (*Info 1*) (*Info: Sande N2*), fødd 1782 hit. Han hadde vore lærar i Herøy og budde på Koparstad. Han hadde gått skule hjå prest Thoresen (*Info 2*) i Stokksund. Her vart han gift med Oline Nilsdotter Nykrem (*Info 3*) som var kjøkkentaus hjå presten.

(Info 1: Sjå «slektstreet» til Jon Jonson Helland side 127.)

(Info 2: Jon Jonson Helland kom til Herøy ca. i 1803, men Thoresen vart ikkje prest/prost i


Herøy før i 1828, så det som står ovanfor her stemmer ikkje. Gruner var der frå 1801 til 1820, så det var nok Gruner som var læraren til Jon Jonson Helland. Sjå om dette i Soga om Sande og Rovde bok 4 side 440 – 443, som kom ut i 1977. Sjå til linken Sandesoga her: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013091708001)

(Info 3: Oline Nilsdotter Nykreim, som vart kona til Jon Jonson Helland er nemnt i Herøyboka, Gardar og folk 3. Ho står under Bnr, 2 Nykreim Gnr76. Det står: Oline 1791-8.4 1863, gift 1813 med lærar Jon Jonson Helland, busett Sande /Sandsøya. Garden Nykreim er den nørdeste i Leikongbygda. Garden ligg like ved Leikong kyrkje.)

Hans born:

Det **første** barnet var Andreas Klaus (Info: Voren 8) fødd 1814, gift 1845 med Kristiane Jonsdotter Halle, og budde i Toftesund. I sin ungdom var han ute til sjøs, var mykje i England og kunne dette språket flytande. På denne tid var her stor handel med hummar, fleire engelske smakker (Info 1) låg i Sandshamn og kjøpte hummar. Frans Olsen brukte då Andreas som tolk. Når engelskmennene då kom så spurde dei etter «Ændru». Ein gong han Andreas var ved kyrkja, kom ein engelskmann opp til henne Oline mor hans, og spurde etter han «Ændru». Då svara ho: «Han er med de Kirk der synna på Støylå».

Den tid Andreas var ute til sjøs vart han fyre noko underleg, seier segna. Han stod til rors då det kom opp eit par folk framanfor stammen. Han tok ein gjenstand og kasta etter dei, då sokk dei i havet. Om natta då han hadde frivakt og låg og sov, kom der ei iskald hand og tok over handleden hans. Då sa han Andreas: «De kunne vekkja meg om ikkje så ublidt.» Då han såg opp var det ingen i lugaren, og han fekk ikkje sove meir. Frå den dagen var handa hans kald og dårleg, han var litt dårleg og underleg alle sin dag sidan. Han døde i 1847, 33 år gamal.



(Info 1: Ein «smakker» eller **smack**, som er den rette engelske skrivemåten er, var ein tradisjonell fiskebåt som mest vart brukt utanfor kysten av Storbritannia og Atlanterhavskysten av Amerika på 1800 talet.

Smacks vart utvikla for å transportere levende hummar på slutten av 1700-tallet. Båtane vart utforma for å tillate sjøvattn å sirkulere i ein tank med holl i.

Bilda framfor her viser to eksempel på båttypen smack.)

Den **andre** av Jon Nøresande (Info: Sande N2) sine born var Bernt Nikolai, fødd i 1818. Han kom bort nord ved Sandvaken ved Flæsa. Han var der og pota. Han er den fyrste som er nemnd på minnesteinen ved Sande kyrkje.

Den **tredje** var Peter Daniel Bernt (Info: Bringsvor 4), fødd 1821, gift 1850 med Gjertrud Askjelsdotter Bringsvor, og han flytte til Bringsvor.

Den **fjerde** er Jon (Jo) Jonsen Nøresande (Info: Våge 5), fødd i 1825, gift med Berte Rasmusdotter Tarberg frå Herøy. Han kjøpte seg jord i Våge og flytte dit.

Så hadde han dotera Oline Birgitte, fødd 1831. Ho døde av tæring hjå broren i Våge, 21 år gamal.

Jon Nøresande (*Info: Sande N2*) døde i 1835, 53 år gamal, og kona Oline døde på Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*) i 1863, 86 år gamal (*Info 1*). Etter Jons død brukte Frans Olsen dette bruket.

(Info 1: Oppgitt alder på Oline må vere feil. Ho var i fylje Sandesoga fødd i 1791 og døde i 1863. Altså ho vart 72 år og ikkje 86 år.)

Det andre bruket på Nøresande var brukt i 1732 av ein Torbjørn Askjelson, som hadde dotera Ane. Så ein Petter Knutsen frå det andre Sandsbruket. Han var gift med sin føremannens dotter Ane. Så kom ein Petter Rasmussen Lien, gift med Eli som var syster til Petter Knutsen. Deira born:

1. Rasmus, gift med Ragnhild Kolbeinsdotter Sandsbakk.

3 systre: Johanne, Ane og Kanutte.

Deretter ein Lars Larsen Nøresande, som døde i 1774, 66 år gamal. Han hadde 5 born som ikkje er nemnt meir.

Ole Svendsen, gift med Margrete Jonsdotter, hadde og denne garden. Dei hadde og fleire born som ikkje er nemnt meir.

Så tek Rasmus Petterson som var gift med Ragnhild Kolbeinsdotter Sandsbakk denne garden.

Born: 1. Petter, gift med Askelina Danielsdotter Ristesund. 2. Marte, er ikkje nemnd meir.

3. Svein, død ugift 1820, 22 år gamal.

Ole Andersson Kinden (*Info: Sande N3*) gift i 1815 med Margrete Rasmusdotter Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*). Born:

1. Søren Anders, gift i 1845 med Anne Halsteinsdotter Kvamme, og bur der.

2. Anders, gift med enkja Anne K. Kyrkjesinde, og sidan med Oline Kinden.

3. Anne, gift i 1847 med Svend Petterson Ristesund, og budde der.

4. Brite Karine, gift med los Petter Skorpen, og seinare med Joh. Kvalen.

5. Abraham, gift med Helene Larsdotter Bjørlykke.

6. Rasmus, gift med sin brors enkje Helene Bjørlykke.

7. Else, gift med Søren Klovning, og budde der.

Etter disse folk tok Frans Olsen (*Info: Sande N1*) dette bruket og. Abraham og Helene budde der ei kort tid, og fekk ein son, Abraham. Så døde mannen, og kona Helene vart oppattgift med bror til fyrste mannen, Rasmus. Dei flytte til Rønnestad, der dei kjøpte ein gard. Men dei lengta, og kom attende til Sandsøy. Dei fekk bygsle eit stykke nærast nord med Kviiegarden. Den fekk sonen Olaf R. Nøresande.

5. august 1865 vart heile Sandshamn og Nøresande sett til tvangsauksjon og selt. Olai Olsen d. y. (*Info: Sande N1*) frå Rotset i Volda kjøpte det heile. Han hadde før gått fallitt, difor kjøpte han det i ein eldre handelsfullmektig sitt namn, og i hans namn gjekk all handelen og. Frå 1860 og utover til 70 var her eit av dei største sildefiskeri som historia kan oppvise. Her var sild i alle fjordar, utanfor landet og inn i fjordane. Inn med Sandvikskjæret i Gursken var

silda så tjukk at ho gjekk i garna om dei slepte ut noko av garna for å skylle dei. Det fortalst at ein båt låg borte ved Bollen (*Info 1*) og tina silda (*Info 2*). Så hengde dei garna ut for ripa medan dei tina, og då var der eit godt skred sild i garna. Her var saltarar i kvart eit hokk (*Info 3*) eller sjøhus, ja på fleire plassar salta dei sild på flate marka. På myra bort med Straumen var der fleire som salta sild og tønnetirane (*Info 4*) låg utover all mark. På heile Vågen låg stuvfullt av jakter og salta sild. Heile hamna var full av fartøy. Heile Voravika var full av saltfartøy. I Gursken var det likeins og på Voksa og Haugsholmen.

(Info 1: Bollen ligg no bak moloen på Sandshamna, der moloen gjer ein sving.)

(Info 2: Tine silda betyr i fylje ordboka til Per Sandanger, å riste sild ut av garna.)

(Info 3: Hokk betyr i fylje ordboka til Per Sandanger, eit lite rom.)

(Info 4: Tønnetirane betyr rader med tønner som låg ut over all mark. Det var vanleg å ha tre tønner i høgda.)

Olai Olsen (*Info: Sande N1*) jaga ut or husa gamle Frans Olsen (*Info: Sande N1*) med familie. Alle deira møblar og eigedomar kasta han ut, og det var ei ynke å sjå alle dei gamle fine møblar ligge ute for ver og vind.

Nils Schjeldrup (*Info: Sande N2*) og kona Else flytte til Straumen i Herøy og dreiv der som fargar. Deira born flytte sidan til Bergen.

Jørgen Petter Meldal og Jakob Nikolai med koner og born flytte til Gurskevik og budde i ei gamal stove innunder Urene.

Frans Fransen (Bautefrans) fekk bu inne på Røyset med Daniel Røyset.

Johan Overaa med kona Tilla (*Info 1*) budde på Hageselle i Gjerdsvika.

(Info 1: Tilla er nok eit kallenamn. Kona til Johan Overaa heiter i fylje Sandesoga Ditlevina Mathilde.)

Olai Olsen si kone var av fint folk, dotter åt ein løytnant Bart. Ho hadde og med seg mor si, Elisabeth Charlotte Bart. Denne fru Bart døde her i Sandshamn og vart gravlagt tett ovanfor sakrestitrappa. Der var og pen stein på grava og inngjert med malmstakitt og pent inn til grava. Dette pene minne reiv Sande meinigheitsråd ned i 1930-åra, ei veldig dum forordning då dette gjerde aldri hadde vorte i vegen for graving fyrste hundreåret.

Med Olai Olsen (*Info 1*) tok det til ei veldig oppgangstid på Sandshamn. Han tok til med byggeverksemd i stor stil. Han fekk visst anger for desse folka han hadde kasta ut, eller det var ei plan for å tene på dei han fekk. Han baud dei difor å kome hit att til Sandshamn. Han laga til nokre små plassar åt dei, og ville innføre slikt husmannsvesen som på Austlandet. Han heldt også storebåt (*Info 2*) åt dei, men dei sjølve heldt vegn. Dei måtte arbeide så og så mange dagar på hovedbruket for året. Jørgen og Jakob Nikolai (*Info 3*) fekk Leina ilag. Der hadde budd folk før, og Hans Olsen som var gift med Helene Sveinsdotter Nøresande hadde budd der i mange år. Kven som hadde budd der før, er det visst vanskeleg å få greie på, for dei går inn under namnet Nøresande alle som budde her. Det forteles at her stod eit stort hus på haugen utanfor stova til Ditlef Olsen i Leina. Hans var så redd hardvêret at han tok og reiv ned denne bygninga og saga nõvene (*Info 4*) av og flytte henne ned for bakken, og sette henne opp med loda og stova under eit tak, og fjøsen i same rekkje, med eit lite rom mellom fjøsen og loda. Hans var ein flink fiskar. Ho Fløde-Johane fortalde at ho tente med han Leina-Hans i 12-års alderen, og det var kvar kveld det var såpass ver så var det nord i bodane og pote. Han brukte kveitelina attåt, og mang ei storkveite førde han til lands. Kveitesteinen og støda hans Leina-Hans viser endå nede i fjøra. Då han Hans (*Info: Sande N9*) døde flytte ho Helene bort i Voren til sonen han Ola som hadde bygsla Storvika (*Info: Voren 4*).

(Info 1: Denne Olai Olsen var den Olsen som kjøpte Nøre Sande / Sandshamna etter konkursen i 1865 og må ikkje blandast saman med den opphavlege og eksisterande Olsen slekta.)

(Info 2: Sjå bilde av ein typisk «storebåt» side 152.)

(Info 3: Ser at Jakob Nikolai nokre stadar i teksta er nemnd som berre Nikolai, men det er same person.)

(Info 4: Nøvene på huset er hjørnene på huset.)

Jørgen Olsen (*Info: Sande N9*) budde i den gamle stova hans Hans ned for bakken, men han Nikolai bygde ny stove opp på bakken. Det er søre enden av det hus som står i Leina endå (*Info: Leina Øystre*). Frans Fransen (*Info: Sande N5*) fekk bygsle eit lite stykke kallast Bauten. Dette namnet har og hamna langs landet sørover, og kjem vel av bautasteinen som står nord for fiskarheimen. Slike bautasteinar er både på Larsnes og Flåvær, og er visstnok merke på at der ein ser ein slik stein, er der hamn. Truleg er det noko svært gamalt. I Bautane budde ein mann heitte Baute-Ola og kona Brite. Dei hadde fyrst stova si i den vesle dalen ovanfor bautehaugen. Seinare flytte han den tett ned til sjøen ved nauset. Denne Ole og Brite var besteforeldre til biskop Støylen (*Info: Støylen 3 på Kvamsøya.*) med fleire. Det fortellest at dei hadde ikkje kyr, berre nokre sauer som dei hadde i eit skyle (*Info 1*) ned i neset. Det fortellest og at ein gong ho Brite hadde kokt ei heil gryte med kveite, sette ho fisken i eit trog (*Info 2*) bort i hamaren ved stova. Grisen som var ute fann fisken og åt han opp. Her i Bauten bygde Frans seg ei stove som han kjøpte i Syvden. Frans og Gurine fekk berre to born, Sofie og Fredrikke. Sofie budde all sin dag i stova til faren. Fredrikke vart gift med P. Koppen (*Info: Sande N5*).

(Info 1: Skyle er eit lite enkelt bygg, sik at dyra kunne vere under tak og i ly for ver og vind.)

(Info 2: Trog er i fylje ordboka til Per Sandanger eit kar eller eit «kjærald» laga av tre.)



(Info: Les teksta over og under dette bildet. Bilde er av nyare dato og viser bygningane i Leina Øystre slik dei såg ut ca. i 1970. Dette er tunet til den opphavslege «Leina». Etter konkursen i 1865 og noko etter dreiv Jørgen og Nikolai Olsen heile Leina saman. Etter utskiftinga i 1907 vart dette Leina Øystre, som vart ein del av Sande N13, som seinare vart eigd av Ditlef Olsen.)



(Info: Dette er stova til Frans Gerhard Olsen (Bauta-Frans). (Sande N5), flytt hit frå Syvde. Årstalet 1843 står på ein bjelke.

Som det står over her så var det Sofie Olsen som var den siste brukaren her. Bildet er nok frå nyare tid, kanskje frå seint på 1970 talet.)

Johan Berntson Overå (*Info: Sande N2*), gift med Ditlefine Mathilde Olsen, fekk eit stykke på Floten mot utmarka. Noko av marka her er kalla for Kongsvollen. Bruket dei hadde var i dagleg tale kalla for Ystebøen, og dei fora jamt over 3 kyr og nokre sauer. Johan Berntsen Overå vart spedalsk, og reiste til hospitalet på Molde der han døde i ung alder. Dei hadde to born, Bendik og Elisa.

Elsa vart gift med bakar og gardbrukar Ernst Myren (*Info: Myra 1*), og er mor til ein stor barneflokk.

Bendik vart gift med Malla Pettersdotter Gurskevik. Dei budde på Ystebøen på mora sin bygsel til ho døde. Då tok Severin Støle (*Info: Sande N1*) Ystebøen innunder sitt bruk. Bendik fekk seg då 10 mål jord i neset ned ved sjøen, der det då var utmark, og flytte så husa dit ned (*Info: Sande N23*). Bendik hadde gått hagebruksskule på Steinkjer. I sin ungdom styrde han ei stund ein planteskule i Volda. Han anla og etter den tid stor hage, fyrst på Ystebøen, seinare fekk han pene hagar på det nye bruket. Bendik hadde ikkje born. Bendik var ein eineståande flink songar, og ganske ung hadde han lært songteori, mest ved sjølvstudium. Han dreiv med songlag i lengre tid. Han var og ein av stiftarane av losje «Idrett» i 1894, og sekretær her alle dei 5 fyrste åra. Elles dreiv han ei tid som fotograf etter eige studium.

Som før fortalt byrja Olai Olsen (*Info: Sande N1*) ei storstilt byggeverksemd. Han tok seg for å modernisere Låna, reiv taket av, fekk høgare røys, la på pannetak av den raude steinen, før hadde der vore torvtak. Han hadde folk til å føre og køyre stein, og fekk mura dei høge hagemurane, sette vakre trestakitt ovanpå murane. Han fekk planta alle slags plantar og tre og bærbuskar med plenar og vegar imellom. Han la vegar utanom hagen og ut i fjøsen. Desse vegane var pukka med stein så dei står ved lag endå. Han hadde folk alle tider som tok ei mengd veiter, dei vart ståande opne og molda vart køyrd heim i hagane og brukt til å fylle opp og plante i. Borte på Smiingskløa nedanfor Kamilla Sandvik (*Info: Sande N27*) sitt hus, dreiv fru Olsen kjøkkenhage. Ingeborg (*Info: Sande N9*), Jørgen Olsen si kone, var det som styrde kjøkkenhagen, og det var merkeleg kva dei fekk av jorda. Dei dyrka ei masse kål som var sjeldsynt for den tid. Olai bygde og tidhøveleg ny løde (*Info 1*) med innkøyrslø gjennom ramen (*Info 2*), så dei køyrde gjennom heile løda og velte til sidene. To gilde fjøsar stod attmed løda, den eine kufjøs og hin sauefjøs. Så bygde han det såkalla Naustet med båtstø til. Fremst i Naustet var der eit rom som seinare vart brukt til butikk og kontor. Ovanpå var telegraf og telefon, og med husrom til telegrafistane. Her var mange som var telegrafistar i den tid, Mellom dei Kinden som seinare for til Aalesund, Vestre som sidan vart lensmann i Haram, Sollid som vart gift med den då rikaste jenta på Sandsøy, Anna Kinden (*Info: Kinna 2*). Dei flytte sidan til Trondheim. Ein hette Waldal, og flytte til Aalesund sidan.

*(Info 1: Kart og forklaring om løda til Olai Olsen vises side 166 og 167. Nummeret er der 29.)
 (Info 2: Ramen er øvste rommet under taket på gavlveggen. Husk at dette er på 1870 talet.)*

Oppover den enden ein kalla Naustet var eit stort vidt rom, heitte naustloftet. Det var brukt til losji for fiskarane. Her oppe budde fleire båtlag i fisketida. Oppe i lufta under taket var køyene, den eine attmed hi, langt bortover. Nede var fleire omnar til å koke på, og bord og benkar. Dette huset vart Abraham Sande (*Info: Sande N10*) sin eigedom ved utskiftinga (*Info I*). Same året selde han det til Ansgar Fiskaa (*Info: Sande N16*) som dreiv handel på sørsida av hamna. Sidan var det selt til Otterlei & Longva frå Haram. Den buda som Otterlei & Longva har var og bygd av Olai Olsen (*Info: Sande N1*), og var i dagleg tale kalla Vaskesteinbuda etter steinen eller berget ho står på. Dei hadde halde til på Vaskesteinen og vaska sengklær før i tida. Ansgar Fiskaa bygde til som ny den buda som har flatt tak og den lange buda langs voren som ein kalla Frikyrkja. Vaskesteinsvoren var og kosta av Olai Olsen.

(Info 1: Utskiftinga som er nemnd her er den som var i 1907.)



(Info: Bildet viser Sandshamn i 1954, altså mykje seinare enn teksta ovanfor beskriver. Vi ser likevel Vaskestenbuda som i dag går under namnet «Gittabuda». Bilde viser også den buda som Ansgar Fiskaa bygde og som har flatt tak på bildet, og den lange buda langs voren som ein kalla Frikyrkja.)

Folk var ikkje byrja med minering (*Info 1*) så mykje i den tida, difor hadde han fått seg i stand nokre store båtar med garnering (*Info 2*) i, som dei brukte å føre stein alle stader ifrå. Dei rydde reint ute i Vaagen og sør langs Klettane, ja inne ifrå Nupen førde dei stein. Iser til den såkalla Nyebuda eller Skjeivebudmuren trengtest ei masse stein, for der var djupast av alle stader. Då der kom så kolossalt med fiskarar frå det heile land trengtest det mykje husrom. Båtane var alle opne, og dei hadde i mange tilfelle ikkje anna råd enn å breie seg under seglet eller dei hadde med seg presenningar og breidde over seg. Det var stort innrykk i dei fleste heimar ute ved kysten i denne tid. Husa var små og folk har halde framande luttakarar og legdemenn før. Når det kom fullt av framande fiskarar som ville ha hus, var siste utvegen å lage flatseng på stovegolvet eller i kjøken. Desse åra var her fiskarar frå Egersund og Kristiansandskanten. Mange kom utan båt eller beine (*Info 3*), og fekk leige seg båt og beine

hjá Olai Olsen. Det var då som no, at alle var ikkje like heldige med fiskeriet og kanskje dei miste garna og stod i skuld til kjøpmannen, og ikkje greidde å betale seg ut. Slike folk fekk ikkje reise att, men måtte vere att og arbeide for skulda enten på budene eller på garden. For å råde bot på dette vanskelege husspørsmålet var det Olai Olsen (*Info 4*) bygde den store barakka som stod ovanfor vegen ved Låna. Det var lite som mangla på at den var like stor som Låna og hadde nær 900 køyplassar. Det var trapp opp til andre høgda, der det gjekk eit golv etter midten. Her stod mange bord og benker der fiskarane fekk seg mat. Her var og halde den fyrste juletreffest på Sandsøy med presten Monrad som talar. Innanfor vegen stod eit hus som var kalla kokkhuset. Her var fleire gruer, og dei koka maten i store gryter og bar han opp i barakka der folk åt. Her var og 2-3 store pene rom i kokkhuset, der kokkane fekk bu.

(Info 1: Minering er bergbryting med hjelp av sprengstoff - vanlegvis dynamitt.)

(Info 2: Garnering er ei indre kledning på spanta i ein båt for å gjere båten sterkare for transport av stein.)

(Info 3: I fylje ordboka til Per Sandanger kan «beine» bety både reiskap og arbeidshjelp. I denne samanheng betyr det nok vegn og anna som måtte til for å ruste ut ein båt for fiske, kanskje også mannskap.)

(Info 4: Vil her presisere at den omtalte Olai Olsen ovanfor og nedanfor her er den Olsen som eigde Sande Nordre frå 1865 til 1878, og at han ikkje var i slekt med den opprinelege og eksisterande Olsen slekta.)

Så var det eit anna spørsmål som gjorde seg gjeldande. Mange av desse framande fiskarane vart sjuke. Kvar skulle ein gjere av dei? Olai Olsen fekk då etter søknad til staten stønad og lov til å bygge sjukehus. Han bygde då ei lita sjukestove med rom for 15-18 mann med senger og utstyr. Tett attmed stod badestova, som er det huset der Sara Vorren bur i på Nøresande den dag i dag. Her var sjukesyster som stelte sjukehuset.

Olai Olsen dreiv også bakeri i den såkalla nye krambuda (*Info 1*) som stod nedanfor vegen. Her var stor butikk med bakeri. Dette huset brann ned til grunnen etter at Olai Olsen var reist frå staden.

(Info 1: Krambud er det same som ein landhandel eller butikk.)

Gardsbruket var og drevet godt denne tida. Dei laga svære kompostar av fiskeslo. Alle den gjødselen breidde dei ut over all mark, saman med all annan gjødsel. Når ein då veit kor mykje kvelstoff (*Info 1*) der er i fiskegjødsel, så fekk dei ei mengde med høy fyrste åra. Dei fødte då det var på det likaste 12-14 kyr.

(Info 1: Kvelstoff er det same som grunnstoffet Nitrogen, som er eit viktig næringsstoff for planter.)

Olai Olsen (*Info: Sande N1*) var ein streng herremann, stor av vekst, herdebreid (*Info 1*) og sterk, storsint og rasande når ikkje alt gjekk etter hans vilje. Så hadde han ein stor svart hund som fylgde han kvar han for. Og var det nokon som sa han imot, så sette han berre hunden på dei. Viss Jørgen og Nikolai (*Info: Sande N9*) ikkje reiste på sjøen når nokon annan for, så kom han bort i Leina med hunden, og då skalv dei stakars folk. Han hadde og ei jakt som han reiste til og frå byen med. Fører på denne jakta var Nicolai Olsen (*Info: Sande N9*). Kom Olai Olsen på at han skulle ein tur, måtte Nikolai stå ferdig med mannskap. Og mange er dei stubbar som har gått. Ein gut som heitte Sivert var ofte med jakta til og frå Aalesund. Ein gong då dei skulle reise heim frå byen var Sivert i land med to flasker. Han skulle kjøpe ei flaske brennevin og ei flaske sirup. Då han kom att åt skutesida vart Olai rasande for dei hadde venta

på han i 5 minutt. Han tok då flaskene frå Sivert og kasta dei langt bortover sjøen. Då vart Sivert så rasande, han tok skipsøkse og rende etter Olai Olsen så han laut kome seg ned i kahytta og stenge døra så lenge sinnet gjekk av han Sivert. Den einaste som nokon viste som gjorde åtak på Olai Olsen var Johan Vegsund som budde på Voksa. Han hadde fått feil oppgjer for sild, fekk så blodsinn på seg, fekk tak på Olai Olsen bakfrå og velte han ned i sildedungen, la seg nedover han og heldt hendene og strauk han over heile andletet med sild og gørr, til han lova vere finegut. Kona (Elisabeth Charlotte Nikolaisdotter Barth) til Olai Olsen er der slett ikkje så mykje å seie om, ho levde mest for seg sjølv og heimen. Så pass fin som ho tyktest vera, så søkte ho ikkje selskap med folk av den jamne bondestand. Og ikkje hadde ho så stor hygge av mannen heller. Han var skulda for å ha kvinner i Ålesund, som han var ven med. Og barn i ekteskapet var der ikkje. Det fortalst at då han fekk eit uekte barn i Ålesund, og kona fekk vite det, tok ho på seg ein raud silkekjole og gjekk og dreiv ute på Ospevikhamaren. Det er tvilsamt om fru Olsen hadde noko særst glad tilvære i Sandshamn.

(Info 1: Herdebreid er det same som breiskuldra.)

Karl K. Sætrevik (*Info: Sande N18*) kom som gift mann til Nøresande på denne tid. Han fekk bygsle (*Info 1*) ein utkant, heiter Kvia. Han var gift med Marte- Sofie Simones. Desse fekk mange born, og smått og fattig var det for dei. Dei fødte berre to sauer til å byrje med. Men sidan dyrka dei opp så dei fødte to kyr. Borna til Karl og Marte-Sofie er:

1. Oline, fødd 1867, ugift heime.
2. Olai, fødd 1869, død som ugift sjømann i 1891.
3. Einar, fødd 1871, gift med Eline Landsverk og budde i Holstøda, død 1941.
4. Fredrik, fødd 1873, gift med Karen Fremmerlid, Volda, der han var skomakar.
5. Kornelius, fødd 1876, gift med Julie Nilsen frå Farsund, slaktar i Volda.
6. Johannes, fødd 1880, reiste til Amerika, vart blind. Dreiv hotell der.
7. Ole, fødd 1885, gift med Ingeborg frå Drammen, skreddar, eig hus i Oslo.
8. Johan, tvillingbror med Ole, også skreddar, saman med tvillingbroren.
9. Rasmus, fødd 1882, gift med Petra Tolaas frå Fosnavåg. Kjøpte Kvia og bygde murhus der, var motorbåteigar. I 1922 selde han båten og flytte til Aalesund, og eig hus der og driv skomakarforretning.
10. Maria, fødd 1888, sjukleg, ugift og bur heime.
11. Olava, fødd 1891, gift med Petter Iversen Sjøvik, kontormann på tollbua i Aalesund. Dei eig hus i byen og hytte på landet.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard.)

Fru Olai Olsen (*Info: Sande N1*) var svær å hjelpe desse folka nord i Kvia. For kvart barn som kom, var fru Olsen der med mat og klede. Fru Olsen hjelpte gjerne fattige og sjuke.

Mads Vorren (*Info: Voren 1*) kom i krigen i 1809, vart internert i England. På sine gamle dagar vart han sjuk og sengeliggande med mange store liggesår. Til han gjekk ofte fru Olsen med medisin og forbindingssaker, og stelte såra hans og forbatt han. Sameleis stelte ho med Leina-Helena, som den siste tid budde med sonen sin i Voren. Der var såleis gode minne etter fru Olai Olsen på Sandshamn.

I 1870 vart dei svære sildefiskeria brått slutt og det vart ein rein svartebolk kva fiskeria gjaldt. Olai Olsen hadde borga (*Info 1*) garn og anna utover bygdene og visste ingen ting å få att. Verst var det med dei som kom lengst vekk ifrå. Sume vart haldne att til å arbeide på garden, men dei fleste kom seg no av stad. Han dreiv og handla i Aalesund, som før er nemnt. Det vart vanskeleg for han å få inn renter for den store lånesummen han hadde i Volda og Ørsta banken, og andre stadar hadde han lånt pengar og. Han dreiv og brennevinshandel og i eit knipetak for pengar hadde han lånt på eit stort parti brennevin. Sidan kom ein unier ver (*Info 2*) med at det ikkje var brennevin på fata, men sjø. Saka vart meldt, og politiet kom til Sandshamn og arresterte Olai Olsen og reiste med han til Ålesund, og frå den dag kom han aldri til Sandshamn meir, etter ei stortid på 10 år. Aldri har vel ei bygd eller stad kunne gått gjennom ei så stor forandring på så stutt tid. Fru Olsen og reiste stutt tid etter. Det einaste som skal vere høyrte frå Olai Olsen er at han skulle vere busett i Sverige (*Info 3*).

(Info 1: Borge betyr å handle på kreditt. I dette tilfelle hadde Olai Olsen selt fiskegarn og anna til fiskarane, og så skulle betalinga skje etter fiskja. Når så fiskja slo feil vart dette et problem både for seljer og kjøpar.)

(Info 2: Utrykket «unier ver» var ukjent, men ein forstår av samanhenga at det vart oppdaga at det var sjø i fata og ikkje dyrt brennevin. Det er elles eit uttrykk (på bokmål) som heiter "komme under vær med". Det betyr noko sånt som å oppdage, bli klar over. Det er nok det som er meininga her.)

(Info 3: Mange har nok gjennom tidene undra seg over kva som skjedde med Olai Olsen etter at han vart arrestert og forlott Sandshamna rundt 1875.


Nasjonalbiblioteket fann ein lengre artikkel i avisa [Thronhjems Stiftsavis, tirsdag 31. desember 1878](#) som gir nokre svar. Artikkelen startar på side 2 i linken og heiter ("Svigagtigt Forhold i Konkursbo"). Sjå linken til artikkelen ovanfor her, som gir ein omfattande utgreiing om Olai Olsen sin forretningsverksemd og skjebne. Teksta er ca. 150 år gamal og skreive med gotisk skrift og såleis litt vanskeleg å forstå, men vi har fått ein versjon av artikkelen frå Nasjonalbiblioteket der gotisk skrift er tatt bort og vidare endra til meir moderne bokmål. Sjå vedlegget side 194. Men resultatet vert likevel ikkje heilt lett å forstå. Har derfor her nedanfor tatt med siste avsnittet / konklusjonen som er noko vidare modernisert, og som er ein fellande dom:

«Både Olai Olsen og Jørundstad blei sett under tiltale. Olsen blei sett i varetektsarrest frå 21. desember 1875 til 2. juni 1877.

Begge blei frifunne av Underretten i Ålesund, men Overretten dømde Olai Olsen til Straffarbeid i 2 år og Jørundstad for «delaktighet» til fengsel på vatn og brød i 15 dagar. Sakførargodtgjerslene vart sett til 3000 kr. Noko som tilsvara ca. 223.000 kr. i 2024».)

Volda og Ørsta sparebank prøvde no å halde handelen gåande med leigd hjelp. Ein av disse dei leigde var Johan Møller, fødd i 1840, son åt Henrik Møller, ein skipper frå Trondheim. Johan Møller kom til Sandshamn i 1865 som handelstenar hjå Olai Olsen. Då Olai måtte slutte, reiste Møller til Haugsbygda og var på butikken hjå Forbruksforeininga der. På Sandshamn kom då to fullmektigar, den eine heitte Flint og den andre Hjøringstad. Disse budde i Låna og hadde hushalderske som stelte huset til dei. Til jordbruket hadde dei leigd hjelp. Oftast var disse frå Volda. Dei slo inn høyet og selde det så her var i lang tid stor høyhandel her i Sandsmyr. Disse karane var det som laut gjere ende på den store svarte hunden til Olai Olsen. Han hadde vorte attslengande i Sandshamn då sjølvfolket reiste. Dei tok livet av han på ein særst drastisk måte. Der som butikken til Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*) no står var i den tid ein hage dei kalla flagghaugen. I midten av denne stod ei stor flaggstong. Rundt flaggstonga var i velmaktstida fine blomsterbed, og rundt hagen ei rad med store poppeltre. Dei som skulle drepe hunden hadde tenkt og drepe han ved henging. So lokka

dei hunden attåt flaggstonga, batt hunden i flaggsnora, og skulle heise opp. Men hunden var tung og dei fekk han ingen stad. Så tok dei ein kjepp og rende etter hunden, og slo slag for slag. Hunden for rundt stanga og mannen etter til endeleg dei fekk livet av han. Denne Hjøringstad hadde visst tanke om å verte herre på Sandshamn. Han reiv ned stova hans Ola Nøresande (*Info: Sande N3*) og flytte henne bort til Straumen. Så bygde han eit hus på den måten at denne stova vart eine enden, med eit langt hus av stavverk attåt. Dette skulle brukast til losji og saltehus for fisk. Dette hus stod i tvert over der som vegen går ned til brua, og kallast for Leinabrakka. To mann frå Vaage hadde bygt dette huset. Dei hadde bygt opp grinda og sperra huset og bordklett det. Hjøringstad hadde vore bort og sett på arbeidet. Han skreiv då på veggen med store bokstavar: «Dette er det første hus eg lar bygge i Sandshamn.» Her var og ein målar frå Volda, som heitte Ole Rygg. Han skreiv under det som Hjøringstad hadde skreive: «Jeg ønsker dig en god reise til helvete.» Neste morgon då Ole Rygg kom bort på Leinahammaren sette han i å storskratte så det høyrdest mest over heile bygda. Då hadde betahovuda (*Info 1*) slept taket og huset hadde sege utover så det såg ut som ein båt. Hjøringstad vart heller ikkje så lenge i Sandshamn. Gustav Wiig frå Flåvær kom no til Sandshamn. Det var visst tanken at han skulle kjøpe staden. Syster hans Karoline, var då gift med Rasmus Rønneberg i Larsnes, og faren og broren brukte Flåvær. Gustav hadde med mor si, Karen eller Kari. Ho stod for husstyret. Det var visstnok mest gardsdrifta som dei la mest vinn på. Dei hadde mange kyr og nøgda mjølk og smør. Om dei dreiv mykje eller liten handel er det ikkje nokon som veit noko visst om. Om Gustav si tid på Sandshamn er det svært lite å fortelje. Mora Kari var skildra som svart og pinaktig (*Info 2*). Ho gjorde som dei fleste husmødrer den tid. Etna (*Info 3*) og smurde på maten. Ho heldt då på å grave så lenge på kakene at det var meir smør på kniven når ho var ferdig enn då ho tok til. Ho var elles utidig pinet med alt. Ho hadde ei tenestetaus, heitte Kolgrov-Helene, eller galne-Helene. Ho vart så sint på fru Wiig at ho tok ein stor raspeball og kylte av etter hovudet på frua, men ballen trefte ikkje, men vart sitjande fast i veggen. Det fortalst at fru Wiig sa ein gong ho hadde gjestar: «Her er sukker, spis med måte. For meget søtt skader helbreden.» Ho likte visst godt å byte tenestejente. Nye kostar feiar best. Gustav Wiig var berre to år i Sandshamn, og det vart ikkje kjøp av staden her. Dei reiste attende til Flåvær. Karen Wiig døde hjå dottera på Larsnes.



(Info 1: Betahovuda er altså bjelkane som er farga raude på teikninga her, og som går på tvers av bygget. Disse bjelkane som dannar beten var nok ikkje skikkeleg festa og sklei frå kvarandre. Då kunne det kanskje sjå ut som ein båt.)

(Info 2: Pinaktig betyr å være gjerrig.)

(Info 3: Etna betyr i denne samanheng å fordele.)

No kom Johan Møller attende til Sandshamn og leigde seg hus i Låna og laga til butikk i øvste enden av Naustet, det som no Longva har til leilegheit. Johan Møller handla godt, då han var einaste handelsmann på staden. Han leigde og åkrane og sådde bygg, han slo åt ei kyr. Johan Møller vart gift i 1881 med Nikoline Olsen (*Info: Sande N9 og Voksa 4*), dotter åt Jørgen Olsen i Leina. Ho var då utlærd til jordmor. Til den tid hadde der inga fast jordmor vore i Sande. Ho var difor oppfordra å utdanne seg til jordmor, og fekk skulen gratis. Ho hadde heile

Sande til distrikt i mange år. Og mang ein hard kamp har ho hatt i allslags ver på dei hardføre fjordane i Sande i berre open båt. Ho har teke mot mange hundrad av dei menneskje som no bur i Sande. Nikolina skulle som jordmor helst bu på Voksa for der var mest sentralt for heile sokna. Johan Møller (*Info: Voksa 4*) flytte då til Flatøya, og der byrja han stor handel. Han var postopnar på Sandshamn, og denne stillinga hadde han og etter at han flytte til Flatøy, så ei stund var det ikkje postopneri på heile Sandsøy, ein måtte hente posten på Flatøya. Ikkje dampene heller la åt på Sandshamn, men på Voksa. Dette var den mørkaste tid på Sandshamn kva framskritt angjekk – berre tilbakegang. All handel var på Flatøy eller på Hauge i Gursken, Larsnes eller Haugsholm. John Møller dreiv og kjøpte sunåmagar eller flatemagar (*Info 1*). Av disse salta han ei masse. Fleire kvinner sat på dagløn og vaska flatmagar. Desse flatmagane var den tid brukt til klareskinn i kaffi (*Info 2*), og var mykje etterspurt i den tid.

(Info 1: Flatmagar / sunåmagar ser ut som ei kvite luftblære, ein slange som ligger langsetter ryggen på ein stor fisk. Flatmaga frå torsk vart før brukt til mat. Salta flatmaga å havreflatbrød var rekna for å vere god mat før i tida.)

(Info 2: Klareskinn i kaffi er for å klare kaffien, det vil sei å gjere kaffien klarare. Det består av bitar av tørka svømmeblære frå fisk (sundmage). Klareskinnet gir proteinstoffar som feller ukklarheiter i kaffien.)



Nikoline Olsen

(Info: Sjå teksta over her.

Heradsstyret sytte for å få Nikoline Olsen (Sande N9, Voksa 4 og Voksa 20 frå Nøresande til å utdanne seg til jordmor.

Nikoline Sofie Kristina Olsen var Fødd:1857 og døde i 1930.

Sjå «slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.)

Johan Møller var tung å drikke og hadde turar (*Info 1*) på 14 dagar der han ikkje gjorde anna enn drakk, og når det minka var det å sende bod til Larsnes etter nye forsyningar. Johan Møller (*Info: Voksa 4*) døde år 1900, 60 år gamal, og Nikoline døde på Voksa 1930. Buset på Flatøya kom under konkursauksjon. Huset kjøpte Frans Jørgensen Olsen (*Info: Sande N9 / seinare Sande N20*), bror til Nikoline Møller. Det var Hjørundfjord Sparebank som hadde dette buet. På auksjonen baud banken på Sæbø høgste bodet. Dei som hadde kausjonert (*Info 2*) for Møller var Petter Søvre, Johan Rovde, Ditlef Olsen (*Info: Sande N13*), Jørgen Olsen og Frans Olsen (*Info: Sande N9*). Då ingen av desse hadde bode på staden, reiste Frans Olsen til Sæbø og kjøpte og fekk tilslaget på husa til bortflytting for kr. 1500,-, som var skulda på buet. Han selde den vesle sjøbuda for kr. 300,-. Den store sjøbuda selde han til Olaf H. Strand som då var byrja handel i Fløda, for kr. 1000,-. Stova flytte han nord i Leina til hus åt seg sjølv. Nikoline Møller flytte så til Garnstøa (*Info 3*) på Voksa (*Info: Voksa 20*) der ho bygde seg hus og dreiv jordmorforretninga og hadde postopneriet til sin død. Jordmordistriktet vart delt og jordmor tilsett Larsnes for den indre luten av distriktet. Borna til Johan og Nikoline Møller var desse:

1. Kamilla, fødd i 1881 på Sandshamn, gift med Johan Pederson Ridse og bur i Trondheim.
2. Leivus Meldahl, fødd 1883, død 1900 av indre bløding.
3. Aimar Hartvik Teodor, død som smågut.
4. Aimar Hartvik Teodor, fødd i 1888, gift med Signe A. Baade, postonar og bur i Nikoline sitt hus på Voksa.
5. Inger, fødd 1891, gift med smed Myr i Trondheim og bur der.
6. Gjess, fødd 1893, død av tæring i 1921.
7. Leivus Johan, fødd 1900, også død av tæring.

(Info 1: Turar betyr her periodar. Han var altså periodedrankar.)

(Info 2: Kausjonert betyr at ein har gått god for gjelda til banken. Klarer ikkje låntakaren å betale så må dei som har kausjonert betale gjelda.)

(Info 3: Voksa 20 er her fått namnet Garnstøa, men i Sandesoga er namnet Jaktstøda.)

I denne nedgangstid var det alltid folk frå Volda som kom og slo inn høyet og selde det, likeins folk som stod for bortleiing av fiskehusa. Ein av disse var P. E. Koppen (*Info: Sande N5 og Sande N12*). Han var her fyrst eit par fiskje, byrja og med litt handel, men var svært dyr så det vart ikkje noko handel. Peder Koppen vart forlova og seinare gift med Fredrikke Fransdotter Olsen frå Bauten (*Info: Sande N5*).



(Info: Bildet viser Peder Elliasson Koppen, som var fødd i 1843 og døde i 1921, her samen med kona Fredrikke Nikoline Petra Olsen, som var fødd i 1867 og døde i 1915. Sjå «slektstreet» til Olsen slekta side 170, som Fredrikke var ein del av. Ho var dotter til Frans Gerhard Olsen som budde i Sande N5.)

Peder Koppen (*Info: Sande N5, Sande N13, seinare Sande N12*), Frans Olsen Leina (*Info: Sande N9*) og Abraham Sande (*Info: Sande N3, seinare Sande N10*) kjøpte i 1890 heile Sandshamn og Nøresande av Volda-banken for kr. 24.500,- og brukte det ilag.

Peder Koppen budde i Låna. Frans Olsen (*Info: Sande N9 og Sande N20*) var gift med Berte Madsdatter Myren frå Kvamsøy. Frans budde i Leina. Abraham budde på Nøresande i husa der mor hans og stefaren budde (*Info: Sande N3*). Disse leigde seg jente til å stelle krøtera og delte mjølka. Det trefte til å verte gode torskefiske, og dei leigde bort budene og husa til losji og salteplassar. Den store brakka var til nedfalls, difor tok dei og reiv henne ned. Materialane brukte dei til å vøle (*Info 1*) dei andre husa, særleg fiskestovene nede på budene. Dei bygde og halvetak (*Info 2*) eller svaler attåt budene til å salte i. Det gjekk i fleire år godt, og dei greidde godt frå seg utgiftene. Men så kom dårlege år så dei tente lite. Peder Koppen som alt då var ein rik mann laut legge ut for dei andre til renter og skatt.

(Info 1: Vøle betyr å reparere eller sette i stand.)

(Info 2: Halvetak er det same som skråtak.)

Peder Koppen hadde i lenger tid tent som krambudgut (*Info 1*) hjå gamle Svendsen i Volda, som dreiv stor forretning ei tid. Svendsen gjekk totalt fallitt, men Koppen vart ein halden mann. Han hadde og kjøpt aksjar i ei gruppe i Nordland. Denne gruppeparten selde han i god tid og tente gode pengar. Han vart postekspeditør i Sandshamn. Han var og særst sparsam og fekk mange tillitsyrke i det kommunale. Han var ein grei og omgjengeleg mann.

(Info 1: Krambudgut er ein gut som jobbar på ei krambud. Krambud er ein landhandel.)

På denne tid var her og ei ung lærarinne frå Røsok i Harøy. Ho hette Malena og budde i Låna. Koppen hadde ein systerson, Peder Klaus Redse, som vanka her i Sandshamn. Han vart trulova med Malene (*Info: Sande N1 og N28*) og gifte i 1893. Koppen fekk då overtala Frans Olsen (*Info: Sande N9 og Sande N20*) til å selje sin tredjepart av Sandshamn til Peder og Malene Redse. Frans let seg seia, fordi det hadde lønt seg så dårleg dei siste åra, og selde parten sin for kr. 8167,-. Frans brukte seinare bygselbruket åt far sin.

(Info 1: Ordet «seia» som står her veit vi ikkje betydninga av, men av samanhengen forstår vi at Frans syns at det var eit godt forslaget. Han let seg altså overtale til selje.)

Peder Redse (*Info: Sande N1 og Sande N28*) var fiskar og kom bort på sjøen same året han vart gift, var med ein uteliggjar (*Info 1*) ute på Egga. Både han og broren Knut kom bort. Malene fekk noko etter ein son som vart kalla Peder etter far sin. Malene dreiv tredjeparten av Sandshamn saman med Koppen og Abraham Sande, ho måtte leige både dreng og taus. Dette vart for dyrt for henne, for innkomene var alt for små, og vanskeleg var det for henne å drive skule og, då ho hadde barn og heim å stå føre. Då det difor vart vanskeleg for henne prøvde ho å selje bruket. På denne tid var Severin S. Støle (*Info: Støyle 2*) nett gift (1892) med Berte Oline Pettersdotter Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*). Dei budde fyrst noko tid hjå far hennar på Bringsvor, der Jenny (*Info: Sande N47*), dotter deira var fødd. Så forpakta dei et par år halve garden til Marie Kinden (*Info: Kinna 1*). Severin Støle hadde søkt etter å kjøpe seg ein gard, men ikkje funne noko høveleg. No kom Koppen og baud han Malene sin part av Sandshamn. Severin tok då Berte Oline sin arv frå Bringsvor (*Info: Bringsvor 4*) og eit liknande beløp som han hadde spart seg opp, å la dei i Sandshamn og flytte våren 1897 nord i Låna.

(Info 1: Ein «uteliggjar» er ein båt som ikkje går til land kvar dag, men "samlar opp" fisk nokre dagar før den går til land.)

Malene Redse fekk så bygsle eit lite stykke av Sandshamn langs sjøen bortover til bytes med Bauteplassen. Ho kjøpte ei stove av Johan Koppen i Syvde og fekk oppsett på det stykket. Ho gjødsla og stelte så ho fekk litt høy så ho fødte ei kyr, men då måtte ho slå noko av foret på Marøya og i hagen til Ansgar Fiskaa, seinare Otterlei. Ho nærte seg med å flekke fisk og salte sild, seinare fekk ho litt pensjon som lærarinne. Då sonen vart vaksen for han vide ikring. Han arbeidde i Trondheim hjå morbror sin på ein korkfabrikk, og reiste så til sjøs. Seinare starta han ei stor forretning i Bergen med 8 ekspeditriser og kontordame, gjekk dundrande fallitt, arbeidde i ei forretning i Aalesund, gifte seg med styrarinna for Husflidsutsalget i Aalesund, Ragna Karlsdotter Vaagen frå Gursken, budde i Bergen og dreiv som agent og byseljar, reiste sidan til Tyskland og var der i mange år. Ragna byrja med eiga forretning i Oslo, hadde 4 born, eit døde ungt. Peder fekk gåvebrev 1920 på si mors bygslejordstykke. I 1923 reiste Malene frå Sandshamn og gifte seg att etter å ha vore enke i 30 år, med stortingsmann h. v. Knudt Otterlei, i den seinare tid fiskeriinspektør, buande på Fjørtoft. I 1939 selde ho heimen

(*Info: Sande N28*) i Sandshamn til Johan Johannesson Helland (*Info: Helland 1*). Johan hadde vore mange år i Amerika, kom heim helseveik, var to år på Hagevik kysthospital ved Bergen, kom heim og flytte inn i denne stova, og stelte der åt seg sjølv.

Jakob Nikolai Olsen og kona Serine (*Info: Sande N9*) (*Info 1*) som budde i den austlege delen av Leina hadde borna:

1. Nikoline Jakobine (*Info: Sande N11*), gift med Rasmus Nystøl.
2. Ole Teodor Kristian, fekk lungebetennelse etter eit bad, og døde 22 år gamal.
3. Fredrikke Petra, gift 51 år gamal med Johan Olaison Hauge (*Info: Hauge I 5*).
4. Ditlef (*Info: Sande N13*), gift i 1892 med Petra Pettersdotter Kyrkjesinde.
5. Elisabet, gift med Petter Person Vorren (*Info: Voren 7*), og bur der.
6. Olga, gift med Petter Hansen Rusten, bur på Nøresande (*Info: Sande N11*).

(*Info 1: Sjå «slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.*)

Ditlev Olsen (*Info: Sande N9 og Sande N13*) (*Info 1*) reiste som ung gut til Eidså. Der var han dreng og krambudgut hjå Rasmus Aarsether. Svigerfar til Aarsether, Mikal Pedersen, hadde stor forretning på Eidså og stor sjøbud på Straumsholmen i Sandshamn. Her kjøpte han sild, fisk og lever i fiskja i lang tid. I 1880 – 1890 åra brann denne buda, og det var eit veldig bål. Dei som åtte buda var reist heim til Eidså og var komne inn for Larsners då dei såg logen, men dei snudde ikkje, men heldt fram til Eidså. Folk i bygda møtte opp og kasta på sjøen ei mengd av den tørre fisken, men mykje brann opp. Mange fekk seg då arbeid med å stikke oppatt denne fisken, og tørke han igjen. Sidan bygde Aarsether opp att ny sjøbud på same tufta og reidde inn fleire fiskestover. Her på ei av desse fiskestovene reidde Ditlef Olsen inn butikk åt seg, og tok til med handel. Då var han endå ein ung gut. Seinare leigde han seg butikk i fremste enden av nauset og handla der i mange år og var heilt åleine om handelen i Sandshamn. Her var han til utskiftinga var ferdig i 1907. På Straumsholmen dreiv Aarsether til han gjekk fallitt kring århundreskiftet. Då kjøpte Albert Hovde i Aalesund denne buda og hyste (*Info 2*) fiskjefolk med bryggemenn frå Ørsta. I 1924 reiv Hovda ned denne buda og førde henne til Senja, der han har forretning i fisk og lever. Sidan har berre murane stade att på holmen i straumen der eit slikt rikt liv hadde pulsert.

(*Info 1: Sjå «slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.*)

(*Info 2: Hyste betyr i denne samanheng at han leigde inn folk til å arbeide for seg i fiskjene.*)

Rasmus Nystøyl (*Info: Sande N11*) kom til Sandshamn som dreng og krambudgut åt Ditlef Olsen (*Info: Sande N9 og Sande N13*). Han vart gift med Ditlef si syster, Nikoline. Han fekk seg hus i Låna (*Info: Sande N13*) ovanpå. Severin Støle og Koppen budde nede med kjøkken i lag. Nystøyl og kom inn i sameiga og brukte Sandshamn ilag med dei andre. I denne tid var det stort liv i fiskja i Sandshamn. Her var ei mengd med fiskarar som alle hadde med seg kokke, eit kvinnfolk som kokte til 2 lag, etter kring 12 – 14 mann. Desse fiskestovene var ei vanleg stove eller vel det av storleik. Køyene var den eine opp på den andre i 2 – 3 høgder etter som huset var høgt til. Når folk kom til fiskja, var storebåtane (*Info 1*) heilt haugraka (*Info 2*) med garn, strengetog, dubl og træljar (*Info 3*), ved og sengehalm, kister og skrin, bjørkeved og torvsekker, hylkjer (*Info 4*) og spanner med sur mjølk, store dunkar eller ambarar med brødgraut. Når då alle desse båtane kom, så sette dei snart merke etter seg på staden. Når karane låg heime hadde dei mangt arbeid føre seg. Dei laga trelappar (*Info 5*),

tvorer (*Info 6*) og auser og mangt anna. Ungdommen hadde ofte for seg kortstokken. Kokka heldt seg ved omnen, ofte ein gamal kokeomn, og der stelte ho med maten. Ho hadde og køya si framfor omnen. Hadde det vore sjøvêr og dei hadde fått fisk, så koka dei fersk torsk og rogn, og ei masse lever. Karane åt lever og levermylje og drakk fiskesodet og leversodet.



(*Info 1: Bildet over her viser ein typisk «Storebåt» som var vanleg på slutten av 1800 talet. Bilde er frå Gloppen i Nordfjord og er teke i 1997. Båten var nok også ny i 1997. Mannskapet er som vi ser også frå ei nyare tid.*)

(*Info 2: Ordet «haugraka» som her tyder at det er heilt fult, og med haug på, finner vi ikkje andre stadar, men i ordboka til Per Sandanger finnes ordet «hauråka» som betyr nesten det same.*)

(*Info 3: Trælar er flytereiskap, laga av kork eller glaskuler, halde saman av treverk eller bunde i hop av tau. Gjerne fem kuler saman. Trælane var fest til strengane i enden av garna. Trælane låg under vatn og strekte garna opp frå botnen.*)



(*Info 4: Hylkjer er ein trebehaldar av tre som vart brukt til oppbevaring og transport av mat osv.*)



(*Info 5: Trelappar er det same som tresko. Det har funnest mange variantar av trelappar opp gjennom tidene. Dette er nok en svært gamal type som er i heiltre.*)



(Info 6: Tvorer er eit gamalt kjøkkenreiskap som vart brukt til å røre i maten. Kanskje spesielt til å røre i grauten.)

Ofte om kveldane samlast ungdommane til dans på eit sjøbudgolv, og ofte i trelappane så det song i golvet. Nede på nybuda til Ditlef låg 5 båtlag frå Gursken. På gamlebuda var der 11 lag som hadde hus, mesteparten frå Syvden. På Vaskarsteinbuda var der rom for 4 til 6 lag, på fremste enden av Frikyrkja rom til 2 lag, på Naustloftet 5 lag. Hjø Severin Støle på Fredheim (*Info: Sande N1*) var der rom til 4 lag, og i litt eldre tider i Sykehuset 4 lag. Hjø Sofie Olsen i Bauten (*Info: Sande N5*) var 2 lag, på loftet hjå Ditlef i Leina (*Info: Sande N9*) 2 lag, hjå Frans i Leina (*Info: Sande N9*) 2 lag. Dette vert 44 lag nord om Straumen. Dertil ei 7 – 8 lag på Straumsholmen, mange på Fiskåbuda og Rønnebergholmen.

Rundt århundreskiftet, ja attende til 80 – 90 åra, var her mykje båtar sønnan frå Florø – kanten. Desse budde helst på Rønnebergholmen og Straumsholmen. Dei som låg i Straumen hadde båtene sine i rad og rekke utetter Leinahamaren. Det var båtar med splittsegl (*Info 1*), godt istand og det var flinke fiskarar. Det var desse som lærde folket her å bruke glaskavl (*Info 2*) og kuler på garna. Før hadde folk brukt kavl til fløyt av eine eller selje. Når denne hadde vore i sjøen 8 til 14 dagar så var han så sprengt at han sokk som stein. Det var såleis stor forbetring når folk tok til å bruke glaskuler. Folk her heldt seg mest på dei gamle fiskeplassane og sjeldan tok dei til med noko nytt. Strilane derimot tok til å bruke garna utover Søyla utanfor Storskjeret. Det trefte til at fisken stod svært djupt nokre år og strilane fiska godt kvar dag medan innbyggjarane som hadde garna sine inne på grunna fekk lite fisk.

(Info 1: Splittsegl er ein type segl som ein brukte på båttypene «møringar» og «storfæringar».)



(Info 2: Glaskavl er glaskuler, ofte med litt avlang form, som var festa på toppen av garna, fungerte som flytemiddel på same måten som kork. Dette er ein av fleire variantar som vart brukt.)

Dei var svære å gå etter jentene desse strilegutane og jentene likte godt desse framande då som alltid. Men eingong nord med storeløda (*Info 1*) var nokre strilegutar ille ute. Dei hadde vore inne i fjøsen med jentene. To Sandsøy-gutar som og hadde interesse av same jentene reiv nokre store, vide torver av eit berg i nærleiken, stilte seg opp på taket med det same dei kom ut og laviner (*Info 2*) av torv og mold datt ned over gutane og jentene som kom ut or fjøset, ja mjølkebyttene og fekk sitt.

(Info 1: Storeløda var felles løde før utskiftinga. Sjå kartet side 166 der storeløda viser og har nummeret 29.)

(Info 2: Ei lavine er no det same som eit snøskred, men i dette tilfelle var det store torver av jord som kom.)

Ei sildeperiode av dei sjeldne vart det frå 1896 og utover til 1901-02. Silda kom inn under land alt i oktober månad, og folk hadde no lært å drive etter sild. Men båtane var små. Dei dreiv på kva båtar det var, ja endå til den minste færing. Ikkje var det frakke greier dei hadde til vegn heller, berre gamle grove heimespunne garn. Men snart kosta folk seg garn, kjøpte og skot (*Info 1*). Silda kom att år etter år, stor og feit. Det samlast så mykje fiskarar og kjøpefartøy at ein aldri hadde sett slikt. Sandshamn tok ikkje stort, skuter låg alle stadar, på Voravika, Vokseholmane og Gangstøda, i Åramundet, i Haugsholmen og Storholmen. I Gursken var fleire buder. Veret var i overlag fint, stilt med ei landvindskjelle av og til. Men så gneistrande kaldt var det at det var mang ein kald jobb i dei små opne båtane. Silda var billig, berre eit par kroner for målet, men folket fiska og førte til lands. Det var eit bisn (*Info 1*) å sjå om nettene det eldhav av lanterner frå Flåvær og Bergsøya og innunder Bjørlykke, og frå Vanylvsgapet inst inne til ut imot havet. Og endå var det berre ei fjøslykt folk hadde til lanterne, det var ingen ting mot det dei har i vår tidsalder. Ei mengd notbruk stengde sild rundt alle strender. Det gamle notbruket Haugen, Bringsvor og Vorren, kjøpte seg ny storsildnot og straks dei hadde fått den stengde dei henne full syd for Støyleholmen og betalte henne med ein gong. Sandshamnkarane kjøpte seg og ny not og bygde notanaust i Korsneset. Bygda rundt kyrkja kjøpte seg og nøter. Alle fiska og tente pengar, dei som ikkje fiska arbeidde på land eller om bord i salteskutene. Og kvinnfolka salta sild og tente pengar. I denne sildeperioda vart hundreåret innringt. Det var svart av folk på alle vegar. Det var påbod frå landsstyriminga at det gamle århundrad skulle ringast ut med 2 timar ringing med kyrkjeklokka og så 2 timar å ringe inn det nye hundreår. På Sandshamn låg ei mengd dampar og skuter, på Voravika likeins. Og alle desse ringde med klokker, let med fløytene, så denne natta var det fælende leven og larm.

(Info 1: Skotet på eit garn er det tauet som går horisontalt over og under garnet, og som korken / kulene øvst og bly/stein under er festa til. Sjå bilde side 101.)

(Info 2: Bisn betyr i denne samanheng ei veldig interesse, vakte oppsikt og undring.)

Denne sildeperioda tok og slutt. Silda slutta med å kome inn i fjordane, men den kom att som vårsild om våren. Det vart meir av dårlege fiskeår. Fyrste åra av hundreåret var dårleg, og mange av dei framande fiskarane, iser dei sør om staden slutta å kome hitt. Dei fann det ulønsamt å reise så langt for å fiske.

Desse som brukte garden Sandshamn vart trøytt av hopehavet. I 1905 rekvirerte Severin Støle (*Info: Sande N1*) utskifting på heile Sandshamn. I 1906 rekvirerte Andreas Sandsbakk (*Info: Sandsbakk 1*) utskifting på Sandsbakk og Sandsbakk utmark. Utskiftinga på heimebøen var ferdig våren 1907. Då byrja ei bygging i stor stil på Sandshamn att, og dei bruker endå å snakke om det året vi bygde. Severin Støle tok på seg tredjeparten av Sandshamn, og bygde nye hus ute i Ospene og kalla garden Fredheim, br. nr.1. Han bygde seg nye pene hus. Dei gamle husa, løda, fjøsane, kokkhuset, sjukehuset, badestova, Leinabrakka og naustet i Leina, stabburet, alle desse husa bytte dei imellom seg og brukte i lødehusa sine. Severin Støle og kona fekk 2 born:

1. Jenny, fødd 1893 på Bringsvor, gift med Njål Olsen, og bur i Låna. (*Info: Sande N13 og seinare Sande N47.*)
2. Alf, fødd i 1897, gift med Dagny Olsdotter Kinden (*Info: Kinna 3*). Dei reiste til Amerika, har 3 born.



(Info: Bildet over her viser stovehuset på Sande N1, seinare Sande N47, Stølegarden. Vil tru at huset vart bygd like etter utskiftinga i 1907. Her budde altså Severin Sørenson Støle (Info: Støyle 2) og Berte Oline Pettersdotter Bringsvor Støle (Bringsvor 4).

Bilde må være teke tidleg på 1920 talet ettersom sonen Alf er med på bildet. Alf drog til Amerika i 1924.

Bildet viser ståande frå venstre: Arnold Haukeland, Lilly Pettersen, Anna Pettersen, Gerhard Pettersen (Bringsvor 4), Alf B. S. Støle og Jenny Støle Olsen.

Sittande frå venstre: Berte Oline Pettersdotter Bringsvor Støle og mannen hennar Severin Sørenson Støle.)



(Info: Bileta til venstre her viser Jenny Amalie Severinsdotter Støle (Sande N1), fødd 1893 og døde i 1971 og mannen hennar Njaal Ditlefson Olsen (Sande N13), fødd 1893 og døde i 1970. Dei gifte seg i 1934 og flytte til Sande N47 i 1954, som dei bygde om i 1957. Sjå bilde på neste side som viser huset etter ombygginga.)



(Info: Øvst på dette bildet vises stovehuset og løda på Sande N47 tidlegare Sande N1. Njål og Jenny fekk skøyte i 1954 på den austlege delen av Sande N1. Løa og stovehuset til Jenny sine foreldre var med i kjøpet. Stovehuset vart ombygd i 1957. Sjå bilde av huset før ombygging på føregåande side.

Nedst på dette bilde ser vi stovehuset på Sande N11. Rasmus Knutson Nystøl og Petter Hansson Rusten bygde dette stovehuset saman i 1918. Dei to var gift med Nikoline Nikolaisdotter Olsen og Olga Nikolaisdotter Olsen, som var systrene til Ditlev Olsen (Sande N13), og kom frå Sande N9. Sjå elles Sandesoga for meir informasjon.)

Severin Støle (*Info: Sande N1*) selde til Bendik Sande av utmarka si det som no heiter Nerheim (*Info: Sande N23*). Frans Jørgenson Olsen sat på si mors bygsel til han fekk kjøpe av Severin Støle yste delen av Leina, det som kallast Leina Vestre (*Info: Sande N20*), og bygde seg ny løde der i 1914. Frans og Berte Olsen hadde ikkje born, men tok til seg som lita Magda Eliasdatter Sætrevik, som adoptivdotter. Frans og Berte testamenterte til Magda alt dei åtte. Magda vart gift med Gerhard Johannessen Bringsvor (*Info: Bringsvor 3*). Deira born er: Svanhild, Bergljot, Jon, Astrid og Eiolf.

Abraham Sande (*Info: Sande N10*) tok på seg ein tredjepart av Sandshamn. Han bygde nye hus oppe på bakken. Fyrste tida budde han i huset til mor si, men sidan han bygde flytte han hit på bakkane, og den ugifte broren Olaf flytte hit ilag med han. Abraham var fyrst gift Oluffa frå Syvden. Ho døde kort etter. Same året døde og Abrahams halvbror Lars. Abraham gifte seg då med Kornelia Pettersdotter Toftesund (*Info: Voren 8*). Born:

1. Alvhild, gift med Amund Sandsbakk, og bur der. (*Info: Sandsbakken 2*.)
2. Kamilla, ugift, bur heime.

3. Ragna, gift med farmasøyt Hals, Volda.
4. Lars, reist til Amerika, og gift der.
5. Petter, gift med Anna Liljedal frå Vanylven. (*Info: Sande N32*)
6. Hildur, gift med Andreas Bø frå Herøy, bur på Sande N. (*Info: Sande N38*)
7. Aslaug.
8. Artur.
9. Gunnvor.
10. Otto.
11. Margrete.
12. Rasmus.

Forutan disse tolv to som døde små. Abraham Sande selde Kvia til Rasmus Karlsen Nøresande (*Info: Sande N18*) med eit lite tilhøyrande utmarkstykkje. Seinare kjøpte Knut Vaage dette stykket og bygde hus der. Abraham selde og til broren Olaf (*Info: Sande N17*) den plassen på Nøresande faren hans hadde brukt. Han selde og 10 mål Severin Haugen (*Info: Sandsbakken 1*) i Sandsbakk (Årskinbakkhola). Det var her det var gjort det store funn av flintreiskap og skraparar.



(*Info: Bildet viser Abraham Olai Abrahamson Sande. (Sande N10). Fødd i 1860 og døde i 1937. Kona Karnelia Pettersdotter Toftesund (Voren 8). Fødd i 1877 og døde i 1954.*)

Rasmus Knutsen Nystøl frå Hakallestranda gift med Nikoline Olsen, Leina, tok på seg ein niandepart av Sandshamn og bygde løde på tufta der storeløda til Olai Olsen (*Info 1*) stod. Han kalla garden sin Heimro (*Info: Sande N11*). Syster til Nikoline, Olga Olsen, Leina, gift med Petter Rusten frå Fiskaa, som fyrst budde nokre år i Låna (*Info: Sande N13*), bygde så eit stort pent hus saman med Nystøl på garden hans. Rasmus og Nikoline hadde ikkje born. Petter Rusten og Olga hadde desse borna: Sigfrid, Hjørdis, Oddmund og Rolf.

(*Info 1: Litt repetisjon: Dette er den Olai Olsen som ikkje har noko og gjere med den andre Olsen slekta. Sjå Sande N1. Olai Olsen kom hitt etter konkursen i 1865 og kjøpte heile Sande Nordre og var der fram til han sjølv gjekk konkurs i 1878. Storeløda som er nemnt over vises i kart og forklaring side 166 og 167 der den har nummeret 29.*)



*(Info: Bildet viser Rasmus Knutsen Nystøl. (Fødd 1864 og døde i 1950) og kona Nikoline Nikolaisdotter Olsen. (Fødd 1864 og døde i 1960.)
Sjå elles teksta over her og meir i Sandesoga, Sande N9.)*



*(Info: Bildet viser Petter Rusten. (Fødd 1876 og døde i 1957) og kona Olga Nikolaisdotter Olsen. (Fødd 1880 og døde i 1949.)
Bildra er nok tekke med stort mellomrom i tid. Sjå elles teksta over her og meir i Sandesoga under Sande N9.)*

Peder Koppen frå Velsvik i Volda var gift med Fredrikke Petra Olsen, Bauten (*Info: Sande N5 og 12*). Dei tok frå eit stykke borte på Smiengen og ville selje sin niandepart til Olaf Strand som hadde handla i Fløda, kona til Olaf Strand var systerdotter til Koppen. Men då Olaf Strand same året reiste til Trondheim, tok Koppen over både det Strand skulle ha og det han sjølv ville ha og bygde seg nye hus borte i Smienghaugen, der den gamle smia før hadde stått. Koppen og Fredrikke hadde 2 born: Egil, fødd 1887, døde 4 år gamal. Kamilla, fødd 1896. Båe borna var fødde i Låna.

Kamilla vart gift i 1918 med Rasmus Paulsen Sandvik (*Info: Sande N27*). Rasmus hadde gått ein del skular, byrja 1913-14 med hermetikkfabrikk i «frikyrkja» hjå Ansgar Fiskaa. Men det meste gjekk bort i skit og larv, og hermetikken rotna opp i boksane så han måtte slutte. Seinare i verdskrigen 1914-18 var han tysk agent og dreiv handel på tysk olje og kjøpte sild til tyskarane i massevis. Rasmus Sandvik var rekna for å vere den rikaste gut i Sande då han gifte seg. Kamilla var og den rikaste jenta i Sande, så dette ekteskapet lova godt. Fyrst han var gift tok han Bautaplassen som dei og åtte, inn under bruket, men i 1919 selde han garden til Gerhard og Alfred Bringsvor (*Info: Bringsvor 3*), og tok seg frå eit stykke på 2 mål til hage. Sandvik hadde både posten og telefonen. Sandvik hadde mange slags forretningar, både heime og i byen, men alt gjekk like skeivt. Han døde brått, av lungebetennelse. Han døde på sjukehuset i Aalesund. Rasmus Sandvik og Kamilla hadde berre eit barn, sonen Peder Koppen Sandvik, fødd i 1919. Han var student, og vart i 1942 immatrikulert ved universitetet. Kamilla budde i huset til far sin i mange år aleine, og styrde post og telefon. Tanta hennar, Sofie Olsen (*Info 1*) budde i den gamle stova i Bauten (*Info: Sande N5*) all sin dag.

(Info 1: I Sandesoga har Sofie Olsen namnet Pauline Sofie Olsen. Vil tru at det er det som er rett, men at Pauline ikkje vart brukt i daglegtale. Ho døydde i 1955.)



(Info: Bildet viser Kamilla Pedersdotter Koppen. (Fødd i 1896 og døde i 1981.) og mannen hennar Rasmus Paulson Sandvik. (Fødd i 1896 og døde i 1929). Vil tru at dette er eit bilde frå då dei gifte seg i 1918.)

Gerhard og Alfred Bringsvor (Info: Bringsvor 3) delte seg imellom bruket dei kjøpte av Koppen. Gerhard fekk det meste av Bautaplassen og utover langs Leina-bytet. Han kalla sitt bruk Haugland, og budde i Leina (Info: Sande N20) som er skrevet om før. Alfred brukte resten (Sandshamn br. nr. 12) og bygde ny stove her. Han vart gift med Johanne Samuelsdotter Eltvik frå Stad. Born Jon og Steinar.

Ditlef Olsen kom seg inn i utskiftinga i Sandshamn. Han hadde sete på mora si bygsel og bygt om husa i Leina Sande N9). No tok han på seg niandeparten av Sandshamn, som vart rekna for omtrent halve Leina, og så ein del tufter i Sandshamn. Han tok på seg sin bestefars hus, Låna (Info: Sande N13). Der moderniserte og vølte han om, grov ut kjellaren og støypte, så det hundreårsgamle huset vart godt og tidhøveleg. Han hadde i mange år drevet handel i fremste enden av Naustet, og hatt ekspedisjon av dampane. Då utskiftinga var over bygde han ny butikk der den gamle flagghaugen hadde vore, og flaggstonga til Olai Olsen stod. Han bygde og ny sjøbud og kai på Budaneset. Så bygde han om Skeivebuda som han kjøpte av Severin Støle (Info: Sande N1). Han reiv ned denne buda av muren av di muren var dårleg og seig unna. Seinare vart denne buda kalla Rovdehorn av at ho liknar fjellet med dette namn. Hausten 1919 flytte Ditlef Olsen til Låna (Info: Sande N13), der han budde sidan, men han brukte Leina austre som gardsbruk. Ditlef var gift i 1892 med Petra Pettersdotter Kyrkesande (Info: Kyrkesande 3). Far til Petra kom bort på sjøen då borna var små, og mora døde straks etter. Ditlef og Petra sine born var desse:

1. Njål, fødd 1893, gift med Jenny Severinsdotter Støle (Info: Sande N47).
2. Halfdan, lærar på Hønefoss, gift med lærar Gudrun Bendeke, dotter til ein doktor. Halfdan tok sidan namnet til kona og heiter Halfdan Bendeke.
3. Ingrid, fødd 1897, gift med Hans J. Helland. (Info: Helland 1)
4. Solveig, fødd 1900, dreiv forretning i Oslo.
5. Gunvor, dreiv forretning ilag med systera.
6. Odd, gift med Hildur frå Bergen, doktor i Trøndelag. Seinare tbc-spesialist i Bergen.
7. Trygve, sakfører, gift, bur i Oslo.

8. Eivind, tannlækjar på Lillestrøm.
9. Dagny, statstilsett, gift Johnsen, Har 2 barn. Bur i Oslo.



(Info: Bildet som er frå Låna (Info: Sande N13) viser Ditlef Olsen og kona Petra med Eivind mellom seg. Bak frå venstre: Trygve, Odd, Njaal, Halfdan, Gunvor, Dagny, Ingrid og Solveig.)

Då utskiftinga var over flytte Ansgar Fiskaa (*Info: Sande N16*) til Sandshamn. Han hadde før handla i fleire år i Toftesund. No kjøper han Abraham Sande sine hus, Naustet og Vaskarsteinbuda, bygde butikk i Naustet, vølte og forandra, bygde den nye buda med flatt tak, og bygde kai med anløp for Volda-båtane og «Nordfjord». (*Info: Sjå bilde av Sandshamn side 143*). Seinare då Møre Fylke tok på seg alle båtane, fekk Ditlef Olsen ekspedisjon til Møre Fylke ved si kai. Ansgar Fiskaa var gift med Dina Lundehaug frå Vanylven. Deira born var: Tora, Asbjørn og Ruth. Ansgar Fiskaa selde i 1916 denne eigedommen til Otterlei & Longva, og flytte til Ålesund. Her dreiv han ymse forretningar, så flytte han til Oslo. Der gjekk han dundrande fallitt, kom til Sandshamn att og dreiv litt fiskeforretning i Toftesund. Men dette gjekk og dårleg. Han reiste då til Fiskaa og bygde seg hus, og tok heim til seg der den noko helseveike kona si. Ansgar Fiskaa var ein flink forretningsmann, sympatisk og kjekk, og hadde mange vener. Han ga det fagre orgelet til Sandskyrkja, som kosta snart ei 30.000 kroner. Dette vil stå til minne om Fiskaa si stordomstid i Sandshamn.

Otterlei & Longva (*Info 1*) byrja med butikkhandel og med handel med fisk og sild. Ole Otterlei var bror til Stortingsmann Knut Otterlei på Fjørtoft. Han vart gift med Anna Petersdotter Longva, ei brordotter av kompanjongen. Ole og Anne Otterlei har 2 born, Sigrid og Oddvar, Sigrid er fysioterapeut, Oddvar er lege. Andreas Longva, ein eldre ungar, arbeidde i forretninga til sin død.

(Info 1: I lys av at Gerhard Bringsvor skreiv dette så tidleg som i 1943 og at Sandesoga er litt uklår her, vil vi knytte fyljande kommentarar og bilde til teksta over her:

Ole Martinus Otterlei og Andreas M. Longva kjøpte Rosenlund av Ansgar Fiskaa i 1916. Andreas M. Longva døde i 1955, 95 år gamal. Nevøen hans, Johan Longva kom til Sandshamn i 1946 og overtok sin onkels del av verksemda. Vi har ikkje funne noko bilde av Andreas M. Longva, men nedanfor her fyljer bilde av kompanjongen Ole Martinus Otterlei og Andreas M. Longva sin nevø Johan Longva med sonen John Longva.

Inger Otterlei som er barnebarnet til Ole Martinus Otterlei skriv etter å ha vore å besøkt sin 99 år gamle far Oddvar Otterlei:

Min far, Oddvar Otterlei fortel at butikken på Sandshamn var ein vanleg landhandel som selde alt frå matvarer, vaskemiddel, klede og brød. Dei selde også ting til sjøbruk, tau, anglar, litt fiskegarn. Dei hadde også eit bakeri som vanlegvis selde brød, langebrød, wienerbrød og kneipbrød.

Andreas M. Longva og Ole Martinus Otterlei eigde og dreiv butikken saman. På Rosenlund forgjekk det også salting og tørking av fisk enten i hjellar eller på kai, og berg. Tørka fisk vart i hovudsak sendt til Bergen. Noko til Ålesund.

På sjøbudene stod det tønner og fat med salta fisk i. Torsk og sei. Mest av det siste. Sild vart salta i store kar, så vart den speka.

Sildekontoret heldt til på Rosenlund etter krigen og fram til 1961, då det vart nedlagt. Sjå bilde av budaene nedanfor her. Likningskontoret heldt også til her fram til 1955, då det vart flytt til Samyrkelaget.



(Info: Bildet viser Ole Martinus Otterlei, fødd i 1883, døde i 1968.

Ole Martinus Otterlei var gift med Anna Marie Pettersdotter Langvastrand, fødd i 1889, døde i 1981.

Anna Marie Longva, f. Langvastrand var dotter til bror åt kompanjongen Andreas M. Longva.

Dei hadde borna Sigrid, fødd i 1923, gift med Peder Peterson Vorren (Voren 7) og Oddvar, fødd i 1925, gift med Anne Marie Olavsdotter Myrstad.)



(Info: Bildet viser Johan Longva, fødd i 1891 døde i 1968, og sonen John Longva. Bilde er teke i 1960 då John Longva var 9 år gamal.

Johan Longva var gift med Birgitte Andersdotter Hunnes, fødd i 1919, døde i 2006.

Johan Longva kom til Sandshamn i 1946 og overtok sin onkel, Andreas M. Longva, del av verksemda.)



(Info: Bildet viser Rosenlund, Sande N16. Den store buda med flatt tak i forgrunnen vart bygd av Ansgar Fiskaa då han eigde her fram til 1916.

Vi ser også butikkbygget til Otterlei & Longva til venstre for denne buda.

Sjå også bilde av området side 117.

Sildekontoret heldt til her på Rosenlund frå etter krigen og fram til 1961.

Vil tru at bilde er teke tidleg på 1960 talet.)

Andreas Jakobsen Strømsnes (*Info: Sande N30*) kjøpte ei stovetuft bortanfor Fiskarheimen. Andreas er gift med Gina Sivertsdotter Myklebust (Reset). Han bygde der oppatt ei stove han kjøpte i Herøy. Deira born er: Sverre, Øyvind, Andor og Jan.

Johan Pederson Rusten (*Info: Sande N33*), kjøpte ei stovetuft av morbroren sin Gerhard Bringsvor (*Info: Sande N20*), og bygde stove ved vegen til Leina. Johan var gift med Aslaug Knutsdotter Breivik, fødd på Eidsaa. Johan og Aslaug fekk berre eit barn, Marit. Johan kom bort under hummarfiske i Skorpa. Saman med Johan budde Aslaug si tante og onkel, Ole Kriken frå Vanylven, gift med Anna Hansdotter Muren frå Gjerdsvik.

Paul Samuelson Eltvik (*Info: Sande N36*), gift med Marta Tungevåg, frå Stad, budde fyrst nokre år hjå Alfred Bringsvor (*Info: Sande N12*) då kona til Alfred var syster til Paul. Marta døde her av tæring. Deira born var: Sverre, Peder, Edmund og Klara. Peder kom bort på sjøen ilag med Johan Rusten (*Info: Sande N33*), og Klara døde av nyresjukdom 13 år gamal. Paul bygde seg sidan nytt hus i Vika i Bautane (*Info: Sande N36*).

På Nøresande i Kokkhuset (*Info 1*) budde ei familie frå Våge. Det var Ole (Ola) Johannessen Våge (*Info: Våge 3*), gift med Synnøve Vågstrand. Dei hadde butt nokre år i Våge på hans farsgard, der og borna var født. Sidan gjekk dei frå garden i Våge, og Ola var fleire år og bolkar sjuk. Så budde dei nokre år i kokkhuset. Sidan kjøpte sonen Severin som var strikkar stove på ei tuft der stova til Jon Nøresande hadde stade. Stova til Jon kjøpte Gjötta - Martin. Ho står på Gjötten på Skare endå. Stova som Severin Våge bygde var kårstova til Olina Støyle. Her budde då Ola og Synnøve til dei vart så gamle at dei laut flytte til sonen ute i Myrane. Borna deira:

1. Isak, landhandlar i Gursken (Hauge) gift med Elisa Knutsdotter Grønvold, sidan med Marta Johansdotter Sætre. Han kjøpte garden til Rasmus Saure og budde der.
2. Severin, var strikkar, døde som ung gut heime.
3. Hanne, gift med Petter Olsen Hauge.
4. Olaf, gift med Oluffa Nygaard (*Info: Sande N4*) (Myrane) og budde der.
5. Fredrik, gift i Sykkylven med Emilie Erstad.
6. Sara, gift med ein frå Haugesunds-kanten.

Ole Kriken leigde stova deira og då brann ho ned summaren 1921. Dei andre gamle stovene på Nøresande vart vekkivne etter kvart som dei vart ledige. Stova til Ole Nøresande brukte gamle Frans Olsen (*Info 2*) til sin død, der dottera Maren stelte for han. Etter hans tid vart stova flytt til Leina, og sett inn i Leinabrakka.

(Info 1: Kokkhuset stod ved vervarslingsstonga som stod på Sande N10. Sjå kart med forklaring side 166 og 167. Kokkehuset har der nummeret 17.)

(Info 2: Når Gerhard Bringsvor her skriv om gamle Frans Olsen så er det altså stedoldefaren til sin kone Magda. Gamle Frans Olsen var fødd i 1791 og døde i 1873. Sjå Sandesoga under Sande N1 og Sande N9.)

Eit anna gardsbruk som hørde Sandshamn til var Myrane (*Info: Sande N4*). Det var innlagt av Sandshamn utmark, og den fyrste som budde der var Rasmus, fødd på Kyrkjeseide. Han var av husmannsfolk som budde i Kirkevika. Rasmus var gift med Randi Halle (*Info 1*). Denne Randi hadde før ho var gift ein son med Knut Sætrevik. Denne heitte Abraham og budde seinare i Sætrevik. Rasmus og Randi hadde berre dottera Berte, gift med Kvie Daniel på Kvamsøy. Birte hadde dottera Karen, visstnok uekte fødd. Karen hadde dottera Ragna med ein gift mann, som avla eid at han ikkje åtte henne. Karen reiste til Trondheim og vart gift der. Ragna vart oppfostra hjå Per Ristesund. Ho reiste til Oslo og vart gift der, vart enkje utan formue, reiste sidan til Amerika. Då Randi vart åleine hadde tungsinn og livsleide teke henne, og ein dag Nikolai Gildsen Holstød hadde gått dit ned, fann han Randi hengande død innfor døra. Ho vart gravlagt ovanfor kyrkja for seg sjølv, for dei som drep seg sjølv skulle gravast for seg sjølv, og grava skulle trampast flat så ho ikkje skulle syne. Randi var visstnok den siste sjølvmordar som vart gravlagd på slik måte. Sidan vart slike gravlagd ilag med andre.

(Info 1: Opplysningane over her samsvarar ikkje heilt med det som står i Sandesoga. Virka som namna på dei to konene er bytta om. Vil tru at det er det som står i Sandesoga som er mest rett.)

Så kom Romsdalingen Eirik Olsen Hatlen frå Isfjorden til Myrane (*Info: Sande N4*). Han arbeidde i Sandshamn og der vart han kjend med Johanne Larsdotter Kvamme, og gift med henne. Dei kjøpte Nygård (Myrane) av Olai Olsen (*Info 1*). Eirik var ein flink mann til å arbeide med jord og stein. Han for rundt og arbeidde for folk. Johanne var ei sterk og driftig kvinne. Ho for på arbeid på budene og alle stader, løna var ikkje stor, men med arbeid og sparsemd vart dei velhaldne folk. Johanne hadde før ho var gift ei dotter som heitte Elise. Ho budde i Myrane og døde av slag der. Eirik og Johanne hadde berre dottera Oluffa, fødd 1880, og gift med Olaf Olsen Vaage, oppalen på Nøresande. Då utmarka vart utskift, fekk dei all utmarka si nedanfor garden. Den la dei inn og braut opp til åker og eng alt saman. Olaf og Oluffa har tre born:

1. Severin (har garden).

2. Erling (i Amerika).
3. Ruth (gift i Syvden).

Severin er gift med Petra Isaksdotter Vaage (*Info: Våge 4*).
 Dei har 3 born: Ragnar, Johanna og Isak.

(Info1: Olai Olsen kom hitt etter konkursen til gamle Frans Olsen i 1865 og kjøpte heile Sande Nordre, og var her fram til han sjølv gjekk konkurs i 1878. Sjå Sande N1.)

Frå gammalt har presten i Sande hatt godtgjersle for å fare ut i fiskeværa og halde bibellesing og møte for fiskarane. I dei store sildefiskeria var presten til Haugsholmen og. Då det ikkje var høvelege lokalar på Sandshamn, så heldt presten møta sine i Storebarakka. Då ho vart rive, vart møta haldne på Naustloftet. Det var ofte svært forstyrrande dette for han som skulle tale. Fiskarane var nyst atkomne frå sjøen, og skulle ha kveldsmat. Difor hende det at kokkene stampa grauten medan presten tala. Dette virka forstyrrande på møtelyden (*Info 1*). Av denne grunn vart det slutt med å halde møte på Naustloftet. Dei fekk då leige kjellaren til Severin Støle (*Info: Sande N1*), og der vart møta haldne i to år. Men her var lågt under loftet, og så var murane kalde og triste. Då presten Ivar Aarset var prest i Sande, fann han dette husrom svært ulagleg til møta. Han var ein handlingas mann, og hadde han sett seg noko i hovudet, så gav han ikkje tapt. Han hadde fått visst om at Fiskarheimen på Flåvær drogst med skuld og skulle seljast. Dette huset hadde fyrst vore bygt på Folkestad i Volda. Nokre som hadde kome med i Klausianer- rørsla (*Info 2*) som gjekk i Volda og Ørsta, hadde bygd huset. Når då denne rørsla minka av, og tidene vart dårlege, vart huset selt til Flåvær til fiskarheim, kring hundreårsskiftet då dei store fiskeria av sild gjekk for seg her. Det var iser Petter Skorpen frå Torvholm som stod inne for huset. Presten Aarset reiste og kjøpte huset med ein gong. Han fekk kyrkjesongar Dyrkoren (*Info: Støyle 8*) og P. J. Koppen i lag med seg og garanterte for kjøpesummen.

(Info 1: Møtelyden betyr forsamlinga. Vi har same betydninga i ordet kyrkjelyden.)

(Info 2: Klausianer-rørsla er ei karismatisk pinsekyrke.)



(Info: Ole Kristian Dyrkoren var lærar på søre Sandsøy frå 1903 til 1932. Kyrkjesongar/klokkar frå 1908. Han var varaordførar i Sande 1916-19 og 1923-31. Han var også ordførar 1920-22.)

Koppen gav gratis tuft. Folk reiste nord og reiv huset. Johan Lillebø var bygnings sjef, båtar kom frå Kvamsøy og Sandsøy og henta materialen og førde han til Sandshamn. Her gjekk dei då i gang med å sette huset oppatt. Mykje gratisarbeid vart gjort. Skulda på huset vart betalt på få år. Så byrja dei å samle pengar til utviding av huset, men pengane gjekk tapt i Aalesund Kreditbank (kring 3000 kr). Så vart det samla pengar på nytt. Dei fekk inn kring 1000 kroner, og hausten 1937 vart huset utvida med tilbydt kjøkken. Huset er endå i miste laget, og står vel fram for ei ny utviding. Her har vore halde ei stor mengde møter i dette huset, og det har vore til stor signing for staden. Det er no heilt gjeldsfritt, med orgel og inventar.



(Info: Bilde viser Fiskarheimen på Sandshamn, som var bygd i 1910. Huset hadde fyrst vore bygd på Folkestad i Volda. Så vart huset selt til Flåvær til fiskarheim der, kring hundreårsskiftet.)

Foreiningslivet har blomstra her på øya. Den fyrste foreininga var «Gamleforeininga for misjonen» som no nærmar seg 80 år. Det var Karen Kyrkjese, Mathilde Sande og Gjertrud Bringsvor med mange fleire som byrja. Sidan har det vore ei foreining til av dette slaget. Så er her to foreiningar for den Ytre Sjømannsmisjon. Den på nordsida er 55 år, den på sørsida snart 40 år. Elles er her foreiningar for kinamisjonen og finnemisjonen m.m.

I 1894 vart losje «Idrett» skipa. Det var iser familia Olsen som gjekk i brodden for dette arbeidet. Det kom av det, sa dei, at familie hadde lide under drikkens herjingar den tid deira forfedrar handla og selde drykk som rusa. Attåt dette har det synt seg at ætter som har drive med denne uhyggelege handelen etter få generasjonar har gått til grunne. Den fyrste G.T. var Ditlef Olsen og L. F. var P. E. Koppen. Men merkeleg nok, no når losjen går i sitt femtiande år. Er nesten ingen av Olsen-familia med lenger.

Sandsøy ungdomslag nærmar seg og 50 år, etter mykje godt arbeid. Dei har sitt eige hus, «Dollstun», bygd i 1928.

Dette er skreve til tidtrøyte i ei seng på Aalesund Sjukehus. Kan denne soga tene nokon til glede eller gagn i framtida, er tida vel anvendt.

Ålesund Sjukehus den 15. januar 1943.

Gerhard Johannesson Bringsvor

*Info: **Kart over Nordre Sande, Gnr.73 og Sandsbakk, Gnr.72.**
Viser situasjonen i 1903.*


Bakgrunnsbilde fra satellitt i 2020. Sjølve kartet er fra 1903. Sjå forklaringa av dette kartet på neste side. Sjå også kartet side 168 som viser situasjonen i 2023.




Info: Forklaring av kartet, teiknesymbola og info elles frå 1903.

Sjå kartet på forgåande side som viser situasjonen i 1903.

Bruksnummera (B.nr.) for Sande Nordre som er oppgitt (1-6) på dette kartet, som er frå 1903, stemmer ikkje med nummereringa av bruka i Sandesoga frå 1977 og 1997. I Sandesoga frå 1935 er det heller ikkje oppgitt bruksnummer (B.nr.) på Nordre Sande, G.nr.73. Eksisterande bruksnummer (B.nr.) på Nordre Sande, G.nr.73 vart teke i bruk i samband med utskiftinga i 1907.

Eigedomsgrensar: Grensa til andre gardar er vist med heiltrekt raud linje. .

Grensa mellom dei forskjellige bruka på garden er vist med stipla raud linje. .

Kystlinja: Kystlinja er vist med heiltrekt blå linje. .

Vegar/stiar: Vegar og stiar er vist med heiltrekt grå linje. .


Nedanfor her fyljer ei nummerert liste over forskjellige stadar og bygg på Sande Nordre og Sandsbakk. Nummera (1-30) vise på kartet.

- | | |
|--|------------------------------|
| 1 Tranbrenneriet Olsen. | 16 Låna. |
| 2 Lossjementhuset (Losjihuset). | 17 Kokkehuset. |
| 3 Storebåtnaustet. | 18 Storebrakka. |
| 4 Løde / fjøs D. Olsen. | 19 Bakkenaustet. |
| 5 Stovehuset D. Olsen. | 20 Storebåtnaustet. |
| 6 Gamletunet i Leina, Jørgen og Nikolai Olsen. | 21 Vaskesteinsbuda. |
| 7 Stova til Frans J. Olsen. | 22 Naustet til A. Sande. |
| 8 Stovehuset til Frans F. Olsen | 23 Notanaustet. |
| «Bautafrans», seinare Sofie Olsen. | 24 Sjukehuset. |
| 9 Potetkjellar. | 25 Stova til «Johannes Ola». |
| 10 Bautanaustet. | 26 Tunet til A. Sande. |
| 11 Fjøset til Malene Redse. | 27 Kvienaustet. |
| 12 Stovehuset til Malene. | 28 Tunet i Kvia. |
| 13 Skeivebuda. | 29 Storeløda. |
| 14 Gamlebuda. | 30 Tunet til Bendik Sande. |
| 15 Bakeriet. | |

Vidare viser kartet ei liste (øvt til venstre) over kven som var eigar av dei forskjellige bruka og eigedomane i 1903. Desse bokstavreferansane vise også på kartet. Sjå Sandesoga frå 1977 der dei nye bruksnummera framkjem.

Brucarane:	B.nr. i 1903:	B.nr. frå 1907:
S = Severin Sørensen.	1	1
A = Abraham Nøresande.	2	10
R = Rasmus Nystøl.	3	11
K = P. J. Koppen.	5	12
D = Ditlef Olsen.	6	13
SB = Sandsbakken båtnaust.		
E = Elias Sandsbakken.		

*Info: **Kart over Nordre Sande, Gnr.73 og Sandsbakk, Gnr.72.**
Viser situasjonen i 2023. Sjå også situasjonen i 1903 side 166.*



Info: Kortversjon av historia om Nøre Sandsøy. Gnr.73.

- *Sivert Olsen frå Herøy kjøpte garden med tilhøyrande næringsverksemd i 1775. Garden vart i 1812 skøyt vidare til sonen Frans Sivertson Olsen.*
- *Frans Sivertson Olsen (Sande N1.) Fødd 1791- død 1873. Kona: Ingeborg Nikolina Jørgensdotter Meldal. Fødd 1796- død 1868. Garden med alt av næringsverksemd gjekk konkurs i 1865.*
- *Olai Olsen (Sande N1.) Fødd 1833- død 1889. Kjøpte eigedomen og verksemda etter konkursen i 1865. Gjekk sjølv konkurs i 1878. (Det må her presiserast at Olai Olsen ikkje var i familie med den tidigare og seinare Olsen familien.)*
- *Gustav Gerhardson Wiig frå Flåvær i Herøy fekk auksjonsskøyte på eigedomen i 1878. Gustav Wiig leigde bort eigedomen til Johan Møller på 10 år frå 1878.*
- *Men allereie i 1885 hadde eigedomen gått over til Volda og Ørsta Sparebank, truleg etter ein ny konkurs. Same år brann krambua-, kontor- og bakeribyginga ned.*
- *I 1890 fekk Peder E. Koppen (Sande N5 og Sande N12), Frans J. Olsen (Sande N9 og Sande N20.) og Abraham A. Nøresande (Sande N3 og Sande N10.) auksjonsskøyte. Sjå bilde og omtale av ovanfor nemnde tre personar side 149, 90 og 157. Desse tre leigde seg jente til å stelle krøtera og delte mjølka. Det var godt fiske i åra etter 1890, dei leigde bort budene og husa til losji og salteplassar, så økonomisk gjekk det bra. Men så vart det dårlegare tider. Koppen som allereie då var ein rik mann av andre årsaker enn eigedomen på Sandshamn, klarte seg bra, men dei to andre partnarane fekk problema med å svare for renter, avdrag og skatt.*
- *I 1893 kjøpte Peder E. Koppen, Frans J. Olsen sin tredjepart av Sandshamna til sin systerson Peder Klausen Redse og kona hans Malene Redse. Peder Klausen Redse kom bort på sjøen i 1894. Eigarane på Sandshamn per.1894 var: Peder E. Koppen, Abraham Sande og Malene Redse.*
- *I 1897 kjøpte Severin S. Støle (Støyle 2 og Sande N1.) Malene Redse sin tredjepart i Sandshamna og flytte inn i Låna. Severin S. Støle var frå 1892 gift med Berte Oline Pettersdotter Bringsvor (Bringsvor 4). Berte Oline var tanta til Gerhard Bringsvor.*
- *I 1907 vart utskifting gjennomført og fellesdrifta av dei tre jordbrukseigedommane på Sandshamn vart avvikla. Klarare eigedomsforhold førte då til store endringar. Kjøp og sal av eigedomane vart også enklare.*
- *Ditlef Olsen (Sande N13) starta eiga forretningsdrift i 1885, overtok Låna i 1910, flytte i 1919 inn i Låna som eineigar og budde der sidan med sin familie.*
- *I 1905 flytte Ansgar Fiskaa til Sandshamn og kalla eigedomen sin Rosenlund. Sande N16. Otterlei & Longva overtok denne verksemda i 1916.*
- *Samyrkelaget vart skipa i 1945. Bygget var ferdig i 1955. (Sande N39).*
- *Jon Martin Bringsvor (Sande N20 og Sande N69) tok til med fiskematforretning i 1948, og sidan med fiskeforretning.)*

Info: «*Slektstreet*» til Olsen slekta frå 1775»

Sivert Olsen kjøpte garden / fiskeværret i 1775.

Sonen til Sivert Olsen, **Frans Sivertson Olsen** overtok i 1812. (Sande N1.) Fødd 1791-
død 1873. Han hadde disse borna med kona Ingeborg Meldal:

**Jørgen Peter
Meldal
Olsen.**
Fødd: 1816.
Død: 1892.
Kone:
Ingeborg
Martinsdotter
Halle.
Fødd: 1825.
Død: 1910.
(Sande N9)

**Severin
Kristian
Olsen.**
Fødd: 1819.
Død: 1839.
(Sande N1)

**Else
Kristine
Mari Olsen.**
Fødd: 1821.
Død: 1865.
Mann: Nils
Stevelinson
Schjelderup.
Fødd: 1816.
(Sande N2)

**Maren
Susanne
Olsen.**
Fødd: 1824.
Død: 1896.
(Sande N1)

**Jakob
Nikolai
Olsen.**
Fødd: 1826.
Død: 1888.
Kone:
Serine
Olsdotter
Brudevold.
Fødd: 1835.
Død: 1909.
(Sande N9)

**Fredrikke
Marie
Olsen.**
Fødd: 1828.
Døde ugift i
Bergen.
(Sande N1)

**Frans
Gerhard
Olsen.**
Fødd: 1831.
Død: 1892.
Kone:
Gurine
Paulsdotter
Vik.
Fødd: 1832.
Død: 1901.
(Sande N5)

**Ditlevine
Mathilde
Olsen.**
Fødd: 1838.
Død: 1911.
Mann:
Johan
Berntson
Overå.
Fødd: 1831.
Død: 1885.
(Sande N2)


Sjå neste side. Følg nummer og fargekodene.

1

2

3

4




Megardsstova på Sande

Kopi frå eit tidsskrift som Sunnmøre Historielag gav ut i 1972.

Tekst av Gerhard Bringsvor (*Info: Sande N20*)

Teikningar av Ingvald Bringsvor (*Info: Bringsvor 2*)

Megarden (*Info: Kyrkjесande 4*) ligg nærast kyrkja på Sandsøya og har i lang tid vore hovudgarden på Sande. Her stod den store Megardsstova, som i si tid var største stova på øya. Eg såg ein gong eit årstal som var skore inn i ein tømmerstokk der. Det var 1600-talet. Det er fortalt at stova stod på Larsnes og hørte til Maren Hellekande, dotter til presten Hellekande. Maren var enkje etter handelsmann Mads Olson Abelset på Larsnes som døydde i 1719. Ho dreiv handelen etter han og døydde i 1743, 83,5 år gammal.



(*Info: Kartet over her viser gard nr.66 Kyrkjесande. Det var på bruk 66/4 at Megardstova stod. Vi ser Sande Kyrkje nedst på bildet, ved Kyrkjесanden. Sjå elles Sandesoga for ytterlegare informasjon. Kartet er frå notida, men viser likevel i store trekk bruksoppdelinga då Megardstova var i bruk.*)

Knut Olsen Sandshamn dreiv handel på Larsnes etter Maren Hellekande. Han var fødd i 1709, gjekk ut frå Bergen skule i 1732, var huslærer ein bolk hjå presten Peder Strøm i Borgund og hadde kanskje vore lærar for Hans Strøm. I 1745 vart han gift med lensmannsdotter Else Paulsdotter Langlo. Han døydde i 1768, 59 år gamal, og Else flytte då til Kyrkjесande og flytte stova med seg dit.

I denne stova var det mange rom. Frå utdøra kom ein inn i ein stor gang. Derifrå kom ein inn i største stova med to glas med småruter i. Her var eit stort langbord, der alle åt. I yste kråa var

ein svær kokeovn, som dei koka all maten på. Attom oven var ei stor mjølkehylle som rakk meste frå golv til tak. Oppe under taket var og lange hyller. I alle desse hyllene sette dei mjølka, mest i treringjer (*Info 1*). Der stod mjølka til ho var sur. Då tok dei rjomen av og hadde han i rjomestrokka (*Info 2*) til han skulle kinnast (*Info 3*). Innfor døra stod senga til sjølvfolket (*Info 4*).

(*Info 1: Treringjer er trekar å ha mjølk i.*)

(*Info 2: Rjomestrokk er eit trekjerald, holk.*)



(*Info 3: Kinne er eit reiskap eller maskin som vart brukt til å laga smør av rjome/fløyte. Har her teke med to variantar. Den til høgre er nok den eldste typa. Dette med å lage smør av surmjølk var før det vanlege. Årsaka til det er nok at separatorar først vart vanleg frå 1880. Altså i eldre tid så lett ein mjølka bli sur og den sure fløta var så skumma av og kinna. Vil tru det også vart laga smør av fersk mjølk, men den måtte no stå så lenge at fløta la seg på toppen og kunne skummast av.*)

(*Info 4: Sjølvfolket er nok det same som hus/gardseigaren.*)

Så var der ei dør inn til den andre stova, som var noko mindre. Ho var og kalla Prestestova frå den tid Sande og Herøy hadde prest i lag. Presteskyssen – 6 mann på ein «storebåt» (*Info 1*) kom med presten laurdag. Han tok inn i prestestova og fekk seg mat. Til sides med prestestova var prestekammerset, der det var seng til presten. Her var glas som vende sørover mot Kvamsøy. Her var utgang til eit W.C. som den tid var brukt berre av presten.

(*Info 1: Sjå side 177 der ein typisk «storebåt» vises.*)

Vestanfor den største stova var stort kjøken med gruve som var brei nok til 2 baksteheller og med rom til ei stor gryte til å tørke korn i. Her var og 2 koparkjellar. I dette store kjøkenet slakta dei og baka alt sitt flatbrød.

Ovafor kjøkenet var stort spiskammers. Berre husmora hadde lyklar til spiskammerset.

Til sides med spiskammerset var eit rom som i eldre tid var verktøyrom. Her var hoggestabbe, og her vølte dei gardsreiskap. I seinare tid var det brukt til hønsehus. Ofte vorp hønene under stovegolvet. Ungar frå grannegardane hadde ofte jobben å krype under golvet og sanke egg, og då vanka det gjerne rjomebite (*Info 1*) til takk.

(*Info 1: I fylje ordboka til Per Sandanger så er rjomebite eller rjømebite heimebaka flatbrød mæ rjøme på.*)

Det var loft i huset, men loftet var berre midt i huset med eit bitte lite glas mot aust.

Taket halla til alle sider og hadde eit sjeldsynt og merkeleg skap. Såleis var loftsrommet berre på midten med timbervegger halvt opp. Ut under det låge taket var det eit fælt leven av kattar og rotter. Drengane som låg på loftet, var nervøse av alt dei hørde borte under raftene. Dei

som dreiv fiske med Sande-båten eller Megards-båten, hadde og seng på det mørke stoveloftet.

Vestanfor Megardsstova var Boletta-stova. Ho var bygd vegg i vegg med Megardsstova, og det var sams utgang frå begge stovene. Boletta-stova var det loft med ei bitte lita ark (*Info 1*) på taket. På dette loftet hadde tenestejentene i Megarden sengene sine. Når det var storm og nordvesten skok husa, varskudde Boletta at dei måtte sjå etter arka, at ikkje stormen tok henne.

(Info 1: Ei ark er eit loftsrom som er eit tilbygg på tvers av møneretninga, og med glas. No vil ein kanskje heller sagt at der var eit oppløft på taket.)

Boletta var dotter til klokkar Anders Fjelle (f. i Tjørvåg 1773, d. 1846). Ho vart blind då ho var 13 år og levde til ho var over 80. Faren bygde denne stova til henne og ordna det slik at ho fekk kår av Megarden: noko korn og poteter og ei ku og 2 sauer. Eg kan enno hugse Boletta-kyra, som var kvit over midten og svart i begge endar.

Boletta spann til folk omkring, og til fruene i Haugsholmen og Larsnes spann ho den finaste tråd. Når desse kom til kyrkje, tok dei alltid inn i Boletta-stova, der dei fekk god kaffi og god mat som var laga i stand til helga. Når morsystrene (*Info 1*) mine kom til kyrkje med dåpsborn, tok dei alltid inn i Boletta-stova så ho fekk kjenne på borna med dei fine mjuke hendene sine. Nest eldste son til ei av morsystrene mine vart oppkalla etter Boletta.

(Info 1: Morsystrene til Gerhard Bringsvor var: Olava Andrine (Riste 1) og Johanne Jørgine (Hatlebrekke 5).)

Boletta og brordotter Karen var dei fremste med å få skipe den fyrste kvinneforeininga for heidningmisjonen på Sandsøya i 1869.

I kyrkja sat Boletta inne i koret, der dei som var av betre stand hadde plassen sin.

Då Boletta døydde (*Info:1896*), vart stova seld til Petter Toftesund, som sette henne opp ned på berget og brukte henne til butikk den tid han dreiv handel. No er stova rive og oppbrend.

Jakob, bror til Boletta, hadde fått noko ilt i ein fot, så foten måtte takast av. Difor gjekk Jakob med trefot. Han vart gift med Regine Olsdotter Eiksund og bygde seg stove nede ved sanden. Jakob hadde lært seg å stelle i stand tynner og trekjerald og vart kalla Kiper-Jakob. Stova og fjøset hans fekk og namn etter dette handverket. Sidan Sande vart eige prestegjeld, tok presten inn her, og Regine koka kaffi til presten kvar morgon før han gjekk opp i kyrkja. Før han reiste, var han inn og fekk seg mat og kaffi.

Kipperstova vart trekt med papp og måla og var finaste stova vi såg den tida. Ho Regina sa det sjølv: Vi kan ikkje ha det slett alminneleg vi som skal ta imot presten.

Jakob og Regine fødte ei ku og hadde den såkalla Kiperfjøsen opp med Megardsløda. Dei hadde slåttemarka si nede ved sjøen. Her var og Kiperløda, og derifrå bar dei høyet opp i fjøsen. Jakob og hadde kår av Megarden.

Ein annan bror av Boletta, Elias, tok over Megarden etter foreldra (Andreas Gulikson Fjelde og kona Ester Finnvedsd. f. Kyrkjesinde). Elias vart gift med Anne Karlsd. Skare. I Soga om Sande og Rovde står det (s. 629) at Anne var ei kjernefrisk jente, men sidan ho kom til Sande,

vart ho sjuk og helseveik støtt. Eitt er sikkert, at det ved Sande Kyrkje var ei smittekjelde for tuberkulose. Kor snille og gjestfrie folk på desse gardane var, så hadde dei lite greie på å vere på vakt mot denne sjukdomen, som herja i alle bygder då.


Ute i kjøkenet i Megardsstova sette dei kvar preikedag inn ein stor koparkjel eller den store turkegryta, som vart vaska godt rein. Tenestejentene fylte kjeraldet med reint vatn or elva ovanfor kyrkja. I dette vasskjeraldet flaut det ei treskål eller vassause som kyrkjefolket kunne drikke av. Der forsynte dei seg med vatn. Ja, vi ungane frå Sandsøy var og tyste og forsynte oss av vatnet. Vart nokon tyste oppe i kyrkja, så låg det ei vassause på elvebarden ovanfor kyrkja til å drikke av.

Ved altergangen var det heller ikkje så sanitært. Alterfolket drakk vin av same kalken. Presten svinga på kalken litt for kvar gjest. Dei rekna med at det var 10 som drakk i kvar omgang. Så turka han med kluten rundt kalken, som dermed var «rein» til neste omgang.


Når folk kom med døypeborn, hadde dei med seg mat og fekk kokt seg kaffi. Då baud dei inn og til bords vener og slektningar i stovene på Sande, især i Megardsstova som var størst. Det var ikkje uvanleg at både langbordet og bakstebordet var fullsett av gjestar i Megardstova. Påskedag og pinsedag var det alltid mange døypeborn. Påskedag 1914 var det 14 born til dåpen, og rada av faderar rokk heilt ned åt døra, iser på karfolksida. I Sande har det i lange tider vore skikk å ha 3 mannfolkfaderar og 2 kvinnfolkfaderar.

Var det bryllaup, så hadde dei med ei kiste med kyrkjemat, som vart utetla nede ved Megardstova. Var det kaldt, fekk dei kokt kaffi og tok maten inn. I godt ver sat dei helst ute. Dei fekk låne koppar - som aldri vart kokte – og koppane gjekk frå munn til mun. Sidan det kom brus i handelen, var det ofte kvar si flaske brus til maten.



I Knut Sande (*Info: Kyrkjesande 1*) si tid (Knut Flydal 1774 – 1852) var det og brennevinhandel på Sande, og det var ikkje uvanleg at folk gjekk halvfulle og fulle ved kyrkja.



Bilda viser Megardsstova utvendig.



Grunnriss av Megardsstova.



(Info: Bilda over viser «Prestestolen» og eit skap frå Megardsstova.

Teikna av Ingvald Bringsvor i 1936.

Då stod desse møblane i nyestova til Skars-Ola.)

Kiper-Jakob handla ei tid med småbrød, kavring, kringler, 5-øreskake og kjeks. Fleire dreiv og selde eple ned ved nausta. Før slåtten hadde karane frå Brandal og Brandalssliene tæger (*Info 1*) å selje, dei vart brukt til å feste ljå til orvet med. Ved kyrkja møttest og dei som var kjærastfolk. Dei fann seg gjerne ein lun plass anten ute i Lambeneset eller inne ved Skjellhamaren.

(Info 1: Tæger er trefiberband som vart laga av lange tynne trerøter. Vidjeband vart brukt til ymse ting også til å feste ting med, som her lå til orvet.)

Elias Andreasson Fjelde (*Info: 1842 – 1850*) (Kyrkjесande) døydde tidleg, visstnok av tæring, og enkja gifte seg opp att med Anders Olson Nøresande (*Info: 1850 – 1864*). Dei dreiv Megarden ei tid. Anders vart kalla Blåkjolen på Sande.

Andreas, son til Elias (*Info: 1864 – 1874*), vart gift med Berte Raudvik frå Leikanger i Herøy og tok over Megarden. Han hadde alltid fleire tenarar – dreng og 3 – 4 jenter. Brit, dotter til lensmann Follestad, styrde huset for han ei tid før han var gift. Ho meinte visst ho skulle verte kone på garden. Det var ho som stelte med maten og etla (*Info 1*) maten ut til tenarane. Ho bar alltid lykelen til spiskammerset på seg. I dei dagane var det godt sildefiske, og der var fullt av framande fiskarar og sildekjøparar. Mange saltefartøy låg nord i Sandsmyr og Nøresande. Brit hadde gått nord på Sandshamn ein laurdagskveld og kom ikkje att, og ho hadde som vanleg spiskammerslykelen på seg. Medan ho var borte, kom presten Storjohan, skiparen av Sjømannsmisjonen, han skulle preike i Sandskyrkja om sundagen. Presten hadde teke inn i Megardsstova til Andreas og skulle bu i kammerset. Men så skulle presten ha mat, og maten var i spiskammerset, og både Brit og spiskammerslykelen var borte. Andreas tok i veg og leita etter henne og fann henne saman med ein jakteskipper. På heimvegen heldt han oppgjær med henne, han var fælände harm. Ho fekk reisepass og reiste frå Sande kort etter.

(Info 1: Etila/etle betyr dele ut eller fordele maten til tenarane.)

Brit vart seinare gift med Martinus Toreson Årset (frå Geiranger?) og budde i Bergen. Deira son Ivar Årset vart prest og var sokneprest i Sande 1909 – 14. Han var ein klok og språkkunnig mann, men svært stridlyndt. Han gjorde eit storverk med å kjøpe fiskarheimen på Flåvær og fekk han flytt til Sandshamn i 1910. Berte Raudvik, som Andreas Fjelle gifte seg med, var ei dugande kvinne og sette merke etter seg på Sande. Giftemålet deira varde heller kort. Andreas åtte «storebåt» (*Info 1*) i lag med Petter Person Voksa, som noko før hadde kjøpt det halve av Nestegarden på Sande. Ein snøkedag, 29 februar 1872, då dei kom frå sjøen og hadde drege garn, hadde dei visstnok kome for nær Marøyfluda, som braut dei ned. Ingen såg tilburden (*Info 2*), men det var slik dei trudde det gjekk for seg. Heime på Sande såg dei etter båten til langt på natt, men ingen båt kom. Dagen etter kom den kvelvde båten rekande inn fjorden, og alle mann var borte. Dette var ei av dei mange tragediar som har hendt på denne vêrharde kysten.



(Info1: Her vises ein «storebåt» som nok er ganske lik den båten som er omtalt ovanfor her. Bilde og mannskapet er som vi ser av nyare dato, men det illustrerer likevel på ein god måte kva slag båtar ein brukte på slutten av 1800 talet.)

(Info 2: Tilburden betyr hendinga eller foreløpet for hendinga.)

Hausten etter hadde to menn – Vega-Martin (*Info: Bringsvor 3*) og Dale-Søren (*Info: Støyle 2*) – ute line i Marøyfludveita. Best dei drog på lina, vart ho tyngre og tyngre. Søren sa at

Martin skulle riste det av, men Martin meinte noko anna: Smette meg (*Info 1*), er det ein av karane hans Petter Sande, så skal han få kyrkjegard! Gjer klar eit segl fram i skåten! Og der kom det opp ein mann, men med same rivna det ut for ongelen, og han sokk ned att i djupet. Eit stykke av trøya hang att på ongelen, og dei trudde det var av trøya hans Petter Sande.

(Info1: Utropet «smette meg» var ukjent, men av samanhengen forstår vi at det var noko som vart sagt når noko heilt spesielt vart oppdaga. Eit svakt bannord er også foreslått.)

Karen Eliasd. Fjelle – syster til Andreas – var mykje føre seg og var tidleg religiøst interessert. Saman med Maren Våge frå Gursken og Ester Kalsnes frå Kvamsøy (gift med Anders Holen, Hakallestrand) skipa ho ei misjonsforeining for heile Sande.

Karen vart tidleg smitta av tæring og var sjuk i fleire år. Dei hadde høyrte at kunne dei få tak i geitemjølke til henne, så skulle ho verte frisk. Syskenbarnet hennar – Saurdals-Anne, som all sin dag tente i Megarden – fekk seg skyss inn til Åram og gjekk den lange stranda heilt inn i Saurdalen i Syvde, fekk låne ei geit og leidde henne med seg ut att til Åram. Det var veglaust gjennom strendene i dei tider, men ho Anna ofra alt, berre ho kunne berge livet hennar Karen, som både ho og dei andre var så glade i. Karen fekk inga hjelp av geitemjølka. Ho døydde 26 år gamal.

Ola Sørensen Skare, syskenbarn til Andreas Fjelle (Sande), gifte seg med enkja etter han. Han og Berte fekk sonen Andreas, som og fekk tæring og låg i pretekammerset og falmast vekk. Han las mykje og var ein klok og oppvakt gut. Han døydde 22 år gamal. På øvre sida av senga hans hadde dei ståande toppstykket av det store biletet som no heng i kyrkja. Ho Berte sa for sant at dette toppstykket var flytta opp om hovudgjerdet den natta Andreas døydde.

Skare-Ola – som han vart kalla – og Berte som vart buande att i den gamle Megardsstova nede ved sjøen, var gilde og gjestmilde folk å kome til. Ja, til og med Ola som høyrdest barsk og hard ut, var mjuk og god innunder. Alle i heile sokna kjende henne Berte, og ho kjende alle. Når kyrkjefolket kom, gjekk ho oftast ut og helsa dei velkomne. Oftast rulla ho forkleet rundt hendene og prata med alle: Å stakar, er du med kome! Det sa ho til prestefrua og. Berre kom inn og fjelge dykk! Stova var ofte overfylt av folk. Kom det retteleg gode vener, tok ho dei ut i spiskammerset og skjenkte gjerne ein dram i sylvtomlingen or flaska ho hadde i skåpet.

Johan Sande, systerson til Berte, kjøpte Megarden av Ola og Berte. Då bygde Ola kårstove til seg og Berte ovanfor Kyrkja, ved Kiperhaugen. Johan bygde stove attåt Ola si stove. Det vart eit stort hus. No vart det snakk om å rive den gamle Megardsstova. Eg tok meg då føre å samle pengar for å berge dette minnerike huset, så det kunne verte ståande og kanskje verte brukt til bygdemuseum, der ein kunne samle gamle ting som elles går til inkjes. Jau, eg fekk kring 200 kroner på ei liste, men eg ville ikkje ta imot pengane før eg fekk sjå korleis det gjekk. Tiltaket møtte mykje motburd, iser frå kvinneforeiningane. Grunnen var, sa dei, at i det huset hadde så mange døytt av tæring, så det burde helst brennast.

Johan reiv huset, og av det friske tømmeret bygde han ein romsleg sommarfjøs oppe i bakkane. Resten selde han til Karl Østringen på Kvamsøy, også til fjøs. Men no meir enn 50 år etter, er det mykje prat om denne stova, kor gale det var at ho vart riven og ikkje vart vyrdsla om. Ein mann frå Hakallestranda skreiv til meg at det skulle ha vore ei minneplate ved kyrkja over desse to, Ola og Berte. Til 50-årsdagen (*Info:1930*) for Sande kyrkje skreiv Anne Kragset eit dikt, og der nemnde ho også dei to som sist budde i Megardsstova:

På Sande fant vi åpne hjerter og hjem.
 Berte og Ole vi minnes i dag.
 Vi fant kjærleg ly under deres tak.
 Våre småbørn vi fikk inn til dem bære.
 Til graven de fulgte med våre kjære.
 Deres gjestfrihet mot oss var rørende stor.
 De støttet oss både i gjerning og ord.

Det var underleg med Berte og Ola Sande. Dei hadde ein stor gard og mykje å gjere, men dei tok seg alltid tid til å gjere vel mot kyrkjefolket.

Nokre år etter at Ola og Berte flytte inn i det nye huset døydde Berte – 7. september 1920, 76 år gamal. Hausten 1929, den 30. september, fekk Ola slag nede på åkeren, då han tok poteter. Han vart 82 år.

Sandshamn 1972

Gerhard Bringsvor.

Artiklar i «Synste Møre»

(Info: Disse fem artiklane i lokalbladet for Vanylven «Synste Møre» er skreve av Gerhard Bringsvor i tidsrommet frå 1970 fram til han døde i 1973.)

Frå Sandshamna

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Denne artikkelen i «Synste Møre» er skreve i 1970, truleg etter ein oppfordring, og handlar om fiskeria som hadde utgangspunkt frå Sandshamna rundt 1890. Dette er lenge før motorbåten blir teke i bruk og skildrar såleis den gamle driftsforma. Gerhard Bringsvor var fødd i 1892 så han bygger nok her på andre kjelder enn berre egne observasjonar.)

Jamen må eg takke for bladet – Ja, kva for inkje. Vi er då litt skriveføre her på våre breiddegrader og! Vi er no ferdig med fyrste månaden i året. Det var i Kyndelsmesstider (*Info 1*) folk skulle i fiskja. Fyrste dagane i februar kom båtane innanfrå fjordane og stemde mot Sandshamn. Det var haugen med garn. Kvar mann hadde 20-25 torskegarn og 6 strengetaug til ilar (*Info 2*). Nokre vårsildgarn.

(Info 1: Kyndelsmess er 2. februar.)

(Info 2: Strengetaug og ilar er festeanordningar frå garnlenka til botn og land.)

Så var det ein sekk sengehalm, ein med sengkler, ein sekk turr bjørkeved, ei kiste med mat: kaker (*Info 1*), flatbrød, flesk og spekekjøtt, ein pose godt havremjøl, eit hylkje (*Info 2*) med skjør og ein ambar (*Info 3*) brødgraut (*Info 4*), alt var slikt ein skulle ha med i fiskja. I livd av garndungen sat eit kvinnfolk godt innpakka i eit storplagg (*Info 5*). Det var oftast den fyrste turen bort frå heimen for hennar del. Ho skulle vere kokke åt to båtlag på ei sjøbud i Sandshamn. Løna var 1 kr. for kvar mann.

(Info 1: Med kaker denne tida meinte ein brød som då var begynte å avløyse flatbrødet.)
 (Info 2: Hylkje er ein behaldar eller eit slag spann av metall til å bere mjølk i når kyrne var i utmarka eller på fjella. Hylkje var forma for å berast på ryggen.)



(Info 3: Dette er eit eksempel på ein treambar som kunne vore brukt til bringe for eksempel graut til fiskarane.)

(Info 4: Brødgraut er et kvardagspålegg laga av mjølk og skjyr. Ein billig og simpel søst.)
 (Info 5: Storeplagg er eit stort pledd som dei brukte når ein skulle ut i kulda.)

Dei hadde og ein færing på slep. Han skulle brukast til hundebåt (Info 1). Ein stor kjetting skulle brukast i hundesteinen som låg i fjøra frå året før.

(Info 1: Hundebåt var ein liten båt, gjerne ein færing, som låg for anker på «hunden».
 «Hunden» er fortøyingsplassen for den store båten under fiske.)

Komne til Sandshamn, barst det opp til han Ditlef (Info: Dette er Ditlef Olsen. Sjå i Sandesoga under Sande N13.) for å få veta kva for stova dei skulle bu i. Ditlef tok imot dei som ein far og baud dei hus og matvarer. Skorta det på pengar, kunne det vere til fiskja var slutt: Så var det å bere på land og rigge seg til i stova som hadde 2-3 køyer i høgda. Kokka hadde ei seng attmed omnen i same stova.

Etterkvart vart det folksamt i Sandshamn. Var veret lagleg, var det å greide garna og kome seg ut å setje dei på beste plassane. Det skulle helst vere sette Kyndelsmess-afta. Dei herma etter bestefaren min, han gamle Petter Bringsvor (Info: Bringsvor 4): «Stod e ut i Skjerkalvhamaren, og stod rett, skulle det alltid bli torsk.»

I 1890 var her innmeldt 164 båtar: 25 frå Sandsøy, 8 frå Voksa, 13 frå Brandal og Hakallestranda, 11 frå Gjerdsвика, 7 frå Hallebygda, 20 frå Gursken, 12 frå Syvde, 18 frå Vanylven og 23 frå Stad og sørafor. Det var godt med torsk dette året. Eg har ei liste over fangstane: Sivert Sandnes med 6 mann i Sørabåt 4500 torsk, Kristian Sandnes med 6 mann i Seksring 3500 torsk, Paul V Øren 4 mann i Trerøring 1800 torsk, Andreas A Vik 6 mann i Søring 2700 torsk, Rasmus Nordal 6 mann i Søring 1000 torsk, Paul Nordal 4 mann i Trerøring 1000 torsk, Jakob Eidså 5 mann i Søråbåt 600 torsk, Kristian Landsverk 3 mann 300 torsk, Knut Nedreberg 3 mann 100 torsk, Ole K Løset 7 mann i Ottring 3500 torsk, Sivert Sætre 5 mann i sørabåt 1100 torsk og Bernt Koparnes 4 mann i trerøring 1200 torsk.

Jau , det vart kokt nøgda fisk med lever og rogn fyrste kvelden, og det som var att av leverfeittet, drakk dei. Det er fortalt av gamle folk i Syvde at var det godt ver og godt fiskje og karane hadde honge i både natt og dag med fiske og fiskeverking, var dei for trøytt til å fare heim med fisk og torskehaud. Kjerringane på Sandnes bestemte seg då til å ro ut på Hamna etter maten. Dei var 5 koner som tok turen, 4 skulle ro og den 5. styrde. Ho Albertina som hadde mange born, helst gutar, stod tidleg opp og kokte ei gryte havregraut, auste opp i skåler og fat, og for at borna skulle vere snille og stelle pent heime, tok ho eit godt stykke smør og

laga ei dugeleg smørauge i grauten. Best det var kom mor hans Sivert inn og såg det. Ho meinte då at vil ho så til og fråtse med smøret, så vart ho ikkje lenge kone på Sandnes! Ja dei var vane med å spare dei gamle.

Ja, eg hugsar godt mange av båtane inna Syvda. Den grøne Møringen hans Hole-Andreas. Han Andreas Breiteig med det store skjegget der han sat på styrmannstofta. Når silda var kome inn for Skorpa og Leidadjupet, kom han Teiga-Anders på storebåten (*Info 1*) med det grønmåla øvstebordet og skulle ta silda. Det var om å gjere å få mykje sild til hushaldet. Den feitaste silda skulle kløyvast og vart kalla Leppa-sild (*Info 2*). Den magraste tok dei tokna (*Info 3*) ut av og tredde haudet inn i haudet på den andre. Dette vart kalla Hekla-sild.

(Info 1: Sjå bilde av ein typisk «storebåt» side 177:)

(Info 2: Leppa-sild er ein måte å gjere opp, kløyve silda på for å tørke den inne i låve /naust.)

(Info 3: Tokna er det same som gjelane på fisk og sild.)

Det var mykje brukt å dele haud og rygg av torsken. Dei kløyvde hauda og salta dei i tønner. Så hengde dei hauda opp under stabbursveggen. Utover våren og sumaren vart det så brukte til middagsmat. På torskeryggen er noko dei kalla Sundmagar (*Info 1*). Dei enten skar eller reiv denne magen av ryggen, vaska og skrapa han godt rein. Så vart dei salta i kvartel (*Info 2*) eller otting (*Info 3*). I alle heimar hadde dei slike sundmagar i salt. Når dei vart vatna ut, vart dei så tjukke som lappelær (*Info 4*). Mest kvar sundag morgon var dette den beste maten dei kunne ynskje seg. Godt flatbrød med heimesmør og ein flatmage (sundmage) på. Jau, visst var dei gamle flinke til å nytte ut alt som nyttast kunne.

(Info 1: Flatmaga/sundmaga ser ut som ei kvite luftblære, ein slange som ligger langsetter ryggen på ein stor fisk. Flatmaga frå torsk vart før brukt til mat. Salta flatmaga å havreflatbrød var rekna for å vere god mat før i tida.)

(Info 2: Kvartel er ei ¼ tønne. Ei tønne var 115,8 liter.)

(Info 3: Otting er ei ⅛ tønne. Ei tønne var 115,8 liter.)

(Info 4: Lappelær/lappeled er det som dannar solen på ein sko. I fylje boka til Per Sandanger så var det vanleg at butikkane selde lappeled for reparasjon av sko.)

I fisketider kom ofte eldre menn inna Syvda og selde sovlar (*Info 1*) av bjørkeris. Det kom ofte godt med, for her ute på Sandsøya var lite og ingen skog. Ein mann oppi Nordalen laga korgar og togar av bjørk og einerøter (eller hasle- eller seljeteinar). Han brukte å seia: «Eg ser mine henders gjerningar i kvar manns hus».

(Info 1: Sovlar er ein slags kost som er laga av bjørkeris. I dag ville vi kanskje seie soplime.)

Ja, dette var nok spreidd prat frå Sandsøy.

Gerhard Bringsvor

Kyndelsmess-Knut jaga jula ut

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Denne artikkelen som heiter «Kyndelsmess-Knut jaga jula ut», stod på trykk i «Synste Møre» den 23.02.1973 og handlar om førebuing til fiskja, som starta etter Kyndelsmess.)

Ja no er vi komme forbi Kyndelsmess dag (*Info: Kyndelsmess er 2. februar*). No skulde fiskje ta til. Då han gamle Petter på Bringsvor (min bestefar) (*Info: Bringsvor 4*), låg i senga, over 80 år gamal, var han galen for at folk ikkje tok til med fiskje. Når dei sa til han at det stod kje om endå, svara han: «Stod e ut i Skjerkalvhamaren, og stod rett, so skulde dei sjå at det vart nøgda med Torsk».

Jau, folk hadde gjort seg godt ferdig med båtar og sjøvegn. Storebåten var smurd og overbreidd med tjære, gong etter gong, og no låg båten fint, tett og velstelt. So skulde det slåast i hop ilar eller strengetog (*Info 1*). Kvar lutamann (*Info 2*) skulle ha kvar sine 5-6 stykke nytt og sterkt taugstykke. Det tjukkaste ned åt botnen, so vart det tynnare oppover, det tynnaste var dublebodet, med haudetrælen og hauddublet.

(*Info 1: Strengetaug og ilar er festeanordningar frå garnlenka til botn og land.*)

(*Info 2: Lutamann betyr ein av mannskapet på båten. Lut betyr part.*)

For kvart taugstykke var ein træl (*Info 1*), enten av tre eller glas. Dei dubla, som flaut opp på sjøen, skulde helst vera pent måla med gloriande fargar. Pikka (*Info 2*) på hauddoblet (*Info 3*) skulde helst vera hadet av ein mann eller katt.

(*Info 1: Trælar er flytereiskap, laga av kork eller glaskuler, halde saman av treverk eller bunde i hop av tau. Gjerne fem kuler saman. Trælane var fest til strengane i enden av garna. Trælane låg under vatn og strekte garna opp frå botnen.*)



(*Info 2: «Pikka» er den figuren som stikker opp frå fjøla som vises på bilde til venstre her.*)

(*Info 3: «Hauddubl» er den fjøla som vises på bilde til venstre her.*)

Så skulde alle mann ut i fjøra og leita søkkestein. Den skulde helst vera lang og rund så den sat godt i bandet. Men Kyndelsmess dag var alltid rekna for helgedag. Då skulde det vera basar for Heidningmisjonen. Det var mannsforeining som hadde basar den dagen.

Karane kom med fine Haudedubl og Trælar, fint måla i skarpe fargar. So var det heile henkre av fint innbundne glaskuler. Det var og tjukke heimespøta hoser, so lenge at dei rokk opp om kneet. Store heimespøta vottar, så store at dei kunne tøvast i hop.

Så vart det ein tale av ein av karane med salmesong attpå. Det vart då auksjon på dei innkomne varer og ikkje så lite pengar av det. Så var det å dele ut misjonsgarna. Kvar båt skulle ha eit slikt garn, og torsken dei fekk i garnet, vart hatt for seg sjølv, og dei skar ein hakk i sporen, og den vart salta ilag med den andre fisken. Men då fisken vart seld, tok dei Misjonsfisken frå, og fekk oppgjør for den, og pengane kom saman med dei øvrige basarpengane.

No kom konene fram med maten. Det var dugande luter med god mat. Det var oftast ei heil lefse, smurd tjukt med godt heimesmør. Ei tjukkskive av eit kjøpebrød, 3-4 vaffelhjarte med alle hol fult av godt smør. Ei stor klingre, eller ein rugkavring og dertil eit stykke Kveitebrød. Jau det var mjølk eller kaffi attåt. Disse matlutane kosta 25 øre.

Etter maten vart det sunge ein salme. Askjel Skare (*Info: Skare 1*) hadde med ei eldgamal tekstbok. Der frå las han Vanilja frå Kyndelsmess. Etterpå las han utan bok: «Dette var dine ord. Helligi fader. Helligi du oss i din sandhed, for dit ord ere sandhed. Og det skal lede og veiledi oss alle på sandhetens vei. Ammen».



(Info: Bildet viser Askjel Skare (Skare 1) som er næmt ovanfor her. Bildet er teke i 1939 under opninga av brua over Straumen, der han klipte snora saman med Petter Skorpen (Bringsvor 7). Askjel Skare var fødd i 1849 og døde i 1952, 102 år gamal. Han var altså 90 år når bildet vart teke.)

Dagen etter, om det var veier, reiste alle båtar på sjøen og setje garn, og fiskja tok til. I 1890 var her 127 båtlag, innmelde i Sande oppsynsdistrikt. 8 båtar frå Voksa, 23 båtar frå Kvamsøya, 23 frå Sandsøy, Vanylven og Syvde 22, Gjersvik 12, Gursken18.

Gerhard Bringsvor

Ansgar Fiskaa

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Denne artikkelen om Ansgar Fiskaa stod på trykk i «Synste Møre» 12. januar 1973. Ansgar Fiskaa var fødd i 1880 og døde som ein gamal mann i 1978. Han hadde tilhald på Rosenlund på Sandshamna, Sande N16 frå 1905 til 1916. Før det hadde han hatt tilhald på Toftesundholmen i Fløda på Sandsøya.)

Då eg før jul, hadde eit tilhald hjå fysioterapeuten på Vanylven sjukeheim, var eg av og helsa på Ansgar Fiskaa. For over 50 år sidan, dreiv han sild og fiskehandel, attåt vanleg butikkhandel, her i Sandshamn.

Anders Fiskaa og søner kjøpte i si tid ei eldre sjøbud i Toftesund på sørsida av Sandshamn. Denne sjøbuda var før kalla Barstadbuda, men kven det var som hadde eigd den før, veit eg ikkje. Siden vart den kalla Fiskåbuda. Fiskå-karane var mykje interessert i handel, og dei dreiv sild og fiskehandel her på denne buda.

Olai Anderson Fiskaa tok og til med landhandel på Fiskaa. Han fekk namnet O.B. og dreiv handel heile si tid. Sønene til O.B. har bygd stort, moderne handelshus, med sjølvbetjening, som det skulde vere i bystrøk.

Tett etter 1900, kom ein ungdom, Ansgar Anderson Fiskaa til Sandshamn, og tok til med butikkhandel. Han tok med ein gong til å kjøpa sild og fisk. Den tid var det å kjøpa all fisk på tal. Var det ein stor torsk eller sei, så vart den seld for ein fisk, var fiskane noko mindre, skulle det doblast, slik at det vart både 2 og 3 fiskar for ein. Verst var det med bankfisk eller sumarfisk. Dei store, veldige Langene, som ofte var ei famn lang og meir, og ofte vog 20 kg, vart rekna og tald, for ein fisk. Men dei som var mindre, vart 2 for ein, altså dobla.

Denne handel med fisk, var ofte mykje misnøye med, men folk var vande med dette, og var glad for at dei vart av med fisken, og so fekk det vera som det hadde vore. Men Ansgar såg dette mishøve, og tok til å kjøpe fisken på vekt.

Hyse var ein fisk, som var lite avsetleg. Her utan for Sandsøy og utover mot Svinøy, var ofte mykje hyse. Ofte fekk ein ei hyse på kvar ongel, når ein hadde ute line. Folk salta hysa over natta, so hengde dei den opp under stabbursveggen. Ansgar kosta seg ishus, og tok til å kjøpe hyse som han isa i store kasser, og sende til utlandet.

Folk tok no til å fiska hyse, utover haustane og sjølv om prisen var frå 10 til 25 øre pr. kilo, var det ofte gode inntekter for folk med dette fiske. Kveite var heller ikkje salsvare i eldre tider. Dei skar kveita i lange strimlar og hengde den opp til rekling, som var veldig god mat attåt flatbrød og poteter. Ansgar tok no til å kjøpe kveite som han isa og sende til byen.

Hugsar ein gong vi fekk to fine kveiter på 80 kg kvar, og vi fekk 50 øre kiloen, hjå han Ansgar.

På sjøbuda hjå Ansgar, var støtt arbeid, både for kar og kvinne, og sjølv om timeløna var heller lita, frå 25 til 35 øre, så vart det betre utkome for folk. Vi gutungane tredde opp fiskehanda i henkre, eller vi bunta rygger, og fekk 2 øre pr. hank. Men pengar kom vel med både for barn og vaksne.

Ansgar tok og til å kjøpe usalta smør, kvar onsdag, og i det fyrste, hadde han ei jente frå Fiskå, til å knøde og salte smøret til eksport. Dette var og ei lita inntektskjelde, som ikkje hadde vore før.

Ansgar var alltid, ein kjekk arbeidsgjevar, både for store og små. Hugsar ein gong han spurde meg, om eg ville kome og vera dreng åt han. Eg spurde kva eg skulde gjera då? Jau, du skal passe endene mine. Han hadde nokre tame ender. Eg var då berre gutungen.

Då det i 1907 var ferdig utskiftinga i Sandshamn og Nøresande si innmark, fekk Ansgar kjøpe to heller store hus av Abraham Sande (*Sande N10*). Det var den eldste Vaskesteinbuda, og det store 2 høgda naustet. Nedste enden av naustet var brukt til å ha inn store og små båtar. Her bygde han om til tidhøveleg butikk, med kontor i fremste enden. Øvste enden av dette store huset, var før brukt til butikk og kontor, av Ditlef Olsen.

Andre høgda har vore Telegraf og Postkontor. Her rigga han om soverom, medan nede, var to stover og kjøken. På loftet over butikken, var det kjende Naustloftet og her var hus med køyer åt 5 båtlag. Køyene var heilt opp under taket, med stigar å kome seg opp. Midt på golvet, var 3 store omnar å koka på.

Her var alltid 3 kokkar her på loftet. Her heldt og presten andakt, ein gong kvar veke, ofte medan kokkane stampa grauten.

Ansgar dreiv støtt med bygging. Bortan-for sjøbuda bygde han ny, stor i 3 høgder, med flatt betongtak. Her oppe vart hengd fisk til tørk. Han innreidde 2 fiskestover på sjøbuda med rom til 4 – 5 båtlag.

Langs landgangsvoren bygde han og eit langt hus som fekk namnet Frikyrkja, men vart elles brukt til varelager. I fremste enden vart 2 romslege fiskestover med rom til 4 båtlag. Han bygde og bakeri med rom til arbeidarane på loftet, og nede ved sjøen Trandamperi.

Til alle denne bygginga hadde han alltid folk frå Vanylven. Dei visaste var Tørle-Petter, Reite-Knut, Amund Strand og Hogga-Hans. Det var elles mange frå Vanylven som arbeidde på budene, jenter som tente hjå han, eller dei kokte åt arbeidsfolka.

Ansgar Fiskaa var gift med Dina Lundehaug frå Syltefjorden, dei fekk 3 born. Tora, Ruth og Asbjørn. I 1916 fann huslyden på å flytte til Ålesund. Den heller store innarbeidde handelsstaden vart nå seld til to mann frå Nøre Sunnmøre. Andreas Longva og Ole Otterlei, som kom her i 1917.

Då Ansgar reiste frå Sandshamn baud han å koste orgel i Sande kyrkje. Sande kyrkje hadde ikkje hatt orgel før. Det var klokkaren som leidde songane i kyrkja. Då Lindemanns koralbok og Landstad salmebok kom i bruk, var det klokker Knut Bjørlykke, som då var lærar på Sandsøya, lærde folk dei nye melodiane, han samla unge og eldre om kveldane og lærde dei opp å synge.

Det hende og at Bjørlykke for skuld storm og uver ikkje greidde å kome den lange vegen til Sande. Det er fortalt at ei kone frå Gjerdsvik, Eli Hageselle, då gjekk opp i koret, og leidde songen og kyrkje svara. Ho hadde ei uvanleg god songrøyst.

Bendik Sande på Sandshamn, lærde seg notar, og tok til med songkor som ung gut. Dei fekk seg avdelt eit rom på Lemen, der dei leidde salmesongen og kyrkjesvara. Men då Ansgar Fiskaa baud den veldige gåva, eit orgel til Sande kyrkje, vart folk ovglade for ei slik raust gåve.

Orgelet vart bygd i Tyskland og kosta 30.000 kr. I 1920, vart det innsett i Sande kyrkje. På vigslingsdagen, hadde dei fått organist Børresen frå Ålesund hit å spela. Og Børresen kunne spela godt. Det var mange og gode takketaler til Ansgar for den store og uventa gåva. Sist sumar var det 90 års høgtid for kyrkja, på same dag var det 50 års høgtid for det gilde orgelet.

Ansgar Fiskaa er no 93 år, men er framleis åndsfrisk, og høyrer godt, han var to gongar opp på sjukeheimen, for å få ein prat. Han spurde etter mange av folka han kjende her på øya. For det meste laut eg svare at dei er døde for lenge sidan.

Når eg tenkjer attende, så er her berre att 15-16 av dei som var vaksne i Ansgar si tid. Men alle folk veit at orgelet i Sande kyrkje er gjeve av handelsmannen i Sandshamn, Ansgar Fiskaa. Dei som hugsar denne mannen, vil minast han for den koselege og kjekke mannen han var her ute.

Gerhard Bringsvor

Til Fiskåbygd – før og no

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Denne artikkelen om «Til Fiskåbygd – før og no» stod på trykk i «Synste Møre» 15.12.1972. Tidsspennet i innhaldet er frå 1909 til tidleg 1970 talet.)

Fyrste gongen eg kom til Fiskåbygd, var i 1909. Eg var med ein båt til Eidså og gjekk så over eidet. Eg ville vitje syster mi som året før vart gift med Peder Rusten.

Komen til Storeide, trefte eg ei kone som bad meg velkomen. Eg trudde ho visste at eg skulle kome, so eg sjølvsagt takka. Men denne kona var ikkje nøgd med det.

Ho ville vita kvar eg var ifrå, og då ho fekk høyra at eg var bror til ho som var gift med han Peder, gjekk ho vidare. Eg viste ikkje den gongen at i Vanylven sa dei Velkomen i staden for Godt Mot, som vi sa i Sande.

Neste gong eg kom til Fiskåbygd, reiste eg med gamle Nordfjord. Då vi kom inn under Fiskåholmen, høyrde eg kaptein Fugleset segja: «Fiskåbygd er ei av dei finaste bygder her på kysten».

Sidan har eg vore her mange gonger, - oppe hjå syster mi og hjelpt å spade torv eller setje poteter, - og eg lærde å kjenne det meste av folket. Men å kome til Fiskåbygd no, er ei veldig forskjell.

Det var mange små plassar som var bygsla av gardbrukarane i Aarø og Fiskå. Små stover med ei lita løde attåt var det vanlege, og levemåten måtte hentast anten på sjø eller land.

Dei fortalde at han Ivar Rusten fann for til berre ein sau det fyrste året. Og då dei fekk ein sau til, tok han ljàen og var ute under Store-Nipa og slo høy som han bar ned att.

Sidan tok dei til å dyrke jord, og det var så mykje stein i nybrota at dei såg ikkje mold. Steinen vart dregen ned åt vegen der det vart murt opp ei veldig festning. Den er no køyrd ned til Fiskå og brukt i kaia.

Men å kome til Fiskå i dag, er stor forskjell frå den tida. Dei små og grå stovene er ombytte med nye og tidhøvelege bustad nye tidhøvelege bustadhus og det er store lødehus med høge siloar på kvar gard.

Dei små plassane er oppdyrka, og fine flater med masse gras på blenkjer langt bortetter. Eg var ein gong inn til doktor Ottesen som lenge var distriktslækjar her. Han heldt ein lang tale om kva dyrkingsmuligheiter her var i denne bygda. Han sa at vart desse myrane oppdyrka, so var her rom for dobbelt så mange huslydar, og så hadde bygda vorte så mykje vakrare.

Det er nett dette som held på å skje. Med dei sterke og gode maskinene ein no har, går det fint å dyrke den ulende og steinfulle jorda. Så dei som lever ei tid, får sikkert sjå ei fin bygd frå Tunheimshornet til Taksetnakken.

Så er det det store anlegget på Fiskåholmen som eg vil vone vert til stor framhjelp for bygda, så ungdomen slepp reise ut for å finne arbeid og levemåte.

Eg har som gamal mann vorte fordærva i føtene og teke fleire operasjonar. No sende lækjaren vår meg til sjukeheimen på Fiskå der terapeuten skal prøve å mjuke opp desse føtene.

Men her vart eg reint forbina over dette moderne og fine huset. Her er så godt å vera. Huset er heilt moderne på alle måtar. Eg har vore på mange sjukehus, men så godt i stand som her, har eg ikkje sett.

Mange unge kvinner spring rundt oss og steller oss godt. Her er fleire som har vonde føter, og dei vert køyrde til bords og til sengs. Mange som eg kjenner, ser innom og slår av ein prat. Eg vil som 80 år gamal kall anbefale dette huset og stellet her til alle som treng det.

Så ynskjer eg alle, både pasientar og betjening ei gledesam julehelg.

Fiskå i julevekene,

Gerhard Bringsvor

På stemne i Syvde 1915

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Denne artikkelen om «På stemne i Syvde 1915» stod på trykk i «Synste Møre» 29.01.1971.)

Det var visst nok i 1915. Det skulde vera distriktslosjemøte i Syvden, og vi ungdomane ville sjølv sagt avstad. Eit møte i jonsokhelga inne i ein fager fjordbotn kunne ikkje forsømast. Han Petter tok alltid motorbåten til disse møta. Vi laut reisa om laurdagskvelden og verta innhyste,

før møtet skulde taka til kl. 9 sundag. Då vi kom inn i Syvdefjorden, vart det mange båtar etter kvart.

Som oftast, var største båten frå Hareid, som flagga med det kvite flagget med krossen i. Der om bord var det fult av folk, med han Moldenes imellom seg. Men Andreas Kvalsund med sine søner på M/K «Erling» var og i reisefylgjet. Dei hadde vore innom Fosnavåg og fått med seg mange derifrå. Han Anton Remøy og søner hadde enten «Sjøfuglen» eller «Fram», og sørover til Syvden bar det. Han Olaf Dyrhaug eller han Anton var og i same reisa.

Frå Vanylven var der og båt som tok med dei frå Hakallestrand. Frå Kvamsøy kom Bakkeskøyta med mykje folk.

Jau, dei ville til Syvde og høyra den nye Herøypresten Ristesund som skulle vera hovudtalar. Alle båtar ankra opp i Syvdsbotn og fekk folket på land. Oppe på vegane vart det å helsa på for dei fleste var kjende frå før.

Jau vi fekk kvar vår lapp med namnet på bonden som ville hyse oss. Sume fekk no sagtanns lang veg å gå. Men kva gjer no det når ein er ung og sprek. Der det var att høy i løene laga dei flatseng, og leid på natta sov dei alle godt.

Kl. 9 sundag møtte vi opp til møte, for han Moldenes bruka klubba når tida var der. Så var det då møte til kl.11. Då skulde Ristesund preika til høgmesse.

Fire-fem ungdomar tok no til å snakke om å ta ein tur opp Saurdalen. Det var no ille at vi var i Syvden og ikkje få sjå om lite grand. Vi bestemte oss då til å ofre preika, for han Ristesund hadde vi no høyrte før. Vi tok då i veg fram gjennom bygda.

Komne opp til Brekke, trefte vi kyrkjefolk frå Saurdalen på veg til kyrkja. Ei av jentene som var i laget vårt, kjende ei kone mellom kyrkjefolket, og hadde vore i heimen deira. Vi sa at vi ville sjå opp i dalen. Då ville kona snu og vera med opp att. Ho hadde ei stor gryte med jonsokdravle på omnen og eit fat med mat på stovebordet. Nei, vi ville ikkje at ho skulde snu heim att for vår skuld. Men vi lova å gå inn og forsyne oss av maten. «Borna er heime så det er berre å forsyne dokke», sa ho.

Komne fram i dalen, tok vi inn i huset. Kona hette Kamilla (frå Løset) og var gift med Abraham Lade. Borna var ikkje inne. Men vi auste opp dugeleg med dravle (*Info 1*) som visstnok var av geitemjøl, og eg trur det var den beste dravla eg har ete. Vi åt kake og klingre attåt.

(Info 1: Dravle er kokt mjøl, sprengt med surmjøl som då vart til «mýse å køst». Dravle var god og verdifull «supe» til middagen.)

Då vi var forsynte, kom borna inn og stod å gapte på disse framandfolka som no hadde ete av maten deira. Vi var åt og fortelje at vi hadde fått lov av mor deira. Vi la no ein pengesetel under matfatet og tok på nedovertur, gode og mette.

Vi tykte Saurdalen var fin og god å bu i. Men uff, disse høge fjella. Vi stussa på kva tid disse fæle og store steinane hadde kome ned, som der er så mange av, og kor farleg det må vera å bu under slike fjell.

Seinare på kvelden var det fest med fleire talar og song. Ristesund heldt festtalen og fortalde om då bjørnen vart skoten oppe i Røvsdalen, og han mana folk til å samle seg og få has på rusdrykkbjørnen som i lange tider har herja i landet.

Det var ein gild fest og eit godt stemne, og under song og hurrarop stemde alle båtane ut fjorden – og drog kvar til sitt.

Gerhard Bringsvor

Den fleirtonige songen på Sandsøya

Av Gerhard Bringsvor

(Info: Dette skriftet stod på trykk i publikasjonen «Segn og søge» i 1993, men når det opphøveleg er skreve av Gerhard Bringsvor har vi ikkje funnet ut av.)

Etter at Landstads salmebok (*Info 1*) vart inn førd i Sande kyrkjelyd, fekk all song ein stor og sterk framvoksterbolk. Mange av dei gamle av Kingo, Gullberg og Brorson, vart heilt sløyfa, og mange vart omskrivne og vølte av salmeskalden Landstad. Vi fekk og mange nye salmar av våre eigne diktarar og salmeskaldar, med meir norsk svip og skrivemåte. – Men alle på dansk/norsk språk slik det då vart brukt.

(Info 1: Landstads salmebok kom ut første gong i 1870, men når den var teken i bruk i Sande er litt uklart.)

Då vi fekk Lindemanns koralbok (*Info 1*) med ei mengd med nye melodiar og tonar, vart det ei rik tid på songens område. Men det vart og ei vanskeleg tid for mange, især for klokkarane ut over det heile land. I dei aller fleste kyrkjer fanst det ikkje orgel, difor laut klokkaren frå kordøra leie songen og kyrkjesvara. Og når tonane då var ukjende laut ofte klokkaren mest synge åleine. Prestane som ofte var svært despotiske og stride både mot klokkar og kyrkjelyd, men og i fyr og flamme for alt nytt og det som ville framover, peika ofte ut vande og ukjente salmar så klokkaren ofte vart sett på hard prøve med songkunsten sin.

(Info 1: Lindemanns koralbok kom ut i 1877, med foreløpig utgåve frå 1871.)

Av og til gjekk det og gale, meddi det var ein ukjent eller gal melodi han hadde valt. Det fortelst at klokkar Knut Bjørlykke som og var lærar her på Sandsøya, samla ungdomen om kveldane og heldt songmøte og lærde såleis folket ei mengd med ukjente melodiar. I skulen lærde og borna nye salmar og songar av læraren, difor tok det ikkje så mange år før Landstads salmar og Lindemanns tonar var kjende, og songen tona høg og vakker i Sandskyrkja.

Det fortelst at det hende av og til at Knut Bjørlykke for skuld over og storm ikkje greidde å kome over til Sandskyrkja. Men frå Gjerdsvika slo dei seg som oftast over. I Gjerdsvika var det kone som heitte Æli Hageselle. Ho hadde uvanleg god songrøyst, og var ikkje klokkaren til stades, so var det ho som leidde songen frå kyrkjedøra.

Den som er pioner på den fleirtonige songen sitt område, er Bendik Sande. Han er fødd i Låna på Sandshamna 4/11 1866. Hans far, Johan Overå, og mora Matilde eller Tilla, var dotter til Frans Olsen d.e. på Sandshamna. Johan og Tilla bygsla ein utkant av Sandshamn, som heitte Ystebøen, som no er teken inn i Severin Støle sin eigeidom. I 1910 kjøpte Bendik Sande eit utmarkstykkje nede ved sjøen som er kalla Nerheim og bygde og dyrka der. Han vart gift med Malla Pettersdotter Gurskevik.



(Info: Bildet viser Bendik Sande på slåttemarka i moden alder. Sjå elles «Slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.

Bendik Sande var fødd i 1866 og døde i 1948.)

Bendik var tidleg ein flink songar. Det fortelst at han ofte song åleine på møte og samkomer i Sjukehuset eller Storebrakka (*Info: Sjå side 166 og 167.*) som dei brukte til samlingshus på den tida, og han var berre 4-5 år gammal då. I konfirmasjonsalderen var han alt godt inne i songteori og noteskrift og tok i det små til å sysle med fleirtonig song. Han reiste til ein gartnarskule på Steinkjær og styrde ei stund Sunnmøre Planteskule i Volda.

Per Riste kom som lærar til Sandsøy 1881 etter at Knut Bjørlykke hadde slutta. Per Riste var gift med Synneve Rasmusdotter Aarflot og fødd på Rotset i Volda. Per og Synneve var dei fyrste som budde på den nye klokkargarden (*Info: Støyle 8.*) på Sandsøya.

Dei var bae gripne av den frilynde ungdomsrørsla og var glad i diktarane Wergeland, Welhaven og Bjørnson, og boka Synneve Solbakken som då nett var utkoma, vart motivet til namnet på klokkargarden som vart heitande Solbakken. Per og Synneve gjorde mykje for songen hjå ungdomen på Sandsøya. Dei var gode vener av Ivar Aasen, og hans arbeid for det norske målet. Per Riste lærde borna å synge songane av Aasen i skulen, han samla ungdomen i heimen sin der dei song nynorske songar og salmar. Han dreiv og med litt korsong. Men i dei åra forgjekk den største religiøse vekking som har vore på Sandsøya. Difor var fedrelandssongar og Aasen-songane ikkje ansette som kristelege nok.

Per Riste var og den fyrste som tok årvisst til med joletreffestar og feiring av 17. mai. I sannheit var Per og Synneve Riste si læretid ei rik vår- og såtid for songen og ungdomen på Sandsøya.

I 1887 fekk Per Riste lærarpost i Volda, på Øyraskulen og kjøpte Nedre Rotset som hadde vore i handelshuset Olai Olsen si eige og kallast no Ristegarden. Nokre år etter døydde kona Synneve, og som døme på kva ho hadde gjort for ungdomen, reiste ungdomen ein bautastein i hagen i Ristegarden.

Per vart ein gamal mann og fekk gjort uvanleg mykje for ungdomen og nynorsken på Sunnmøre. Ristegarden var som eit åndeleg sentrum for nynorsken og nasjonal fridom.

Bendik Sande kom heim att frå planteskulen i Volda rundt den tid Per Riste reiste herifrå og tok med ein gong til med blandakor. Her var på den tid ein gild ungdomsflokk av særskilde gode songarar -skal nemne namna på desse fyrste songarane i Bendik Sande sitt kor. Det var: Frans Olsen, Ditlef Olsen, Andreas Haugen, Mathias Haugen, Johannes Haugen, Knut Haugen, Severin Haugen, Petter A. Haugen, Elias Strømsnes, Julius Berge, Tobias Skare, Johan Vikane, Karl Myren, Karl Støle, Severin Støle, Isak Våge, Berte Olsen, Anne Olsen, Elisabeth Olsen, Sofie Olsen, Dikka Olsen, Oline Målø Raudvik, Marie Haugen, Karen K. Haugen, Serine Haugen, Johanne Skorpen, Sara S. Vorren, Synneve Sande, Oline Sande, Marta Sande, Ester Bringsvor, Berte Oline Bringsvor, Oline Våge, Karen A, Våge, Marta Helland, Hanna Helland, Oluffa Helland, Karl L. Helland.

Dette koret var ein pryd for Sandsøya. Det var i vekkingstidene frå 1880-1890, og det var mest kristelege songar og salmar. Dette koret reiste rundt i sokna og song, og især hadde dei ein gild tur til Seljekyllrkja og til klosteret der dei song og fekk stor fagnad.

Klokkaren Søren Berge (*Info: Støyle 8.*) var det som fekk i stand den turen, for det var til hans heimbygd. Dette koret dreiv og som kyrkjekor, hadde øvd inn kyrkjesvara og song under alle gudstenester. Det var avdelt plass på øvste svingen på lemman i kyrkja. Og koret kom og tok sin plass kvar sundag og leidde såleis songen i kyrkja – visstnok eit av fyrste kyrkjekora på landsbygda her omkring. Men gildt var det, især i ei tid då det ikkje fanst orgel i kyrkja.

Men tidene skifter, ein heil del av dei beste songarane reiste bort. I desse åra var det stor utvandring til Amerika, og dei fleste mannfolk som kunne kome laus, for over dit, og songen fekk kvile seg. Bendik gjekk seg trøytt somme bolkar, men freista igjen når det var råd.

Søren Berge kom hit som lærar og klokkar i 1887, han var frå Berge i Moldefjorden ved Selje. Han var flink songar og talar. Han reiste av og til rundt som kristeleg talar og hadde stort ry som slik. Han hadde og det fyrste orgelet på Sandsøya. Berge dreiv og med korsong innimellom når Bendik skofta, men det vart aldri slik som det fyrste koret til Bendik. I 1890-åra har visst både unge og eldre hatt sagn av at det ingen foreining eller lag fanst so ungdomen kunne kome saman.

Det vart skipa sokalla leselag der dei kom saman for å diskutere ymse saker og problem. Dei hadde eit møte for veka og dreiv det svært etter som møteboka viser. Men dette laget vart snart nedlagt. Den 1. januar 1894 vart losje **Idræt** skipa, og i dei tider eller kort før, vart Sandsøy ungdomslag skipa. Dei same folka som hadde vore med i songlag og leselag, vart med i desse nye laga som blomstra svært, især den fyrste tida.

I nabobygdene tok og korsongen til utover 1890-åra. På Kvamsøya var det tre brødrar Hatlebrekke. Jakob Hatlebrekke som var lærar og flytte til Gjerdsvika, dreiv fleire år med korsong i Gjerdsvika, dreiv fleire år med korsong i Gjerdsvika og i Haugsbygda. Dei andre gardbrukar og skomakar Olai Hatlebrekke og broren Petter som var bakar og flytte til Larsnes og Vanylven, dreiv fleire år songkor på Kvamsøya. Mons Arset hadde og songlag på fastlandet.

I Haugsbygda har vore songlag med små opphald like frå Jakob Hatlebrekke si tid. Som leiarar kan nemnast: Hjalmar Kjelsvik og lærar Larsen. I lang tid var det soleis Gurskesongarane som førde an med songen her i sokna.

I 1903 kom Ole Sivertsen Dyrkoren (*Info: Støyle 8.*) gift med Oline Vike frå Stranda hit til Sandsøya som klokkar og lærar. Dyrkoren hadde vore fleire år i Amerika der han hadde vore dirigent for eit stort mannskor i Minneapolis. Han tok straks til med kor her på øya – det var blandakor, og mange gilde og gode songar vart innsungne og lærde i desse åra. Laget stod og innmeldt i Sunnmøre Songarlag og vart med på stemna i Volda. Men etter 6-7 år vart det slutt på korsongen att.



(*Info: Ole Kristian Sivertsen Dyrkoren var lærar på søre Sandsøy frå 1903 til 1932. Kyrkjesongar/klokkar frå 1908. Han var varaordførar i Sande 1916-19 og 1923-31. Han var også ordførar 1920-22. Kona Oline vises også på bildet.*)

Etter at songen hadde lege lenge nede eit par år att, vart saknet etter korsong for stort, og eit par mann vart valde til å spørje Bendik Sande om han ville ta til att. Det lova han, og i 1912 vart det so starta opp med kor att. Det vart innøvd ei mengde med songar og salmar som vart sungne på festar og basarar – ja og på høgtidsdagar i kyrkja.

Men Bendik var alt ein eldre mann, og hans sinnelag var slik at han vart snart irritabel når kanskje andre kom i vegen eller ikkje songarane møtte so presis som dei skulle, og etter 2-3 års arbeid sovna songen av – og for han Bendik sin part for godt.



(Info: Bildet viser Bendik Sande som gamal. Sjå elles «Slektstreet til Olsen slekta frå 1775» side 170.

Bendik Sande var fødd i 1866 og døde i 1948.)

I 1917 kom Peter Sivertsen Vorren (Info: Voren 5) att frå lærarskulen i Volda som lærar berre 21 år gammal. Han fekk fyrst post i Herøy i Frøystad krins, men då ein post vart ledig her i Sande, søkte han seg hit. Men denne posten var delt mellom Nøre Sandsøy, Voksa og Gurskevågen. Han tok med ein gong til med songlag her på øya, og når han var på Voksa, dreiv han kor der, visstnok det einaste som har vore der. I Gursken skipa han songlag for berre Knottesida og dreiv det dei vekene han skula der. Seinare vart denne posten omskipa so Vorren fekk berre Nøre Sandsøy.

Dette var nokre glimrande år for korsongen her. Aldri hadde han vore drive so intenst som no. Tillike med blandakoret hadde han ein mannskvartett, og elles øvde han opp mykje gild solosong som han sjølv spela orgel til. Alt dette hadde vi til underhaldning på festar og møte. Attåt dette var han ein gild foredragshaldar, så sjeldan har vel foreiningslivet bløma som denne tida.

I 1919 reiste han attende til Volda om hausten for å take artium og so fekk songen kvile att. Men til jul og i feriane dreiv han songen som før.

I 1922 reiste han til Langevåg der han tok over eit songlag som no er over 50 år. Dette koret har drive det stort under Vorren sin taktstokk og er kjent vide om.

Peder Dyrkoren (Info: Støyle 8) tok og til med korsong då han kom att frå lærarskulen. Men han reiste fyrst til Finnmark på fiske. Sidan fekk han lærarpost i Skjervøy der han har vore sidan.

Karen Skorpen dreiv med eit damekor ei stutt tid. Sverre Våge og Dagny Olsen dreiv med eit mannskor og ei stund. Især arbeidde dei mykje med det vande nummeret Landkjenning. Anfinn Kragset var her vikar for Dina Borgund. Han dreiv med eit blandakor den vinteren, men då han reiste vart det slutt.

Dina Borgund har drive med barnekor i mange år og somme bolkar har dette barnekoret sunge overlag godt. Ho har øvd inn kvartettar og songar med tonefylgje til mykje hugnad på møte, basarar og festar.



(Info: Dina Borgund (fødd 1898) frå Selje hadde eksamen frå Oslo lærarskule i 1923. Ho var lærar på Nøre Sandsøy frå 1923 til 1952, og var organist i Sande kyrkje frå 1923 til 1939. Ho flytte til Borgundvåg i Selje.)

Etter at Dyrkoren flytte til Stranda i 1932, kom Ole Aakre og fekk klokkar og lærarpost. Han tok til med blandakor, men etter vel eit års tid sovna det heile av igjen. Våren 1938 måtte Aakre på ein tragisk måte forlate øya, og her vart lærarskifte.

I 1938 fekk vi ny lærar att. Det var Kåre Svanheim (*Info: Støyle 8*) frå Blakset i Innvik sokn i Nordfjord. Svanheim hadde ei uvanleg god songrøyst, og han melde seg med eingong til teneste om nokon ville skipe songlag. Det vart stor stemning for å skipe mannskor denne gongen om mange nok melde seg, og hausten 1938 vart Sandsøy Mannskor skipa med Svanheim som dirigent. Desse var med frå fyrste av og har stade heile tida so nær som to av dei: Ola P. Sande, Olai P. Sande, Gunnar Støyle, Anders Støyle, Petter Bringsvor, Anfinn Bringsvor, Aasmund Bringsvor, Petter I. Vorren, Sverre P. Vorren, Bjarne Vorren, Gerhard Bringsvor, Rolf Rusten, Rasmus Sande, Harald Sandsbakk, Sverre Sætre, Olav H. Våge, Andreas Strømsnes, Artur Sande.



(Info: Bildet viser Kåre og Ragna Svanheim. Kåre Svanheim var lærar på søre Sandsøya og klokkar i Sande kyrkje frå 1938 til 1945. Bildet er teke i 1975 og viser såleis ein eldre utgåve av Svanheim enn då han var lærar og klokkar på søre Sandsøya.)

Det var slett inga lett oppgåve Svanheim hadde teke på seg med å skipe det nye songkoret. Somme hadde vore med i kor frå før, men dei fleste ikkje. Vi samlast fyrste kvelden på Breidablikk til røysteprovning og samansetting, men seinare vart øvingane haldne skiftevis ein gong i Fiskarheimen og ein gong på Breidablikk.

Vi arbeidde flittig no framover og lærde ei masse songar, og vi song til underhaldning på festar og basarar, og bygdefolket var glade for songen.

Men so kom krigen i 1940, og det vart stans på alt. Ein heil flokk gutar måtte reise for å verje landet. Folk minnst visst i lange tider alt folket som var på kaia for å take avskjed med alle som reiste i krigen. Gamle «Nordfjord» la til kaia stappfull av folk som reiste. Mang ei tåre var å sjå, og mangt eit bønesukk vart sendt opp til Den Allmechtige. Om nokre veker kom heldigvis alle våre att, men landet kom i framand vald og makt.

Sjølvsagt kom korsongen til å ligge nede fram til 1943. Det hadde no sidan våren 1942 vore ei sterk religiøs vekking på øya, og mykje ungdom vart med der, og det vart vanskeleg å få til noko slags lagsarbeid då det var so stort skilje mellom dei to ungdomsflokkane. Det frilynde ungdomslaget låg nede avdi dei styrande i samskipnaden nekta å late seg nazifisere. Ungdomshuset stod der utan tilsyn og trengde vøling. Den siste formannen, Olav H. Våge

(Info: Våge 4) fekk då all ungdom på øya til å samle seg og halde ein pakkefest for huset, og for ein gongs skuld var alle einige.

Då det skulle lagast program, kom dei på å be Svanheim om å få friske opp att dei gamle songane og syngje dei på festen. Svanheim var straks med på dette og koret song høgt og vakkert som før på festen.

Men når koret no var kome i gong att, var det ingen som ville at det skulle slutte igjen, og soleis har det vore i gang sidan det. Berre 4 gitar slutta av religiøse grunnar. Dei hadde fått innprenta av indremisjonen sine talarar at dei ikkje kunne stå i kor saman med uomvende. Men nye folk kom til, so songarar vart so mange som trengtest, so koret gjekk godt.

17. mai 1943 heldt mannskoret fest – berre for medlemar i stova til Svanheim i Solbakken (Info: Støyle 8). Det var forbode av tyskevelde å feire fridomsdagen, men laget heldt ein gild og koseleg fest. Svanheim tala om den fridomen vi atter, etter sorg og sakn, skulle vinne att, og sjølv om det no ser mørkt og trist ut, sa han, skal fridomsdagen atter ein gong renne. Svanheim spela fele, og vi song fridoms- og fedrelandssongar. Gerhard Bringsvor tala om songen her på øya og andre stadar og mana til å halde fram med songlaget til glede for folk og land. Ja, sjølv om fridomssongane no skurra i øyra då vi var under ei framand makt, so skal dei ein gong lyde sterkare enn nokon sinne når vi får vår fridom att. Vi vart so trakterte med flotte bløtkaker og kaffi – i sannheit ein hyggeleg kveld. Heile den tida mannskoret har gått, har det vore sunge på mange festar og tilstellingar.

Den 15. oktober 1944 var det mykje fly her over øyane og Statlandet. Ein flokk engelske fly kom nord Sandsfjorden i låg høgd. Flyduren var fæl, og dei fleste folk søkte dekning. I det dei passerte Myklebust-holmen, skaut eit av flya ein salve opp i fabrikk. Dette skotet råka ymse hus, mellom anna råka det gjennom stovehuset til Alfred Toftesund. Peter I. Vorren, den beste arbeidsmannen til firmaet Myklebust, hadde våga seg utfor døra for å sjå flya. Han vart råka gjennom magen. Han vart med ein gong sendt til Volda Sjukehus som tok operasjon, men han døydde dagen etterpå. Han Peter var ungt gift og hadde kone og eit barn etter seg.

Med Peter I. Vorren (Info: Voren 6) miste Sandsøy Mannskor ein av sine beste songarar. Han var 1. bass, og ein støare og meir ihuga mann er sjeldan å finne. Ved gravferda tok mannskoret og Losje Idrætt på seg tilskipinga. Firmaet Myklebust kosta gravferda over ein trugen arbeidar. Aldri har det vore større gravferd på Sandsøya.

Gravferdsdagen var 24. oktober og tok til frå heimen med song og talar. Lærar Vorren (Info: Voren 5) las opp eit sjølvskrive dikt om avskjeden frå heimen hans Peter. Ved ungdomshuset blakra det norske flagget og losjefana. Både ungdomshuset og kyrkja var vakkert pynta.

I kyrkja song mannskoret høgtideleg: I himmelen, i himmelen, der Gud vår Herre bor.. og Den store, kvite flokk vi sjå som tusen berg med nysnø på... Ved grava danna losjefolket syskenring og song: Hugnadlegt er dette bandet som oss bind i saman her... Det vart lagt ei mengde kransar på båra frå alle lag, slekt og vener. Sokneprest Dale var med i heile gravferda og ved jordfestinga. Etterpå fekk heile gravfylgjet middag i ungdomshuset. Nok er det – han Peter vil minnast mellom songarbrør og folket i bygda for den gilde kar han var. Han fekk gjere meir i sitt stutte liv enn mange som lever opp i dei grå hår.

Våren 1943 kom tanken opp om å skipe Sande og Rovde Songarlag. Det var visstnok lærar Simon Vatne, lærar i Dalebygda krins, som frå fyrst av var sjela i dette. Og pinsedag 1943 var her stort stemne på Sande med kyrkjekonsert og friluftskonsert ved ungdomshuset. Det var 9 songkor som tok del i stemna med samnummer (Info 1) og.

(Info 1: Samnummer betyr at alle 9 kora song saman.)

Gerhard Bringsvor

Etterord

Info: Kjeldene til denne boka har vore fyljande:

- Skriftelege kjelder etter Gerhard Bringsvor er sjølvsagt den aller viktigaste kjelda til denne boka.
- Bilde frå, slekt, Storregjerdesamlinga og andre.
- Sandesoga.
- Bilde frå Tor Inge Nygård.
- Boka «Båtar i Sande» av Johan Ottesen.
- «Ordsamlinga frå ei anna tid» av Per Sandanger.
- Representantar frå Sandsøy og Voksa sogelag har bidrege.
- Nasjonalbiblioteket har vore hjelpsam med linkar til aktuelle tekster.
- Lokalbladet for Vanylven «Synste Møre» har bidrege med artiklar som Gerhard Bringsvor skreiv i tidsrommet 1970 til 1973.
- Skriftet frå publikasjonen «Segn og søge» i 1993.
- Fleire enkeltpersonar har bidrege med forklaring av ord og uttrykk som er lite brukt i dag, men som er viktige for å forstå innhaldet i tekstene til Gerhard Bringsvor osv.)

(Info: Artikkelen om Olai Olsen i Thronhjems Stiftsavis, 31. desember 1878. (Sjå teksta side 146, som fortel om bakgrunnen for denne avisartikkelen.)

Uredelig opptreden i konkursboet. (Meldt til Bergensposten) Ved årsskiftet 1858 fikk Johan Nordal Brun Rødtwitt kommersielt borgerskap i Ålesund, og i hans navn ble det opprettet et handelsselskap under firmaet Joh. Rodtwitt, som bestyres av procura av en Iversen, som inntil da hadde vært kjøpmann hos Rodtwitts nevø Olai Olsen. Styret ble ledet av sistnevnte. Da Jiversen senere fratrådte sin stilling som firmaets prokurator, overtok Olai Olsen hele direksjonen i april 1860, noe han fortsatte uavbrutt til firmaet i juni 1875 gikk konkurs ifølge Rødtwitts, som Olai Olsen, skrev en skriftlig rekvisisjon. Eiendelene utgjorde da ca. 40 000 spd. og passive ca. 107 000 spdlr. Bekjennelser om fullmakten fra Jversen til Olai Olsen ble offentliggjort i Aalesunds Handels- og Sjøfartstidende for 22. april og 3. mai 1860, og den 2. september 1868 erklærte Rodtwitt i nærvær av notarius publicus et dokument der han erklærer at han har gitt Olai Olsen sin fullmakt med hensyn til alle forretninger og alle foretak og avgjørelser som angår driften av handelsfirmaet Joh. Rodtwitt, enten slik virksomhet, virksomheter og beslutninger er basert på enkel videreføring av virksomheten eller på utvidelse, reduksjon eller endring, om de er å ta opp lån, kjøpe eiendommer eller slike ting, og om de faller innenfor eller utenfor Ålesund by. Samtidig utstedte Rodtwitt også en fullmakt i nærvær av notarius publicus om at "At min prokurator, Mr. O. Edv. Olsen har nå som tidligere min uinnskrenkede tillit og fullmakt til å opptre på vegne av firmaet i Ålesund, og at alt han gjør, i alle tenkelige tilfeller, er bindende for meg selv, er herved anerkjent med bekreftelse fra notarius publicus." Uavhengig av hvordan saken på denne måten ble kledd opp og presentert for offentligheten, har det likevel vært en alminnelig oppfatning blant forretningsmenn så vel som blant vanlige folk at Olai Olsen var den reelle eier og eier av selskapet, og at Johan Nündtwitts navn bare dukket opp på papiret. Alle omstendigheter tydet på at Olai Olsen var den som utelukkende styrte selskapets virksomhet i ett og alt, og det var også han alene som skaffet de midler som selskapet startet sin virksomhet med, da han gjennom sin varebeholdning (han drev da egen handelsvirksomhet i Ålesund) utvidet selskapet med varer til et beløp av noe over 2000 spdlr. Rodtwitt bidro ingenting, og han hadde heller ikke noe å bidra med. I sin ungdom hadde han vært snekker, og i året 1844 var han helt blottet for rikdom i huset til sin svoger (Olai Olsens far), som var kjøpmann i vollene, som han hjalp mer som familiemedlem enn som faktisk offiser med det som kunne gjøres urett, da han heller

ikke hadde lønn, men bare hadde fritt bosted og ellers gradvis mottatt fra sin svoger. det han trengte. I denne stillingen var det imidlertid ingen endring da selskapet ble etablert i Ålesund. Han fortsatte å bo hos sin svoger i vollene, var bare sjelden i Ålesund, lærte ikke om selskapets virksomhet, forstyrret ikke på noen måte styret, og mottok aldri noe overskudd fra det, noe mer enn han ønsket det. For øvrig har han lidd av fysisk svakhet, og hans evne til å resonnerer har vært begrenset, men ikke i en slik grad at noen spesiell form for psykisk lidelse har blitt påpekt. Han er, ifølge distriktslegen, som i en periode på 18 år har hatt anledning til å bli kjent med ham, av godmodig deltakende karakter, lett å lede og påvirke, ikke særlig selvstendig og delvis sløv, men av et pirrende gemytt, og opphisset blir han halvt rasende, en tilstand som likevel raskt går forbi vennlig adresse. Det er denne mannen som blir presentert for lederen av selskapet. Olai Olsen regnes som en mann med uvanlige evner og dyktighet. I ungdommen gikk han på en middelskole i Bergen og arbeidet i noen år dels som frivillig og dels som lønnet offiser i en engrosforretning der. Etter å ha drevet forretning med kjøp og salg av fiskeprodukter på vollene, etablerte han seg i 1856 som kjøpmann i Ålesund, da han også drev kommisjonsvirksomhet, men allerede i september 1859 måtte han overgi boet til konkursbehandling med en saldo på ca. 18 000 spd. slik at de uprioriterte kreditorer bare fikk et utbytte på noen få pCt. Med sine kreditorer har han ikke lyktes i å nå et forlik, og ved denne anledningen har han til og med utholdt en lang periode med gjeldsfengsel, som imidlertid ikke hindret ham i å lede selskapets virksomhet i løpet av sin tid i fengsel. Rodtwitt ble grunnlagt, kunne ha interesse av å starte en ny virksomhet uten å bli plaget av sine eldre kreditorer. I en årrekke arbeidet selskapet med suksess, inntil vårsildefisket på Søndmøre, som virksomheten siden 1865 hovedsakelig var basert på, begynte å avta og til slutt opphørte helt. Selv lenge etterpå må Jirma antas å ha hatt hell, for å konkludere med de tiltak som ble tatt for å sikre Olai Olsen fruktene av sitt arbeid i tilfelle Rodtwitt skulle dø før ham. Det står altså i en av Rodtwitts 28. 1870 i nærvær av amtmannen: I erkjennelse av det faktum at min søsters sønn Olai Olsen på den mest bokstavelige måte har opparbeidet seg den formue som jeg er i besittelse av, erklærer jeg det som min bevisste og urokkelige siste løgn, at han etter min død skal arve det jeg etterlater meg, nemlig firmaet Joht Rodtwitt og hva av dette selskapet som kan ha blitt ervervet av fast eiendom eller løsøre, Verdipapirer eller kontanter. Men siden han fra sin tidligere virksomhet som kjøpmann i Ålesund har avdekket gjeld som det ikke er mulig å få oppgjør for, og da jeg ikke ønsker å frata mine andre oligatorer på sidelinjen (jeg har ikke arvinger) deres arverett til fordel for sine kreditorer, vil jeg herved videre dekretisere og dekretere at hvis noen slik kreditor skulle angripe Olai Edv. Olsen med eventuelle søksmål i forbindelse med et uærlig krav av denne art og ordning ikke oppnås i minnelighet før en endelig dom i saken, min søster Laurits Augustinus Rodtwitt overtar som universell arving etter meg i samme utstrekning som Olai Edvard Olsen ovenfor er utnevnt, da han deretter utpekes som eksekutor testamenti, som best kjent for virksomheten, inntil alle saker er endelig avgjort og avgjort, mot en slik årlig godtgjørelse som i tilfelle tvist mellom ham og den oppnevnte arvingen bestemmes av uvillige menns skjønn, hvorpå jeg da vil ha den gjeld som nevnte Olai Edv Olsen står til ham på den tiden, Boet overlates til arvingen (innbytteren), som anses avskrevet og betalt. Skulle det skje at Laurits Rødtwitt døde før Olai Edv Olsen, og at han først da ble angrepet som ovenfor av en eller flere av sine kreditorer sa sin eldre handelsvirksomhet i eget navn, så skal alt jeg etterlater meg, av hvilket navn som kan nevnes, deles etter loven mellom mine nærmeste legalarvinger, med unntak av nevnte Olai Edvard Olsen, Men også i dette tilfellet deponeres testamentsfullbyrderen som testamentsfullbyrder mot erstatning som nevnt, og hans gjeld til boet eller mitt selskap ved overdragelsen av boet til arvingen anses også i dette tilfellet som avgjort og bortfalt. Hvis Olai Edvard Olsen dør før meg, skal alt jeg etterlater meg gå til hans arvinger etter loven, i så fall Olai Olsens nåværende kone, så langt som men ville ha falt til hennes nevnte mann, hvis han hadde levd." – Den omsorg som dette testamentet har ivaretatt i alle tenkelige

tilfeller for å sikre at Olai Olsen nyter godt av selskapets midler uten hindring, samt hans særskilte kreditorer, synes å kreve gode tanker om firmaets stilling. Ingen av disse særskilte kreditorene synes imidlertid å ha gått til rettslige skritt mot selskapet, selv om sammenhengen med dette var klar nok. Kanskje hadde imidlertid ekspeditøren som satte Olai Olsen i gjeldsarrest et slikt øye på det, men i så fall ble ikke intensjonen oppnådd, for Olsen holdt ut beleiringen, og etter løslatelsen fortsatte han kompaniets virksomhet like uforstyrret som før. Det var ikke før Olai Olsen dukket opp som kreditor i selskapets konkursbo og krevde prioritet for fjorårets lønn som varsler, at alt bråket ble rammet og skarpe undersøkelser ble beordret. Disse kom også til å omfatte en annen uregelmessighet, blant annet ved at det ble forsøkt å skille den såkalte Sandshavn-virksomheten fra konkursboet, da den ble oppgitt å tilhøre Hans Jørendstad og ikke noe med selskapet Joh. Rodtwitt å gjøre. I året 1865 hadde selskapet Joh. Rodtwitt kjøpt eiendommen Nordre Sande eller Sandshavn på Søndmøre for en kjøpesum på 3 til 4000 spd. Eiendommen, som ble kjøpt på auksjon da Olai Olsen opptrådte som budgiver på vegne av selskapet, hadde en heldig beliggenhet midt i vårsildefisket, som på den tiden var vellykket på Søndmøre, og planen med kjøpet var: at selskapet skulle settes i stand til å delta i trafikken som vårsildefisket førte med seg. Til dette formål ble det reist betydelige bygninger på eiendommen som inneholdt salteri, losji sør for over 1000 fiskere, handelsbekvemmelighet m.m., samt utgifter til dyrking av jorda, slik at Sandshavn ble belastet i selskapets bøker for ca. 24 000 spd. i selskapets bøker ved konkursen i firmaet Joh. Rodtwitt. Mot slutten av året 1865 ble det åpnet en landhandel i eiendommens forretningsmessige bekvemmelighet, som ble drevet på en slik måte at det samme fra firmaet Joh. Rodtwitt i Ålesund mottok kjøpmannsvarer av ulike slag for salg i distriktet, mens fiskeprodukter og andre bondevarer kjøpt i distriktet ble donert til selskapet. Gjennom årene gikk omsetningen opp til betydelige summer. Bare for 1874 leverte således forretningen i Sandshavn varer og kontanter til selskapet for et samlet beløp på ca. 36 000 spd. og mottok fra selskapet varer og kontanter for ca. 34 000 spd. Den navngitte eier og leder av Sandshavn-virksomheten var i begynnelsen en Johan Møller, som i mai 1865 hadde gått inn i tjeneste som handelsmann ved firmaet i Ålesund, men i november 1865 p. A. ble sendt til Sandshavn for å grunnlegge og drive handelen der, som ble drevet i hans navn frem til juni 1874, da han ble avløst av Hans Larsen Jørendstad, som under firmaet "Johan Møllers Eftersølger" var eier av virksomheten. Etter konkursen i selskapet Joh. Rodtwitt fortsatte Jørendstad i eget navn å fortsette å være styret i Sandshavn-virksomheten, hvis eiendeler og gjeld ikke er oppført på status skrevet av Olai Olsen og signert av Rodtwitt, som fulgte rekvisisjonen for selskapets overtakelse for konkursbehandling. Heller ikke ved registreringen som ble holdt den 27. juli 1875 på Sandshavn, og hvor både Olai Olsen og Jørnstad var til stede, ble den tidligere sørfarsen, med fullmakt fra Sra Rodtwitt, Sandshavs-virksomheten gitt opp som tilhørende firmaet Joh. Rodtwitt. Tvert imot søkte Jørendstad, instruert av Olsen, uttrykkelig å hevde at hans stilling i Sandshavn var og hadde vært uavhengig, da han for egen regning hadde drevet virksomheten, at han hadde leid den kommersielle bekvemmeligheten på Sandshavn av selskapet Rodtwitt og at han bare var i et avhengighetsforhold til selskapet da dette var hans hovedkreditor. Under de senere etterforskningene minnet han om at Sandshavn-distriktet ble ansett og behandlet som tilhørende selskapet, men han reserverte seg mot å bli anklaget for tidligere uredelige hensikter, siden han bare gjennom disse undersøkelsene hadde fått det rette syn på forholdets sanne natur. Sandshavn-boet ble da fullbyrdet under konkursen i selskapet, men det er tvilsomt om dette vil medføre noe tap for boet. Men virksomhetens stilling da selskapet gikk konkurs var slik at det nok kunne sees på som en gevinst for Olai Olsen å beholde den for seg selv. | Både Olai Olsen og Jørendstad ble satt under tiltale, og førstnevnte ble varetektsfengslet fra 21. desember juni 1875 til 2. juni 1877, men ved Underrettens dom i Ålesund ble begge frifunnet. Høyesterett solgte derimot Olsen for forbrytelse mot Krll.s kap. 21 úF 24 liter a og b for hardt arbeid i 2 år og Jørendstad for medvirkning til slik forbrytelse

til fengsel på vann og brød i 15 dager. Et begrep om hvor omfattende forhandlingene er, oppnås ved at advokatens salærsatser alene går opp til 3000 kroner.)

Sluttord

Vil til slutt takke alle som har gitt sitt bidrag til at denne boka har kome ut. Ein spesielt takk til Karsten Sande og Kåre Bjørn Våge, for initiativ, illustrasjonar og arbeid med boka. Utan dykk hadde boka framleis berre vore å lese av dei næraste.

Ta gjerne kontakt dersom noko er feil eller upresist i tekstene, så kan det kanskje endrast ved eit seinare opptrykk av boka, eller formidlast ut på annan måte.

Sandshamn november 2024

Gjermund Magne Bringsvor